



HØGSKULEN I VOLDA

Ma

**Masteroppgåve i samfunnsplanlegging og leiing**

**På Nebo Bjerg?**

**Ein studie av møtet mellom høgkompetent utanlandsk arbeidskraft og den maritime klynga på Møre**

45 studiepoeng

Marte Cecilie Wilhelmsen Solheim  
Mai 2011

HØGSKULEN I VOLDA | BOKS 500 | 6101 VOLDA  
WWW.HIVOLDA.NO | T: 70 07 50 00 | F: 70 07 50 51

## ABSTRACT

The need to attract human capital to the county of Møre & Romsdal has become increasingly prominent amongst researchers and the media. Sunnmøre, a region within Møre & Romsdal, and Norway in general, are facing a shift in the industry: from a more industry - focused to a more knowledge - focused paradigm. Møre & Romsdal is not able to cover the needs for man power and is now, more than ever, looking outward for “the smart and brainy”.

Researchers such as Richard Florida have encouraged city planners to move away from strategies that focus on the development of infrastructure and the attraction of businesses, to rather focus on the attraction of the “creative class”: people who are paid to think. Due to globalization, businesses are now more “Foot – loose” than ever before, which implies that companies could move their business to where the competence is, rather than putting too much effort into recruiting and retaining the “creative class”.

This research explores how highly skilled foreign workers experience the meeting with the maritime cluster in Møre and its surroundings. The research also focuses on the effects this meeting has on the foreigners’ role on innovation.

**KEY WORDS:** The maritime cluster in Møre, The creative class, Innovation, The importance of place, Migration, Highly skilled foreign workers in Møre & Romsdal.

## Forord

Undervegs i prosjektet fekk eg ei kjensle av at vi i det kalde nord ikkje er så flinke til å sleppe dei høgkompetente utanlandske arbeidarane innpå oss. På Nebo Bjerg siktar til staden der Moses fekk sjå inn i det landet som han og folket hans var lovd, utan sjølv å få kome dit. Fleire faktorar i møtet mellom dei høgkompetente utanlandske arbeidarane og den maritime klynga på Møre kan gje ei slik kjensle av at dei får sjå inn i det ”landet” som er der, men dei får sjølve ikkje kome inn og utgjere ein del av det. Paradokset er at Møre og Romsdal har eit stort arbeidskraftbehov, medan informantane i denne studien peikar på at dei ikkje får vere med ”på laget”.

Det har vore ei spanande reise, og det er litt vemodig å vere ved veis ende. Denne mastergradsstudien kunne ikkje ha blitt til utan verdifulle personar som har vore med på delar eller på heile reisa.

Først og fremst vil eg rette ein stor takk til informantane som tok seg tid til å stille opp og gav meg verdifull informasjon. Takk også til bedriftene som formidla kontakt og dermed gav meg høve til å gjennomføre studien og takk til respondentane som svarte på spørre - undersøkinga.

I kraft av mastergradsstudien vart eg invitert til å ta del i VRI – prosjektet: *”Kompetanse for ei kunnskapsintensiv framtid – Kva gjer marine og maritime arbeidsplassar i Møre og Romsdal attraktive for høgt utdanna arbeidskraft?”* Dette prosjektet er knytt til Møreforsking AS. Takk til prosjektleiar Finn Ove Båtevik for gode faglege innspel. Takk til Møreforsking Volda for bruk av kontor og for kjekke lunsjpausar: det var herleg i ein elles litt einsam prosess. Takk til rettleiar Grethe Mattland Olsen, for konstruktive attendemeldingar, for kjekke faglege diskusjonar og for ei fantastisk støtte undervegs.

Eg har i denne studien lagt vekt på viktigheita av dei sosiale relasjonane og nettverk. Mitt nettverk har utan tvil hjelpt meg langt på veg. Takk! Takk til Pappa for lange telefonsamtalar og for at du alltid er der. Takk til Mamma og Alf for pass og støtte, heiarop langsmed og gode innspel mot slutten. Takk til mine tre skjønne søstre som har støtta meg undervegs, slik dei alltid gjer.

Ein spesiell takk til mine to skjønne gutar: ”sambuar to - be” Eirik og son Marcus som det siste året har dratt på mang ein ”gutta på tur”. Gler meg til å endeleg vere med på turen!

Marte Cecilie Wilhelmsen Solheim  
Mai 2011

## Innhald

|  |    |
|--|----|
| ABSTRACT .....   | 2  |
| Forord .....   | 3  |
| 1. Innleiing .....   | 7  |
| 1.2 Problemstilling.....   | 12 |
| 2. Konteksten Møre og Romsdal.....   | 14 |
| 2.1 Den maritime klynga på Møre.....   | 16 |
| 3. Teorikapittel .....   | 19 |
| 3.1 Ny romleg kontekst .....   | 20 |
| 3.2 Staden og perspektiv på stad .....   | 23 |
| 3.3 Viktigheita av Stad.....   | 23 |
| 3.3.1 Staden er ikkje viktig.....  | 23 |
| 3.3.2 Staden er det som er viktig .....  | 26 |
| 3.4 Fysiske kvalitetar .....   | 28 |
| 3.5 Bygda som symbol.....  | 29 |
| 3.6 Stad som sosiale relasjonar og stad som ein sosial konstruksjon .....                      | 31 |
| 3.7 Identitet - stadsidentitet .....   | 32 |
| 3.8 Mobilitet.....   | 35 |
| 3.9 Oppsummering Stad, Identitet og Mobilitet.....   | 37 |
| 3.10 Å segle åleine eller å vere embedded .....  | 37 |
| 3.11 Bedrifter i den maritime klynga på Møre – Organisasjonsteoretisk perspektiv på innovasjon | 39 |
| 3.12 Innovasjon i klynger og roller i innovasjon.....  | 39 |
| 3.13 Konkretisering teorikapittelet .....  | 41 |
| 4. Metodekapittel: Frå grusveg til Asfalt: vegen blir til medan ein går .....                  | 43 |
| 4.1 Tolv punkt i eit forskingsopplegg.....   | 43 |
| 4.2 Forforståing .....   | 45 |
| 4.3 Forskingsmetode .....  | 48 |
| 4.4 Framgangsmåte.....   | 51 |
| 4.5 Geografisk belte.....  | 51 |
| 4.6 Kriterium for utval .....  | 52 |
| 4.7 Informasjonsbrev .....   | 52 |
| 4.8 Søknad NSD .....   | 53 |
| 4.9 Kontakt med bedriftene .....   | 53 |
| 4.10 Antall aktuelle respondentar.....   | 53 |

|  |     |
|--|-----|
| 4.11 Utarbeiding av spørreskjema .....   | 53  |
| 4.12 Utsending av spørreskjema .....   | 54  |
| 4.13 Stratifisert utval, basert på kva slags kriterium .....   | 56  |
| 4.14 Framgangsmåte: Personas .....   | 56  |
| 4.15 Utarbeiding av intervjuguide .....  | 57  |
| 4.16 Kvalitativ forskingsintervju .....  | 59  |
| 4.17 Intervjusituasjonen .....   | 61  |
| 4.18 Analyse av materialet .....   | 62  |
| 4.19 The mode effect .....   | 63  |
| 4.20 Analyse av materialet – Koding .....  | 63  |
| 4.21 Oppsummering framgangsmåte .....  | 65  |
| 4.22 Vitskapens rekkevidde .....   | 65  |
| 4.23 Som man roper i skogen – samling av trådane av tekstens endelege påberopelse av autoritet ..... | 70  |
| 5. Møtet .....   | 72  |
| 5.1 Kven er dei? .....   | 73  |
| 5.2 Kunnskap før dei kom til Sunnmøre .....  | 78  |
| 5.3 Bygd som lokalitet .....   | 80  |
| 5.4 Oppsummering bygda som lokalitet .....   | 87  |
| 5.5 Bygda som symbol - grunnlag for identitet og det å kjenne seg heime .....                        | 88  |
| 5.6 Sunnmøre – kristendomens rike .....  | 89  |
| 5.7 Sunnmøre – kristendomens rike i ein historisk kontekst .....                                     | 91  |
| 5.8 Oppsummering bygda som symbol - identitetskapar .....  | 95  |
| 5.9 Det sosiale perspektivet - staden som gjenstand for sosiale relasjonar .....                     | 96  |
| 5.10 Syn på fritid som ein del av det sosiale perspektivet .....                                     | 101 |
| 5.11 Språk, språk, språk .....   | 104 |
| 6. Møtet med det nye i arbeidslivet .....  | 108 |
| 6.1 Mangel på prosedyrar og struktur .....   | 108 |
| 6.2 Nordmenn er veldig avslappa på jobb .....  | 110 |
| - og eg liker det litt .....   | 110 |
| 6.3 Nordmenn skyr konfliktrar? .....   | 111 |
| 6.4 Informantane si rolle i høve innovasjon .....  | 113 |
| 6.5 Oppsummering immigrantar si rolle i høve innovasjon .....  | 120 |
| 7. “The fjord mentality” Når empirien møter klynga .....   | 121 |

|   |            |
|---|------------|
| 7.1 Det sosiale nettverkets betydning.....                        | 121        |
| 7.2 I møtet med det uformelle.....                                | 123        |
| <b>8. Avsluttande drøfting og konklusjon På Nebo Bjerg? .....</b> | <b>128</b> |
| 9. Kjelder.....   | 137        |

## Figurar

|   |     |
|---|-----|
| <i>Figur 1. Kart over Møre og Romsdal (Møre og Romsdal Fylkeskommune). .....</i>                      | 14  |
| <i>Figur 2. Halfacree (2006) sin modell av det rurale rom.....</i>                                    | 21  |
| <i>Figur 3. Det teoretiske rammeverket som antas å kunne forklare/utdjupe problemstillinga. ....</i>  | 42  |
| <i>Figur 4. Oversyn over datainnsamlinga i denne studien.....</i>                                     | 49  |
| <i>Figur 5. Korleis bedriftene fordelte seg på fire kategoriar. ....</i>                              | 50  |
| <i>Figur 6. Kjønnfordeling mellom respondentane. N = 53 .....</i>                                     | 74  |
| <i>Figur 7. Opphavsland. Kvar kjem dei i frå? N=53 .....</i>  | 74  |
| <i>Figur 8. Utdanningsnivå blant respondentane. I antall personar. N = 53 .....</i>                   | 75  |
| <i>Figur 9. Korleis respondentane fekk vite om stillinga si. I antall personar. N=53.....</i>         | 75  |
| <i>Figur 10. Occupation/Yrke. Respondentane fordelt på yrke. Tall i antall personar. N=53 .....</i>   | 77  |
| <i>Figur 11. Sivilstatus, fordeling blant respondentane. I prosent. N=53.....</i>                     | 78  |
| <i>Figur 12. Kunnskap om Sunnmøre før dei kom. Tall i prosent. N=30 (57% av respondentane). .....</i> | 79  |
| <i>Figur 13. Kunnskap om naturen på Sunnmøre før dei kom. I prosent. N=30.....</i>                    | 81  |
| <i>Figur 14. Kunnskap om klimaet før dei kom. I prosent. N=30.....</i>                                | 86  |
| <i>Figur 15. Oppleving av staden som open for menneske frå andre land. I prosent. N=53 .....</i>      | 92  |
| <i>Figur 16. Grad av inkludering i lokalsamfunnet. I prosent. N=53 .....</i>                          | 96  |
| <i>Figur 17. Viktigheita av å ta del i fritidsaktivitetar. I prosent. N=53 .....</i>                  | 101 |
| <i>Figur 18. Språkkunnskapane i norsk. I prosent. N=53 .....</i>                                      | 104 |
| <i>Figur 19. "Eg føler meg av og til utanfor fordi eg ikkje er norsk". I prosent. N=53 .....</i>      | 106 |

## Vedlegg

Vedlegg 1: Informasjonsskriv.

Vedlegg 2: Intervjuguide. Nyttå i det kvalitative forskingsintervjuet. Norsk og Engelsk.

Vedlegg 3: Spørreskjema. Nyttå i Questback.

Vedlegg 4: Prosjektvurdering: Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

Vedlegg 5: Prosjektvurdering. Utfyllande kommentar. Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

## 1. Innleiing

Homo migrans. Menneske som migrerer. Migrasjon har vore ein like sjølvstøtt del av mennesket si historie som det å vere bufast. Føter har vi bokstaveleg tala, røter har vi billedleg, hevdar Kjelstadli (Kjelstadli, 2008:11). Det er for meg ein interessant metafor å ta innover seg når det gjeld møtet mellom migrasjonen og røtene. I røtene ligg det noko fastlagd og statisk medan ein ser føre seg migrasjon som ei dynamisk kraft. Eg er interessert i møtet mellom menneske som kjem utanfrå og kjem inn i noko som for dei er nytt og ukjent, men som er kjent for andre. Ein kan då kanskje seie at målet er å gjere noko av dette ukjente kjent, og ved å kunne gjere dette ukjente kjent så kan ein auke bevisstgjeringa av ein situasjon eller oppfatninga av dette kjente til dei som kjenner situasjonen godt.

Det å nyttiggjere seg av høgkompetent utanlandsk arbeidskraft i den maritime klynga på Møre<sup>1</sup> er ikkje eit nytt fenomen, men dette er noko som skjer i aukande grad.<sup>2</sup> Årsakene er mange. Ei av dei tungtvegande årsakene er at det er eit større behov for arbeidskraft enn den regionale arbeidsmarknaden kan dekke. Bedriftene, den maritime klynga, rekrutterer også arbeidskraft frå utlandet fordi dei ønskjer å knytte til seg ekspertise frå dei same landa som kundane, på grunn av eit ønske om å kome inn på ein ny marknad eller basert på nøkkelkompetansen til den enkelte. Arbeidarar frå utlandet ønsker også å kome til Noreg fordi mange opplever at det er gode arbeidsmoglegheiter her. Det er også at andre kvalitetar som tiltrekker dei, mellom anna: frisk luft, trygge rammer, mindre kriminalitet og gode velferdsordningar.

Opphavleg ønskte eg å sjå nærare på stigmatisering/aksept av utanlandske arbeidarar som vel å busette seg på Nord – Vestlandet, og då med eit særskilt fokus på området rundt Mørkekysten og den maritime klynga. Ved nærare ettertanke opplevde eg at ei slik tilnærming ikkje berre ville kunne forsterke allereie eksisterande litteratur på feltet, men også forsterke fordommar som går på utanlandske arbeidarar må integrerast, altså at det er desse som er den reelle utfordringa i ei bedrift. Agderforskning gjennomførte ei undersøking i 2009:

*"Internasjonalisering av arbeidsmarkedet. Suksesskriterier som kan bidra til at høgkompetent arbeidskraft blir værende i bedrift og region"* (Hidle, Ellingsen og Vangstad, 2009). I denne undersøkinga har dei også snudd opp ned på den ofte nytta spørsmålstillinga omkring korleis

---

<sup>1</sup> Den maritime klynga på Møre er base for ein unik konsentrasjon av maritime bedrifter lokalisert i Møre og Romsdal. Slike klynger ber preg av høgare verdiskaping, høgare produktivitet, høgare vekst og høgare lønnsnivå enn økonomien elles (Reve, 2010). Meir om dette i "Konteksten Møre og Romsdal".

<sup>2</sup> Dette gjeld sjølvstøtt ikkje berre for den maritime klynga på Møre, men også på landsbasis. Norges Bank spår rekordhøg innvandring kvart år til 2014. Ved utgangen av 2009 var kvar åttande arbeidstakar i Noreg, i frå utlandet (Aftenposten, 04.04.2011).

innvandrere kan bli best mogeleg integrert i ei verksemd. Dei har nemleg motsett seg denne typen vinkling og heller sett på korleis verksemdene kan gjere seg attraktive nok for den innvandrande (Hidle, Ellingsen og Vangstad, 2009).

Ei av dei største utfordringane for Møre og Romsdal er tilgangen på kompetent arbeidskraft. I ei undersøking blant offentlege og private verksemdar (gjennomført hausten 2009) er det særleg framtreddande at det er få akademikarar i fylket, stort innslag av eldre arbeidskraft og det eksisterer eit markant behov for menneske med høgare utdanning (Båtevik og Tangen, 2010). Kva er då årsaka til denne mangelen? Er det fråflytting eller mangel på tiltrekningskraft frå verksemdene/regionen si side? Dei fleste næringane slit nemleg med å rekruttere høgt utdanna arbeidskraft (då særleg i offentleg sektor), medan funn frå undersøkinga syner at rekrutteringsstrategiar nyttar (Ibid.). Under ein presentasjon av forskingsrapporten stilte Båtevik desse spørsmåla til ettertanke: Kor stor "eigenproduksjon" har fylket, kor mykje arbeidskraft må importerast? Er Møre og Romsdal attraktivt nok til å gi auka import av høgt utdanna arbeidskraft? (Båtevik, 2010). Agderforskning sin rapport (Hidle, Ellingsen og Vangstad, 2009) stiller seg liknande spørsmål som Båtevik vedrørande arbeidskraftmangel og om denne utfordringa best lar seg løyse gjennom arbeidsinnvandring eller ei auka mobilisering av innanlandske arbeidskraftsressursar. I sistnemnte ligg det at ein skal fokusere på å få tak i til dømes menneske med lokal tilhøyre, tilbakeflyttarar og så vidare. Hidle, Ellingsen og Vangstad meiner at denne utfordringa sannsynlegvis må løyast gjennom begge framstøyt (Ibid.).

Eit viktig moment for å i det heile tatt drive med forskning er at den må vere "timely", vere tidsaktuell (Denscombe, 2010). Fleire faktorar bidreg til å gje forskning knytt til rekruttering høg relevans: at det i Møre og Romsdal er eit reelt arbeidskraftbehov, at EU – utvidinga har (og vil?) påverke organiseringa av norsk industri (Hertzberg og Kvinge, 2008) då mellom anna i form av kompetanseflyt mellom landa og at grunna ei auka grad av internasjonalisering så har migrasjon blitt ein realitet. Den maritime klynga på Møre ber preg av bedrifter som kommuniserar med ein internasjonal marknad, noko som i aukande grad påverkar arbeidsstokken. Posisjonering internasjonalt er blitt ein konsekvens av dei siste tiårs forflytting frå eit arbeid som ber preg av fysisk arbeid og bruk av naturressursane våre, til system som ber preg av kunnskap, idear, kreativitet og innovasjon (Tignali, 2009). Til dette krevst det ein stadig "input" av kloke hovud. "Kampen om kompetansen" som det gjerne blir kalla.



Undersøkinga om arbeidskraftbehovet i Møre og Romsdal (Båtevik og Tangen, 2010) presiserer at eit av funna der indikerer at trass dette store behovet og trass at 63% av dei undersøkte verksemdene har tilsette av utanlandsk opphav, så har få ein langsiktig strategi i botn for rekruttering av utanlandsk arbeidskraft. Dette kan oppfattast som eit paradoks ettersom verksemdene sjølve uttrykker eit stort behov for tilgang på høgt kvalifisert arbeidskraft, medan ein ikkje har lagt strategiske planar for å imøtekomme dette behovet. Dei private verksemdene i den maritime klynga på Møre nyttar i stor grad utanlandsk arbeidskraft for å imøtekomme akutte behov som ledd i å ferdigstille prosjekt og dra kontraktar i hamn. Det er også eit utstrakt bruk av outsourcing og oppretting av dotterselskap i utlandet for å kunne produsere og utvikle system meir kostnadseffektivt. Dermed kan det vere interessant å spørje kor godt rusta er dei til å tiltrekke seg høgkompetent arbeidskraft? Eller kva er det som gjer dei maritime bedriftene på Sunnmøre attraktive for høgkompetent utanlandsk arbeidskraft?

Innanfor regional planlegging og utvikling vert det ofte fokusert på attraktivitet i høve kvar ulik næring ønsker å slå rot. Kor attraktiv ein stad er, har noko å seie for kor mange som vel å busette seg på staden eller i denne regionen. Det er fleire teoretikarar som hevdar at ein slik tilnærming spring ut av ei individualisering av mennesket, og at mennesket har ein mykje større fridom til å velje kva ein ønsker i livet, enn før. Florida (2008) meiner at vi kan og bør velje den byen eller den staden som gjer oss best uttelling etter våre ønsker og behov. Florida hevdar at globalisering er tosidig: den første og mest openbare endringa er at rutineprega arbeid vert spreidd geografisk sett, og den andre er at det er ein tendens til at økonomiske aktivitetar på eit høgare nivå, som til dømes innovasjon og design klynger seg saman på ein stad. Dette synleggjer han med å vise til ulike klyngedanningar<sup>3</sup> i USA, med filmindustrien plassert på sørkysten og korleis andre slike ”spesifikke” miljø er plasserte på spesifikke lokasjonar. Enkelt forklart, så legitimerer han dette med at kreative menneske søker andre kreative og dermed vert det slike klyngedanningar.

Industriutviklinga i Noreg er at ein har gått i frå ein meir ressursbasert, stadbunden industri til det ein kan omtale som ”foot- loose”; der ein kan flytte næringane/bedriftene for å løyse rekrutteringsproblemet. Noreg, og også Sunnmøre, har hatt ein sterk befolkningsvekst av utanlandske tilflyttarar, og i lokale og regionale aviser kan ein lese om ”utlendingane reddar

---

<sup>3</sup> Florida (2008) vektlegg korleis nøkkel – faktorane innan dagens økonomi: talent, innovasjon og kreativitet, ikkje er jamnt fordelt på kloden. Dei er konsentrerte på spesifikke stadar. Det er dette han kallar: ”The Power of the Clustering Force” (Florida, 2008:9). Dette er ikkje ulikt klyngeteoriar jmf. Porter (1998). Porter (1998) vektlegg særleg viktigheita av regionale kvalitetar som ein innovasjons – styrke.

bygdene” og så vidare. Farrell og Thirion (2005) er også opptatt av at det er den sosiale kapitalen som er det viktigaste elementet i regional utvikling. Det er ikkje det geografiske landskapet som avgjer, men den sosiale kapitalen (Schmied 2005:143-144). Ein kan eventuelt også sjå på desse to perspektiva: samfunnsplanleggarane sitt fokus på infrastruktur (bedriftsattraktivitet) og det å tiltrekke seg den kreative klasse<sup>4</sup> som komplementære ståadar, enn to forskjellige syn.

Florida legg stor vekt på at stadar og regionar står i eit konkurranseforhold til andre stadar og regionar. Florida hevdar at svaret på kvifor nokre stadar gjer det betre enn andre, er fordi stadane som gjer det godt har ein overrepresentasjon av kreative, talentfulle og ikkje minst opne menneske – den kreative klasse (Hauge, Alnes og Skålholt, 2010:7). *”Drevet av en nyskjerrighet til å prøve nye løsninger, kombinert med utdanning som gjør at de kan sette dette ut i livet, skaper innovative og konkurransekraftige produkter og tjenester”* (Ibid.). Florida sine teoriar hevdar at økonomien er i aukande grad ein ”kreativ økonomi” produsert og støtta av den kreative klassen. Han ser på den kreative klassen som ei sosial gruppering av profesjonelle menneske med jobbar som krev innovasjon og kreativitet. Denne kreative klassen konsumerer også rikeleg av kulturelle gode og produkt (teater, kafear og liknande). Skal regionar og byar lukkast, og fortsette å utvikle seg, så må dei evne å tiltrekke seg den kreative klassen (Verdich, 2010:129). Florida sin ståstad er at desse menneska først ser seg om etter interessante stader å leve ( ”People`s climate”) og dernest etter interessante jobbar. Logikken er med andre ord at jobbane følger folk og ikkje omvendt, og at human kapital er den viktigaste forma for kapital (Hauge, Alnes og Skålholt, 2010:7). Det er diverre ikkje ”nok” å berre tiltrekke seg denne kreative klassen og så vil det meste ordne seg. For å få desse til å trivast treng ein ei balansert blanding av det som vert omtala som dei **4 T`ane**: **T**eknologi, **T**alent, **T**oleranse og **T**erritorielle (stadsspesifikke) kvalitetar (Ibid.). *”Teknologi handlar om næringslivsstrukturen og at denne har et innslag av kunnskapsintensivitet. Talent måler man ut frå dels utdanning. Det er imidlertid ikkje alltid at utdanningsnivået gjenspeiler hva man arbeider med, og det er derfor viktig å se på kva folk faktisk gjør. Med toleranse mener man i stor grad hvor velkommen man føler seg som nykommer(eller tilbakeflytter) på et sted. Territorielle kvaliteter er det som er spesifikt for stedet, og som ikkje er lett for andre å kopiere”*(Ibid.). Disse fire aspekta til Florida som er knytt til regional utvikling går godt

---

<sup>4</sup> ”Den kreative klasse” viser her til eit omgrep utarbeida av Richard Florida. Den kreative klasse som omgrep vart introdusert i Florida si bok: *”The rise of the Creative Class”* frå 2004. Den kreative klasse representerar: *”creative types of occupations, like managers, scientists, architects, engineers, artists, entrepreneurs, and many others”* (Tignali, 2009:5). Omgrepet ”Den kreative klasse” vil bli drøfta i teorikapitlet.

saman med Halfacree sine teoriar om den romlege triade basert på Lefebvre (1991). Her ser Halfacree på rom som noko som er både abstrakt og konkret (Halfacree, 1993, 2002, 2006). Her knyt han saman formelle representasjonar av bygda (myter, forteljingar), bygda som lokalitet (dei fysiske kvalitetane) og det faktisk levde livet på bygda (konkret). Ein del er felles mellom desse to aspekta. Fosso med fleire er inspirert av Halfacree og nyttar omgrepet "in place" og "out of place" om det å kjenne seg i harmoni eller i disharmoni med staden der ein bur Dette er også noko av essensen i det Florida er inne på i "Toleranse" nemleg i kor stor grad ein kjenner seg velkomen. Ved å kombinere teoriane til Halfacree (med fleire) omkring stadsperspektivet, med Florida (med fleire) sine teoriar om den kreative klasse og teknologi/innovasjon så meiner eg at dette i stor grad vil belyse problemstillinga mi frå fleire vinklar. Eg ser på desse teoriane som komplementære teoriar.

Florida nyttar omgrepet "Den kreative klasse" (Florida, 2004) om dei menneske med høg utdanning og som er kreative<sup>5</sup>. Florida og fleire med han fokuserer på at samfunnsplanleggjarar bør gå vekk frå å fokusere på å tiltrekke seg dei rette bedriftene, men heller tiltrekke seg "den kreative klasse". Klarer ein å tiltrekke seg "dei rette" menneska, så vil staden oppleve ei regional utvikling i positiv forstand. Desse tema vil bli drøfta meir utfyllande i teorikapittelet, men som ein slags appetittvekkande så vert det vektlagt at ein region sin suksess i stor grad er avhengig av kor vidt ein evner å utdanne og tiltrekke seg høgkompetent og kvalifisert arbeidskraft (Green, 2005). Som det kjem fram i denne avgrensinga og som også Florida har hausta kritikk for, så omhandlar denne kreative klassen i stor grad ein "elite", som har moglegheita til å fritt kunne "shoppe" for å nytte eit "Floridansk" konsept, dei elementa som dei set pris på. Eg er heller ikkje overtydd om at det er ein "rein" elite som migrerer til den maritime klynga på Møre, men at dei er komne hit av ulike årsaker som mangel på jobb i heimlandet, grunna kjærleiken, "livsstilsflyktningar"<sup>6</sup> og på grunn av attraktive arbeidsmoglegheiter i regionen.

Særleg interessant er det å ikkje berre undersøke kva syn dei utanlandske arbeidarane har på staden der dei bur, men korleis dette biletet blir forma. Kva betydning har dette for den einskilde og den einskilde sin identitet? Er det bygda som lokalitet/ det territorielle som har størst betydning? Eller er det andre moment som framstår som viktige? Om ja, kva for element?

---

<sup>5</sup> Ikkje alle med høg utdanning, er kreative.

<sup>6</sup> Eriksen omtaler livsstilsflyktningar som tyskarar, nederlendarar og danskar som buset seg i dei indre bygdene på Vestlandet (Aftenposten, 20.01.2005). I denne studien blir dette omgrepet nytta for dei som søker seg til Sunnmøre (og Møre og Romsdal) for å få det typiske bygdeliv: ro, fred og mykje plass.

## 1.2 Problemstilling

**Problemstillinga mi er:**

- 1. Korleis opplever høgkompetent utanlandsk arbeidskraft møtet med den maritime klynga på Møre og omgjevnadane?**
- 2. Kva er deira rolle i høve innovasjon?**

Bakgrunnen for desse spørsmåla er den utviklinga vi har sett dei siste tiåra med auka grad av globalisering og internasjonalisering. Dette har endra måten vi ønsker å leve ut våre liv på og kva vi krev av våre omgjevnadar. Eg har nytta meg av eit teoretisk rammeverk som tek føre seg stad og perspektiv på stad (konkret og abstrakt) av Halfacree (1993,2002,2006), Florida sine teoriar om den kreative klasse (2006, 2007, 2008) og i kva grad den utanlandske arbeidskrafta utgjer ein integrert del i prosessen eller dialogen som bidreg til produksjonsutvikling og innovasjon. Altså, deira grad av integrasjon, relasjonar og nettverk si rolle for deltaking og innovative prosessar. I dette framstår skilnaden mellom taus og koda kunnskap som særleg viktig, eller kanskje heller møtet mellom den tause og den koda kunnskapen. Ein av dei mest karakteristiske eigenskapane med ei klynge er at det *”provide opportunities for the transmission of sticky, non-articulated, tacit forms of knowledge between firms located there”* (Bathelt, Malmberg og Maskell, 2004). Som sitatet peikar på så ber klyngene preg av ein taus, uformell kunnskap mellom bedriftene og også internt i bedriftene. Allereie her kan ein oppfatte diskrepansen mellom forståinga ein som kjem utanfrå og inn kan ha, og ein som er ”inne” har på forhold i bedrifta. Dette møtet mellom taus og koda kunnskap har stått sentralt for meg i denne oppgåva.

Eg har delt teorikapittelet og empirikapittelet inn etter same ”malen”. Dette er inspirert av Halfacree sin modell om den romlege triade (etter Lefebvre), Florida sine teoriar om den kreative klasse, sosiale relasjonar (Granovetter med fleire) og innovasjon.

Eg ser på følgande moment:

- 1) Geografiske/ fysiske rammevilkår: ”Bygda som lokalitet” (Halfacree, 2006 og Florida om Territorielle aspekt (som ein del av dei fire T`ane)
- 2) ”Bygda som symbol”, grunnlag for identitet og det å kjenne seg heime (”Sense of place”)
- 3) Det sosiale perspektivet: Staden som gjenstand for sosiale relasjonar/nettverksdanning


- 4) I kva grad utgjer den utanlandske arbeidskrafta ein integrert del i prosessen/dialogen som bidreg til produksjonsutvikling og innovasjon i bedriftene.

**Hovudessensen i oppgåva består i om ein gjennom å identifisere grad av integrasjon, relasjonar og nettverk kan seie noko om dei høgkompetente utanlandske arbeidarane si rolle og høve til deltaking i innovative prosessar.**

## 2. Konteksten Møre og Romsdal

”Alle” nordmenn ”veit” at Sunnmøringen er sparsommerleg, kreativ, puritansk, innovativ, driftig og arbeidsam (Løseth, 2004: 22). Dette henspeler på mytedanningar om Sunnmøringen. Løseth hevdar at Sunnmøringen har hatt ein spesiell evne å stå på som er unik for regionen, men han er usikker på i kva grad dette gjer seg gjeldande i dag (Forsking.no: 16.05.2005). I følgje mytane er altså Sunnmøringen ein måtehalden gjerrigknark, noko Løseth meiner at langt på veg stemmer (Ibid.). Desse mytane blir i dag utfordra ved ei auka innvandring til Sunnmøre og fylket.

I denne studien vert Sunnmøre og Møre og Romsdal nemnt ved fleire høve. Sunnmøre er den sørvestlege delen av Møre og Romsdal om omfattar 17 kommunar: Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Ørskog, Ørsta og Ålesund. Dei kommunane som er med i denne studien ligg alle i Sunnmøre: Herøy, Ulstein, Hareid, Sula, Ålesund og Giske. I denne studien er det konsentrert omkring eit mindre utval kommunar i den maritime klynga på Møre<sup>7</sup>.



Figur 1. Kart over Møre og Romsdal (Møre og Romsdal Fylkeskommune).<sup>8</sup>

<sup>7</sup> Den maritime klynga på Møre syner til ei sterk konsentrasjon av maritime bedrifter som er lokaliserte i Møre og Romsdal.

<sup>8</sup> Nyttå med løyve frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, henta på heimesidene til fylket.

I dette samansette fylket bur det om lag ein kvart million menneske<sup>9</sup>, og over halvparten bur i den sørlege delen av fylket - på Sunnmøre. Her finn du den største byen i fylket, Ålesund, med over 40.000 innbyggjarar. Møre og Romsdal ligg i den nordre delen av Vestlandet og er eitt av 19 fylke i Noreg. Dette fylket har ei kystline på heile 7700 kilometer mot Norskehavet og dekkjer eit område på 15.000 kvadratkilometer (Møre og Romsdal Fylkeskommune, 2011). Møre og Romsdal består av 36 kommunar fordelt på det som historisk sett blir sett på som tre fogderi: Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre, kvart med sine dominerande bysentrum: Kristiansund, Molde og Ålesund (Ibid.). Som elles i Noreg, så har Møre og Romsdal ein desentralisert infrastruktur. Døme på dette er at det her er fire sjukehus, fire flyplassar og tre høgskular.

Fogderi- debatten er kjend for den som kjem frå Møre og Romsdal, eller for den som har flytta hit og har tilbrakt ei stund her. Ein kamp om ressursane, eller eit ønske om å vere størst, eller kanskje aller helst; det gjeld stoltheita over å kome frå staden. I dette ligg det også moment i det å ønske å bevare ting som dei er, nostalgien slør kallar eg dette. Dette nostalgiske sløret skuggar over evna til å kunne ta den andre sitt perspektiv, eller enda betre: føre saman to ulike synspunkt. Informantane i min studie hadde og fått med seg nokre av desse geografiske avgrensingane som Fogderi – striden innbyr til, som til dømes viktigeheita mellom å skilje mellom Dimna i Ulsteinvik og det å vere frå sjølve Ulsteinvik, eller det å kome frå Ålesund og heie på det lokale fotballaget Aafk eller kome frå Ulsteinvik og heie på Hødd.

Mytane om Sunnmøringen blir haldt sterkt i live både gjennom daglegtale blant folk flest og også i aviser, i fjernsynet og liknande. Synspunkta på Møre og Romsdal eller enkelte kommunar i fylket avheng mykje av kven som ser på det eller kva ståstad dei har. Di oppfatting av ein stad er avhengig av din persepsjon av staden, og dermed kan stadsomgrepet bli oppfatta som lite presist. Det som derimot er klinkande klart er utfordringa Møre og Romsdal har når det gjeld arbeidskraftbehov. Både Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane (ofte omtala som Nord- Vestlandet) framstår som taparar i kampen om kompetansen. Det er ikkje det at ungdommar frå Møre og Romsdal ikkje utdannar seg, men dei kjem ikkje heim att etter endt utdanning. Dette kan skuldast fleire moment, mellom anna at byane i Møre og

---

<sup>9</sup> 254.651 Innbyggjarar per 01.04.2011 (SSB, 2011).

Romsdal ikkje er attraktive nok for ungdommen med tanke på storbyliv og dei kvalitetane som dei er ute etter.

## 2.1 Den maritime klynga på Møre<sup>10</sup>

Den maritime klynga er ei av dei tre kjende komplette klyngene her til lands, saman med olje – og gassnæringa og sjømatnæringa (Reve, 2007:53). Her refererer Reve til eit nasjonalt nivå, og ikkje til den maritime klynga på Møre. Det maritime miljøet på Møre har vore sterkt over fleire generasjonar og denne regionen er base for ein unik konsentrasjon av maritime bedrifter. Saman med forskings- og utdanningsinstitusjonar (og Norwegian Centre of Expertise, NCE ) byrja det maritime miljøet og konsentrasjonen av bedrifter å kunne likne på ei klynge. Forskar Arild Hervik med fleire sa at den maritime klynga på Møre innehar også dei positive eksternalitetane og momenta som ei klynge treng for å kalle seg ei komplett klynge. Den maritime klynga på Møre består av 15 designelskap, 14 skipsverft, 159 utstyrsleverandørar og 18 rederi. Desse sysselset over 21000 personar og har ei samla omsetnad på 51,5 milliardar kroner (NCE Maritime). Denne klynga innehar bedrifter som dekkar alle segment i den globale verdikjeda innan avanserte marine operasjonar (operasjonar til offshore, olje og gassutvinning).

Under ein presentasjon eg heldt på ei mastergradssamling vart det påpeikt at den maritime klynga på Møre ikkje er ei heil klynge, men at den er komplett i samanheng med andre maritime verksemdar i landet. Mi oppfatning av den maritime klynga på Sunnmøre stemmer overeins med dei positive eksternalitetar som Reve (2007) skisserar: at dei ulike samlokaliserte bedriftene lærer av kvarandre og får felles næringsretta utdanning (ved høgskulane i Ålesund og Molde) og til stor grad felles infrastruktur. Reve nemnar også det at ein kan kopiere kvarandre og utnytte kvarandre sine kundar og leverandørar (Reve, 2007:53). Den maritime klynga har også eit Norwegian Centre of Expertise knytt til seg. I ein e-post til Torger Reve der eg spurte om kor vidt ein kan snakke om ”den maritime klynga på Møre” så skriv han:

*”Det er definitivt på sin plass å snakke om en dynamisk maritim klynge på Sunnmøre. Jeg og forskerteamet mitt har dokumentert dette grundig i flere studier<sup>11</sup>. (...) Ellers har du empirien*

---

<sup>10</sup> Den maritime klynga på Møre er eit omgrep som vert nytta av klynga sjølv, av Norwegian Centre of Expertise Maritime (NCE), av media, av forskarar og så vidare. Den syner til ei sterk konsentrasjon av maritime bedrifter som er lokaliserte i Møre og Romsdal. Når eg viser til ”Den maritime klynga på Møre” viser eg til denne konsentrasjonen, og ikkje til eit spesifikt geografisk område.

<sup>11</sup> Det er utført fleire nasjonale klyngestudier i Noreg, men også studier som går direkte på den maritime klynga på Møre. Eit døme som er relevant for studien av konkurransefortrinna (eit av dei positive eksternalitetane til ei



*rundt deg alle steder” (Reve, 2011).*

Kva er så ei klynge? Reve skriv at næringsklynger ber preg av høgare verdiskaping, høgare produktivitet, høgare vekst og høgare lønnsnivå enn økonomien elles (Reve, 2010). Han skriv at ei næringsklynge er ein agglomerasjon av bedrifter som samhandlar i alle delar av verdikjeda eller verdinettverket innan ei næring. Det som kjenneteiknar ei næringsklynge er at ho har ei konsentrert kommersiell og teknologisk næringskunnskap samstundes som at dei fleste næringsklyngene har ein kombinasjon av rivalisering og samarbeid som fremmar verdiskaping og innovasjon (Ibid.). Reve hevdar også at det er mogeleg å kopiere ”best practice” og at det ofte utviklar seg meisterskap mellom dei fremste bedriftene i klynga om kven som er best, og kven som er mest innovativ. Dette ser ein også er tilfelle i den maritime klynga på Møre med innovasjonsprisar og sterk konkurranse mellom bedriftene. Det er fleire positive eksternalitetar<sup>12</sup> som Reve trekk fram, mellom anna:

*” Tilgangen til kompetanse og nye idear er stor. Alle leverandører og tjenesteprodusenter er på plass i næringsklyngen. Dermed blir transaksjonskostnadene lasere.*

*Marknadskunnskapen deles. Det same gjelder de operative erfaringane” (Ibid.).*

Suksessrike klynger tiltrekker seg dei beste talenta og tek tidleg i bruk ny teknologi samstundes som desse klyngene er viktige arenaer for forskning, utvikling og utprøving.

*” I næringsklyngeforskningen snakker vi om oppgraderingsprosesser som gjør næringsklyngen konkurransemessig og kompetansemessig sterkere. Samtidig vil sterke næringsklynger være mer internasjonale i sin orientering og tiltrekke seg kompetanse og kapital fra utlandet, samtidig som de har sine fangarmer inn i ledende næringsklynger internasjonalt” (Reve, 2010).*

Reve legg vekt på at det er ikkje berre det at desse industrielle aktørane er geografisk plasserte i same området, men at det snarare er evna til læring og samspel som er det sentrale.

Internasjonalt sett så har næringsklynger som omgrep stått sentralt i nesten eit århundre. Reve skisserar at det er få forskarar som stiller spørsmålsteikn med næringsklyngene si betydning for næringsutvikling. Kva er så kritikkpunkta mot at staden, trass globalisering, er viktig for næringsklynger?

---

klynge)er studien: *”Den maritime næringen i Møre og Romsdal. En vekstkraftig næringsklynge rustet til omstilling?”* som peiker på relasjonane i den maritime klynga på Møre (Hervik, Otherhals og Bergem, 2007).

<sup>12</sup> Det klassiske dømet på ”positive eksternalitetar” er fruktbonden som får gode avlingar fordi den nye naboen er ein birøkter og biene befruktar frukttrøa hans.

*Noen hevder at lokal konsentrasjon får mindre og mindre betydning etter hvert som kommunikasjonsteknologi og sosiale medier får større og større gjennomslag. Andre tar faktisk det motsatte standpunktet. Alle har tilgang til internett, men de sosiale relasjonene lokalt er vanskeligere å erstatte*” (Reve, 2010). Mykje av informasjonen og kunnskapen som bedrifter treng for å kunne innovere, er ofte spesifikk og ”taus”. I dette siste ligg det at kunnskapen ikkje finst i skriftleg form og kan heller ikkje nedteiknast og spreiaast gjennom til dømes lærebøker (Isaksen og Asheim, 2008:19). Denne kunnskapen må ein hente i frå personar, bedrifter og kunnskapsmiljø som har utvikla den, eller som har direkte tilgang til kunnskapen gjennom sine nettverk (Ibid.: 19-20). Lokalisering i nærleika av slike kunnskapskjelder lettar tilgangen på ny og viktig informasjon som i følgje Ibert (2007) berre kan overførast frå person til person i tillitsbaserte relasjonar (Ibid.: 20). Inntog av Internettet gav oss moglegheita til å kommunisere med menneske på den andre sida av jordkloda, samstundes som vi fortsett å ha relasjonar i våre nærrområde (face - to - face). Realiteten er kompleks ettersom det på den eine sida arbeidast med å kodifisere kunnskapen på ein slik måte at ein skal gjere den tilgjengeleg for å utnyttast i lågkostland. På den andre sida, innovasjonsutbrot skapar nye aktivitetar som i oppstarten berre kan bli født via komplekse og ukjente (uformelle?) koordineringsaktivitetar (Storper og Venables, 2005:338). Ein ser då at det er tale om eit møte mellom to ståstar, der den eine nødvendigvis ikkje treng å vere meir verdt enn den andre, men at desse fungerer i kombinasjon.

Rammeverket i Porter (1990) sin analysemodell består av fire faktorar: *”Konkurransforhold, etterspørselsforhold (hjemmemarkedets størrelse, krevende kunder, muligheter for produkt differensiering og lignende), faktorforhold (råvarer, arbeidskraft, kapital etc.) og koblinger”* Desse faktorane er viktige kvar for seg for å danne gode klyngemiljø, men samspelet mellom desse faktorane er vel så viktig. Dette samspelet er med på å legge tilhøva til rette for at aktørane kontinuerleg yter sitt beste.

Eg har i denne studien sett nærare på delar av den maritime klynga på Møre og undersøkt korleis høgkompetent utanlandsk arbeidskraft opplever møtet med klynga og omgjevnadane, og også undersøkt i kva grad dei vert integrerte i innovasjonsprosessar.

### 3. Teorikapittel

#### Innleiing

Då den nederlandske professoren Paul Iske kom til Noreg for å snakke om innovasjon var hans fanesak at Noreg har ein monokultur og eit altfor snevert perspektiv på mangfald (Aftenposten,09.05.2011). Større kulturell blanding i tillegg til tilsette med ulik yrkesbakgrunn er nøklar til større innovasjonsevne, var nokre av hovudmomenta til Iske. Når heterogene grupper kjem saman, kan fleire ulike idear drøftast og menneske med ulik bakgrunn har ulike ”briller” på og kan sjå ting i frå ulike ståadar. Han stiller også spørsmålsteikn ved kvotering av mangfald gjennom politiske vedtak, og at i den augneblinken nordmenn forstår krafta i å nytte seg av mangfald som ein styrke og ikkje ein trussel, så vil mykje vere gjort.

Iske trakk fram fleire døme på ”mislykka” prosjekt som har blitt til store suksessar, som til dømes den norske akevitten, der ein mislykka satsing på Asia førte til at brennevinet vart frakta attende til Noreg. Den lange reisa med skip skapte ein heilt unik smak. Iske sitt hovudpoeng ved å nemne slike historier er å få fram at desse tinga aldri hadde skjedd dersom menneska hadde vore redde for å prøve noko nytt. I følge Iske verkar den norske monokulturen hemmande på innovasjonsevna. Innovasjon og kunnskap er særleg viktige faktorar fordi vi i den vestlege verda ikkje kan konkurrere med lågkostland og lønningnivået der. Florida (2008) hevder at for første gong i historia så handlar økonomisk vekst om det å utvikle kreativiteten og andre human – kapital faktorar. I denne nye tida så frontast og drivast regional utvikling av kreative menneske sine lokaliseringsval, og stadar som ber preg av mangfald og openheit vert vinnarane. Korleis høgkompetent utanlandsk arbeidskraft opplever møtet med den maritime klynga på Møre og med omgjevnadane framstår som sentralt for denne regionale utviklinga.

Teorikapittelet, empiri og drøfting er bygd opp etter følgjande struktur:

- 1) Geografiske/ Fysiske rammevilkår: Bygda<sup>13</sup> som lokalitet (Halfacree og Florida om Territorielle aspekt)

---

<sup>13</sup> Her blir både ”bygd” og ”stad” presentert. Bygda i nummer 1) og i nummer 2) medan staden blir introdusert i nummer 3). Fosso (2007) hevdar at: ”*Selv om betydning av sted og bygd her omtales som en abstrakt kategori, som omhandler hvordan mennesker erfarer og forestiller seg bygda, betyr dette ikke at bygdebegrepet er løsrevet fra de faktiske forhold som preger et gitt geografisk område. Tvert om vil alltid forestillinger ha sine røtter i konkrete forhold, så som arbeidstilbud, tjenestetilbud og det faktiske hverdagslivet som preger ulike steder. Poenget er likevel at det er oppfatningene og betydningene som mennesker tillegger konkrete steder, som former ulike beslutninger og valg, så som flyttevalg og søking mot spesifikke bosteder. Bygd som kategori kan altså være både konkret og abstrakt på samme tid*” (Fosso, 2007).


- 2) Bygda som symbol, grunnlag for identitet og det å kjenne seg heime ("Sense of place")
- 3) Det sosiale perspektivet: Staden som gjenstand for sosiale relasjonar/nettverksdanning
- 4) I kva grad utgjør den utanlandske arbeidskrafta ein integrert del i prosessen/dialogen som bidreg til produksjonsutvikling og innovasjon.

Bakteppet for å kunne "ta" denne diskusjonen er globaliseringsprosessane og endring i arbeidsinnvandring/krav som vert stilt til kunnskapsdeling/måtar å arbeide på. Perspektiv som kvifor stad, trass globalisering, er viktig, om identitet og mobilitet, og på fokuset på å tiltrekke seg høgkompetent arbeidskraft som positiv bidragsytar til regional utvikling, vil bli drøfta.

### 3.1 Ny romleg kontekst

Vitskapelege studium av stadar og regionar er basert på ei eller anna forståing av den romlege dimensjonen, og innanfor regionalpolitikken og planleggingsstrategiar byggjar denne på eit ønske om å endre eller påverke innanfor ei romleg eining (Lysgård, 2004:17) Rom representerer på ein måte rammer, restriksjonar og ressursar, og særleg fokus i denne oppgåva er nettverksdanning og sosiale relasjonar som legg føringar for det handlingsrommet som høgkompetent utanlandsk arbeidskraft har. Det er i denne studien sett nærare på høgkompetent utanlandsk arbeidskraft sitt møte med ein ny romleg kontekst. Hidle peikar på at ein ny romleg tekst vil alltid vere *"strukturert med visse materielle forhold, sosiale praksiser og med gitte meningsinnhold. En slik allerede eksisterende kontekst er det en innflytter kommer inn i. Denne nye kontekstens meningsinnhold er i fokus"* (Hidle:2004:7). Den nye romlege konteksten betyr staden der dei buset seg, eller regionen, så vel som den arbeidsplassen/det arbeidsmiljøet dei blir ein del av.

Halfacree sin modell: "Ein romleg triade" vil bli lagt til grunn for den vidare framstillinga og drøftinga av dei høgkompetente arbeidarane sitt møte med den maritime klynga på Møre:



*Figur 2. Halfacree (2006) sin modell av det rurale rom*

Halfacree baserar seg på Lefebvre sin romlege triade(1991). I denne vert rom sett på som noko som er både abstrakt og konkret (Halfacree, 1993, 2002, 2006). I Lefebvre sin romlege triade så består rom av "Spatial practices", "Representations of space" og "Spaces of representations". Halfacree har byta ut<sup>14</sup> desse med dei som figuren overfor syner til: "Rural<sup>15</sup> localities" (Romleg praksis), "Formal representations of the rural" (Formelle representasjonar) og "Everyday lives of the rural" (Det levde livet på bygda) (Halfacree, 1993, 2002, 2006).

*"Space does not somehow "just exist", waiting passively to be discovered and mapped, but is something created in a whole series of forms and at a whole series of scales by social individuals"* (Halfacree, 2006:44). Eg har nytta fleire norske teoretikarar i oppgåva (til dømes Fosso 2004, 2007) som går i djupna på det som Halfacree påpeiker her: menneske og stader konstituerer kvarandre.<sup>16</sup>

Utgangspunktet for Halfacree sin romlege triade var det å knyte saman teoriar som for mange andre såg på som uforeinelege, nemleg det at rom skapast gjennom både praksis, representasjonar og materialitet (Halfacree, 2006). Modellen har av nokre blitt oppfatta som ein hybrid (til dømes Cloke, 2006), men for Halfacree så står ikkje desse tre momenta:

<sup>14</sup> Her står det at Halfacree har "bytta ut", men Lefebvre sin "Spatial practices" kan oppfattast som lik Halfacree sin "Romlege praksiser". Så istadanfor å bytte ut, så er det nok rettare å sei "erstatte".

<sup>15</sup> I vitenskapleg samanheng vert ordet "bygd" nytta synonymt med det engelske "rural". Ordet "Rural" stammar frå latin og har tyding "landet" som i motsetnad til "byen". "Bygd" er perfektum av ordet "bygge", noko som seier oss at bygd nyttast om ferdig utbygde område. Etymologisk skal ordet "rural" kome frå ordet "mark", eit ord som er like mangetydig som bygd (Berglund og Wollan, 2004:170). I denne studien vil eg ikkje problematisere i større grad det å nytte "bygd" og "rural" som felles omgrep. Eg nyttar, som fleire andre teoretikarar, også dette "bygd" knytt til "by", som til dømes Ålesund.

<sup>16</sup> Fosso (1992, 2004, 2007) nyttar seg av Halfacree (1993, 2002, 2006) i fleire av sine framstillingar. Fosso gir eit godt grunnlag for å diskutere desse teoriane på norske tilhøve, og derfor er ho nytta i ein stor grad i den følgjande diskusjonen omkring stad.

locality, ruralitet som sosiale og kulturelle konstruksjonar i motsetnad til kvarandre, men dei fungerer som to utfyllande tilnærmingar. Halfacree (2006) har vore ein av eksponentane for å binde saman det konkrete og det abstrakte i forståinga av bygd. Samstundes er han oppteken av korleis ei slik "heilskapforståing" kan gje ny kunnskap, både om bygda og om flytting til og frå bygdene. Utgangspunktet for bygda som analytisk omgrep er betinga av desse tre gjensidige dimensjonane i modellen (Fosso, 2007:40). Eit av hovudpoenga i modellen er det at ingen av dei tre dimensjonane: "Bygd som konkret lokalitet", "Representasjonar av bygd" og "Det levde liv på bygda" kan fungere uavhengig av kvarandre. I konkret forskning meiner Fosso (2007) at ein dimensjon i modellen vil bli meir framtrедande og belyst enn dei to andre, men Halfacree understrekar at det er i samspelet mellom desse tre, at bygda oppretthaldast eller endrast (Ibid.). Ein forstår det eine aspektet i samanheng med det andre: dei er komplementære tilnærmingar som ikkje er lausreve frå kvarandre.

Det er ikkje staden i seg sjølv som bør vere subjekt eller våre objekt i våre forskingsprosjekt, hevdar Lysgård. Det vi bør studere er dei sosiale handlingane og prosessane som produserer og reproduserer romlegheit (Lysgård, 2004:25). Staden bør forståast som konstruerte kategoriar som *"representerer samfunnets manifestering av sosiale og kulturelle prosesser i form av møter mellom mennesker og/eller institusjonaliserte strukturer"* (Ibid.). Det vert i denne studien fokusert på møtet mellom menneske og institusjonaliserte strukturer. Det framstår i mi tolking som at det i sistnemnte også ligg ein dynamisk faktor som spelar inn fordi stadar eksisterer ikkje berre passivt og ventar på å bli oppdaga, den er noko som blir kreert av og gjennom sosiale individ. *"Det er derfor ikke stedets eller regionens ulike romligheter som bør studeres og analyseres, men den sosiale praksisens produksjon av romlighet, der stedet eller regionen kan forstås som et produkt og en produksjonsfaktor for videre reproduksjon av romlighet"* (Ibid.).

På same måte som dei funna eg vil finne ved intervju- og spørreskjemametodikk vil bere preg av at det er informantane mine og eg som gravar konstruksjonar fram ilag<sup>17</sup>, så vil mine informantars møte med denne nye romlege konteksten bere preg av at dei er dynamiske individ. Eg stør meg til Hidle når han skriv: *"En tilflytter sees ikke på som en passiv aktør som i utgangspunktet lar seg akulturere, men er aktiv innenfor gitte mulighetsrom, og i møtet med ny romlig kontekst vil hun evaluere det hun møter og gjøre seg nye erfaringer"* (Hidle, 2004: 7). Det er desse nye erfaringene og refleksjonane som denne studien hadde som formål

---

<sup>17</sup> Det er ingen objektiv sanning. Sanning er sosial konstruert.

å kome i kontakt med, og som studien også bygger på. Dei høgkompetente utanlandske arbeidarane kjem ikkje hit som dynamiske, sosiale vesen inn i ein passiv struktur. Dei kjem inn i ein ny romleg kontekst som på ulike måtar inviterer eller avgrensar tilgang til sosiale nettverk og relasjonar som kan legge føringar for handlingsrommet deira.

## 3.2 Staden og perspektiv på stad

*”Among the great struggles of man – good/evil, reason/unreason, etc. – there is also this mighty conflict between the fantasy of Home and the fantasy of Away, the dream of roots and the mirage of the journey”*

- Salman Rushdie (2000:55)

Røe (2010) skisserar at trass i at ein stad er noko fysisk og avgrensa, så er det samstundes eit fagleg analytisk omgrep som av fleire ulike fagtradisjonar som sosialantropologi, samfunnsfag og liknande blir tatt frå kvarandre og analysert: *”Sted er et vanlig ord. Vi snakker om at en ting ligger et sted, om å møtes et sted og om å reise til et sted. Ordet brukes til å gi noe plass i et geografisk rom, enten det dreier seg om en kjøkkenskuff eller en storby. ”Sted” er et av de små ordene som holder ting sammen uten at vi tenker noe særlig over det”* (Røe, 2010: 303).

## 3.3 Viktigheita av Stad

### 3.3.1 Staden er ikkje viktig

Det er for tida ei utbreidd og aukande oppfatning, og har vore i dei siste tiåra, at dei sterke globaliseringskreftene har ført til at staden ein er frå eller bur er blitt mindre viktig. Stadsidentiteten er brote ned og: *”the assumed congruence of state and society is broken down and suspended; economic and social ways of acting, working and living no longer take place within the container of state”* (Beck 2002: 70) Hidle, Ellingsen og Vangstad (2009) nyttar dette sitatet når dei hevdar at globaliseringsteoretikarar har ein svært kosmopolitisk måte å leve og organisere samfunn på (Hidle, Ellingsen og Vangstad, 2009: 62). Her vert det vektlagt at dei romlege einingane, til dømes nasjonalstaten, ikkje er like relevant som organisatorisk grunnlag no som tidlegare, ei heller når det kjem til det å ”høyre til”. Fleire av desse globaliseringsteoretikarane legg då vekt på at stad er mindre viktig også fordi stader vert likare kvarandre<sup>18</sup>, og med teknologiens utbreidte vingar så kan ein sitje kvar som helst i

---

<sup>18</sup> *”Globalization. The Key concepts”* av T.H.Eriksen viser til korleis stadar blir likare kvarandre grunna globaliseringa (Eriksen, 2007). Ritzer, G. skisserer også korleis globalisering har hatt verknad på korleis vi relaterer oss til kvarandre, og standardisering av tenester (Ritzer, 2004).

verda og arbeide med det ein har lyst til. ” Særlig de større byene ble det hevdet at hadde mistet sin sosiale funksjon, men hvor vi i stedet lever som isolerte enkeltindivider og hvor vi kun kjenner vår egen identitet (...) Folk er mobile på en slik måte at det i allefall ikke er ett sted – om vi ser stedet som en fysisk størrelse – men mange kan være relevante. Sted tillegges videre gjerne en symbolsk betydning knyttet til tradisjon, nostalgi, det gode liv osv. som det hevdes at vi har fridd oss fra i et moderne samfunn” (Hidle, 2004:9).

Hidle spør seg då, som eg også spurte meg sjølv ved denne mastergradsreisa sin start: er stad då ein relevant kategori? ”Er det ikkje slik at folk flytter og løsriver seg sted, produkter er stedsløse, intensiteten i massekommunikasjon og massemedier bryter ned avstander, det gode liv ser vi kan leves ut mange steder og stort sett er vi bare konsumenter i en nasjonal og global økonomi som ikke har lokalsamfunnets og dermed stedets kvaliteter? (Hidle, 2004:10)

Dette er det også fleire teoretikarar som hevder, som til dømes Tönnies<sup>19</sup> og skiljet mellom ”Gemeinschaft” og ”Gesellschaft”, altså eit skilje mellom ei sterkare stadstilknytning (tilhøyre) og formaliserte relasjonar knytt opp til industrisamfunnet. Det kan då verkeleg ikkje vere slik, for kvifor spør vi då alltid i møte med nye menneske : ”Kvar kjem du frå?”, ”Kva heiter foreldra dine”, ”Er etternamnet ditt i frå den og den garden?” Hidle meiner at det er eit fokus på det relasjonelle aspektet som gjer studiet av flytting og stad interessant. Han spør: ”For hva skjer når tilflyttere inngår relasjoner til sitt nye sted, hvordan tolkes det nye stedet, hvilke meningskontekster plasseres det nye stedet i og hva med allerede eksisterende hegemoniske praksiser og tolkninger på stedet? Hva spiller inn av tidligere og nye erfaringer når det nye stedet tillegges mening? Utfallet er nødvendigvis ikke gitt. Er det slik at tilflyttere representerer alternative tolkninger, men at de eksisterer på siden av eksisterende tolkninger? Hvor stort er tolkningsrommet? Er det slik at de eksisterende tolkningene og representasjonene raskt blir internalisert, og dermed noe en raskt tar stilling til? I så fall er det interessant å se nærmere på evalueringen som gjøres av stedet” (Hidle, 2004:10-11).

Korleis desse høgkompetente utanlandske arbeidarane tolkar staden er i lys av dette sitatet interessant for å sjå korleis dei tolkar staden, kanskje vil desse tilflyttarane representere alternative tolkingar av staden?

Historisk sett har menneske som reiser til utlandet for å arbeide, eller som søker livsstilsendingar, vore ein del av ein slags elite (Vertovec & Cohen, 2002: 5). Generasjonen

---

<sup>19</sup> Ettersom det her vert skissert nyare teoriar omkring globalisering, så kan det vere på sin plass å nemne at det klassiske verket som eg viser til med Tönnies er ”Gemeinschaft og Geshellshaft” frå 1887. Informasjon her er henta i frå Deflem, M (2001).



som veks opp no utfordrar ein del av dei etablerte førestillingane om ein elite som har moglegheit til å reise. Dagens generasjon har vakse opp med CNN og Yahoo og har blitt bombardert med sanger og reklame ala ”We are the world. We are the children”.<sup>20</sup>

Greenpeace og liknande organisasjonar er med på å bygge opp under ei kjensle av ein global identifikasjon (Vertovec & Cohen, 2002: 4). Er stad viktig då for menneske i forhold til identitetskaping? Kor viktig er eigentleg stadsidentiteten? ”*In the borderless global economy, money has lost its links to nationality...The privileged classes in Los Angeles feel more kinship with their counterparts in Japan, Singapore, and Korea than with most of their countrymen. This detachment from the state means they regard themselves as “world citizens” without any of the normal obligations of national citizenship. They no longer pay their share of taxes or contribute to democratic life*” (Vertovec & Cohen, 2002: 6).

David Held skriv at det er desse globaliseringskreftene og marknadskampanjane som spelar på ”den globale verda som ein stad” og som påverkar denne generasjonen til faktisk å sjå på verda som ein stad (Vertovec & Cohen, 2002: 4). Eg skjønner den tankegangen og også at ein kan knyte band på tvers av nasjonale landegrensar og i nokre situasjonar også sjå verda under eitt, men samstundes må ein vel ha ein stad (eller fleire?) der ein kjenner ein ekstra tilknytning til?

I overskrifta på dette avsnittet står det å lese ”Staden er ikkje viktig”. Dette litt bastante utsagnet har eg prøvd å argumentere for med fenomen som globalisering og den utbreitte forestillinga om ”ei verd”. Eg ser absolutt dette poenget, men eg er av den oppfatninga at det eine ikkje treng å ekskludere det andre. Ei av årsakene til at fleire utanlandske arbeidarar kjem til Noreg og til Sunnmøre er grunna globalisering og her er internasjonale bedrifter som kan tilby spanande jobbar. Dei utanlandske arbeidarane som kjem til Noreg kjem ikkje til ein stad som er stabil og lukka. ”*Stedet er en prosess og produseres, reproduseres og endres, hevdes det, og globalisert økonomi og kultur inngår i slike prosesser. Migrasjon, og spesielt internasjonal migrasjon, diaspora – erfaringar og transnasjonale nettverk og relasjonar, er empiriske fenomen som omfattes av teorier om globalisering og utfordrer så vel emiske som etiske konstruksjonar av stad som lukket, tilbakeskuende, stabilt osv.*” (Hidle, 2004: 22).

Dette som Hidle skisserar er noko av kjerna i denne oppgåva, nemleg at globalisering utfordrar konstruksjonar av stad som noko lukka og stabilt. Kor vidt desse utanlandske integrerast eller inngår i meir transnasjonale nettverk står sentralt i høve korleis staden er ein

---

<sup>20</sup> Denne songen syner til Harry Belafonte sitt initiativ for å lage ein song for å vise og gje støtte til land i den tredje verda i Afrika.

prosess som produserast, reproduserast og endrast. Evaluering av stad er noko vi alle gjer, til ei kvar tid. Vi samanliknar stadar, og nokre stadar kan for oss framstå som meir eller mindre attraktiv av ulike grunnar. Dette kan vere basert på det ein har høyrte om staden eller har egne erfaringar med staden.

### 3.3.2 Staden er det som er viktig

Florida (2008) hevdar at staden er det som er viktig! Florida byrjar kapittel to i boka si med den ordlyden at skribent Thomas Friedman i New York Times har uttala at jorda er ”flat” (Florida, 2008: 17). I det at jorda er ”flat” legg Thomas Friedman at takka vere avansementet i teknologi er moglegheitene for å delta i innovative prosessar like store om du bur ”her” eller ”der”. Han skriv: *“When the world s flat”, Friedman writes, “You can innovate without having to emigrate”. (...)In 1995, The economist proclaimed the “Death of distance” on its cover. “Thanks to technology and competition in telecoms”, journalist Frances Cairncross predicted, “distance will soon be no object”. Four years later the same magazine proudly announced the “Conquest of location”: “The wireless revolution is ending the dictatorship of place in a more profound way”. The new communications technologies were proving to be the “great levelers” in an increasingly globalized world. Place, we’ve been led to believe, is no longer relevant. We should feel free to live wherever we please”* (Florida, 2008:17 – 18, mine uthevingar). Det er skissert at vi er frie til å bu kvar vi vil, fordi vi er påverka til å tru at stadsomgrepet ikkje er relevant lengre. Vi har Internett, skype, e-post, facebook, “you name it”, så det er ikkje lengre relevant kvar vi arbeider i frå. Dette motset Florida seg og er ikkje einig i denne forestillinga om at verda er ”flat”. Florida hevdar som nemnt at den staden du vel å bu, er den viktigaste avgjersla du kan gjere i livet. Dette hevdar han fordi at han meiner at nokre stadar gir fleire moglegheiter enn andre, og at den sentrale verdsøkonomien er styrt i frå eit få antall stadar (Florida, 2008). Han skisserar verda som ”spiky” og han synleggjer økonomisk aktivitet med ”fjelltoppar” der ein ser på klyngedanningane i USA. Det er på desse stadane at det er høgst økonomisk aktivitet og innovasjon. Florida hevdar å ha funne løysinga på kvifor nokre stadar og regionar gjer det så mykje betre enn andre: dei har ein overrepresentasjon av kreative, talentfulle og ikkje minst opne menneske: den kreative klasse. Definisjonen av ”den kreative klasse” vart først introdusert i Florida si bok ”The Rise of the Creative Class” og: *“it represents the share of local workforce engaged in conceptual and creative types of occupations, like managers, scientists, architects, engineers, artists, entrepreneurs, and many others”* (Tignali, 2009:5).

Florida legg stor vekt på at stader og regionar står i eit konkurranseforhold til andre stadar og regionar. *"The creative class is a crucial asset for regional and national competitiveness. Research has shown consistent high correlations between the presence of a thriving creative class and indicators of creative and innovative potential of regions and cities"* (Tignali, 2009:5). Her underbygger Tignali, som for øvrig er Florida sin forskingspartner, at det er ein klar samanheng mellom den kreative klassen og innovasjon i regionar. Skal regionar og byar lukkast med å halde fram med å utvikle seg, så må dei evne å tiltrekke seg den kreative klassen (Verdich, 2010:129).

Det er dessverre ikkje "nok" berre å tiltrekke seg denne kreative klassen og så vil det meste ordne seg. For å få desse til å trivast treng ein ei balansert blanding av det som vert omtala som dei **4 T`ane**: **T**eknologi, **T**alent, **T**oleranse og **T**erritorielle (stadsspesifikke) kvalitetar (Ibid.). Kva ligg i desse 4 T`ane? *"Teknologi handler om næringslivsstrukturen og at denne har et innslag av kunnskapsintensivitet. Talent måler man ut frå dels utdanning. Det er imidlertid ikkje alltid at utdanningsnivået gjenspeiler hva man arbeider med, og det er derfor viktig å se på kva folk faktisk gjør. Med toleranse mener man i stor grad hvor velkommen man føler seg som nykommer(eller tilbakeflytter) på et sted. Territoriale kvalitetar er det som er spesifikt for stedet, og som ikkje er lett for andre å kopiere"*(Ibid.). Eg har nytta meg av desse fire T`ane i samanheng med Halfacree (særleg 2006) sine teoriar omkring stad, for å skildre høgkompetent utanlandsk arbeidskraft sitt møte med den maritime klynga på Møre. Talentet ligg i føresetnadane for å "tolke staden", altså korleis desse høgkompetente utanlandske arbeidarane opplever staden er avhengig av deira bakgrunn og talent. Om dei finn arbeid her er heng også saman med teknologi og om næringslivsstrukturen har eit innslag av kunnskapsintensivitet. Toleranse heng saman med Halfacree si oppleving av staden, representasjonar av staden og det levde livet på bygda, medan det er fleire fellestrekk mellom Florida sin Territoriale/stadsspesifikke kvalitetar og Halfacree sin bygda som lokalitet: fysiske rammevilkår. Den kreative klassen har ein stor grad av human kapital, det er desse menneska som er "betalt for å tenke". Human kapital blir ofte målt ved å sjå på kor stor andel av befolkninga som har universitetsutdanning (formell kunnskap).

Den norske velferdsstaten med færre store byregionar, og med ein annan type næringsstruktur og ein mindre mobil befolkning ( i følgje Hauge, Alnes og Skålholt, 2010), skil seg relativt mykje frå den amerikanske settinga der Florida utvikla sine teoriar. Det er dermed ein del stadsspesifikke skilnadar som ein bør vere særleg påpasseleg å ikkje berre implementere ukritisk i den norske settinga (Hauge, Alnes og Skålholt, 2010: 12).

Kanskje er det slik at denne samantrekninga av tid – rom fører til at stadar får større merksemd? Kanskje har stad fått ei tyding som ankerfeste i ei uroleg verd? ”*Steder konkurrerer om akkurat de menneskene og den kapitalen som forflyttes stadig raskere. Derfor har stedets kvaliteter og omdømme blitt viktigere*” (Røe, 2010:303). Stadane må stadig tenke nytt og forståinga for viktigheita av omdømmearbeid brer om seg. I politiske debattar og i fagtidsskrift les ein om korleis kommunane må tenke nytt med utgangspunkt i arvesølvvet i bygda. Det er oppretta sokalla ”omdømmeskular” for kommunane og av landets 430 kommunar fekk 24 kommunar plass på denne skulen i 2010. Kva lærer dei på denne omdømmeskulen? Dei tek tak i kommunen sin samfunnsdel og dei lærer om korleis dei skal forhalde seg til ulike målgrupper og perspektiv. ”*Det å skape ny forventning, bygge en sterk identitet og etterlate et godt inntrykk har bevist sin eventyrlige kraft, og blir stadig mer lokalpolitisk korrekt. Drammen har gjort helomvending fra stygg andunge til svane og Voss er viden kjent takket være Veko, som ikke lenger bare er nynorsk for uke, men synonymt med halsbrekkende aktiviteter og mye moro.*” (Kommunikasjon, 5/2010). Eit auka fokus på omdømme i kommunane understrekar nettopp dette også at staden er viktig. I kampen mot ”det store spøkelset”: fråflytting spelar staden og kva syn og forestillingar ein har på staden vil vere avgjerande for kommunen.

Det at stader konkurrerer om menneske og bedrifter og omdømme og liknande fører til at nokre stadar vinn, medan andre taper. Denne studien handlar nettopp om korleis ein stad, som kan opplevast og tolkast på så mange ulike måtar, kan forståast. Dette kan knytast til regional utvikling og ”vinn” og ”tap” mellom regionar.

### 3.4 Fysiske kvalitetar

Når eg spør menneske eg møter kvar dei kjem i frå, så nemner dei namnet på byen eller bygda der dei har tilbrakt store deler av livet eller den staden dei føler ein viss grad av tilhøyre til. Dei nemner også gjerne noko om dei fysiske kvalitetane ved heimstaden. Dette er i tråd med Massey (2005) som hevdar at våre sterkaste minne om stadar gjerne blir basert på åsar (hills), villmark (wilderness) og sjø (sea). ”*I norsk språkdrakt vil vi helst si fjorder, fjell, daler, skoger og innsjøer. (...)Vi flykter fra byen for å etterfylle eller komplettere våre sjeler ved å betrakte og ta inn over oss det vi forstår som naturens tidløshet og igjen få en slags bakkekontakt med naturen*” (Berg, N. G., Jørgensen, S. H., Karlsen, A. og Aase, A. (red.).2009: 119 – 120s. 122).

Berg m.fl. hevdar at når ein står framfor eit bustadval så stiller ein ikkje spørsmål om erosjon eller landheving og situasjon mange år fram i tid: ”*men om arbeidsplasser og sosialt liv i dag og noen år (kanskje tiår) fram i tid: Får jeg jobb der? Vil jeg ha jobb om 10 år? Kjenner jeg noen der? Er det folk på min egen alder som jeg kan bli kjent med? Hva kan jeg gjøre i fritida? Hvordan vil det bli for mine barn å vokse opp der?*” (Ibid.. 122-123).

Om kor vidt dei ikkje stiller seg spørsmål om erosjon eller landheving er det ein del meir tallbare kvalitetar det også vert stilt spørsmål ved, som til dømes; ”*Det er nok særlig fra-og tilflytting og nyetableringer og nedleggelse av bedrifter, samt økt eller redusert offentlig tjenestetilbud som gjør steder til noe ”her og nå” for potensielle til/fraflyttere. Om den dominerende prosessen er til- eller fraflytting er dessuten i seg selv veldig synlig i form av bebodde eller tomme hus, butikker i drift eller tomme butikklokaler, folk i alle aldre eller flest eldre osv. Kort sagt blir det synlig og innenfor en relativt kort tidshorison det aller viktigste med et bostedsvalg.* (Ibid.: 123).

Innleiingsvis starta eg med eit sitat henta frå Salman Rushdie (2000). Her legg han vekt på konflikten mellom fantasien av heim og fantasien av borte, draumen om røtene og fantasien om det fjerne og synet på reisa som tek ein dit. Dette kan gje oss ei kjensle av at det som vert skildra her er det som av fleire teoretikarar vert skildra som eit identitetsprosjekt; altså sjølve livet. Vi vel å busette oss på ein stad vi identifiserar oss med. Dermed står omgrepet ”identitet” sterkt og eg vel å drøfte dette i høve stad og tilhøyre (jamfør ”sense of place” – omgrepet som eg lanserte tidlegare).

### 3.5 Bygda som symbol

”*I Norge har det vært en sentral verdi at folk som bor i nærheten av hverandre skal ha noe mer til felles enn bare stedets fysiske substans. Denne ideen er blitt uttrykt på mange måter, og da ikke minst i den såkalte heimstaddiktningen*” (Gullestad, 2002:229). Sitatet peikar på at det å kjenne seg heime ein stad er ein sentral verdi i menneske sine liv. Er staden sine verdiar i tråd med dine verdiar? Føler du at du er i harmoni eller i disharmoni med staden eller er du kan hende ikkje knytt til staden i det heile?

Eit omgrep som står som sentralt i denne studien og som er tett knytt opp til føregåande poeng om å høyre til er ”Sosiabilitet”. Vi menneske har eit behov for å høyre til og å inngå i forpliktande relasjonar. ”*Betydningen av fellesskap og tilhørighet og det enkelte individs potensial til å danne og vedlikeholde relasjoner til andre, delta i samhandling, utveksle støtte og organisere seg i samfunn*” (Bø og Schiefloe, 2007: 13). Menneske si oppleving av

fellesskap og om dei føler seg i harmoni eller i disharmoni med staden er for meg svært samanfallande med relasjonelle aspekt. Det er også sentralt kor vidt menneska har moglegheit til å danne og oppretthalde relasjonar til andre og moglegheita til å delta i samhandling. For nokre er dette vesentleg viktigare enn for andre fordi dei har bestemt seg for at her er staden dei vil leve ut sine vaksne liv, og at staden nettopp er ein del av deira identifikasjonsprosjekt. For andre er det arbeidet som er i sentrum, men uansett så er behovet for samhandling med andre menneske til stades, anten i form av hendingar på arbeid eller på fritida, eller begge deler. ”*Bare blant mennesker, blir mennesket menneske*” hevda Paul Natrop, og i andre sitt nærvær så fyller vi ikkje berre det fysiske rommet, men vi foreinar oss også kulturelt, sosialt, psykologisk, i ulike former for gjensidighet ( Bø og Schiefloe, 2007:13). Som sagt, menneske og stadar konstituerar kvarandre.

”*Social space contains a great diversity of objects, both natural and social, including the networks and pathways, which facilitate the exchange of material things and information. Such “objects” are thus not only things, but also relations*” (Lefebvre, 1991). Dette fortel oss noko om at staden inneheld ein stor variasjon av objekt, men at desse objekta er ikkje berre “ting”, men også relasjonar. Menneske held saman, og har alltid levd i fellesskap. Menneske har haldt saman som ein naudsynt føresetnad for å overleve, samstundes som det er ein del av den menneskelege naturen (Bø og Schiefloe, 2007: 13). Vi sosialiserer med andre og dannar nettverk av relasjonar. Dette heng tett saman med omgrepet ”sosial kapital”. Omgrepet sosial kapital vil kanskje fleire hevde at har blitt utvatna i løpet av dei siste åra, ettersom det har blitt eit ”moteord” som blir nytta både tidt og ofte. Jonas Gahr Støre forklarar grunnen til at det er så godt her i Noreg med å nytte seg av sosial kapital – omgrepet: det er sterk grad av tillit i relasjonane mellom menneske i Noreg. Vi stolar på kvarandre. OECD definerer sosial kapital som: ”*nettverk som – sammen med felles normer – letter samarbeidet innenfor og mellom grupper. En vanlig oppfatning er at sosial kapital viser til ressursene i miljøet rundt individet og de ressurser som sosial bånd og det å tilhøre et nettverk kan tilføre individet*” (Støren, 2006:146). Sosial kapital er knytt til dei ressursane som omgir oss, og den kva det å tilhøyre eit nettverk kan tilføre av gode til individet. Portes (1998) meiner at den ”*mest utbredte funksjonen som kan knyttes til sosial kapital, er som kilde for nettverksformidlede fordeler/gevinster som befinner seg utenfor den nære familien(...)* Relatert til andre former for kapital, kan det beskrives slik: ”*Mens økonomisk kapital er i folks bankkontoer og humankapital er inne i deres hoder, stammer sosial kapital fra strukturen i deres sosiale*

relasjoner. For å besitte sosial kapital må en person være knyttet til andre personer” (Støren, 2006:146).

### 3.6 Stad som sosiale relasjonar og stad som ein sosial konstruksjon

”Massey argumenterer for at steder bør forstås som nettverksbaserte møtesteder av materielle, sosiale og kulturelle relasjoner som strekker seg langt utover det lokale(...). Uavhengig om man deler Masseys poststrukturalistiske ståsted for øvrig, er det i internasjonal geografi bred enighet om at steder er åpne, dynamiske og gjensidig avhengige, og at mennesker og steder er gjensidig konstituerende ”(Berg, N. G., Jørgensen, S. H., Karlsen, A. og Aase, A. (red.).2009: 119 – 120).

Stadar og menneske er gjensidig konstituerande i ein slags symbiose der dei fargelegg kvarandre og pregar kvarandre. Denne forståinga er viktig ikkje berre for å forstå korleis ein stad kan forståast, men eg ser også ein samanheng mellom med Florida sine tankar omkring den kreative klassen og regional utvikling (Florida, 2008). Konsept som kreativitet og det å fokusere på å tiltrekke seg den kreative klassen har blitt særleg populært i regional planlegging og utvikling. Florida sine bøker ”Rise of the creative class”, ”Who’s your city” og ”The flight of the creative class” oppmuntrar samfunns – og byplanleggarar til å forflytte seg frå strategiar som fokuserar på infrastrukturutvikling og å tiltrekke seg dei rette bedriftene. Florida hevdar at ein heller bør fokusere på korleis ein kan tiltrekke seg migrantar, då særleg ”den kreative klassen”, dette gjennom eit ”focus on 24/7 lifestyle, cultural emenity and ethnic diversity” (Verdich, 2010:129).

Røe skriv at stadar kan forståas på to ulike måtar. Ein meir relasjonell ståstad som fokuserar på at staden er eit knutepunkt for sosial interaksjon. Dette er ein svært dynamisk måte å sjå på ein stad på og er ikkje i tråd med ein del andre teoretikarar og samfunnsplanleggarar der ein fokuserer på å tiltrekke seg nye bedrifter og næringar. Doreen Massey hevdar at ein stad er ikkje berre fysiske bygningar, men at ei stad også er overlappande sosiale aktivitetar og sosiale relasjonar. Desse er dynamiske og i stadig endring. ”Et sted har ikkje en forhåndsbestemt, entydig og motsetningsfri identitet, fordi det blir til i møtene og skjæringspunktene mellom mange ulike sosiale relasjoner. Når vi ser på et sted på denne måten, altså som noe åpent og dynamisk, retter vi samtidig oppmerksomheten mot at mennesker vil høre til, ha interesser i og identifisere seg med et sted på mange ulike måter” (Røe, 2010: 306). Dette er truleg også tilfelle blant høgkompetent utanlandsk arbeidskraft som kjem til Noreg, synet på staden og i kva grad dei identifiserer seg med staden, vil vere

veldig ulik frå person til person. Den andre måten å betrakte ein stad på, som Røe hevder ikkje er lausrive frå den første, tek utgangspunkt i at staden er ein sosial konstruksjon. ”*Det vil si at et sted faktisk blir til gjennom menneskers erfaringer og ved at det sirkulerer fortellinger, eller representasjoner, som samlet sett kan gi et bilde av, eller bygger opp under en myte om, stedet. Slike erfaringer, forståelser og bilder av stedet kan dermed være subjektive, intersubjektive eller kollektive, og de skaper meningsfylte rom eller steder.*” (Røe, 2010: 306). Dette er ei framstilling av Halfacree (2006) si forståing av representasjonar av staden som bygg opp under ein myte eller dannar nye om staden. Desse mytane saman med det levde livet på bygda og dei fysiske rammene rundt, dannar det biletet som eit menneske har av ein stad i følgje Halfacree.

### 3.7 Identitet - stadsidentitet

Som eg har nemnt overfor om den kreative klasse og med at menneske og steder konstituerer kvarandre så ligg der ei forståing at identitet er noko som skapast i samhandling med andre individ. Fosso skriv at dette skjer ikkje berre i samhandling med andre, men også i relasjon til andre (Fosso, 2004:121).<sup>21</sup> Det er altså i gjennom å vurdere seg i høve andre menneske at vi kan forstå kven vi er. Dette kan manifestere seg i gjennom at vi identifiserer oss med andre eller at vi ser på oss som forskjellige i frå andre. Eg ser det då slik at vi kan snakke om vår eigen identitet og om stadsidentitet.

Korleis er den indre samanhengen mellom desse to omgrepa: eigen identitet og stadsidentitet (stadskjensle)? ”*For det første handler det om hvordan menneskers identiteter er romlig forankret, hvordan steders identiteter er forankret i sosial praksis og stedsmyster, samt at både mennsker og steder er flertydige og foranderlige*” (Berg 2004:57). Det er dermed ikkje tale om ein identitet og ei stadskjensle som er statisk og uforanderleg. Dette inngår i at flytting og val av stad å bu er ein meiningsdannande prosess. Identitet kan vere ein reiskap som ein nyttar for å plassere seg sjølv i høve omgjevnadane. Dette er ein dualistisk prosess slik eg tolkar det, for det er også slik at ein vert tilskriven ein identitet av omgjevnadane. Det er dog fleire som hevdar at ein kan ikkje tale om identitet utan å nemne at det er postmodernismen som ligg til grunn for denne tankemåten. Dette ser ein også i positivismestriden og at sann viten ikkje kan la seg begrunne ut i frå eit religiøst, filosofisk eller empirisk utgangspunkt. Identitet er nemleg noko anna, det omhandlar enkeltindividet. Dette betyr ikkje at ein ikkje kan tale om ein felles

---

<sup>21</sup> For ordens skuld så er det fleire som nyttar desse tankane/teoriane om at menneske sin identitet vert til i samhandling med andre, til dømes Mead og speglingsteoriane. Eg har valt å nytte Fosso si vinkling på det ettersom eg er av den oppfatning at ho knyt saman stad og identitet på ein lettfatteleg og elegant måte.



identitet, men det er individet sine indre referanseramme og preferanse som ligg til grunn for opplevd identitet (Andersen, 2006).

*”Flytting og valg av bosted forstår jeg som en handling som er rettet mot å skape mening i livet. Handlingen er et resultat av hvilke opplevelser av og erfaringer med tidligere bosteder den enkelte flytter har, samt hvilke kunnskaper og forestillinger om alternative bosteder vedkommende har (Berg 2009:120, mine uthevingar). Dette heng for meg nøye saman med identitet. Dermed er det ikkje berre tale om å flytte ein stad for å flytte ein stad, men det er også snakk om som Berg skriv: å skape ei mening i livet. Fosso er også inne på dette når ho skriv at identitet handlar om å søke fellesskap og mening (Fosso, 2004:121). I dette ligg det sjølvsagt innforstått at dette skjer i samhandling med andre. Gullestad er også inne på dette med identitet i samhandling med andre i det ho skriv: ”Identitet definerer jeg som de deler av personers selvbilde som ønskes bekreftet av andre. G.H. Mead (1934) beskriver utviklingen av individuell identitet i fleire trinn. Individet lærer først å kopiere andres adferd, dernest å bli bevisst de andre, for så til slutt å ta til seg den ”generaliserte andres” syn på verden og seg selv” (Gullestad, 2000:104). Informantane i denne studien kjem frå ulike verdshjørne og har valt å busette seg på kortare eller lengre sikt, og dei kan sitte i Ulsteinvik eller i Ålesund og kommunisere med familiarne sine på skype, samstundes som dei kan velje å ta del i ein meir lokal kontekst. Denne lokale konteksten har også hatt eit skifte i utforminga og fleire får nok kome tettare på naboen sin via facebook eller andre sosiale medier, enn det som er tilfelle dersom dei treff på kvarandre i gata der dei bur. Ein opplever også at invitasjonar til forskjellige arrangement har forflytta seg frå å hengast opp på korktavla på S - markedet til at det vert sendt invitasjon via sosiale medier. I forhold til identitet og denne oppgåva så er det i hovudsak fokus på flytting og stadskjensle.*

Ser ein identitet i samband med flytting og at dette bør forståast som ei biografisk erfaring, og ikkje ei instrumentell handling så er dette i tråd med Halfacree og Boyle (1998) sine hovudpoeng.

*”Forståelsen innebærer en prosessuell tilnærming hvor hovedformålet ikke er å finne årsaken (e) til en persons flytting, men å se flyttingen som en av mange reiser i et livslangt identitetsprosjekt (Fosso 2004: 120).*

Flytting kan då sjåast på som noko som er med på å skape mening i livet. Massey har også tidlegare tenkt på staden som heim. I ”A place called home” (1992) tek ho utgangspunkt i: *(mis) forståelsen om at globaliseringen gjør steder like, og at hjemfølelser og tilhørighet til*

steder forsvinner. Hun kritiserer denne tenkningen fordi den bunner i en forståelse av steder som lukkede. **Hun understreker at identiteten til det stedet vi kaller hjem nettopp stammer fra det faktum at det alltid, på en eller annen måte, har vært åpent og konstruert gjennom bevegelse, kommunikasjon og sosiale relasjoner som strekker seg utover stedet.** Opplevelsen av hjemstedets egenart kan, med andre ord, bare konstrueres ved å forbinde hjemstedet med andre steder” (Massey, 2005:123, mine uthevingar).

Identitet er ein vekselverknad mellom individ og miljø. Dette ser vi at heng saman med det som Berg og Dale (2004) skriv om at menneske og stader konstituerar kvarandre. Det er eit litt vanskeleg omgrep å gripe tak i ettersom at det er eit foranderleg og dynamisk omgrep. Eit døme på dette er når eg tenkjer attende på min eigen heimstad. Mitt syn på staden heng mykje i den ”stadskjensla” eg opplevde då eg sjølv budde der for over eit tiår sidan, men eg har vore på jamnlege besøk og har sett at staden har endra seg, både av fysisk karakter, men også i forhold til jobbmoglegheiter, menneska som bur der og så vidare. Eg tykkjer kanskje at mitt syn på staden heng fortsatt litt saman med den kjensla eg har når eg kjem heim. Det er kanskje snakk om ein slags nostalgi. Synet ein har på ein stad endrar seg etter kvart som ein veks og utviklar seg sjølv som individ. ”You can not hold places still” (Massey 2005:125). Når ein kjem ein stad så har staden endra seg akkurat som ein sjølv har endra seg.

Berg skisserer ”hjem” som eit nøkkelomgrep i høve busetningsval og at det er relatert til stadsomgrepet. Eller rettare sagt: som er eit stadsomgrep. Ho vil også diskutere mobilitet fordi dette er eit av hovudomgrepa i dette, på grunn av at det er det fenomenet som gjer stadar flyktige, spesielt om ein fokuserar på menneske og ikkje fjell. Ho diskuterer seinare omgrepa by og bygd ettersom ein ofte må velje mellom desse to.

Det er ikkje berre eg som har hatt denne forforståinga om at ”det kontekstuelle rommet” var geografanes område, medan sosiologen beskjeftega seg med dei sosiale prosessane. Fosso skriv at ”Skal vi derimot forklare og forstå romlige prosesser og strukturer forutsettes en tettere forbindelse mellom geografi og sosialteori. (...) Løfgrens (1990:15) formulering om hva geografi må handle om: forståelsen av förutsetningarna för, och de rumliga konsekvenserna av, vad människor gör, när, vad och hur de gör det, med vem och inte minst varför de gör det” (Fosso, 1992:1).

Av ”Identitet og stadsidentitet” som er gjennomgått så er det skissert ein del moment omkring det å føle seg ”heime” (”sense of place”) og flytting som ein del av eit identitetsskapande livsprosjekt. Ein kan sjølvsagt også kjenne seg ”out of place” og dette kan virke

identitetsskapande på sitt vis: Individ kan også fokusere på kva ho/han ikkje høyrer til i/identifiserer seg med. Identitet kan i stor grad skapast i kontrast til noko vi ikkje er.

### 3.8 Mobilitet

Dersom ein tek utgangspunkt i at menneske og stader konstituerer kvarandre og at stadar då er opne, dynamiske og samanfallande, så blir det heilt openbart at stad og mobilitet heng nøye saman (Berg, Jørgensen, Karlsen og Aase, 2009:124).

Som eg har diskutert innanfor identitetsomgrepet overfor så er flytting ikkje berre snakk om ei fysisk forflytning og push og pull – faktorar. Kanskje skal det også sjåast i samanheng med mobilitet og om noko som handlar om å skape mening i livet. Kvar du ønsker å bu handlar også om kvar du er i livet. Det som ikkje er attraktivt for deg i tenåra, er kanskje sjølve pull – faktoren når du er etablert med partner og barn. Eg har drøfta at identitet kan vere ein del av ein identitetsskapande prosess. Kan ein då ha fleire heimar? Eller det slik at ein forlet ein heim til fordel for ein ny ein? Cresswell (2006:2) hevdar at mobilitet er eit svært sentralt omgrep og meir enn det nokosinne har vore, samstundes som at kva det betyr, ikkje har vore under lupa. Han foreslår eit skilje mellom det som er sjølve forflytninga eller rørsla (movement) og det han kallar for mobilitet. Klassisk migrasjonsteori tek føre seg forflytning som eit val om å bli buande i Ulsteinvik istadanfor Gdansk og det blir sett på som eit resultat av push og pull faktorar på begge stadane. Ein er kanskje ikkje i like stor grad oppteken av meininga med denne flyttinga.

Mobilitet bør dermed i følge Cresswell, oppfattast som noko som kjem i tillegg til forflytting og som handlar om noko meir, og at det handlar om mening og makt. Han seier dette om stadsomgrepet: *”Within geographical theory and philosophy it has come to signify meaningful segments of space – locations imbued with meaning and power. A place is a center of meaning – we become attached to it and exclude people from it – we experience it (op.cit: 3).*

Eg tolkar dette som at staden er senteret for meningsdanning, dermed er staden også kjerna for dei opplevingane ein har på denne staden. Vi blir knytte til staden meiner Cresswell og vi abstraherer folk i frå det, fordi vi *opplever* staden. Dette tykkjer eg at ein kan sjå i samanheng med det at ein som migrant kjem inn i ein ny ”romleg kontekst”. Nokre får ”innpass” medan andre ikkje. Dette kan vere basert på individet si fortolking av sin eigen identitet eller ”menneska” sin oppfatning av det individet sin identitet. I nokre bygder så vert ein ikkje sett

på som ekte innbyggjar før ein hadde minst to generasjonar som hadde budd der<sup>22</sup>. Det var då ei kjensle av kven som skulle få bli knytte til staden eller kven som ikkje ”høyrt heime”.

Dette er noko av kjerna av det som eventuelt mobilitet har endra noko på, kanskje er det slik at dei som har flytta mykje på seg har eit meir ope syn på stad. Dette samanfallar også med Giddens sine tankar omkring eit skilje mellom ”place” og ”space”.

I dette ligg det også at identitet er noko dynamisk som er gjenstand for endring gjennom livet. Dette jamfør det eg nemnte overfor om at ein identifiserar seg med ulike moment igjennom heile livet. Aase og Fossaskåret (2007) hevdar at oppvekststad er klarare avgrensa enn tilflyttingsstadar som vi møter som vaksne. Dei hevdar at når vi refererar til oppvekststaden som eige stad, så har vi i dominerande grad å gjere med eit deltakarstad. Dette elementet av distansert refleksjon legg vi på i ettertid. Dei skriv at i forhold til stad som bustad i vaksen alder relaterer vi oss til den både som deltakar og som observatør. I høve denne studien vert dette føregåande relevant i høve at informantane er komne til Sunnmøre som vaksne og at det då er meir flytande grenser for vaksne enn det som gjeld for born. Informantane i dette prosjektet, eller i andre for den saks skuld, kan i større grad velje å vere ein del av staden eller identifisere seg med den. Aase og Fossaskåret skriv at vaksne kan vere *i* staden, men står friare enn born til å vere *av* staden (Aase og Fossaskåret,2007).

*”Mennesker og steder påvirker hverandre gjensidig og menneskers forskjellighet og mangfold har stor innvirkning på lokale og regionale forhold og på utviklingsprosesser, samtidig som steders forskjellighet og mangfold har store innvirkning på menneskers sosiale relasjoner, sosial praksis og meningsdannelse. Forholdet menneske – sted påvirkes på et overordnet plan av moderniserings – og globaliseringsprosesser på mange nivåer (Giddens 1990, Castells 1996). De representerer nye rammebetingelser for hvordan folk lever sine liv og skaper mening med dem, og nye levesett bidrar i neste omgang til endring av steder. Et sted blir med andre ord ikke alene påvirket av omstillingsprosesser i næringslivet og politiske rammevilkår, men også av nye måter å leve på (Berg, Jørgensen, Karlsen og Aase, 2009:9).* Dette er for meg tett relatert/komplementært til Florida av korleis menneske si ulikskap har stor innverknad på lokale og regionale tilhøve. Samstundes fungerer dei lokale strukturane som rammevilkår eller strukturerande i høve korleis menneska lever sine liv. Stadane kan bli endra på grunn av nye måtar å leve sine liv på.

---

<sup>22</sup> Dette er basert på eigen observasjon.

### 3.9 Oppsummering Stad, Identitet og Mobilitet

Det er ikkje tale om ein identitet og ei stadskjensle som er statisk og uforanderleg. Dette inngår i at flytting og val av stad å bu er ein meiningsdannande prosess. Identitet kan vere eit reiskap som ein nyttar for å plassere seg sjølv i høve omgjevnadane. Ein kan ikkje berre forstå stadar som fysiske strukturer (Territorielle kvalitetar ala Florida eller Bygda som lokalitet ala Halfacree), men korleis vi opplever ein stad og kva slags meiningar vi tillegg ein stad avheng i stor grad kvar vi kjem i frå og kven vi møter. Dei dominerande sosiale praksisane som vert utvikla på stadane, er med på å gje staden kulturell meining. I dette ligg det tilhøyre for nokre, og ei kjensle av utestenging for andre. Av den grunn så eksisterar det kanskje like mange bilete, forestillingar og syn på stad som det finst menneske (Bettum, 2007:5).

### 3.10 Å segle åleine eller å vere embedded

Ei skildring som er beslekta med benemninga ”sosial kapital” (jamfør Porter 1998) er utvikla av Mark Granovetter. Mark Granovetter skriv i ”The strength of weak ties” om nettverk og styrken i dei svake band (Granovetter, 1973). Styrken i relasjonane vi har til menneska rundt oss varierar. Granovetter introduserte omgrepa sterke og svake band, som ein slags samlebenemning for styrken i ein relasjon. Han definerar dette på følgende måte:

*”(...) styrken i et bånd er en (sannsynligvis lineær) kombinasjon av mengden av tid, emosjonell intensitet, intimitet (mht. gjensidige betroelser) og den gjensidige tjenesteutvekslingen som karakteriserer båndet”* (Granovetter, 1973:1361).

Bø og Schiefloe (2007) hevdar at Granovetter sin definisjon leiar merksemda mot tre viktige forhold. Det første er at personlege relasjonar er svært samansatt og at relasjonen mellom to subjekt vert definert av to moment: korleis subjekta tolkar nærleik og forplikting og kva relasjonen faktisk kan nyttast til. Det andre er at relasjonsstyrke er ein kontinuerleg dimensjon som er avhengig av kva som blir ytt, utveksla og kor verdifulle desse ytingane blir oppfatta å vere. Det tredje elementet er at relasjonar er ikkje statiske fenomen, men at ein kan gå frå å vere svake koplingar til å bli sterke, og omvendt ((Bø og Schiefloe, 2007:43). Ein kan også avvikle ein relasjon, i dette forstår ein at ein må vedlikehalde relasjonane gjennom nettopp det som kjenneteiknar dei: samhandling, kommunikasjon og utveksling av gode.

Granovetter (1995) viser at: *”Et nettverk bestående av ”svake” bånd av slekt, venner og tidligere kolleger/arbeidsgivere til sammen gir mye informasjon som er nyttig for å skaffe seg en jobb. Styrken i svake bånd (...) kan innebære en viktig beskrivelse av de forskjeller i*

*muligheter et stort nettverk gir, muligheter som trolig er særlig relevante for innvandreres syn på arbeidsmarkedet*” (Støren, 1996:146). Dette er særleg relevant i Møre og Romsdal der hovudtyngda av jobbane ikkje blir lyste ut, berre 40 % av jobbane blir lyst ut (Tobro, 2011).

Granovetter er ofte forbunde med omgrepet “embeddedness” som i korte trekk går ut på i kva grad menneske og bedrifter er innvikla i sosiale nettverk. Fleire av desse trekka som Granovetter skisserer i høve om ein innehar “job embeddedness” tek føre seg fleire av dei momenta som står i fokus i denne mastergradsoppgåva. Det er gjennomført fleire studie om ”embeddedness” slik som til dømes Allen (2006) som dreg fram nokre moment som viktige for at ein skal føle seg som ein del av ei bedrift/region. Hans studie tek føre seg korleis nykommarar blir integrert i ei bedrift og kva dette har å seie for bedrifta si turnover. Han hevdar: *“reveal that socialization tactics enable organizations to actively embed new employees; collective, fixed, and investiture tactics were positively related to on-the-job embeddedness. Results also indicate that on-the-job embeddedness is negatively related to turnover and mediates relationships between some socialization tactics and turnover”* (Allen, 2006).

Allen skisserar nokre moment som går ut på om kor vidt ein er “embedded” i ei bedrift eller ei, eller rettare sagt: kor INNE i ei bedrift ein kjenner seg. Desse går på om: jobben nyttar mine talent og kompetanse godt, at dei føler at dei er ein god match for organisasjonen, dersom dei blir hjå organisasjonen så vil dei oppnå dei fleste av deira mål, at dei lika staden der dei bur (at er ein god match), at staden tilbyr aktivitetar som vedkomande likar, at dei har fridom i arbeidet til å følgje draumane sine, at dei føler at dei ville tape mykje dersom dei måtte forlate arbeidet dei no har, trua på ei framtid i organisasjonen, det å forlate staden dei bur og lokalmiljøet ville vere vanskeleg (ville sakne venar og nabolag), at dei kjenner seg som medlem av ei gruppe som arbeider tett saman, ei tett interaksjon mellom kollega, at ein har familie i lokalsamfunnet, at ein er med i kirka/fotballag eller anna organisasjon (Allen, 2006). Dette er alle moment som eg tek opp i undersøkinga i tillegg til nokre ekstramoment (som Allen også nemner), nemleg sivilstatus og korleis dei bur (leiger/kjøpt) og nokre slike meir bustadmessige moment. Hekman m.fl (2009) har tatt dette vidare i ei studie om kor ”smittsamt” denne kjensla er (Felps, W., Mitchell, T., Hekman, D., Lee, T., Holtom, B., Harman, W. 2009). Denne studien gjekk i korte trekk ut på at ”job embeddedness” kan smitte frå kollega til kollega, altså dersom ein ikkje føler seg knytt til arbeidsstaden så vil dette kunne ”smitte” til ein kollega.

Eit anna relevant moment i høve *styrken i dei svake banda* og høgkompetent utanlandsk arbeidskraft er at både butid og språkkunnskapar har stor betyding med omsyn til utbytte av utdanningane sine. I ei studie gjennomført i Nederland (Niesing m. fl (1994) av utbytte av utdanningane sine blant innvandrara synt det nettopp dette: gode språkferdigheiter og lang butid blant etniske minoritetar er reflektert i høgare løn, ettersom jobbmoglegheiter og informasjon om jobbmoglegheiter aukar (Støren, 2006:146).

### **3.11 Bedrifter i den maritime klynga på Møre – Organisasjonsteoretisk perspektiv på innovasjon**

Relevant for denne studien er på for på kva nivå i ei bedrift innovasjon kan finne stad. Den stillinga ein vert tilsett i (eller nivået) kans seie noko om rolla ein kan ha i høve nybrottsarbeid. Enkelte teoretikarar har meint at bedriftsorganisasjonar består av tre grunnleggande nivå: eit operativt, eit administrativt og eit institusjonelt (Mintzberg 1994). På det operative nivået foregår den daglege produksjonen av varar, produkt eller tenester. Innovasjon kan tenkast føregå her ved at medarbeidarane kjem med idear om teknologiske nyvinningar eller nye produkt. Det administrative nivået dreier seg mellom anna om kommunikasjon og rutinar innad i bedrifta og til omverda. Det kan også tenkast at innovasjonsforslag frå dei tilsette si side kan dreie seg om nye eller andre måtar å organisere og formalisere kommunikasjonen på. Det institusjonelle nivået dreier seg vesentleg om å sjå relativt langt fram i tid for å overvake omgjevnadene til bedrifta, for å avklare nye tendensar i marknaden eller jamvel vurdere å gå inn på heilt ny marknader. Ofte tenker ein seg at dette er oppgåvene til bedrifta si toppleing – til dømes eit strategisk styre eller gjerne også ei FoU-avdeling. Enkelte medarbeidarar kan bidra direkte med innovative forslag eller løysingar ved formell plassering i slike styre eller avdelingar, eller ved at dei blir tekne med på råd når den strategiske leiinga fattar sine avgjersle.

### **3.12 Innovasjon i klynger og roller i innovasjon**

Vi kan best forstå innovasjon, kunnskap og læring dersom vi ser på dei som eit resultat av interaktive prosessar der kor aktørane innehar ulike type av kunnskap og kompetanse, og der kor dei kjem saman og utvekslar informasjon med den hensikt at ein skal løyse noko, teknisk, organisatorisk, kommersielt eller intellektuell utfordring. Denne utvekslinga og interaksjon kan bli organisert på ulike måtar (Bathelt, Malmberg og Maskell, 2004:32). Allereie her kan ein stogge opp og undre seg over desse omgrepa: innovasjon, kunnskap og læring som nærast

har blitt allemannseige dei siste åra. Gjennom kunnskap og læring i organisasjonar kan innovasjonar kome til syne; nyskapande løysingar, prosessar eller produkt.

Hovudargumentet er betydinga av det regionale nivået i høve kunnskap, læring og innovasjon. Særleg i land som Noreg med høgt kostnadsnivå, er utvikling og bruk av unik kunnskap viktig for at bedrifter skal kunne oppgradere seg og utvikle nye tenester, produkt og produksjons – og organisasjonsmåtar (Isaksen og Asheim, 2008:19). Tanken her er at ettersom mykje av denne kunnskapen er “taus” og spesifikk kunnskap, så er viktigheita av å vere i nærleika av “der det skjer” essensiell. I taus kunnskap ligg det at kunnskapen ikkje føreligg i skriftleg form og heller ikkje kan nedteiknast og spreia gjennom til dømes lærebøker og bruksanvisningar (Ibid.). Det er eit lite paradoks som ligger i dette uttrykket ”taus kunnskap”: for korleis kan kunnskap vere taus? Omgrepet ”taus kunnskap” seiast å vere oversatt frå Polanyi sitt omgrep ”tacit knowledge” og ”tacit knowing”. Karlsen vektlegg at på engelsk så er dette to ulike omgrep: *””Tacit knowledge” betegner kunnskap som produkt eller ting, mens ”tacit knowing” refererer til prosessen eller handlingen som frambringer kunnskapen”* (Karlsen, 2008:84). Karlsen hevdar vidare at den norske omsettinga reduserar meiningsinnhaldet i Polanyi sitt omgrep til eit resultat av ein prosess og at sjølve handlinga kjem i bakgrunnen. Fleire vil hevde at det nemleg er handlinga som var sentralt for Polanyi og han nytta omgrepet ”knowing” fordi han meinte at dette kunne fungere dekkande for både erfaringsbasert og teoretisk kunnskap (Ibid.: 85). Når ei handling utførast, er desse to kunnskapstypene umogelege å skilje, dei er eitt. Det er berre i ein teoretisk analyse at ein kan kategorisere dei i ”taus kunnskap – båsen” og ”teoretisk kunnskap – båsen”. Så taus kunnskap er ikkje taus i ordet si rette forstand som det vart presentert overfor i form av eit ”paradoks”. Det viser då snarare til handling som kommunikasjonskanal for denne tause kunnskapen, ikkje ord.

Hovudargumentet er: *”the more codified the knowledge involved, the less space-sensitive should these processes tend to be. If – one the other hand – the knowledge involved is diffuse and tacit, the argument is that such interaction and exchange is dependent on spatial proximity between the actors involved”* (Ibid.) Berre ved å vere i det same lokale miljøet, og møte menneske “ansikt - til - ansikt” gjentatte gonger, kan og vil slike subtile former for informasjon bli utveksla. Dette er noko av det som Reve peika på som dei positive eksternalitetane som ei klynge innehar: nære band og stor grad av kunnskapsutveksling. Dette synet om kodifisert og taus kunnskap har vore grobotn for fleire diskusjonar, særleg kanskje med inntoget av internasjonalisering og globalisering som i større grad enn før utfordra denne



lokale "tause" kunnskapen. Kvifor er det slik? Meir openbare grunnar er at den nasjonale kulturen fungerer som eit rammeverk rundt innovasjon.


Denne diskusjonen omkring regionale næringsklynger og regionale innovasjonssystem er særleg spennande dersom ein ser dette i lys av at næringslivet elles i aukande grad inngår i globale verdikjeder og kunnskapsnettverk. Isaksen og Asheim hevdar at argumentet om betydinga av det regionale nivået avspeglar ei aukande merksemd retta mot kunnskap, læring og innovasjon som avgjerande konkurransefaktorar for bedrifter og næringar (Isaksen og Asheim, 2008:19). Den erfaringsbaserte kunnskapen er ikkje eit ukjent fenomen for den maritime klynga på Møre. Enkelte av dei som har lengst fartstid med å arbeide med den maritime klynga betegna forholdet som "eit papirlaust ekteskap", der ein ikkje trengte å ha kontraktsfesta avtalar, men der tillit til aktørane stod i sentrum. Ein arbeidde raskt og fekk ting gjort utan at ein hadde behov for så mykje dokumentasjon og stadfesting. Kontraktane vart ordna over telefon eller i eit selskap og avtalar vart heldt. Denne dialogen har endra seg over tid, og mykje er nok grunna globaliseringa. Då utanlandsk arbeidskraft vart tatt i bruk, vere seg via dotterselskap, outsourcing, contracting eller anna vart det eit behov for å overføre noko av den tause kunnskapen, dokumentasjon på systema måtte utviklast og oversendast. Modulbaserte system skulle teiknast og utviklast på Sunnmøre, men byggast andre stadar. Dermed kom den meir uformelle strukturen til kort. No har ein kome endå eit steg lengre når det gjeld implementering og integrering av utanlandsk arbeidskraft i den maritime klynga på Møre. Spørsmålet ein kan stille seg er: Korleis kan ein sikre ein smidig kunnskapsoverføring til dei? Korleis få den tause kunnskapen til å bli kodifisert? Eit viktig moment innan næringsklynger og innovasjonstankegangen er at lokaliseringa nær slike kunnskapskjelder letter tilgangen på ny og viktig kunnskap som berre kan overførast frå person til person i tillitsbaserte relasjonar. Her skriv eg tillit, jamfør sosial kapital – drøftinga over. Styrken i relasjonen til dei menneska vi har rundt oss, varierer. Granovetter (1973) introduserte omgrepa sterke og svake band for å synleggjere denne skilnaden mellom styrken i relasjonane.

### 3.13 Konkretisering teorikapitlet

I problemstillinga knytt til denne studien ligg det ei aktiv forståing av menneske som ein handlande aktør: korleis *opplever* høgkompetent utanlandsk arbeidskraft staden der dei bur, og kva er *deira rolle* i høve innovasjon? Ein tilflyttar er aktiv innan visse moglegheitsrom, dei kjem inn i ein romleg kontekst som på ulikt vis inviterer eller avgrensar tilgangen til sosiale nettverk og relasjonar. Dei dominerande sosiale praksisane som vert utvikla på staden,

er med på å gje staden kulturell meining. Det eksisterar kanskje like mange bilete og syn på stad som det finst menneske. Eit av hovudpoenga i modellen til Halfacree (2006) er det at ingen av dei tre dimensjonane: ”Bygd som konkret lokalitet”, ”Representasjonar av bygd” og ”Det levde liv på bygda” kan fungere uavhengig av kvarandre. I konkret forskning meiner Fosso (2007) at ein dimensjon i modellen vil bli meir framtrедande og belyst enn dei to andre, men Halfacree understrekar at det er i samspelet mellom desse tre, at bygda oppretthaldast eller endrast (Ibid.). Ein forstår det eine aspektet i samanheng med det andre: dei er komplementære tilnærmingar som ikkje er lausreve frå kvarandre. I denne studien har dei sosiale relasjonane fått denne framtrедande rolla i høve korleis dei utanlandske opplever staden, bedrifta og deira rolle i høve innovasjon.

Kva som antas å kunne forklare problemstillinga er forsøkt å få tydeleggjort i figuren under.

| <b>Det som antas å kunne forklare</b>  | <b>Det som skal forklarast</b>   |
|--|--|
| Geografiske/fysiske rammevilkår:<br>Bygda som konkret lokalitet.<br>Bygda som symbol: grunnlag for identitet og det å kjenne seg heime ("Sense of place"). Det sosiale perspektivet: Staden som gjenstand for sosiale relasjonar/nettverksdanning.   | Korleis opplever høgkompetent utanlandsk arbeidskraft den maritime klynga på Møre og omgjevnadane? |
|   |  |
| Den romlege triade ("Bygd som konkret lokalitet", "representasjonar av bygd" og "det levde liv på bygda"). Sentralt står det at dei høgkompetente utanlandske arbeidarane kjem inn i ein ny romleg kontekst, som på ulike måtar inviterer eller avgrensar tilgang til sosiale nettverk og relasjonar. Kopling sosial kapital: stad og bedrift. Innovasjon relatert til organisatorisk nivå og formell versus uformell struktur kan tenkast å ha innverknad på kva rolle dei utanlandske arbeidarane har i høve innovasjon. | Kva er deira rolle i høve innovasjon?  |

Figur 3. Det teoretiske rammeverket som antas å kunne forklare/utdjupe problemstillinga.

## 4. Metodekapittel: Frå grusveg til Asfalt: vegen blir til medan ein går

Eg vil i dette kapittelet diskutere metodiske vurderingar som eg har tatt undervegs i arbeidet med masterprosjektet. Dette i tråd med Kvale og Brinkmann sin definisjon på metode:

*”Vegen til målet”* (Kvale og Brinkmann, 2009:121). *”Hvis man skal finne eller vise andre veien til målet, må man vite hva målet er”* (Ibid.).

I arbeid med mastergradsoppgåva mi kunne eg nokre gonger føle meg som Piet Hein og hans utsagn om at *”det er først når man har svarene, at man skjønner spørsmålet”*. Dette kan minne sterkt om den hermeneutiske sirkelen, og det er vel som oftast slik at når ein står ved målstreken, så kjenner ein ikkje berre vegen man har tilbakelagt, men ein kjenner også mjølkesyra i musklane. Fleire har nytta denne "kart - metaforen" i høve metodikk og forskingsopplegg. Martyn Denscombe skildrar at forskingsopplegget er som eit kart som kan hjelpe oss frå der vi er (spørsmåla) til dit vi ønsker å kome (svara) (Denscombe, 2010).

I tråd med Kvale og Brinkmann sin definisjon så vil eg i dette kapittelet gjere greie for val som eg har tatt undervegs i prosessen, mellom anna forforståing, val av metode, kontakt med bedriftene, korleis informantane vart valt ut, gjennomføring av intervju og analysen korleis eg kom fram til den empirien som eg bygger oppgåva mi på og kva slags ”måleinstrument” eg har basert det på.

### 4.1 Tolv punkt i eit forskingsopplegg

Ved oppstart av mastergradsprosjektet så har arbeidet til Martyn Denscombe vore av stor hjelp. Han har skissert eit forskingsopplegg i tolv fasar, og han hevdar at det er ikkje noko som en kan kalla for ”perfekt forskingsarbeid”, men ved å følgje desse 12 punkta, så er ein komen langt på veg. Desse tolv er: Purpose (formål), Relevance (Relevans), Feasability (Oppnåligheit), Ethics (Etikk), Objectivity (Objektivitet), Design (Forskingsdesign), Philosophy ( Forforståing), Accuracy ( Nøyaktigheit), Accountability (Skildre metodikken), Generalizations (Generalisering), Originality (Orginalitet) og Proof ( Det ein kjem fram til).

Eg vil kort gjere greie for kva eg legg i desse tolv ”fasane”. Desse tolv ligg for meg som eit bakteppe eller ein slags skyggeteori for mastergradsprosjektet og eg kjem nærare innom desse seinare i metodekapittelet. Denscombe skriv at formålet må vere krystallklart: kva er det ein ønsker å undersøke? Vidare til relevans, så omfattar dette at ein skal kunne relatere det til allereie eksisterande litteratur på feltet. Eit anna viktig spørsmål som eg stilte meg i byrjinga av prosjektet var det han omtalar som feasibility, altså om eg har nok ressursar til å

gjennomføre dette prosjektet? Er det realiserbart å gjennomføre dette prosjektet innanfor ei tidsramme på to semester?

Det etiske perspektivet var noko eg tenkte mykje i gjennom, og Hans Skjervheim sin artikkel om ”deltakar og tilskodar” var særleg tankevekkande for meg (Skjervheim,1996). I mine auge så ligg mykje av løyndomen til eit godt forskingsopplegg i hans ord om at ein ikkje skal objektivera den ein studerer slik at det vert eit subjekt – objekt forhold mellom forskar og kjelde. Eg fekk også god hjelp av rettleiar og NSD når det gjaldt framgangsmåtar og ivaretaking av dei etiske prinsipp.

Design, validitet, forforståing, reliabilitet og ulike typar generalisering er også i høgsetet hjå Denscombe, og dette er moment som eg vil drøfte i metodekapittelet. Relevans heng tett saman med originalitet: ”The need to contribute something new to knowledge”, ein må ha oversikt/innsikt i rådande litteratur på feltet for å kunne bidra med noko nytt. Heilt til slutt nemner Denscombe at det er viktig å ikkje vere for bastant i meiningane om kva ein har funne ut. Desse tolv punkta framstår som ein ”skyggeteori” undervegs i dette kapittelet.

Heilt kort innleiingsvis, så har eg gjennomført ei kvantitativ undersøking og kvalitative forskingsintervju<sup>23</sup>. Eg valte først ut eit geografisk avgrensa område, som til slutt innbefatta seks kommunar. Då den geografiske plasseringa var på plass, byrja eg å undersøke kor mange maritime bedrifter det var i dette området<sup>24</sup>: 116 totalt. Deretter tok eg kontakt med desse 116 bedriftene<sup>25</sup> for å kartlegge kor mange høgkompetente utanlandske arbeidarar dei har, og som var tilsett i løpet av dei siste fem åra. Etter at eg hadde fått namna og spørreskjema var utarbeidd kunne eg byrje med utsending av det elektroniske spørreskjemaet til alle dei aktuelle som var i dei utvalte bedriftene. Ut i frå denne kartlegginga vart det tatt eit stratifisert utval av informantar som eg valte å intervjuje. Undervegs i prosessen frå spørreskjema til utvelging er det også ein del vurderingar som vart gjort, som eg kjem til å ta opp.

Eg vil også ta opp dei etiske vurderingane som eg har tatt standpunkt til i løpet av arbeidet med oppgåva. Eg vil først byrje å nemne noko om mi forforståing til feltet.

---

<sup>23</sup> Kalleberg hevdar at istadanfor å snakke om kvalitative og kvantitative metodar, såer det snarare snakk om to ulike typar data: tall og tekst. Eg synest imidlertid at dette skiljet fungerer godt i klargjeringsprosjektet som er gjennomført.

<sup>24</sup> Med god hjelp i frå Møreforskning, avd. Molde.

<sup>25</sup> Den maritime næringsklynga består av mange aktørar. Det er i denne studien fokusert på fire grupper bedrifter. Desse er: skipskonsulentar, utstyrsleverandørar, rederi og verft.

## 4.2 Forforståing

*”For verda det me ser, og i neste omgang det me kan gjengi, uttrykkja, og alle veit at verda, slik me opplever den, er forma også av våre indre føresetnader, på slike måtar at me aldri heilt vil finne ut kva som er inne i oss og utanfor, kva lys me kastar over landskapet, og korleis landskapet på si side lyser inn i oss”*

Lars Amund Vaage (2002)

Det er ikkje berre Lars Amund Vaage som har teke inn over seg desse indre føresetnadane ein ber på og dei brillene vi har på oss når vi tolkar omverda, men også samstundes korleis omverda kastar sine inntrykk på oss. Fleire forskarar vektlegg viktigheita av å klargjere sine føreoppfatningar for feltet og sine hypotesar og dele desse med lesaren.

*”Forskeren må i prosess og produkt viser vilje og evne til å sette spørsmålstegn ved framgangsmåte og konklusjoner i eget prosjekt i form av tvil og ettertanke(...) Da kan det være mulig for leseren å forstå hvordan forskeren kom frem til et bestemt resultat, selv om leseren kanskje med sitt utgangspunkt hadde grepet fatt i en annen tolkning som hadde ført til et noe forskjellig resultat (Malterud, 2003:26).*

I samråd med Malterud overfor er Jette Fog (1994) opptatt av korleis kjensler ubevisst kan verke inn på eit forskingsprosjekt, og at det difor er viktig at ein tek ei grundig sjølvransaking før prosjektet startar. Fangen vektlegg også dette fordi ein då skal kunne avklare sperrer eller din (overdrivne) begeistring for forskningstemaet eller dei menneska du skal forske på (Fangen, 2010:48). Særleg vektlegg ho dette i høve forskingsmetoden deltakande observasjon, men eg meiner at det er vel så aktuelt for mitt prosjekt ettersom dette går på menneske sin kvardag og kva syn dei har på livet dei lev på staden der dei bur.

I forkant av mastergradsprosjektet så gjekk eg nøye igjennom kva som var mi forforståing av det feltet som eg skulle gå inn i og i høve dei menneska som eg kom til å møte. Synet i dette forskingsopplegget ber preg av at mitt syn på informantane er den at dei er subjekt og ”handlande aktørar”. Fredrik Barth gav Ottar Brox rådet ”Finn aktører!” (Brox, 1989:63).

Brox hevdar nemleg at han ikkje har tru på generaliseringar i form av at det er samfunnet som gjer ting, det viser seg alltid at det er folk som gjer dei. Det er likevel klart, og noko som også kjem fram i den tredelte sosiologiske fantasien, at i analysen av samfunnsmessige tilhøve så bør individ, institusjonar og tradisjonar skiljast i frå kvarandre. Det er i følgje denne berre individ som handlar, noko dei gjer innanfor ramma av strukturar som kan auke eller avgrense deira handlingsmoglegheiter. Samstundes så er personar og strukturar ”plassert” i historiske

utviklingsprosessar som legg føringar for kva som seiast og gjerast (Holter og Kalleberg, 1996: 59). Basert på dette biletet om handlande aktørar plassert i ein sosial romeleg kontekst, nemleg den auka grada av globalisering og mobilitet, så kan ein undre seg over kvifor høgkompetent utanlandsk individ vel å busette seg her? Eg må seie meg svært samd i Thomas Hylland Eriksen sine ord som skildrande for mi forforståing av ”feltet”:

*”Hver gang jeg møter en innvandrer til Norge som ikke har flyktet fra fattigdom, krig eller politisk forfølgelse, tipper jeg at han eller hun er kommet på grunn av kjærligheten. Hvorfor skulle noen elles velge å bosette seg i dette kalde, folketomme, perifere landet som har så vanskelig for å åpne seg for impulser utenfra?”* (Eriksen, 2006: 226).

Eg ser på desse høgkompetente utanlandske arbeidarane (den kreative klasse) med ei blanding av beundring og nyfikenheit. Eg tenkjer at fleire av desse har internasjonal arbeidserfaring og kunne valt å busette seg i New York, Singapore, Shanghai eller andre større, og kanskje meir attraktive stadar i høve karriere, personleg utvikling, fritidsmoglegheiter, uteliv og det å klatre på karrierestigen. Eg såg også føre meg at fleire av desse høgkompetente utanlandske kom hit fordi dei opplevde arbeidsmoglegheitene her som attraktive.

Denscombe tek opp dette med personleg interesse for forskingstemaet og legg vekt på at dette ikkje nødvendigvis er ei ulempe. Ein bør uansett vere observant på at den personlege interessa kan stille seg i vegen for forskaren på den måten at ein blir blind på moment som kan utfordre forventningane ein har til feltet/eventuelle funn (Denscombe, 2010:13). Dette er i tråd med andre teoretikarar på feltet i høve det å kartlegge sine tolkingar. Dermed vil eg også i tråd med desse kartlegge ikkje berre det som blir forstått som forforståinga til feltet, men også det som kan kome inn under ”motivasjonen” min eller drivkrafta for å gjennomføre eit mastergradsprosjekt.

Eg har også kjennskap til feltet frå då eg sjølv var arbeidstakar i den maritime klynga. Eg lærte då at fleire høgkompetente utanlandske kjem til den maritime klynga for nokre år, anten som expats, trainees, internal transfer eller anna. Det er også nokre som jobbar ved utanlandskontora til verksemda som er stasjonerte i Noreg for ein periode for å gjennomføre eit prosjekt eller samordne aktivitetar.

Mi forforståing for desse er i all hovudsak at dei er godt utdanna og kreative menneske som på mange vis er meir imøtekommande enn dei norske arbeidarane. Eg har også sett før at fleire av desse utanlandske arbeidarane klynger seg saman med andre utanlandske arbeidarar i bedriftene. Det vil tru at det er skilnad om desse utanlandske arbeidarane snakkar norsk eller

ikkje, er busett i lokalmiljøet/ har gifta seg med ein lokal/har born på skule/barnehage med andre på arbeidsplassen og liknande i høve sosial integrasjon, syn på staden og lengd på migrasjonen.

Som eg nemnte overfor så har eg også kunnskap om og kjennskap til den maritime klynga og til nokre av respondentane ettersom eg også har arbeidd i klynga. Eg kjenner ingen av desse på ein slik måte at eg meiner at det vil innverke på studien. I dette legg eg at eg ikkje kjenner til deira personlege liv eller oppfatningar av staden der dei bur. Eg har sjølv aldri budd på same stad eller tatt del i sosiale hendingar med informantane. Eg veit soleis svært lite om kva som engasjerer dei, korleis dei organiserar kvardagane sine og liknande. Då eg arbeidde i den maritime klynga på Møre møtte eg fleire utanlandske arbeidarar, og i og med at eg arbeidde i kommunikasjonsavdelinga så var dette naturleg. Eg fekk høyre historier om korleis dei opplevde møtet med ein ny type arbeidsplass, og korleis møtet med ”det norske samfunnet” arta seg.

Med mine år som ”den framande” i eit karibisk land så har eg mine meiningar og erfaringar om korleis det kan opplevast å kome som ny inn i ein ny romleg kontekst. Eg meiner likevel at eg budde i ein totalt ulik kultur i karibien som ikkje kan samanliknast med tilhøva i Noreg, men samstundes har eg sjølv ”kjent på kroppen” det å vere den som er den ukjente og som kjem inn i noko nytt. Eg har også budd nokre år i Wales, eit opphald som bar preg av å vere ein del av eit fantastisk studiemiljø som i stor grad eksisterte utanfor lokalsamfunnet. Dette har gitt meg innsikt i ulike måtar å leve i eit framand land på; i Wales i eit mikrosamfunn som i liten til ingen grad var integrert i lokalsamfunnets, og i karibien der eg inntok ei ”lokal” rolle etter fleire år der.

Mi oppleving i høve min bakgrunn i møtet med informantane var at eg i stor grad kunne relatere meg til informantane sine historier. Dette kan kanskje vere litt problematisk fordi eg lett kan identifisere meg og hefte meg ved nokre sider meir enn ved andre. Eg skriv ordet ”dei” her. Dette var noko som eg opplevde som problematisk ikkje berre i byrjinga av studien, men også undervegs i prosessen, særleg i møte med informantane mine. Eg synest det kan vere vanskeleg å setje informantane mine i bås, og dette var noko som var nøye gjennomtenkt då eg sendte ut informasjonsbrevet mitt. Eg fekk attendemelding om at ei stussa over at eg hadde spurt personalavdelinga om namn på utanlandske høgkompetente arbeidarar som var tilsett i løpet av dei siste fem åra, fordi ho ikkje ville bli plassert i ein bås, anten ein ”skrytebås” over at bedrifta har ”så og så mange nasjonalitetar her”, men også fordi ho ville

framheve andre kvalitetar som meir vesentlege enn det at ho hadde ein annan nasjonalitet. Andre igjen, meinte at mi tilnærming til dei i kraft av informasjonsbrev og kommunikasjon i forkant, samt i QuestBack<sup>26</sup> framstod så profesjonell og tillitsvekkjande at dei ønskte å ta del i dette prosjektet. Eg meiner at det ville blitt vanskeleg å gjennomføre nokon som helst slags studie om ein ikkje hadde kunne avgrense og kategorisere. Dette er noko av kjerna i det arbeidet som venta meg etter at første kontakten var oppretta, nemleg dette med kategorisering. Ein kategori er ein behaldar som vi kan putte ting i, og i følgje Aase og Fossaskåret (2007) så er vår kognitive bevisstheit ein matrise full av uendelig mange slike behaldarar. Kategoriar er først og fremst lært gjennom erfaring og når vi lokaliserer observasjonane vi gjer oss i kategoriar, så gir vi samstundes meining til verda (Aase og Fossaskåret, 2007: 112). Ein kategori er i følgje Lakoff sett saman av fire element: Konstituert i forhold til eit objekt, dei biologiske sansane våre, mentale eigenskapar og til sist kultur (Ibid.:113). Dei tre førstnemnte er universelle, medan kulturen og våre ”kulturelle briller” skil seg frå andre sine igjen. Dette vil eg kome attende til når det gjeld tolking av datamaterialet.<sup>27</sup>

### 4.3 Forskingsmetode

#### Metodetriangulering

Ein vel ofte å orientere seg i kvantitativ eller kvalitativ retning.

*"Men hun (forskeren) kan vanskelig bidra til å belyse en dimensjon eller noen dimensjoner ved et sosialt fenomen uten å ha blick for den kunnskap og forståelse hennes eget og andre fag eventuelt har presentert ved andre dimensjoner ved det samme fenomenet"* ( Aase og Fossaskåret, 2007:13).

I samsvar med denne tankegangen om "Både - og" tenking som er inspirert av Cato Wadel så nyttar Aase og Fossaskåret terminologien "kvalitativt orientert forskning" (Ibid.).

Metodetriangulering kan i følge Malterud bidra til å stille nye spørsmål til problemstilling, materiale og tolking (Malterud, 2003:194). Dette synest eg også det gjorde for meg ettersom eg først sendte ut ein survey med nokre spørsmål som var meir kvantitativ retta. Kvantitativ metode samler inn opplysningar om fleire objekt, for så at dette blir omforma til tall, og så vidare analysere mønster i talmaterialet (Hellevik 2002:13). Denne spørjeundersøkinga la enkelte føringar for kva eg ønskte å gå vidare med i forskingsintervjuet. Då eg byrja

---

<sup>26</sup> QuestBack er ei teneste for online spørjeundersøkingar.

<sup>27</sup> Det er noko problematisk å skrive datamaterialet som om det var noko som eg berre kunne ”hente der ute”. Data betyr opphavleg ”det som er gitt”, medan ”capta” betyr ”det som er grepet” som kan hende ville vere ei meir passende bemening.



intervjuinga oppdaga eg heilt nye aspekt ved problemstillinga. Malterud peiker også på dette og hevdar at kombinasjon av forskingsmetodar som regel gir forfriskande utdjuping og nyanser til det som blir studert (Ibid.). Dette har eg også fått stadfesta undervegs i prosessen, at desse ulike nyansane og vinklingane på problemstillinga, har gitt meg meir materiale å arbeide med (på godt og vondt) samstundes som det ga meg nye idear og perspektiv.

Det er i følgje Malterud (2003) også ei fare for at det ved metodetriangulering ikkje er gått tilstrekkeleg i djupna på dei spørsmåla som ein tek opp, men at ein meir surfar på overflata. Ein annan av farane er at ein kan få motstridande svar på same spørsmål, det kan vere eit validitetsspørsmål, at vi har målt noko som ikkje omhandla i det vi studerte. Ei moglegheit er også at den eine metoden vi har nytta, har lågare validitet enn ein annan. Då informantane fekk høve til å utdjupe spørsmål i det kvalitative forskingsintervjuet, framstod svara annleis enn det som var svart i den kvantitative spørjeundersøkinga. Det at vi kan få motstridande svar på same spørsmål treng ikkje nødvendigvis vere noko negativt hevdar Malterud. Livet vårt er fylt av slike motseiingar og paradoks.

| <b>Datakjelde</b>                    | <b>Data</b>   | <b>Metode</b> |
|--------------------------------------|---|---------------|
| 116 bedrifter i den maritime klynga  | 115 bedrifter svarte. Undersøking kor mange potensielle informantar dei har tilsett dei siste fem åra                 | Kvantitativ   |
| Høgkompetent utanlandsk arbeidskraft | Spørjeundersøking sendt til 63 personar <sup>28</sup> . Til saman 53 respondentar. Svarprosent 85 %                   | Kvantitativ   |
| Høgkompetent utanlandsk arbeidskraft | Stratifisert utval. Djubdeintervju med 12 informantar   | Kvalitativ    |
| Nøkkelpersonar innafor klynga        | Intervju, e-postkorrespondanse med nøkkelpersonar frå klynga og Norwegian Centre of Expertise Maritime (NCE Maritime) | Kvalitativ    |

*Figur 4. Oversyn over datainnsamlinga i denne studien.*

Eg vil påstå at hovudtyngda i mitt prosjekt er kvalitativt orientert, men måten eg kunne kome fram til ei best mogleg utvelgning av informantar var i gjennom ei kvantitativ

<sup>28</sup> Det var opphavleg 66 personar, men etter "screening" (Haraldsen 1999) fall tre i frå.

kartleggingsfase. Eg vil dermed sei at mi forskning er kvalitativt orientert, med støttemateriale som er kvantitativ. Det kan vere ein fare for at forskning som består av ei samanblanding av kvalitativ og kvantitativ metode - element kan bli metodiske hybridar (Aase og Fossaskåret, 2007: 19), men mitt fokus er å få fram korleis informantane mine opplever møtet med den maritime klynga, det kvalitative og personlege står i fokus. Eg meiner at eg ved å trekke inn demografiske trekk og kvantitative data på dette området kan underbygge forskinga og støtte analysen og gje ei forståingsramme av den kvalitative informasjonen som kjem fram. Dette mellom anna fordi eg i første omgang har funne ut noko om utstraktheita av dette fenomenet, altså noko om kor mange dei er, samt ei rekke kvalitetar vedrørande desse personane. Eit metodisk dilemma er at eg har i den kvantitative undersøkinga svar frå personar som også blir nytta i den kvalitative delen. Det er dermed ikkje informasjon henta i frå to separate grupperingar, men eit stratifisert utval frå den kvantitative delen.

Den maritime næringsklynga på Møre består av mange aktørar. Det er i denne studien fokusert på fire grupper bedrifter. Desse er: Skipskonsulentar, utstyrsleverandørar, rederi og verft. Under ser ein fordelinga på dei 116 bedriftene som er med i studien:

|                         |            |                  |
|-------------------------|------------|------------------|
| <b>Kor mange totalt</b> |            |                  |
| Leverandørar            | 87         | Bedrifter        |
| Rederi                  | 14         | Bedrifter        |
| Skipskonsulentar        | 11         | Bedrifter        |
| Verft                   | 4          | Bedrifter        |
| <b>Totalt</b>           | <b>116</b> | <b>Bedrifter</b> |

Figur 5. Korleis bedriftene fordelte seg på fire kategoriar.

Kalleberg vektlegg at skiljet mellom dei tre grunnleggande tilnæringsmåtene – ”konstanterande, vurderande og konstruktive – er viktigare enn skiljet mellom kvalitative og kvantitative metoder” (Holter og Kalleberg, 1996:44). Kalleberg skil nemleg mellom tre typar forskingsspørsmål, som igjen har tre forskingsopplegg og tre svar knytte til seg. Desse tre spørsmåla er konstanterande som tek føre seg ”slik stoda er”, vurderande der ein inngår i ein normativ argumentasjon ”korleis noko bør vere”, og den konstruktive som tek føre seg ”korleis kan tilstanden endrast?”. Mitt mål med mastergradsprosjektet var å ikkje berre forklare eit fenomen, men også forstå det. Eg er ute etter å konstatere korleis noko er og få fram nyansane i argumentasjonen/synet dei har på feltet, men eg ønskjer også at gjennom å belyse desse momenta så kan det vere ope for å ta nokre vurderande spørsmål. Eg er medviten på at måten eg spør på og måten informasjon vert fortolka på kan ha innverknad på resultatet.

Aristoteles skreiv i si første bok om retorikk at man bør ikkje kaste bort tida på å diskutere og kritisere forhold dersom det ikkje finst noko betre alternativ (Kalleberg, 1996: 52-53).

Forskaren bør ikkje berre bidra til å forklare og forstå samfunnstilhøve, men må også bidra til å forbetre tilhøva. Frå å vere ei ”floge på veggen” i observasjonen bør ein i konstruktive forskingsopplegg heller bli en ”sokratisk klegg” (forbetrande observatør) skriv Kalleberg. Så var det noko med Denscombe sin ”feasability” då? Kor langt skal ein kunne gå på denne grusvegen? Eg er ute etter å gjennomføre eit konstaterande forskingsopplegg, med håp om at dette kan vekke ein diskusjon (eventuelt normativ eller fagleg) som kan føre til å belyse og eventuelt også forbetre dei tilhøva der dei trengst å forberast.

#### 4.4 Framgangsmåte

I kraft av mi masteroppgåve, har eg blitt invitert til å ta del i prosjektet: *”Kompetanse for ei kunnskapsintensiv framtid – Kva gjer marine og maritime arbeidsplassar i Møre og Romsdal attraktive for høgt utdanna arbeidskraft”*. Dette prosjektet er under oppstart ved Møreforsking AS og prosjektperioden er ifrå 2011- 2013. Møreforsking AS har bistått i utforminga av Questback – undersøkinga undervegs for å sikre samordning med VRI – prosjektet. All kontakt og intervju med bedrifter, informantar, andre aktørar og transkripsjon er gjennomført av meg.

#### 4.5 Geografisk belte

Då eg skulle finne ut kva bedrifter som skulle inngå i studien, vart eg overvelda over kor mange bedrifter det fanst berre i ei kommune! Eg fann fort ut at det ville vere meir formålstenleg og oversiktleg å først gjere ei geografisk avgrensing for så å kunne trekke ut dei maritime bedriftene som høyrer til desse.

I ein rapport utarbeida for NCE Maritime nyttiggjer dei seg av ei geografisk avgrensing som dei omtalar som ”Det maritime Møre”. I denne finn vi kommunane: Ulstein, Giske, Hareid, Ålesund, Herøy, Sula, Ørsta, Volda, Haram, Vestnes, Vanylven og Sande seg (Jakobsen og Bækken, 2009:6). Det var ønskeleg i denne studien å få med eit område som tok med kystkommunen Herøy, og bydimensjonen med Ålesund. Ønsket var å få med ytre Sunnmøre med Herøy, Ulstein, Hareid, Sula og Giske i tillegg til Ålesund som alle ligg i eit belte med tilknytning til kvarandre. Desse seks kommunane utgjer seks av dei kommunane som også Jakobsen og Bækken har teke med i det dei omtalar som ”Det maritime Møre”. Dette geografiske beltet har 116 bedrifter som alle utgjer ein del av den maritime klynga på Møre. Eg studerte då eit utval av den maritime klynga på Møre. Ser ein statistisk på det, i høve

innflytting frå utlandet i Møre og Romsdal, så kan ein kanskje argumentere for at eg burde ha teke med Sande kommune, som i 2010 hadde ei nettoinnvandring frå utlandet på 91 personar som utgjer 3,5 av folketalet. Dette er det største veksten i høve folketalet i Møre og Romsdal (Sunnmørsposten, 09.05.2011). Haram kommune har også gjort svært mykje i høve integrering av utanlandsk arbeidskraft og eg burde kanskje ha vurdert sterkare å tatt med denne kommunen, men det vart valt ut eit ”geografisk belte” og ei avgrensing måtte til. Ser ein i antall personar av utanlandsk opphav som har flytta til Møre og Romsdal, så ligg Ålesund, Herøy og Ulstein kommune på topp tre.

#### 4.6 Kriterium for utval

Det første kriteriet for utval var at det skulle gjelde utanlandsk arbeidskraft med høgare utdanning. Med høgare utdanning ligg det då at dei har utdanning på høgskule/universitetsnivå og at dei er i stillingar som krev høgare utdanning. *”Alle har vel høyrd historier om innvandrarak med mastergrad som maler hus og vaskar golv rundt om i fylket? Her er det mykje å ta tak i både for arbeidsgjevarane og utdanningsmiljøa i Møre og Romsdal”* (Båtevik og Tobro, 2011: 5). Dette var også ei utfordring i denne undersøkinga. Då eg fekk oppretta kontakt sa fleire av bedriftene, at jo, dei hadde utanlandsk arbeidskraft som arbeidde ”på golvet” – og med høgare utdanning innanfor noko anna! Dermed vart det bestemt at kriterium skulle omhandle dei som har høgare utdanning og/eller at dei er i stillingar som krev høgare utdanning. Av respondentane hadde over 80 % meir enn 3-4 års utdanning frå universitet/høgskule. Meir om dette i empiri – kapittelet.

Eit anna kriterium er at dei skal ha vore tilsett i løpet av dei siste fem åra. Grunngevinga for denne avgrensinga var for å kunne fange opp ein del moment som går på syn på staden før dei kom, og samanlikne dette med syn på staden etter at dei har vore her ei stund. Dette var eit av kriteria som eg stilte til bedriftene, vel vitande om at eg kunne då få namn på personar som hadde vore fire år i den bedrifta og kanskje tjue år i ei anna bedrift i regionen.

#### 4.7 Informasjonsbrev

For å kunne gje bedriftene eit godt inntrykk av kva eg var ute etter å finne ut meir om, så var det naudsynt å kunne legge ved eit informasjonsbrev. Dette vart også nytte inn mot dei aktuelle respondentane slik at dei kunne ta ei sjølvstendig avgjerd om kor vidt dei ønskte å vere med eller ikkje. Eg hadde informasjon både på engelsk og norsk. Eg valte også å leggje ved essensen av dette informasjonsbrevet då eg sendte ut spørjeskjemaet i QuestBack, berre for å forsikre meg om at alle respondentane visste kva dei sa ja til å delta på, korleis

opplysingane ville bli brukt, og at det kunne kome på tale å intervju dei ved eit seinare høve. Her vart det også informert om koplinga til Møreforskning og bruken av datamaterialet. Eg fekk gode attendemeldingar på informasjonsskrivet på at det var dekkande, og eg fekk ikkje spørsmål om å utdjupe studien meir, anna enn av interesserte bedrifter og privatpersonar.

#### **4.8 Søknad NSD**

Attendemeldinga frå NSD synte at prosjektet/handsaminga av personopplysningar var meldepliktige i forhold til personvernopplysningslova § 31 (Lovdata.no, 2011). Dei skriv vidare at behandlinga tilfredstiller krava i personopplysningslova. Det var for meg ei ekstra vektskive på den metodiske ethos i prosjektet å få stadfesta at den metodiske framgangsmåten ivaretok interessene til informantane samstundes som at prosjektet vart gjennomført på ein etisk god måte. Eg fekk også ein del peikepinnar som eg meiner har bidratt til å løfte prosjektet, mellom anna i forhold til kontakt med bedriftene, med informantane i form av informasjonsbrevet.

#### **4.9 Kontakt med bedriftene**

Innanfor dei seks kommunane befant det seg 116 maritime bedrifter. Første steg var å kartlegge kontaktinformasjonen til bedriftene. Dei aller fleste hadde gode nettsider så dette letta arbeidet i noko grad. Deretter sendte eg ut eit informasjonsbrev med informasjon der eg forklarte kva mastergradsprosjektet gjekk ut på. Dersom eg ikkje fekk svar eller dersom dei ikkje hadde tilgjengeleg e-post informasjon på nettsidene, så ringte eg til dei. Dette var ein svært tidkrevjande prosess, men det var ei veldig positiv oppleving ettersom eg fekk ei utruleg positiv attendemelding i frå bedriftene. Dei var svært hjelpsame og hyggelege og fleire formidla at dette var eit tema som interesserte dei mykje og gav meg tips på vegen vidare. Eg fekk totalt sett svar frå 115 av 116 bedrifter.

#### **4.10 Antall aktuelle respondentar**

I desse bedriftene fekk eg opphavleg opplyst 77 personar kunne definerast innanfor dei gitte kriteria: altså høgkompetent utanlandsk arbeidskraft som er busett i regionen og som har blitt tilsett i den bedrifta i løpet av dei siste fem år. Ein person ønskte ikkje å vere med. Mange fall i frå i det Haraldsen omtalar som ”screening”: dette blir tatt opp i : Utsending av spørreskjemaet. Det enda til slutt opp med 63 unike respondentar.

#### **4.11 Utarbeiding av spørreskjema**

Utarbeiding av spørreskjema var ein svært lærerik prosess for meg. Eg byrja med å stille

spørsmål som eg tenkte ville svare på problemstillinga mi, men utan heilt å skjøne kvifor eg stilte akkurat det spørsmålet. Møreforskning si prosjektgruppa og eg gjekk fleire runde i gjennom spørjeskjemaet og til trass for at det mot slutten kunne virke som småpirk, så var heile denne prosessen enormt lærerik for meg. Eg fekk ei forståing for kva eg ville oppnå med å stille akkurat det spørsmålet, samstundes som eg lærte mykje om kva spørsmål som ville fungere i eit spørreskjema og kvifor. Dette legg også Gustav Haraldsen vekt på i det han tydeleggjer nokre av fallgruvane ein kan ende opp i dersom ein ikkje er tydeleg i kommunikasjonen. Han forklarar det slik at spørsmålsformidlinga i spørreskjemaundersøkingar kviler ”på tre basisopplysninger:

*1) betydningen av ord og uttrykk i spørsmålene*

*2) hvilke opplysningar spørsmålene ber respondentene om å hente fram for å svare*

*3) hvilken målestokk respondentene blir bedt om å bruke når de gir svaret sitt*

*Dersom ett eller flere av disse informasjonslementene mangler eller er uklare, risikerer du enten at respondentene lar være å svare, eller at de fyller inn tomrommene etter eget hode”* (Haraldsen, 1999: 123).

Spørjeskjemaet vart også testa på fleire personar, nokre med engelsk som førstespråk og med liten/ingen kunnskap om Sunnmøre, nokre med engelsk som førstespråk og med noko/god kunnskap om Sunnmøre og så testa eg det også på nordmenn med relativt mykje kunnskap om Sunnmøre. Dette vart gjort bevisst for at dei som skulle teste spørjeskjemaet var i ei tilsvarende gruppe som respondentane. I desse test – rundane fekk eg mange gode innspel, språklege så vel som innholdsmessige. Av eiga erfaring med arbeid i den maritime klynga og etter kontakt med bedriftene bestemte eg meg så for at eg skulle sende ut eit spørjeskjema på engelsk. Dette fordi engelsk er ”business språket” i den maritime klynga og at ein dermed reknar med at dette er eit språk alle beherskar. Med bakgrunn frå kommunikasjonsfaget la eg også mykje vekt på at det som eg ville formidle vart oppfatta på ein slik måte som det var intendert. Dette også med bakgrunn i at spørjeskjema har ein kommunikasjonsform som er tilnærma lik formidling via massemedium (Haraldsen, 1999: 88). Dette fordi dei begge skil seg i frå samtaler og liknande der ein kan få attendemelding frå samtalepartnaren. Dermed er det viktig at formuleringane som vert nytta i eit spørjeskjema er nøye gjennomtenkt og bearbeidd, slik som eg også nemnte overfor.

#### **4.12 Utsending av spørreskjema**

Spørjeskjema vart sendt ut til dei 76 personane. Spørreskjemaet og utsending var nøye

planlagt, det vart sendt ut natt til tysdag 01. februar. Det eg opplevde då var at fleire av respondentane som eg hadde fått opplyst, ikkje budde i området. Gustav Haraldsen skisserer dette med dekningsfeil i spørreskjemametodikken, og viser her til at dekningsfeil ikkje pleier å vere noko stort problem i spørjeundersøkingar, men at det kan vere det i spesielle grupper som ein ikkje har noko godt register over (Haraldsen, 1999: 21).

Eg valte å stole på at bedriftene trakk ut dei som svarte til mine kriterium, men eg innsåg at eg undervegs i arbeidet måtte luke bort ein del som var uaktuelle. Dette kallar Haraldsen for screening (Ibid.). Den første utfordringa som eg møtte på var at nokre av desse respondentane sendte meg e –post med informasjon om at dei budde i andre deler av landet, om at dei kom til Noret som spedbarn og andre årsaker, og dermed fjerna eg desse frå QuestBack utsendingane. Til slutt enda eg opp med 66 respondentar der 56 svarte. Det skulle vise seg at det ikkje var over med dette. Av dei totalt 56 som svarte på spørjeskjemaet var det tre som budde i Bergen, Oslo eller heilt andre stadar i Noreg. Dette gjaldt tre personar som eg då seinare tok ut av datamaterialet. Dette reknar eg med skuldast varierende grad av filtrering av desse respondentane i frå bedriftene si side. Dermed enda eg opp med 53 unike svar som eg kunne nytte og ein svarprosent på 85 %. Om lag 40 prosent av respondentane i Ålesund, om lag 27 prosent i Ulsteinvik og dei resterande prosentane er fordelt rundt i Møre og Romsdal.

Det vart valt å informere respondentane om at materialet ville bli anonymisert, men at eg frå den første runda med spørjeskjema ville halde e-postadressene deira som knytepunkt for kontakt ved utvelging av informantar til det kvalitative forskingsintervjuet. Datatilsynet har eit grunnleggande krav som går ut på at ein skal innhente informert samtykke frå deltakarane før ein kan lagre informasjonen som kan personidentifiserast (Haraldsen, 1999:51).

Respondentane fekk informasjon om dette saman med e-posten med link til spørjeskjemaet i QuestBack. Eg rekna, i likskap med Datatilsynet, då med at dei som valte å svare på spørjeskjemaet, då faktisk samtykte (Ibid.).

Sett bort i frå ei bedrift gjekk utsendinga smertefritt reint teknisk sett, medan det til denne eine bedrifta så vart mine utsendingar frå QuestBack ignorert eller kom ikkje igjennom brannmuren. Fordi eg mistenkte dette sendte eg så ein purre e-post utanom QuestBack – systemet, men i frå min eigen e-post. Det var også ei bedrift der eg hadde fått e-post adressene til dei aktuelle respondentane, men utan at desse vart informert om det. Dette førte til at det vart litt oppklaring, men det løyste seg på ein svært smidig måte.

### 4.13 Stratifisert utval, basert på kva slags kriterium

Då den tredje og siste purringa gjekk ut vel to veker etter første invitasjon til å delta i spørjeundersøkinga hadde gått ut, talte eg totalt 56 personar som hadde svart. Etter å ha luka ut uaktuelle kandidatar (grunna at dei budde andre stadar), sat eg igjen med eit par og femti.

For å velje ut informantane for det kvalitative forskingsintervjuet på best mogleg måte lagde eg såkalla "personas". Personas er noko som eg har erfaring i frå å nytte tidlegare, og dette er ein metode som kan nyttast for å presentere desse kvantitative talmateriale på ein meir menneskeleg måte. Personas er eigentleg hypotetiske erketypar av faktiske brukarar som ofte vert nytta i kommunikasjonssamanheng for å kunne ta betre avgjersle for å treffe målgruppa. Dette vert ofte nytta når ein til dømes skal lage vevsider.

Eg vart inspirert av denne måten å tenke på og i og med at eg har kjennskap til den maritime klynga frå før av og også nokre av namna i undersøkinga var kjende for meg, så ønska eg å distansere meg frå dette. Eg ønskte også å få ei betre oversikt over kva som gøymte seg bak alle tall på datamaskina. I og med at eg er av den oppfatning at det er ulike menneske som er komne hit av ulike grunner, med ulik bakgrunn, ulik alder og føresetnadar, så ønskte eg å "bli betre kjent" med respondentane for å best mogeleg kunne velje ut ei breidde i materialet.

### 4.14 Framgangsmåte: Personas

Eg lagde eit ark per person i undersøkinga. På dette arket skreiv eg ned ein rekke bakgrunnsvariablar: alder, kjønn, opphavsland, sivilstatus, kva kommune dei bur i no og om vedkommande har born. På dette arket noterte eg meg også kvar ektefelle/partnar kom i frå, anten norsk frå Møre og Romsdal, norsk frå annan stad i Noreg eller annan nasjonalitet. Eg la også til kva dei hadde svart på nokre spørsmål i undersøkinga: Satt bedrifta du no arbeider i verk tiltak då du kom til Noreg? Satt kommunen i verk tiltak då du kom? Korleis dei evaluerte tiltaka? Eg la også vekt på å sjå om kor vidt dei er aktive på fritida, og eg las igjennom tilleggskommentarane som kom heilt bakerst i spørreskjemaet. Eg såg på utdanningsnivået deira, norskkunnskapane, kva type felt dei arbeider innanfor og litt også kva ektefelle/partnar gjer på (der dette var relevant). Ein annan variabel som eg såg på var kva dei hadde svart på det siste oppsummeringss spørsmålet i undersøkinga, nemleg kva syn dei hadde på Sunnmøre før dei kom og etter at dei kom hit. Heilt til sist noterte eg på arket lengd på migrasjonen, altså kor lenge ser dei føre seg å vere her.



Etter at eg hadde laga personas for dei 56 personane, tok eg bort dei som av ulike årsaker ikkje passa inn i mi undersøking. Dette var fordi dei ikkje budde her i Møre og Romsdal, eller fordi dei var berre innom her på kortare opphald.

Eg limte kvar personas opp under den staden dei er busett på. Deretter kategoriserte eg dei internt innanfor den staden dei budde etter kor vidt dei var single/gift eller hadde partner. Eg skilte også på om kvar partner/ektefelle kom frå. Dette gjorde eg fordi eg er i forkant av studien tenkte meg at det vil vere forskjell på kva syn dei har på staden/kor integrert dei er (eller inkludert) basert også på om kvar ektefelle/partnar kjem i frå.

Malterud hevder at *”Forforståelse, problemstillinger og teoretisk referanseramme vil bestemme hvilke forhold vi må ta hensyn til for å oppnå data som omfatter det aktuelle fenomenet i tilstrekkelig dybde og bredde”* (Malterud, 2003: 59). Innanfor kvar stad vart desse personas satt litt opp i mot kvarandre. Dette for å unngå å til dømes intervju ei hovudvekt av single skandinavar fødd i 1985 som ser for seg å bu her i tre år . Eg ønskte å finne breidde, så vel som eg er klar over at det kan vere feil i kva dei har svart i spørjeskjemaet, og at eg også hadde i tankane at alle er forskjellige, og at det kan vere vanskeleg å sette desse personas opp mot kvarandre fordi ein ikkje ser heile mennesket. Men eg tykkjer at det fungerte godt. Eg var ute etter å velje dei kjeldene som eg trur ville svare best på problemstillinga.

Malterud legg vekt på at eit tilfeldig utval kan true kunnskapens gyldigheit ved ein kvalitativ studie (Malterud, 2003: 58). Eg valte ut 21 stykke som eg meinte kunne vere interessante å gå vidare med, desse tilla eg fleire verdiar før eg enda opp med 15 stykke. Eg sendte så ein e-post til dei aktuelle kandidatane for å høyre om dei kunne møte meg for eit intervju. Eg fekk ei svært positiv tilbakemelding frå desse og eg starta med intervjuinga den påfølgjande veka.

#### **4.15 Utarbeiding av intervjuguide**

Utarbeiding av intervjuguide var ein tidkrevjande prosess. Eg arbeidde med denne langsmed medan respondentane svarte på spørjeskjemaet. Eg la vekt på å få tak i litt bakgrunnsinformasjon om personen og så stille ein del spørsmål omkring staden der dei bur, og meir om sjølve prosessen. Kva meiner dei eigentleg? Korleis synes dei det eigentleg er å bu her? Eg stilte også spørsmål som gjekk på fritidssysler og sosialt liv. Eg har i gjennom spørjeskjemaet skaffa meg ein viss oversikt over mønster i materialet. Dette hjelpte meg vidare i kva eg ønskte å fokusere på, samstundes som eg prøvde å halde eit opent sinn til forskingsspørsmålet mitt. Som eit døme for å illustrere dette poenget kan eg syne til det at det

kan mellom anna verke som at kommunane gjer lite til ingenting når desse utanlandske arbeidarane kjem til kommunen.

Eg nytta såleis litt av denne bakgrunnsinformasjonen då eg skulle lage intervjuguiden. Samstundes var eg opptatt av at desse mønstra ikkje skulle farge meg totalt eller farge spørsmåla mine på ein slik måte at eg stilte leiande spørsmål om noko som ikkje var realiteten til denne informanten. Eg sat meg inn i situasjonen basert på kva dei hadde svart i spørjeskjemaet i forkant av intervjuet, men eg fann ut etter den første dagen med intervjuinga at eg ikkje ønskte å vere for knytt til kva dei hadde svart i spørjeskjemaet. Dette også knytt til at eg ønskte å skape tillit i relasjonen, og eg vart litt hemma i det første intervjuet fordi eg visste mykje om personen. I staden for å spørje: “Are you married?” vart det til at eg sa ”So you are married and she comes from?” Eg opplevde ikkje at informanten reagerte på at eg hadde kunnskap om dette frå før av (dette hadde eg jo opplyst om i informasjonsskrivet), men eg ønskte heller ikkje å framstå som ein som hadde spionert på dei i dagane forut for intervjuet. Eg opplevde det som utfordrande å lage ein intervjuguide som skulle vere fornuftig å nytte på fleire ulike type menneske. Eg hadde i denne fasen alltid i tankane at eg tenkte at det kunne vere at det einaste mine informantar hadde til felles var det at dei er høgt utdanna, i frå eit anna land enn Noreg og har kome hit til Sunnmøre. Dette tykkjer eg at har hjelpe meg mykje i høve å halde eit opent sinn i høve spørsmåla og ikkje låse meg til eit bestemt syn.

Måten å stille spørsmåla i intervjuguiden var tilnærma lik slik den eg såg føre meg i intervjusituasjonen, men tankegangen var at eg ville ha førebudd meg i forkant av kvart intervju og dermed ville ein del av bakgrunns spørsmåla spesielt bli overflødige. Eg ville vektlegge at intervjuet skulle bere preg av ein samtale og spørsmåla kunne då bli omrokkerte slik at det blir ein naturleg flyt i samtalen, noko det også vart.

Eg må innrømme at det var nokså utfordrande å kunne lage intervjuguiden for at den skulle vere aktuell og relevant for kvar enkelt informant, men dette synest eg gjekk greitt å justere undervegs i intervjuet. Dette synest eg også går på det at ein skal syne informantane respekt, og på same måten som eg forventa at dei stilte til avtalt tidspunkt med ei opa innstilling, så hadde dei nok sine forventningar til meg. Spørsmåla vart som eg nemnte overfor, omrokkerte undervegs ettersom enkelte kom innpå ein del tema tidlegare i samtalen eller at eg ønskte å følgje opp med andre spørsmål fordi eg opplevde at vi var inne på eit godt spor. Dette gjekk smidigare etter dei par første intervju og eg var litt varm i trøya.

Kvale og Brinkmann hevder at eit godt intervju spørsmål skal tene to formål. I dette legg han at spørsmåla skal ha ein dynamisk og ein tematisk funksjon (Kvale og Brinkmann 2009). Den tematiske funksjonen sitt formål er å skaffe til veges ny kunnskap om det temaet som ein undersøker; altså korleis høgkompetent utanlandsk arbeidskraft opplever møtet med den maritime klynga på Møre og omgjevnadane, og om deira rolle i høve innovasjon. Denne tematiske funksjonen skal også dra vekslar på dei teoretiske omgrepa som undersøkinga mi byggjer på; stadsteori, men eg er også innom identitet, tilknytning til staden og korleis kunnskap blir spredd i klynger. Den dynamiske funksjonen derimot går på dei meir utanforliggende faktorane i intervjusituasjonen: det å skape ein positiv atmosfære eller ei god kjensle i intervjusituasjonen. Då eg utarbeida intervjuguiden hadde eg dette i tankane, og med hjelp frå rettleiar jobba utarbeidde vi ein intervjuguide som eg meiner medverka til å skape ei positiv oppleving.

Då eg hadde fått intervjuguide godkjent byrja eg å arbeide med oversetting av spørsmåla til engelsk.

#### **4.16 Kvalitativ forskingsintervju**

##### **Kvifor Kvalitativ metode**

Hovudårsaka til at eg har valt å vektlegge kvalitativ forskingsmetode er at eg meiner at denne er den som best svarer på mi problemstilling.

Dette tek mellom andre Malterud opp i sin diskusjon om intern validitet. Dette går ut på om ein har nytta relevante omgrep og/eller kartleggingsmetodar for å studere det fenomenet vi skal sjå på? Innanfor dette tek ho føre seg både dette med å rette vårt undersøkingsinstrument i riktig retning i høve det vi skulle sjå eller som ho så lyrisk forklarar det: *”eller om vi har gjort den grunnleggende feil at vi har stilt opp vårt kamera østvendt for å fotografere solnedgangen”* (Malterud, 2003:25)

Ho tek også opp dette med at vi må gå i gjennom dei verkty som vi nyttar for å få fram kunnskap, og dermed også spørje oss sjølve om i kva grad metoden og referanseramme er egna til å gje oss gyldige svar på dei spørsmåla vi har stilt. Eg skal belyse kva syn høgkompetent utanlandsk arbeidskraft har på staden der dei bur og kva som er med på å forme deira syn. Eg er dermed ute etter å fange opp ei oppleving som desse sit med om staden der dei bur og tankar og meiningar omkring dette.

Eg var ute etter å høyre mine informantar sine subjektive forteljingar om møtet med staden, arbeidsplassen og kva tankar dei har gjort seg om staden, den sosiale konteksten og lengda på migrasjonen. Det er dermed mine informantars møte og innpass med staden og Noreg eg ønsker å få svar på og det livet dei lever her og synet deira på det livet dei lever.

Intervjua bar preg av ei narrativ form, særleg då eg bad dei fortelje meg litt om oppvekst, relasjonelle aspekt i heimlandet, kva dei gjorde på fritida i heimlandet og så vidare. Eg er for so vidt ikkje i hovudsak interessert i å fordjupe meg i livshistoriene til desse menneska, men eg vil nytte denne bakgrunnsinformasjonen meir som kontrollpunkt opp mot korleis dei opplever staden dei no bur og kvar dei føler at dei høyrer heime/identitet. Dette hadde eg ikkje stilt så mykje spørsmål om i spørjeskjemaet, og fekk då også tilbakemelding frå ein respondent at eg burde inkludere kvar informantane kom i frå også, for dersom ein kom frå ein by på 300.000 så ville jo ein kvar småby på Vestlandet vere liten. Eg fekk også nokre nyttige attendemeldingar i slutten av spørreskjemaet der eg hadde lagt til eit felt for kommentarar samt fleire tok kontakt med meg per e- post.

Eit etisk spørsmål var dette med at eg kom til å få informasjon om ektefelle/partnar som ikkje hadde samtykka til å vere med i studien, eg informerte derfor i e-posten at eg kom til å stille nokre spørsmål om ektefelle/partnar, men desse var av ein ”uskyldig karakter”, og gjekk ikkje inn på personlege spørsmål.

Å bestemme kor mange respondentar ein ”treng” for å kunne svare på forskingsspørsmålet kan vere vanskeleg. For min del starta prosessen frå dag ein med å analysere, høyre i gjennom filane og høyre om det var nokre moment som gjekk igjen. Eg var dermed ikkje opphengt i kor mange treng eg no, men haldt det relativt ope dette med antall. Kvale problematiserar også dette når han skriv at har ein for mange intervju så kan det vere vanskeleg å gjennomføre ei grundig tolking av intervjua samstundes som om ein har for få så kan det vere vanskeleg å generalisere (Kvale og Brinkmann 2009). Førsteintrykket mitt etter dei første tre intervju var at desse menneska har jo ingenting til felles! Kva skal eg kunne samanfatte omkring dette dersom det held fram slik? Samstundes gav det meg også glede å sjå at eg hadde klart å velje den breidda som eg var ute etter i utgangspunktet. Etter den første veka med intervjuing såg eg allereie fleire likskapar mellom informantane, eller rettare sagt: eg kunne høyre at det var meiningar og syn på staden/det norske som gjekk igjen.

Eg var som sagt ute etter breidde i utvalet og valte ut nokre som bur i Ålesund, nokre i Herøy og så vidare. I den kvantitative undersøkinga svarte om lag 80% menn og resten kvinner. Eg

tenkte dermed at eg skulle intervju flest menn og eg enda opp med å intervju fire kvinner og åtte menn.

#### 4.17 Intervjusituasjonen

Eg byrja kvart intervju med å fortelje litt om meg sjølv, om min bakgrunn, og om mastergradsprosjektet mitt. Dette vart gjennomført i tråd med Kvale og Brinkmann (2009) som held som ei rettesnor for utforming av rammeverk for intervju at *”kontekst for intervjuet gjennom informasjon både før (”briefing”) og etter (”debriefing”) selve intervjuingen”* (Kvale og Brinkmann, 2009:141).

I ”briefing”- fasen la eg vekt på å fortelje kort om kvifor eg ønsker å gjennomføre dette intervjuet (mål/meining). Eg takka så for at han/ho ønskte å ta del i dette prosjektet/dele sine opplevingar med meg. Eg forklarte så gangen i intervjuet og eg bad om å få ta opp intervjuet slik at eg betre kan hugse det som blir sagt. Eg tok også opp dette med informert samtykke, at det er mogeleg å trekke seg undervegs/eventuelt la vere å svare på spørsmål dersom dette er aktuelt og om anonymisering. Dette gjekk smertefritt under alle intervju, ettersom dei var godt informert på førehand om studien. Ein av informantane sa også det at grunnen til at han ønskte å vere med var at dei opplevde studien som profesjonell og at invitasjonen hadde vore venleg. Ein annan sa det at han hadde diskutert livssituasjonen med veldig mange rundt seg, men at dette var første gang at han følte at det var til noko nyttig. Fleire nemnte det at dei synes at studien var interessant og dei ønska å kunne bidra med sine perspektiv, dermed vart det ofte litt latter då eg tok opp dette med informert samtykke. Eg nemnte også prosjektet til Møreforskning. Dette vart gjort før eg tok fram bandopptakaren og vi hadde etablert ein relasjon. Eg møtte elleve av informantane på kontoret der dei arbeider, to møtte eg på kontoret etter arbeidstid, medan dei andre møtte eg i arbeidstida. Ein av informantane møtte eg heime hos han. Eg opplevde at eg fekk ein god relasjon med informantane, men i eit av intervju byrja vedkommande å stille meg ein del personlege spørsmål om meg, noko som eg valte å svare på ettersom eg følte at vedkommande trengte å ”ha noko på meg” for å kunne dele av seg sjølv. I nokre av intervju bar det særleg mot slutten preg av ein samtale, og dermed vart det også spurt om mine perspektiv/min ståstad. Eg svarte på tiltale utan å gå for mykje inn på mine syn/bakgrunn, men eg opplevde dei situasjonane som at eg burde seie noko, elles ville ikkje samtalen bli fullstendig. Eg merka også at eg vart ”flinkare” å handtere intervju/hoppe i spørsmål etter kvart som eg gjennomførte fleire intervju.

I alle desse intervju sat vi på eit eige rom, med lukka dører, noko som eg meiner medverka til ein trygg atmosfære og ein god dialog. Ettersom eg møtte dei på deira arena var det også grunn til å tru at dei følte seg heime der og i trygge omgjevnadar. Informantane la til rette for ei god stemning og eg følte meg svært velkomen i alle intervju.

Intervjua vart avslutta ved at vi i fellesskap oppsummerte dei viktigaste punkta som hadde kome fram. Eg spurte informanten om det var nokre tilleggskommentarar eller noko som eg ikkje hadde spurt om/ perspektiv som var utelete. Eg skriv her at intervjuet vart avslutta i fellesskap, men heile intervjuet var jo sjølvstendig også utført i ”fellesskap”, og eg er ikkje under den oppfatning at eg samla inn informasjon under intervjuet. *”Intervjuuttalelsene er ikkje samlet inn – de er forfattet i fellesskap med intervjupersonen”* (Kvale og Brinkmann, 2009: 200).

Etter kvart intervju hadde eg ein pause som eg nytta til å notere meg umiddelbare tankar, inntrykk og litt om sjølv opplevinga av intervjusituasjonen. Dette synest eg var svært nyttig for seinare då eg skulle gå over datamaterialet og hugse attende. Desse notatane var også til stor nytte då eg analyserte materialet.

## 4.18 Analyse av materialet

### Transkribering

Malterud hevdar at når ein omsetjar munnleg samtale til skriftleg tekst, så skjer det alltid ei fordreining av den aktuelle hendinga, også dersom ein skriv ordrett slik det skjedde (Malterud, 2003: 78). Då eg skulle transkribere intervjuet hadde eg i tråd med Malterud i tankane at eg skulle skriftleggjere det munnlege på ein slik måte at det best mogeleg fanga opp det som ein kunne oppfatte at informanten ønskte å meddele (Ibid.). Ettersom eg gjennomførte alle intervju sjølv meiner eg at eg hadde eit godt utgangspunkt for å kunne også fange opp dei nonverbale sidene og kroppsspråket som informantene og eg gjorde, men som ein ikkje kan høyre på bandet. Eg merka både under intervjuinga og under transkriberinga at det var nokre gonger at det var tydeleg at kroppsspråk tok over for ord. Dette ser eg på som eit godt teikn, ettersom informantane ikkje lengre tenkte over at eg tok opptak og dermed var den litt ”kunstige” samtalen brutt opp. I kunstig legg eg at det ikkje er vanleg eller normalt at ein samtalar med ein ukjent person omkring personlege tema. Det finst ulike måtar å transkribere på, nokre vel å transkribere nokre hovudmoment i frå intervjuet, nokre transkriberer alt. Eg

valte å transkribere all tekst. Ein svakheit ved dette er moglegvis at eg fekk veldig mykje materiale som skulle handterast, medan fordelene er at eg fekk med samanhengen som det vart sagt i, og eg tykte at eg då betre kunne formidle funna, enn om eg hadde transkribert teksten lausreve frå samanhengen.

#### 4.19 The mode effect

”The mode effect”: eit konsept som dreier seg om at forskingsverktøyet ein nyttar seg av ikkje er nøytrale, men kan ha ein innverknad på forskingsresultatet/resultata (Denscombe, 2010: 15). Denscombe skisserar dette på følgjande måte:

*”It revolves around the idea that research tools, rather than being neutral, might have an impact on the findings; in practice, respondents might provide different answers depending on the mode of data collection that is used”*(Denscombe, 2010:15). Dette er eit konsept som ofte vert nytta og har blitt brukt for å teste ulikskapane ved svar i webbasert forskning knytt til spørreskjema. Her testa dei ulikskapane i svara som kom i forhold til opne og lukka spørsmål. Eg vel å tolke denne mode-effekten inn mot min eiga forskning og dei ulike forskingsverktøya som eg har nytta meg av. Då eg trefte informantane mine opplevde eg at dei svarte annleis enn kva dei hadde gitt uttrykk for i spørreskjemaet nokre veker tidlegare. Dette kan tolkast som ”the mode effect”, men eg meiner også at dette kan tolkast dit hen at det kvalitative forskingsintervjuet var den mest passande forskingsmetodikken å nytte for å svare på problemstillinga mi.

#### 4.20 Analyse av materialet – Koding

Eg ønskte å få fram mine informantar sine syn på staden der dei bur og finne ut meir kva som verkar inn på at dei har dette synet. Giorgi sin fenomenologiske analyse (Malterud, 2003:99-100) legg vekt på å utvikle kunnskap om informantane sine erfaringar og livsverd, og då innanfor eit bestemt felt.

*”Vi leter etter essenser eller de vesentlige kjennetegn ved de fenomener vi studerer, og forsøker å sette våre egne forutsetninger i parentes i møtet med data (bracketing). Samtidig vet vi at dette egentlig er et uoppnåelig mål. Vi påtar oss derfor ansvaret for å ha et reflektert forhold til vår egen innflytelse på materialet, slik at vi mest mulig lojalt kan gjenfortelle informantenes erfaringer og meningsinnhold uten å legge våre egne tolkninger som fasit”* (Ibid.).

Eg meiner at Giorgio sin fire trinns analyse passer godt til min studie ettersom eg gjennomførte 12 intervju og etter transkribering endte opp med veldig mye tekst, om lag 160

sider med tekst. Giorgi anbefaler at det første trinnet i analysearbeidet er å få eit heilskapsinntrykk, noko som eg meiner høver seg bra ettersom eg har relativt stor mengde med tekst å gå i gjennom. Trinn nummer to i analysen er å identifisere meiningsberande einingar, trinn tre er å abstrahere innhaldet i dei enkelte meiningsberande einingane, og det fjerde er å samanfatte tydinga av dette.

*”Disse fire trinnene utgjør hovedstrukturen i den metodologi som representeres av analysemetoden systematisk tekstkondensering”*(Malterud, 2003: 100).

Dette meiner eg også er i tråd med det Malterud legg vekt på, nemleg at det er ei utbreidd mistyding at dei kvalitative forskingsmetodane frittek ein i frå ein forpliktande struktur, fordi at ein meiner at heilskapsblikket skal kunne gje svara (Malterud, 2003:93). Det er då via heilskapsbiletet ein identifiserer meiningsberande einingar abstraherer innhaldet og samanfattar tydinga av det. Eg er også av den oppfatninga at ein då etter at ein har samanfatta tydinga av desse meiningsberande einingane så kan ein gå attende til heilskapsinntrykket i frå teksten og sjå om dei framleis stemmer. Det er då tale om ein hermeneutisk sirkel. Eg kunne nok ha utvida denne hermeneutiske sirkelen ved å nytte meg av Kvale og Brinkmann sine seks trinn i analysen, der dei fire første er slik eg i grove trekk har skissert overfor, men at ein tek ein ny omgang etter at ein sjølv har tolka datamaterialet/intervjuet. Dette trinnet går ut på å gje fortolkingane sine til intervjuobjektet og så kan han/ho få kommentere intervjuaren sine fortolkingar og få utdjupe eller korrigere sine utsegn (Kvale og Brinkmann, 2009: 203). Kvale og Brinkmann inkluderer eit siste trinn som følgjer etter denne siste korreksjonsrunda og det er at det også inkluderer *handling*. Det går ut på at intervjupersonane byrjar å handle på bakgrunn av den nye kunnskapen dei har fått i løpet av denne prosessen. Eg vel å ”kutte” sirkelen slik som Malterud skisserer og ikkje ta med Kvale og Brinkmann sine to siste ledd. Det ville vere meir tidkrevjande å inkludere desse enn det som ligg innanfor rammene av mitt mastergradsprosjekt.

*”Teksttolking, hermeneutikk, kom opprinneleg frå filologien. Hermeneuein (gresk) betyr å tolke, forstå, tyde, oversette. Den klassiske filologien studerte språk, grammatikk, kva samanheng visse ord og uttrykk førekom i etc., alt for å kunne forstå tekstar, og for å omsette tekstar. Å omsette er å tolke, for å fram meininga med teksten. ”* (Ulstein, 2006:119).

For å tolke teksten er det mange teoretikarar som tek opp dette med ”Meiningskoding”. I dette legg dei: *”Koding innebærer at det knyttes ett eller fleire nøkkelord til et tekstavsnitt med henblikk på senere å kunne identifisere en uttalelse. Kategorisering innebærer en mer*



*systematisk konseptualisering av et utsagn, som gir mulighet for kvantifisering*” (Kvale og Brinkmann, 2009: 208). Her kan det nok for mange blinke ei rød varselampe og skrike ut om positivismestriden, men eg har nytta meg av koding som eit hjelpemiddel for å kunne stadfeste om det er ein enkeltperson som meiner dette eller om det er eit meir utbreidd fenomen. Dette hjelpte meg vidare i arbeidet med å kunne uttale meg om generalisering og overførbarheit.

Det var valt å ”personifisere” informantane i studien ved å gje dei fiktive namn. Eg opplevde at dette gav empirien meir personlegdom og spenst, samstundes som det er kopla til reabiliteten til materialet. Ved å gje informantane fiktive namn, så gjekk det tydeleg fram om det var ein eller fleire og ”kven” av informantane som stod fram med ulike utsegn. Det hadde vore ønskeleg å identifisere arbeid/rolla informantane har i bedriftene, men etter nøye vurdering utelèt eg dette, fordi eg opplevde at dette ville ”avsløre” kven informanten er/var. Dersom ein hadde hatt eit større materiale og fleire informantar, så hadde det absolutt gitt studien ein ekstra dimensjon ved å inkludere stillingane til informantane, då særleg knytt til diskusjonen omkring deira rolle i høve innovasjon.

#### **4.21 Oppsummering framgangsmåte**

Eg har i dette metodekapittelet skildra dei ulike fasane i forskingsprosessen.

Forskinsprosessen vert ofte framstilt som straumlinjeforma innanfor rigide rammer og det ser ut som forskinga startar ved A, går innom B, C og D for å ende opp i E: det endelege resultatet. Veggen fram mot målet var langt frå straumlinjeforma, og den gjekk omvegar både i teorien og i empirien og endeleg problemstilling. Eg har sett på eit utval av informantar, i ein del av den maritime klynga på Møre. Overførbarheit er ein viktig ambisjon for forskaren (Malterud, 2003:21) og eg vonar at nokre av dei refleksjonane som eg har kome med i denne oppgåva vil vere fruktbare for andre regionar, og for andre menneske frå den kreative klassen. Dette ønsker eg dermed å drøfte heilt til slutt i dette kapittelet: tankar omkring validitet og reabilitet.

#### **4.22 Vitskapens rekkevidde**

Det at noko er vitskapleg kan ikkje sjekkast med enkle prosedyrar eller reknestykke i følge Malterud (Malterud, 2003:22). Det dreier seg snarare om ei haldning til faget, ærlegdom, truskap og liknande. Eit anna viktig moment som ho dreg fram, og som eg også har prøvd å fremje i denne oppgåva er det ho skildrar som ”intersubjektivitet”: det at man gjer lesaren til

ein informert ledsagar som du gir innsikt i dei føresetnadane og dei rammene som kunnskapen er skapt under eller i (Ibid.).

Malterud samanfattar det som ho ser på som grunnføresetnadar for vitenskapleg kunnskap i tre punkt; relevans, validitet og refleksivitet.

- 1) Relevans handlar om kva kunnskapen kan brukast til**
- 2) Validitet handlar om gyldigheit – kva forskaren eigentleg har funne ut noko om**
- 3) Refleksivitet handlar om korleis forskingsprosessen har prega funn og konklusjonar**

Dette er krav som vi finn igjen i alle former for vitenskapelig aktivitet, uansett om forskingsmetoden er kvalitativ eller kvantitativ. Malterud hevdar at desse kriteria kan hjelpe oss til å stille spørsmål om kunnskapens rekkevidde, avgrensing og mening, og vurdere i kva grad det dreier seg om vitenskapleg kunnskap.

### **Relevans**

Trass i at krava til validitet og refleksivitet er oppfylte, så meiner Malterud at det ikkje er gitt at forskingsprosessen lei fram til det som ein kan kalle for vitenskapleg kunnskap. Vitenskapleg kunnskap er kunnskap som skal kunne nyttast til noko eller at den lærer oss noko nytt. Som eg nemnte innleiingsvis så nemner Denscombe "Relevance" som eit av punkta i forskingsopplegget, men eit anna er "Originality", desse er tett knytte saman. Kor vidt den kunnskapen ein kjem fram til er relevant eller ei, heng saman med kor godt forankra den er i allereie eksisterande litteratur og om denne studien bidreg med noko annleis enn det vi allereie veit noko om frå før? Før oppstart med oppgåva nytta eg biblioteket sine søkemotorar flittig og eg fekk også god hjelp av dei tilsette ved biblioteket til å gjennomføre dette. Det var fleire gonger eg opplevde at kunnskapen på dette feltet var enorm, andre stundar som at den var upløgdd mark. Kritisk lesing er også eit viktig stikkord når det gjeld relevans. Dette vart særleg viktig då eg fann mykje relevant litteratur, men som handla om andre regionar i andre land. Kor overførbart kunne dette vere for den maritime klynga på Møre? Kor relevant er denne informasjonen eigentleg? Etter at eg hadde avgrensa problemstillinga og gjennomført litteratursøk kom eg fram til at det ikkje hadde vore vanleg å forske på desse som har initiert sine eigne "jobbreiser" hit, men mest på expats<sup>29</sup>. Det er og forska mykje på den maritime

---

<sup>29</sup> Expats viser her til ein "expatriate" (i kort form vert dei ofte kalla "expat"): ein person som på kort - eller lang - sikt bur i eit land og kultur som er ein annan enn den dei er vokse opp i, og har juridiske/legale band til i form av statsborgarskap.

klynga på Møre, mellom anna på omdømme, innovasjon i klynga, vertskapslandattraktivitet og liknande. På sjølve regionen er det og forska utruleg mykje, og av relevans til oppgåva er det særleg kva so gjer regionen attraktiv og liknande regionale studier. Eg sit igjen med kjensla av at dette bidraget med møtet mellom høgkompetent utanlandsk arbeidskraft og den maritime klynga på Møre bidreg til noko nytt og annleis enn det vi allereie veit knytt til tidlegare studier.

### **Validitet- Intern og Ekstern**

Validitet går i korte trekk ut på om du måler det du var ute etter å måle, om i kva grad mine funn kartlegg det eg var ute etter å måle (Fangen, 2010). Malterud legg vekt på at vi sjeldan kan svare ja eller nei på spørsmål om at det vi har funne er sant. Det som er viktigare er å ta stilling til er kva metoden og materialet gir oss høve til å seie noko om, kva rekkevidde resultata har og kor overførbare dei er (Malterud, 2003:24). Eg hadde først eit spørjeskjema, og eg ser no at eg med fordel kunne ha spissa spørsmåla meir for å kunne ha eit ”saftigare” utgangspunkt spesifisert inn imot problemstillinga. Samstundes nytta eg denne undersøkinga som ei kartleggings – undersøking og det gav meg eit godt fundament for utveljing av informantane.

Regionen, den maritime klynga på Møre og menneska eg møtte er alle med på å avgjere kunnskapen si rekkevidde i tid og i rom. Det er her det skjer eit ”skilje” i validiteten blant mange teoretikarar, dei skil gjerne mellom ”intern” og ”ekstern” validitet. Den interne tek føre seg kva det er sant om, og her er relevans eit nyttig verkty. Har du nytta relevante omgrep eller kartleggingsmetodar for å studere det fenomenet vi ville sjå nærare på? Malterud hevdar at vi må ta føre oss dei verkty vi nyttar for å få fram kunnskapen og spørje oss sjølve i kva grad metoden og referanseramme er eigna til å gje gyldige svar på dei problemstillingane vi arbeider med (Malterud, 2003:24). Ho seier at ”*Uansett hvor presise data vårt undersøkelsesinstrument kan fremskaffe, blir den interne validiteten lav viss kartleggingen ikkje gjennomføres på en måte som er relevant for formålet*” (Ibid.). Malterud skisserar det at ved å stadig arbeide kritisk og systematisk så kan ein førebygge systematiske feil i forskingsprosessen. Eg har nytta meg av både kvantitativ og kvalitative metode i denne mastergradsoppgåva, og ser ein bort i frå det at det har vore svært lærarrikt, så kan ein spørje seg: retta eg undersøkingsinstrumentet i riktig retning i høve det eg skulle undersøke? Eller gjorde eg det som Malterud omtaler som den grunnleggande feilen at ”*vi har stilt opp vårt kamera østvendt for å fotografere solnedgangen*” (Ibid.). Ved å først ta ein gjennomgang med bedriftene og innhente opplysningar der, så fekk eg informasjon om kor ”utbreidd”

nyttiggjeringa av høgkompetent utanlandsk arbeidskraft var (er). Dette sa meg noko om "universet mitt" og eg opplevde det som klargjerande. Eg tykkjer at den kvalitative undersøkinga egna seg best som undersøkingsinstrument for denne type fenomen: korleis opplever informantane møtet med den maritime klynga og deira rolle i høve innovasjon. Dermed er det deira oppleving eg er ute etter. Den kvantitative undersøkinga kan i enkelte tilfelle støtte opp under dei funna som er gjort i den kvalitative delen. Dette har eg skildra overfor under metodetriangulering. Den informasjonen som eg fekk gjennom kvalitative forskingsintervju oppfyller ikkje same krava til objektivitet, kontrollerbarheit og nøytralitet som kvantitativ forskning, men så er det og ein heilt anna type data som blir produsert. Kredibilitet og truverde er stikkord som ofte vert knytt til den kvalitative forskinga og er dei eg har lagt til grunn for arbeidet med oppgåva. Dette var særleg viktig då eg skulle byrje analysearbeidet der er det lett å hamne i ein situasjon der ein tek på seg sine eigne kulturelle briller for å analysere innhaldet. Dette arbeida eg mykje med for å "halde på eit ope sinn" gjennom heile prosessen.

Informantane i denne studien sine møte med den maritime klynga på Møre er ei avgrensing i seg sjølv, både fordi dette er bedrifter som tradisjonelt sett har vore (og er) veldig internasjonalt retta, i tillegg at det er ei spesiell næring. Eg har også valt å gå inn i delar av den maritime klynga og det har noko å seie for den eksterne validiteten. Til kva slags samanhenger kan våre funn gjerast gjeldande ut over den kontekst der dei har blitt kartlagt i? Malterud hevdar at den eksterne validiteten vert lav dersom vi utelukkande forhold oss til den lokale konteksten utan å ta høgde for at kunnskapen har ein overføringsverdi. Malterud har medisinsk bakgrunn og i medisinsk forskning er ofte det å repetere og oppnå like resultat ved gjentaking av eit forsøk, eit mål. Dette er krav som ein lettare kan stille i fysikk/kjemi-retta studium, medan ein i ei slik kvalitativ tilnærming som eg har valt, alt frå oppstarten med val av problemstilling, val av datainnsamlingsmetode, sjølve datainnsamlinga, analysen, tolkinga og kva eg vel å presentere, vil bere preg av min eigen person på ein eller annan måte (Malterud, 2003:25). Eg har difor via plass til skildring av mi forforståing tidlegare i dette kapittelet. Repeterbarheit er sjeldan eit aktuelt kriterium på at alle sider ved den kvalitative forskingsprosessen er pålitelege, men eg opplevde den som relevant for meg i kartleggingsfasen av mitt mastergradsprosjekt. Dette gjeld om då eg kontakta bedriftene for å kartlegge om dei hadde høgkompetent utanlandsk arbeidskraft tilsett hjå seg og om desse var tilsett i løpet av dei siste fem åra. Eg stilte dei same spørsmåla, på tilnærma lik måte til alle bedriftene. Dei fekk også den same informasjonen. I kva grad kan eg stole på at dei eg

kontakta i bedriftene (som oftast CEO – chief executive officer - eller personalansvarleg), fann fram til dei personane som var innanfor mi målgruppe? Og var dei faktisk innanfor mi målgruppe? Ved enkelte høve opplevde eg at eg hadde fått opplysningar om menneske som kom hit som flyktningar då dei var barn og dermed fall utanfor dei kriteria som eg hadde opplyst, og ved eit anna høve fekk eg ikkje namnet på ein utanlandsk høgkompetent person fordi ein vurderte ikkje denne personen som ”utanlandsk”. Dette er noko av svakheita som ein må leve med skal ein kunne få framdrift i eit prosjekt. Ein kan ikkje gå i sømene på alle detaljane omkring dei opplysningane ein får. Då trur eg nok at prosjektet hadde stagnert. Det er her metodetriangulering si styrke kjem inn i mitt prosjekt. Vi må erkjenne at det finst fleire gyldige versjonar av kunnskapen. Eg har også hatt kontakt med fleire sentrale aktørar i den maritime klynga i forhold til den kraftigaste kritikken som er reist mot den maritime klynga på Møre, og eg meiner difor også at det å teste ut funna og sjå dette frå ulike hald har vore gjennomført på ein ryddig måte. Dette bidreg også til at validiteten er ivaretatt på ein god måte.

I bunn og grunn handlar validiteten om tekstens endelege påberopelse av autoritet (Malterud, 2003). Eit av hovudtrekka i høve spørsmål om gyldigheit er at det er hefta ved eit krav om konsistens og ein synleg raud tråd: *”som skal være den logiske forbindelseslinje mellom den problemstillingen som prosjektet har påtatt seg å belyse, og de teorier, metoder og data som fører frem til kunnskapen”* (Malterud, 2003: 26). Det er difor heilt avgjerande at metoden blir avgjort ut frå problemstillinga og ikkje omvendt (Ibid.). Eg opplevde at det å nytte kvalitativ metode var den metoden som best kunne svare på dei høgkompetente utanlandske arbeidstakarane sitt møte med den maritime klynga på Møre ettersom det i kvalitativ forskning er det snakk om data der informantane deler sine meiningar, intensjonar, sjølvforståing i frå sin ståstad. Eit anna trekk ved kvalitativ forskning er at det gir ein rom for personlege val og større grad av improvisasjon undervegs i forskingsprosessen (Befring 2007). Dette opplevde eg som både ei styrke og ein svakheit under arbeidet med oppgåva. Ei styrke fordi eg kunne snu ”undersøkelsesinstrumentet” til ein viss grad til å fokusere på dei kjerneområda som viste seg å vere mest framtreande. Samstundes er dette ei svakheit ettersom ein då må halde ”tunga beint i munnen” for ikkje å trakke skeivt undervegs. Her tenker eg særleg på forhold til validiteten på prosjektet. Måler ein det som ein var ute etter å måle? Undersøker ein i forhold til problemstillinga og er det denne raude tråden som gir oppgåva gyldigheit? Vitskapleg kunnskap kjenneteiknast av at forskaren i sin presentasjon viser erkjenning om designet sine avgrensingar og svakheiter, og ikkje berre forsvare framgangsmåten (Malterud, 2003:26).

Det er dette som ofte blir omtala som ”refleksivitet”. Evna til å setje spørsmålsteikn ved eige arbeid. Undervegs i arbeidet med mastergradsprosjektet så var dette noko som eg kontinuerleg stussa over, særleg dersom noko i ein intervjusituasjon overraska meg. Då undra eg meg: kvifor vart eg overraska no? Er det fordi mi forforståing eller grunnhypotese i prosjektet blir utfordra? I slike tilfelle gjekk eg litt meir aktivt inn med informanten og spurte han/ho: Kvifor meiner du dette? Kan du utdjupe? Refleksivitet er ei aktiv haldning og Malterud vektlegg at ein kan ikkje berre sitte og vente ”på overraskelser, men lete etter konfrontasjonar med egne forestillinger og posisjoner. Den gode forsker skal skape og oppsøke posisjoner som utfordrar feltekunnskap og fordommer man har med seg fra tidligere”(Malterud, 2003: 26).

#### **4.23 Som man roper i skogen – samling av trådane av tekstens endelege påberopelse av autoritet**

Det er kanskje naivt å tru at ein i eit mastergradsprosjekt skal kunne oppfylle alle dei vitenskaplege krava som er knytt til eit forskingsarbeid, men ein kan prøve. Malterud hevdar at det er naivt å tru at desse kan bli oppfylt i eit forskingsarbeid overhodet. ”Våre redskaper er utilstrekkelige, våre data vil alltid bare speile en avgrenset del av virkeligheten, og vår person vil alltid være med å påvirke de resultater vi kommer fram til på en eller annen måte” (Malterud, 2003:28). Dette er moment som eg har drøfta undervegs i metodekapitlet: min forforståing av feltet har nok prega først og fremst val av problemstilling og interesse for temaet, men også det faktum at eg er nyfiken andsynes menneska som vel å busette seg her. Mine år i utlandet som den framande har nok også prega meg i form av å kunne kjenne meg igjen i fleire av dei historiene som vart fortalt. Eg ser på dette som ein styrke, men det kan også bli oppfatta som ein svakheit: kan ein bli for nærsynt? Det handlar om å ha tilstrekkeleg nærleik og tilstrekkeleg distanse. Det at eg er ei ung kvinne i møtet med informantane mine hadde nok sin effekt på resultatata som eg fekk, og det at eg var jamngamal eller yngre enn dei eg intervjuar spela nok også ei rolle. Målet er ”ikke å eliminere problemene, men å synliggjøre dem og forholde seg aktivt til betydningen av dem” (Ibid.). Dei konklusjonane som vert trekt i denne oppgåva må sjåast i lys av metoden og antall informantar, men må samstundes sjåast i lys av konteksten og også det at intervjuar vart gjennomførte på seinvinteren kan ha påverka resultatet. At utvalet er representativt vil seie at resultatata ville blitt tilnærma dei same som ein ville ha fått dersom ein hadde undersøkt samtlege einingar. I denne undersøkinga er det 53 av totalt 63 som har svart, noko som vil tyde på at svara i den kvantitative undersøkinga er svært representative. Når det gjeld den kvalitative undersøkinga, med 12 djubdeintervju så har eg

prøvd å velje ut personar med ulike karakteristikkar for å unngå å få tilsynelatande tak i ”like” svar eller ”like” personar. Overførbarheit er viktig for forskaren hevdar Malterud (Ibid.), og eg ser føre meg at det kan finnast fleire likskapstrekk mellom denne studien og til andre regionar med same problematikken. Dette kan også gjelde norske høgkompetente som kjem til den maritime klynga. Dette vil eg også problematisere i løpet av den empiriske delen av studien, særleg i den delen av det å kjenne seg heime, og at nokre informantar peikar på at det å ikkje vere ein del av staden også kan gjelde for nordmenn frå andre stadar enn Sunnmøre. Eg voner at denne oppgåva kan gje gode indikasjonar på dei faktorane som framstår som særleg framtrødande i dei høgkompetente utanlandske arbeidarane sitt møte med den maritime klynga på Møre.

## 5. Møtet

### **- I dette empiri – og analysekapittelet vil særleg møtet med staden bli drøfta**

I det følgjande vil funn frå den kvalitative og den kvantitative delen bli belyst og funn frå dei kvalitative forskingsintervjua vil bli særleg vektlagt. Forskingsintervjua reflekterer over problemstillinga meir i djupna samtidig som at det vil bli dradd vekslar på den kvantitative delen for å belyse generaliseringa av enkelte funn.

Fleire teoretikarar (som skildra i teorikapittelet) vektlegg viktigheita av dei oppfatningane og verdiane som menneska tillegg stadane: det er dei oppfatningane som danner avgjerslegrunnlaget vårt og gir oss valmoglegheiter. Dette gjeld til dømes val med omsyn til kvar vi vil bu og kvifor. Det er nettopp dei oppfatningane og dei betydingane som dei høgkompetente utanlandske arbeidarane heftar ved møtet med den maritime klynga på Møre og omgjevnadane som er i fokus i dette empirikapittelet.

#### **Problemstillinga mi er:**

**1) Korleis opplever høgkompetent utanlandsk arbeidskraft møtet med den maritime klynga på Møre?**

**2) Kva er deira rolle i høve innovasjon?**

I teorikapittelet er det blitt dratt fram ulike innfallsvinklar på korleis ein kan tolke staden, og det er særleg vektlagt at det å flytte til ein stad er ein del av eit identitetsprosjekt. Fokus i empirikapittelet er kva dei høgkompetente utanlandske arbeidarane vektlegg i si fortolking av staden? Kva er det som er med på å forme det synet dei har? Eit viktig moment her er dei sosiale relasjonane som ein måte å forstå kodane og å kome inn i samfunn og bedrift. I teorikapittelet vart det dratt vekslar på ulike måtar å arbeide på, den norske ”monokulturen” med ei vektlegging av møtet mellom den meir erfaringsbaserte tause kunnskapen og den formelle ”koda” kunnskapen. Desse momenta utgjer konteksten for den empiriske delen.

**1) Geografisk/Fysiske rammevilkår: Bygda som lokalitet**

**2) Bygda som symbol, grunnlag for identitet og det å kjenne seg heime (“Sense of place”)**

**3) Det sosiale perspektivet: Staden som gjenstand for sosiale relasjonar/nettverksdanning.**

**4) I kva grad utgjer den utanlandske arbeidskrafta ein integrert del i prosessen/dialogen som bidreg til produksjonsutvikling og innovasjon. Med**



## **andre ord: Grad av integrasjon, relasjonar og nettverk si rolle for deltaking i innovative prosessar.**

Denne firedelinga er ei forenkling og ei tydeleggjering av stoffet som blir presentert. Livet til respondentane og informantane<sup>30</sup> er på ingen måte firedelt, og desse delane er alle vikla inn i kvarandre og saman utgjer dei det synet som vedkommande har på staden. Eller som E.J. Fosso skriv: synet på staden er alt som dei kan ”hefte” ved staden (Fosso, 2011). Eit døme var då Christian (44) fortel om at hans mangel på fritidsaktivitetar og venskap har ført til at arbeidet har blitt det viktigaste for han. Trass at arbeidet er viktigast meiner han at det faktum at han ikkje er sosial på fritida får ringverknadar inn i jobben. Han undrar seg over kvifor ikkje kollegaer som veit at han er einsam inviterer han med seg ut. Synet på kollega og arbeid er prega av mangelen på eit sosialt liv. Jorge(35) føler at han ikkje får ta del i dei innovative prosessane i arbeidet, og han meiner at dette også legg føringar for korleis han ser på staden. Han mistrivast. Carolina (36) arbeidde først i ein jobb som ho var overkvalifisert for, som sin første jobb i Noreg, og i denne perioden kunne ho oppleve det som vanskeleg å kome i kontakt med likesinna. Ho vart på ein måte satt i bås fordi ho var utanlandsk og utførte det arbeidet som ho gjorde. Rebekka (43) meiner at mannen sitt nettverk hjelpte ho mykje for å få innpass og bli kjent med nye menneske, og synet på Ålesund vart med eitt litt meir positivt då ho fekk seg venar. Målet med desse fire sine syn er å skildre at det ikkje er klare linjer mellom kva som er jobb, fritid, sosiale relasjonar og liknande. Dei er alle vevd inn i kvarandre, og kan prege kvarandre på ulike måtar.


### **5.1 Kven er dei?**

Eg ønsker innleiingsvis å skildre respondentane i høve nokre hovudfaktorar, som kjønn, utdanning, sivilstatus, kvar dei kjem i frå og noko om kva kunnskap dei hadde om Sunnmøre før dei kom.

Den maritime klynga på Møre er eit mannsdominert miljø. Dette kjem også fram i respondentane i denne undersøkinga, der kjønnsfordelinga fordeler seg på følgande måte:


---

<sup>30</sup> Eg skriv her respondentar og informantar. Eg omtalar dei som har svart på spørjeskjemaet (Questback) for respondentar og dei som eg har intervjuet personleg for informantar.




Figur 6. Kjønnfordeling mellom respondentane. N = 53

Det er i denne undersøkinga flest menn som har svart og dette er gjenspegla i proporsjonalt utveljing av informantar til den kvalitative undersøkinga. Åtte menn og fire kvinner vart intervjua.




Figur 7. Opphavland. Kvar kjem dei i frå? N=53

Hovudtynga av respondentane kjem i frå Vest – Europa (57 %), 30 % frå Øst – Europa og dei resterande 13 % frå USA, Australia og Asia. Det var ei hovudvekt av respondentar i frå Skandinavia.



Figur 8. Utdanningsnivå blant respondentane. I antall personar. N = 53

Bemeninga ”høgkompetent utanlandsk arbeidskraft” vert nytta og det er eit diffust omgrep. Kva er høgkompetent? Bedriftene valte ut personar som sit i stillingar som krev høg utdanning, og ein ser at det er flest av dei som har 5 – 6 år med utdanning frå høgskule eller universitet, ca 80 %, altså er det tale om høgt utdanna menneske. Der det står ”ikkje svart” er det fordi at vedkommande ikkje har svart på akkurat dette spørsmålet.



Figur 9. Korleis respondentane fekk vite om stillinga si. I antall personar. N=53

Ser ein ut i frå den kvantitative undersøkinga og korleis dei fekk vite om stillinga, så tyder det på at hovudvekta av respondentane fekk vite om stillinga gjennom Internett. Derneft fekk nest flest kjennskap til stillinga gjennom bekjente og vener. I den bolken som heiter ”Internal

transfer” ligg også tidlegare praksis hjå bedrifta. I ”Anna” er det følgande måtar dei fekk vite om stillinga: gjennom privat rekrutteringsfirma, gjennom at dei sjølve oppsøkte ulike bedrifter og gjennom placement.no. I intervjuet vart også placement.no trekt fram som ein synleg aktør, placement.no er eit aksjeselskap som formidlar kontakt mellom arbeidssøkarar og bedrifter ([www.placement.no](http://www.placement.no)). I høve syn på arbeidsmoglegheitene på Sunnmøre, så hevdar 79 % av respondentane (N=53) at det er gode moglegheiter for å gjere karriere på Sunnmøre.

Innovasjon er i følgje Asheim og Coenen svært avhengig av den tause kunnskapen som er forankra i ein person, ei bedrift, eit nettverk eller som den lokale konteksten besitter, og dette i aukande grad (Asheim og Coenen, 2007:655). Nye idear og innovasjonar kan også ”kome” gjennom rekruttering ute eller frå personar med bakgrunn frå utanlandsk bedrift (Isaksen, Karlsen og Sæther, 2008:317). Bedrifter må kontinuerleg oppgradere seg for å oppretthalde konkurransekraft, og her framstår koplinga mellom eksplisitt og taus kunnskap som viktig for å stimulere innovasjonar. Florida (2008:9) og Porter (1998) er begge innom ”The clustering force” som tek føre seg at økonomisk vekst og regional utvikling oppstår i eit miljø som har ein tett konsentrasjon av talentfulle og produktive menneske. Desse menneska, som Florida omtalar som ”den kreative klasse”, er i kraft av sin human kapital i stand til å iverksetje og utvikle innovative idear og bedrifter. Florida behandlar omgrepet ”den kreative klasse” i gjennom fleire bøker om temaet<sup>31</sup> og her hevdar han at det finst ei gruppering av ”kreative”: menneske som er betalt for å tenke eller inngår i denne grupperinga i kraft av sin human kapital. Denne grupperinga av menneske utgjer, i følge Florida, nøkkelen til ein region sin suksess. Kjerna i denne grupperinga er kunstnarar i forskjellige former, forfattarar, skodespelarar, musikarar og liknande, men ingeniørar, bedriftsleiarar, teknologar, mediefolk, naturvitskapsmenneske, juristar, finansfolk og andre inngår også. Kritikken er at dei har ingenting til felles, anna enn at dei er hamna i den same gruppering av menneske: i den kreative klasse<sup>32</sup>.


I nokre bedrifter er utvikling og innovasjonsdrifta knytt til og integrert i den daglege drifta og den tilhøyrande samhandlinga med kundane. Dette er i høg grad tilfelle i den maritime klynga

---

<sup>31</sup> The Rise of the Creative Class frå 2002, Cities and the Creative Class frå 2004 og The Flight of the Creative Class frå 2007. Han omtaler også omgrepet I ”Who’s your city” frå 2008. I sistnemnte skildrar han korleis denne kreative økonomien har gjort at der du vel å bu, er den viktigaste avgjerla du gjer i livet ditt. Dette får nemleg føringar for kven du blir ven med, kven du arbeider med og andre moglegheiter.

<sup>32</sup> I denne studien vert det vektlagt å omtale informantane og respondentane som: ”høgkompetent utanlandsk arbeidskraft”. Dette er noko dei er, høgt utdanna og i frå utlandet. Den kreative klasse er eit meir diffust omgrep og ei klassifisering som ikkje botnar i det konkrete på same måte som ”høgkompetent utanlandsk arbeidskraft”, gjer.

på Møre, samstundes som det er eit aukande fokus på oppretting av egne FOU – avdelingar. Informantane sit i stillingar som krev høgere utdanning, og fleire av desse har erfaring frå arbeid i og med utanlandske bedrifter. Er dei høgkompetente utanlandske arbeidarane i stillingar som er av den natur at dei er knytt til innovative prosessar? Det er eit naturleg spørsmål å stille seg i høve problemstillinga : Kva er deira rolle i høve innovasjon? Innovasjon kan ta sikte på å utvikle nye produkt, nye tenester, nye produksjonsmåtar og nye organisasjonsmåtar (Isaksen, Karlsen og Sæther, 2008:313).




Figur 10. Occupation/Yrke. Respondentane fordelt på yrke. Tall i antall personar. N=53

Hovudtyngda av informantane er seg innanfor ”Office & administration” og ”System development & Engineering”. I ”Office & Administration” inngår også HR - Human Resources (1 person), Legal (3 personar), Logistics (1 person), Document (1 person) og Accounting (2 personar). Det er også mange som er tilsett i tekniske stilingar. Hovudvekta av desse inngår i det Florida omtalar som ”den kreative klasse” : menneske som er betalt for å tenke. Som nemnt i teorikapittelet så hevdar enkelte teoretikarar som til dømes Mintzberg (1994) at bedriftsorganisasjonar består av tre grunnleggande nivå: eit operativt, eit administrativt og eit institusjonelt (Mintzberg 1994). På det operative nivået føregår den

daglege produksjonen av varer, produkt eller tenester. Innovasjon kan tenkast føregå her ved at medarbeidarane kjem med idear om teknologiske nyvinningar eller nye produkt. Det administrative nivået dreier seg mellom anna om kommunikasjon og rutinar innad i bedrifta og til omverda. Det kan også tenkast at innovasjonsforslag frå dei tilsette si side kan dreie seg om nye eller andre måtar å organisere og formalisere kommunikasjonen på. Det institusjonelle nivået dreier seg vesentleg om å sjå relativt langt fram i tid for å overvake omgjevnadene til bedrifta, for å avklare nye tendensar i marknaden eller jamvel vurdere å gå inn på heilt ny marknad. Ofte tenker ein seg at dette er oppgåvene til bedrifta si toppleing - t.d. eit strategisk styre eller gjerne også ei FoU-avdeling. Enkelte medarbeidarar kan bidra direkte med innovative forslag eller løysingar ved formell plassering i slike styre eller avdelingar, eller ved at dei blir tekne med på råd når den strategiske leiinga fattar sine avgjersle. Respondentane i denne studien synes å fordele seg på desse tre nivå (Mintzberg 1994) og ein kan forvente at dei då kan inneha roller knytt til innovative prosessar.

Av respondentane synte det seg at om lag halvparten var gift/partner med ein person som også kom i frå eit anna land enn Noreg. Respondentane fordelte seg på følgjande måte:




Figur 11. Sivilstatus, fordeling blant respondentane. I prosent. N=53

Denne inndelinga i figuren over kan tyde på at det er fleire av desse som sjølv har hatt eit ønskje om å kome hit, og som ikkje har kome her grunna partnaren. 32 % er gift/partner med ein norsk person, og 28 % av desse kjem frå Møre og Romsdal.

## 5.2 Kunnskap før dei kom til Sunnmøre

Kunnskapen respondentane hadde før dei kom til Sunnmøre fordelte seg på ulike område. 57

% hadde kunnskap om Sunnmøre før dei kom til Noreg. Dei resterande svarte i spørreskjemaet at dei ikkje hadde kunnskap om Sunnmøre før dei kom. Det vert i det følgjande tatt utgangspunkt i dei som svarte at dei hadde kunnskap om Sunnmøre før dei kom.



Figur 12. Kunnskap om Sunnmøre før dei kom. Tall i prosent. N=30 (57% av respondentane).

For menneske med høgare utdanning er det viktig å få ein god og meningsfull jobb. Om vi tek utgangspunkt i dei som hadde kunnskap om Sunnmøre før dei kom hit, hadde 73 % kunnskap om arbeidsmoglegheitene som er her. Om dette er basert på konkrete søk om arbeidsmoglegheitene i Sunnmøre, eller representasjonar/forestillingar om korleis det er, er ikkje undersøkt. 27 % hadde ikkje kunnskap om arbeidsmoglegheitene, fleire oppgav at dei kom hit av andre årsaker enn arbeid: på grunn av ein norsk partner eller livsstilsendring.

Noko som seinare i empiri – kapittelet vil bli vektlagt mykje, er dei sosiale livet og sosiale relasjonar. Berre 27 % hadde kunnskap om det sosiale livet før dei kom til Sunnmøre.

Lite kunnskap om det sosiale livet som venta dei, og samstundes lite kunnskap om menneska som bur her. I intervjuva nemnte nokre at dei hadde gått på norskkurs før dei kom til Noreg og at dei der hadde fått kunnskap om ein del særegne norske tradisjonar og om det norske levesettet. 30% oppgav at dei hadde kunnskap om menneska som bur her, medan 70 % ikkje hadde det.

Om lag halvparten av dei som hadde kunnskap om Sunnmøre før dei kom, svarte at dei kjente nokon som bur her. I intervju-undersøkinga påpeikte fleire at dei hadde utanlandske venar som hadde kome hit før dei, nokre sa at dei hadde kjennskap til nokre menneske som budde her, men at dei ikkje hadde inngåande kunnskap om dei. Nokre kom også fordi dei hadde partner i Noreg, og på den måten hadde dei naturleg nok kjennskap til den personen.

Av dei som hadde kunnskap om Sunnmøre før dei kom, så hadde 57 % ikkje kunnskap om den maritime klynga på Møre. I intervjusituasjonen kom det også tydeleg fram at fleire ikkje hadde kjennskap til den maritime klynga, før dei sjølve vart ein del av ho. Nokre hadde også hatt andre jobbar før dei vart ein del av klynga. Andre igjen hadde ”sett til Sunnmøre” i løpet av studietida og lært ein del om innovasjonar som var kome ut frå den maritime klynga på Møre<sup>33</sup>. Av dei som hadde kunnskap om Sunnmøre før dei kom hadde berre 27 % kunnskap om teknologien i området<sup>34</sup>. Dette henspelar på den maritime klynga og teknologien som finst området med mange internasjonale bedrifter som er svært teknisk orienterte og nyskapande.

### 5.3 Bygd som lokalitet

”Bygd som lokalitet” dreier seg om: *”De ytre objektive, fysiske og materielle betingelsene som det sosiale livet går for seg innen”* (Berg 2004:24). Den opplevinga som informantane har av staden der dei bur, er også knytt til ”rammene” i bygda: Bygda som lokalitet. Dei fysiske rammene spelar ei stor rolle for korleis høgkompetent utanlandsk arbeidskraft opplever den maritime klynga og omgjevnadane. Staden sine fysiske kvalitetar (lokalitet) skiltar fleire bygder med i arbeidet med å tiltrekke seg turistar og/eller rekruttere nye arbeidstakarar. Sjølve arvesølvet i bygda vert trekt fram som det primære dei reklamerer med i marknadsføringa. I arvesølvet ligg dei stadspesifikke kvalitetane som dannar rammene rundt bygda; fjorden, fjella og naturen som sådan, vert ofte dradd fram. Då ein amerikansk journalist skulle skildre møtet med Noreg var det først og fremst naturen som fekk fokuset: *”We were captivated by the landscape: the intensity of the North Sea pounding against the cliffs, the soft midday light reflecting like moonlight on lakes, and the reindeer dotting on the Arctic tundra. The scene had all the making of an award – winning set”* (Bodnarchuk, 2011). Dei fysiske rammene vert ofte nytta i marknadsføring, og dermed er det

---

<sup>33</sup> Det vart spurt direkte om ”den maritime klynga” som omgrep og det kan hende at for nokre så kjente dei ikkje til omgrepet, men til at det er mange maritime bedrifter i området og dermed unngjekk å oppgje dette.

<sup>34</sup> Dette spørsmålet kan vere gjenstand for mistolking ettersom det ikkje gjekk tydeleg fram kva som vart meint med teknologien i området.



også noko som fleire av informantane hadde kjennskap til. I vår verd, med bruk av Internett og søkemotorar, er det ikkje lengre underleg at vi kjenner til naturen, gatene, fysiske lokalitetar før vi kjem til staden. Google Earth er berre nokre tastetrykk unna.



Figur 13. Kunnskap om naturen på Sunnmøre før dei kom. I prosent. N=30

I den kvantitative studien kom det fram at av dei som hadde kunnskap om Sunnmøre før dei kom, hadde 80 % av desse kunnskap om naturen. Om ein ser desse 80 % i forhold til heile utvalet viser det at det 44 % hadde ingen kunnskap om Sunnmøre før dei kom hit, 45 % av utvalet hadde kunnskap om naturen på Sunnmøre før dei kom, medan 11 % hadde kunnskap om Sunnmøre før dei kom, men ikkje om naturen. Det at så mange hadde kunnskap om naturen før dei kom, kan tyde på at dei har gjort litt undersøking før dei reiste frå heimlanda sine, noko som ikkje er uvanleg, men som kanskje kan indikere at nokre av desse er såkalla "livsstilsflyktningar". Felles for livsstilsflyktningane er at dei ønsker å leve billigare, bruke mindre tid på å arbeide og ha meir ubunden tid. Samstundes ønskjer dei å ha natur og rom rundt seg. Thomas Hylland Eriksen har kategorisert livsstilsflyktningar som tyskarar, nederlendarar og danskar som busett seg innerst i dei indre bygder på Vestlandet (Aftenposten, 20.01.2005). Omgrepet "livsstilsflyktningar" blir i denne studien brukt som eit omgrep knytt til dei som flyttar hit grunna at dei ønsker å ha natur, større plass, billigare levestandard og den livsstilen det å bu på bygda medfører.

Tobias (39) busett i Ulstein kommune sa dette om dei fysiske og ytre objektive føresetnadar:

*”Det er kjekt. Når eg sykklar heim av og til så tenker eg: Wow! Vi bur her. Av og til tenker eg: Er det vi som bor her? Av og til glømmar du det, utsikt over havet, og sjølv nordmenn er av og til imponert over den plassen vi bur (...), og vi har fortsatt sånn wow oppleving.”*

Ein skjønar om dette sitatet at dei fysiske, ytre objektive og materielle føresetnadane som det sosiale livet skjer innan, ikkje er noko som berre ”ligg der” eller er som ei taus ramme rundt den sosiale aktiviteten. Dette sitatet peikar også på stoltheit over å bu der dei bur og over dei fysiske rammene.

I høve informantane sitt første møtet med staden, nemnte dei fleste av dei spurte at dei vart overvelda av den vakre naturen. Dei utanlandske høgkompetente ser verdien av å bu på ein stad som har fleire bykvalitetar, samstundes som dei nyttar seg av moglegheitene for å dra ut i naturen. Dei fleste informantane er van med store byar, og i den samanheng blir Ålesund liten. Naturen og lokaliteten vert av informantane også nytta i deira marknadsføring av regionen for å lokke til seg vener og familie.

Carolina (36) sa følgande om dei fysiske aspekta i Sunnmørs – regionen:

*”Når vi prøver å få familien vår eller venner på besøk, så sier vi alltid at det er fantastisk hav og fantastisk natur, og en av de største fjordene her rundt om kring, og om fiskemulighetene. For det er veldig mange opptatt av, det at her er det ren natur. Frisk luft. Rolig og stille. Spesielt.”*

Sunnmøre har noko som for ho er spesielt og som kanskje ikkje andre stadar har. Det er ei svært positiv oppleving og forståing av staden ho skisserer, med fantastisk natur og fantastisk hav. Det at ho seier ”rolig og stille” i ei setning er ein slags dobbel stadfesting på det same.

### **Flytte fjell for å krysse fjorden?**

Fleire vektla dei fysiske kvalitetane til Sunnmøre som viktige, og særleg er bruk av fjorden essensiell. Mange nemnte gleda over å segle, fiske og at havet hadde gitt dei fleire gode rekreasjonsopplevingar. Det står litt i motsetningsforhold til synet på fjordane før i tida, nemleg som ein moglegheit, fleire nemte at fjorden/ane også kan fungere som ein barriere for sosial kontakt. Dette vart særleg framheva av informantane som bur i Ulstein, Herøy og Hareid.

Jonathan (27) synest at det er ein veldig tungrodd infrastruktur i regionen. Han har prøvd å bu på ulike stadar i regionen, men enda opp med eit ønske om å bu i Ulstein kommune, og dermed blir det ikkje så ofte at han reiser til Ålesund. Han seier:

*”Men det er så travelt å reise til Ålesund synes eg(...)Kanskje lettare med bru mellom Ålesund og Ulsteinvik? Sikkert enklare å halde kontakt med andre kollega. Men som det er, så er det litt travelt og ofte ein grunn til at eg ikkje køyrer til Ålesund.”*

Informantane peika på at det var vanskeleg å vere sosial med andre kollega og venar fordi dei må nytte seg av ferje, noko som krev planlegging. Ein kan heller ikkje ta seg ein drink eller to på byen og sette seg på hurtigbåten heim, og dermed vart det til at ein heller lot det bli med tanken om å reise til Ålesund. Mange synest også at ferjetidene krov mykje planlegging. Rachel (35) vektla gleda over å ha eigen båt som ho og familien nytta for å reise til Ålesund, då særleg om sommaren. Då sparte dei seg den kostnaden ferga og bensin representerte, samstundes som dei hadde glede av å vere kaptein på eiga skute.

I høve handtering av kvardagen var det fleire faktorar som verkar tiltrekkande og tilfredsstillande for informantane. Særleg gjaldt dette transport og infrastruktur. Informantane opplevde det som positivt at dei kunne sykle til jobb, dei slapp bilkø som dei var van med heimanfrå og dei sparte mykje tid i høve til det dei var van med frå heimlandet. Nærleik til barnehage, skule og arbeid var også viktige faktorar i høve trivsel. Det var samstundes nokre som budde i Ålesund og arbeider i Ulsteinvik som då synes at pendlinga tok litt tid, men at arbeidet var verd det. Flyplassen på Vigra vart særleg nemnt som viktig fordi dei fleste set pris på å reise. Samstundes peika dei på at det var tungrodd å kome seg ut av fylket, og dei ønskte fleire internasjonale flyavgangar frå Vigra.

### **Roleg**

Av dei eg intervjuar og som ikkje budde i Ålesund så såg dei på Ålesund som ein vakker by, men at dei sakna at byen kunne vere meir innbydande med fleire utekafear og liv i gatene. At Sunnmøre er ein veldig roleg plass vart fellesbetegnande for hovudvekta av informantane, noko som i all hovudsak vart trekt fram som positivt, og nokre av informantane hadde også valt å busetje seg i regionen nettopp på grunn av denne roa. Nokre informantar oppsummerte push og pull faktorar som hamna i same boksen: hovudgrunnen til at dei forlot heimlandet vart den same som hovudgrunnen for at dei kom til Sunnmøre. På spørsmålet om kva som var den viktigaste grunnen til ho forlot heimlandet til fordel for Sunnmøre, svarte Rachel (35):

*”Hmm..det viktigste var vel...tror det var for å finne litt mer ro fordi vi bodde jo i by og så var vi her ute ved havet på ferie,(...), og så kom vi hjem (til hjemlandet) og det var deilig vær og vi satt i hagen og da hører jeg lyden av biler som gikk fram og tilbake hele tida, det er*

*sånn i hjemlandet mitt, men det var første gang jeg hørte det. Det tok meg to - tre uker for å bli vant med den lyden igjen, så det vi er her for; er å få ro og ha god plass.”*

Rachel (35) fortel noko om dei fysiske elementa som for informantane kjenneteiknar den Sunnmørske naturen. Rachel la vekt på at ho kom hit som ein typisk ”livsstilsflyktning”: ho søkte ro, plass, fred og ein eigen heim med stor plass. Det var ikkje arbeidet som var incitamentet for å søke Sunnmøre, men det var dei fysiske elementa. Ho fortel at ho ikkje kan tenke seg nokon stad ho heller vil bu enn på Sunnmøre.

Fleire av informantane knyt fysiske strukturar opp med relasjonelle aspekt. Staden vert av Tom (38) opplevd som følgande:

*”I would say that it’s a nice place, it’s a small place, you go there, and it’s like a retirement place. Yeah. If you just like to walk and something like that, then, yeah, you can live there and you will be OK.”*

Nesten som ein pensjonistplass, ei kjensle av at staden gir deg ro, og at det er stille. Tom peikte på at det er ein vakker stad dersom du ønsker å gå turar i skog og mark, men for han vart det veldig stille i høve til kva han er van med. Dette er felles for hovudtyngda av informantane. Fleire sa at dei stussar over nordmenn sitt syn på staden og fortel om møter med nordmenn som forlot desse små, rolege bygdene fordi dei *måtte* på fjellet for å finne ro i sjela. Her er jo så stille elles, påpeikte Tom.

Nøkkelord her er ”ro” og ”natur”. Fleire vektla at det å kome seg ut i naturen kunne framstå som at ”ein knekker mykje av koden” dersom ein forstår viktigheita av natur og tur for nordmenn. Det at dei opplever ei ”ro” kan kanskje også knytast til eit fråvær av stress. Fleire av informantane påpeikte kor herleg det var å sleppe å sitte i bilkø og stresse til arbeid kvar dag. Fleire nytta til dømes facebook aktivt i si ”marknadsføring” av seg sjølv: legge ut bilete frå ein skitur eller ein fjelltur. Dette gav rom for samtale rundt lunsjbordet dagen etterpå og at det kunne gje dei norske kollegane assosiasjonar til at: kanskje er ho litt norsk? Kanskje er han ikkje ”så farleg” likevel? Ei slags ”avkategorisering” av personen, frå utanlandsk til norsk<sup>35</sup>.

---

<sup>35</sup> Personlege relasjonar startar gjerne med at vi først framstår som ein kategori for kvarandre, for så å bli meir ein ”person” etter kvart som relasjonane utdjupast (Pedersen, 2008:191). Meir om dette i avsluttande drøfting og konklusjon.

Bygda som lokalitet ber også preg av at dei fysiske rammene og føresetnadane fungerer i samspel med dei sosiale relasjonane, arbeid og dei fysiske kvalitetane. På spørsmål om kva Carolina (36) ville vektlegge om bygda sine fysiske rammer, svara ho:

*”Deilig. Rolig. Det er sannsynlegvis sjølv om vi har eit veldig hektisk arbeid, og vi gjer ting berre akkurat like hektisk som vi sjølv vil ikkje sant, alle vel sjølv, men plassen; Sunnmøre, Ålesundsregionen, rolig, det er det beste ordet.”*

Her kan det vere tendensar til at det er skilnader mellom dei som har familie og dei som er single. Single Pedro (29) sa følgjande om Ålesund:

*”Fantastisk by, men litt kjedeleg plass å bu. Men alt i forhold til noko da, fordi det er jo berre 40.000 her da, er jo meir liv i storby. Alt er relativt. Kunne kanskje ønske litt meir folk ute. Etter jobben halv 5, så er det absolutt dødt da. Det er litt liv fredag og lørdagskvelden.”*


Dette sitatet peikar på at Ålesund vert opplevd som ein kjedeleg stad å bu, med lite liv og røre i gatene for ein som er på utkikk etter ein møteplass eller ein stad der det skjer noko.

At Sunnmøre kan opplevast som kjedeleg med lite liv i gatebildet vart presisert gjennom hovudtynga av intervjuet, anten det var informantar busett i Ulstein, Herøy, Hareid eller Ålesund. Dei sakna ein stad der dei kunne treffe likesinna, ein arena for samhandling. Kva ligg i ”likesinna?” I følge Sara (38) er det ikkje nødvendigvis inndelt i kvar dei kjem i frå, eller kva dei arbeider med, men om dei er ”interessante menneske”. Florida (2008) peikar på at den viktigaste avgjerla ein tek i livet er val av stad å bu. Dette heng saman med moglegheitene og avgrensingane ein stad gir deg. Der du vel å bu legg også føringar for kven du kan sosialisere med (ikkje på nettsamfunn), men i det ”verkelege liv”. Det er ikkje ”berre” ein arena som trengst, i følge informantane, men også ein velfungerande infrastruktur. Arne Isaksen slår fast at det i Norden ikkje er nokon klar samanheng mellom eit rikt kultur- og uteliv og mange kreative personar. Unnataket frå regelen er dei største nordiske byane og hovudstadane. Braannen skriv at: *”Mulighetene for å finne eller skape seg en spennende arbeidsplass er viktigere for den nordiske kreative klassen enn en kaffelatte – bar på hjørnet”* (Klassekampen, 2010). Dette kan henspgle til den nordiske kreative klassen, men for den utanlandske kreative klasse som kjem hit, så saknar dei ein felles plattform for utveksling av idear og for møte andre likesinna, anten det er på arbeidsplassen eller på ein kaffelatte-bar på hjørnet. Då Sara (38) vart spurt om ho hadde ofra ved å kome til Sunnmøre lydde svaret: *”Ja, det har eg. Sivilisasjon”*. I dette la ho at ho sakna det meir urbane, trendy livet ho hadde

før, med fleire møtestadar. I følge Florida så samlar desse høgt utdanna - sjelene seg: *”not simply because they like to be around each other, or because they all happen to prefer cosmopolitan centers with lots of amenities, though both of those things tend to be true. Creative people and companies cluster because of the powerful productivity advantages, economies of scale, and knowledge spillovers such density brings”* (Florida, 2008:30). Her peikar Florida på kvifor høgt utdanna menneske emigrerar og samlast på eit meir overordna nivå. Under intervjuet kom det fram at det var eit slikt ønske på eit meir underordna nivå, å kunne samlast med likesinna for å utveksle kunnskap (som kan føre til knowledge spillovers?) og idear.

### Klima

Av dei som hadde kunnskap om Sunnmøre frå før kom det fram at 67 % hadde kunnskap om klimaet og 33 % hadde det ikkje.



Figur 14. Kunnskap om klimaet før dei kom. I prosent. N=30

*”Så er det altså vi reiser ein del, vi elsker å reise, min mann og eg og med borna, og det er alltid så godt å komme heim til Sunnmøre. Frisk luft på Vigra. Sjølv om det er veldig mange sånne fuktighetsdropa, men det er egentlig veldig deilig når du kjem frå ein stad i Afrika og sånt, så er det egentlig heilt fantastisk, du kjenner at du lever.”*

Frisk luft og fuktighetsdropa skisserer Carolina (36) overfor. Ho sa også at det er alltid så godt å kome heim. Den friske lufta på Vigra gjer at du kjenner at du lever, avsluttar Carolina. Nokre av informantane vektla at dei synest at det var for surt og kaldt her og at Oslo- regionen

virka meir forlokkande på grunn av sitt noko tørrare klima. Rebekka (43) fortalte om sitt første besøk til Sunnmøre og kor nydeleg fint ver det var. Ho var her i nokre veker, og det var solskin nesten kvar dag. Ho seier følgande:

*“Yes, I came for a visit when we were dating and it was in May and it was sunny like it is today, beautiful, for three weeks, and I thought “Ok, I can live with this” and then it was really, really nice, beautiful scenery, perfect so it was kind of like a “trick trip” because it tricked me, because when I came here after it was not like that.”*

Fleire vektlegg viktigheita av å vere allsidige i sin omgang med dei fire årstidene og klimaet. I dette inngår det at dei vektlegg viktigheita av å finne aktivitetar som dei kan nytte etter kvart som klimaet endrar seg, eller vi går inn i ei ny årstid. Rebekka (43) utdjuper dette:

*“ I mean we do a lot of activities out in the water in the summer, and fishing, and skiing in the winter and I mean without those activities, I don’t know what you could relay do, just go shopping or something, so we are quite active as a family and I think it makes it nicer, I think that people that are probably just sitting at home in their apartments or in the house, waiting for something to happen, they need to go out a little bit more and do something and find out what they could do here.”*

Ho vektlegg at det er mykje ein kan gjere innanfor dei fysiske rammene på Sunnmøre, men at ein kan ikkje sitje heime og vente på at det skal komme til deg. Du må sjølv vere aktiv og vise engasjement og finne ein aktivitet som passar for deg! Som det framgår av sitatet overfor så veit ho ikkje kva ein kunne ha gjort her dersom det ikkje er for at ein brukar dei fysiske områda som er her. Fleire informantar stør hennar tankegang: vert du invitert med på noko? Sei ja! Det er oppfordringa i frå informantane.

Klima er ein faktor som ein ikkje kan gjere så mykje med, men det treng ein nødvendigvis ikkje heller. Dei fleste av informantane peika på gleda over å kunne nytte naturen på ulike måtar, dei fire årstidene og det fuktige veret.

#### **5.4 Oppsummering bygda som lokalitet**

”Bygda som lokalitet” tek føre seg dei ytre, objektive, fysiske og materielle føresetnadene som det sosiale livet går føre seg innan (Berg, 2004:24). Informantane skildrar Sunnmøre som den idylliske bygda. Frisk luft, rolig, som ein stad å pensjonere seg var det ein som sa. Desse fysiske rammene har ført til at fleire har blitt meir aktive enn dei var før, eller at dei som var aktive ønskte å kome hit grunna naturen.

Fleire vektlegg at fjorden er ein viktig del for dei som dei nyttar til fiske, segling eller båt turar. Nokre av informantane fell også inn under den kategorien som eg har nemnt overfor, ”livsstilsflyktningar”, for desse framstår bruk av naturen som særleg viktig.

Informantane hevdar at det er mykje som kan bli gjort vidare for å kunne gjere det enda lettare å ferdist mellom stadane, og då vert eit samband mellom Hareid og Ålesund særleg vektlagt som viktig for å kunne vere sosial med dei på ”hi sida”. Nesten alle påpeika at det å flytte til Sunnmøre har gjort dei meir aktive, og at dei synest at det å nytte naturen aktivt er vesentleg for å kunne trivast her. I forhold til uteliv så kunne informantane opplevast veldig nøkterne i sin omtale av dette, til dømes når fleire sa at ”vi kan ikkje forvente at man skal ha så og så mange ulike kafear her på denne lille plassen”, men det var gjennomgåande eit sakn ikkje å ha gode restaurantar og anna. Mange reiser ut av Sunnmøre for å oppsøke nokre av desse kvalitetane som dei opplever at dei ikkje finn på staden der dei bur. Meir om dette i bygda som symbol.

Oppsummerar ein ”bygda som lokalitet”: dei fysiske rammene, er det mykje som tyder på at Sunnmøre har fleire element som opplevast som svært attraktive for høgkompetent utanlandsk arbeidskraft: flott natur og kunnskap om denne før dei kom, rein og frisk luft som for mange ikkje berre var ein pull, men også ein push – faktor, men at ein har ein veg å gå for å kunne skape spanande arenaar for samhandling mellom likesinna over ein betre middag og med ein velfungerande kollektivtrafikk (eventuelt infrastruktur) som tek ein dit! Lett tilgang til fjorden/havet og fjella var noko av den viktigaste kvaliteten for mange av informantane. Dette stemmer overeins med tidlegare studie av til dømes Schmied (2005), Båtevik (2002) og Florida (2008). Det er igjen viktig å presisere det å vere nøktern og at informantane si framstilling av staden var knytt til erfaringa over at menneske må nytte seg av tilboda ein har, for å kunne kreere nye. Det største saknet var knytt til sitatet som innleia avsnittet om stad i teorikapitlet: *”Among the great struggles of man – good/evil, reason/unreason, etc. – there is also this mighty conflict between the fantasy of Home and the fantasy of Away, the dream of roots and the mirage of the journey”* (Rushdie, 2000: 55). Sitatet omhandlar fantasien av heime og fantasien av borte. Draumen om røtene og fantasien om det fjerne og synet på reisa mellom dei to. Det er ein diskrepans mellom det livet dei var van med å føre, og då særleg kom dette til syne med mangelen på det å kunne møte likesinna.

## 5.5 Bygda som symbol

### - grunnlag for identitet og det å kjenne seg heime



*"I Norge har det vært en sentral verdi at folk som bor i nærheten av hverandre skal ha noe meir til felles enn bare stedets fysiske substans. Denne ideen er blitt uttrykt på mange måter, og da ikke minst i den såkalte heimstaddikningen"* (Gullestad, 2002:229). Sitatet henspelar på den tanken og den kjensla av "å høyre til ein stad", å vere inkludert, tatt med "på laget". Er informantane sin identitet og levesett, livstilsval og karrieredraumar i harmoni (in place) eller i disharmoni (out of place) med dei rammer og normer som dei meiner er "hefta ved" staden? (Fosso, 2011). Menneska har, som Gullestad peikar på i sitatet overfor, meir til felles enn berre stadens fysiske substans ("Bygda som lokalitet"), og ho seier at dette også kan vere med på å skilje by og bygd fordi: *"når et lokalmiljø kalles "hjemsted" får det litt av hjemmets moralske aura og boligens tydlige fysisk – symbolske avgrensing overfor omverdenen"* (Gullestad, 2002:230). "Hjemsted" treng ikkje nødvendigvis innebære at du har vakse opp der heile livet, fleire av informantane peikar på at dei "kjenner seg heime på Sunnmøre".

Det er altså snakk om noko anna enn dei territorielle kvalitetane til Florida, det er dei mjuke verdiane og kor vidt ein kjenner seg heime på staden eller ikkje som er viktig i "Bygda som symbol". *"Norske bygder har endra seg frå å vere samhandlande fellesskap i forvaltning av lokale verdiar til å vere ein lokalitet for individuell forvaltning av globale impulsar"* (Fosso, 2004: 30). Det er då kanskje ikkje gitt at ein i den globaliserte verda har samfunn som utviklar ein felles samlande identitet og som fører til at menneske føler seg "heime" på staden.

## **5.6 Sunnmøre – kristendomens rike**

Ein fellesnemnar for informantane er møtet med det kristne Sunnmøre. Innanfor diskusjonen om bygda som symbol og det å kjenne seg heime står religion sterkt som symbolberar og identitetsskapar. Dersom ein høyrer heime innanfor ein religion, kan det å ta del i eit miljø, få ein forsterkande innverknad på den religiøse overtydinga, og ein kan få ein kjensle av å høyre til i denne fellesskapen. Dersom ein ikkje deltek i den religiøse fellesskapen på ein stad, så treng dette ikkje opplevast segregerande, men det kan også stride mot eins egne verdiar. Det å flytte til ein stad vert ofte sett på som ein del av eit identitetsprosjekt, for korleis vi opplever ein stad og kva slags meining vi tillegg ein stad, blir avgjort av kven vi er, kor vi kjem i frå og kven vi møter (Bettum, 2007:5). Det at dei kjem frå andre stadar, med ofte andre religiøse ståstadar kan vere interessant på fleire måtar, då særleg i kraft av Richard Florida sine teoriar omkring Toleranse. Kva betyr det at dei ser på Sunnmøre som i overkant kristent og konformativt?

Dei av informantane som har ei sterk religiøs overtyding kjem inn i eit miljø relativt raskt og opplever dette som veldig positivt. Grunna globalisering og tilflytting av menneske med ulike religiøse overtydingar kan det tyde på at dette gjeld for ulike typar religionar. Dette kan likevel virke segregerende for dei som tilhøyrer andre trussamfunn enn det som tradisjonelt sett har vore her til lands, og det kan lett danne seg ”transnasjonale klikkar”. Eit døme er den katolske meinigheita som er særleg mykje brukt av polske innflyttarar. Polske messer vart starta opp på initiativ av Personalomsorg AS<sup>36</sup> som ein møteplass og samlingspunkt (Grønli, 2011). Marcus (38) opplever desse katolske messene som eit veldig positivt tiltak og han har fått mange gode venar gjennom denne ordninga. Dette har ført til at han har mykje kontakt med sine landsmenn utanom kyrkja. Denne arenaen framstår som støttande for denne gruppa og fleire av dei som tek del på desse, vier mykje av si tid for å hjelpe og støtte nye landsmenn eller menneske som vurderer å kome til Sunnmøre (i form av rettleiing og praktisk informasjon).

Pedro (29) vier også mykje av fritida si på aktivitetar knytt til det religiøse. Han tilhøyrer pinsekyrkja. Dette opplevde han som positivt for det å bli integrert og kjend med nye menneske då han først kom, og som eit svært positivt innslag i livet han fører her på Sunnmøre. Han fortel:

*”Det jeg ikke nevnte, var at jeg henger litt i kirka, det hjelper veldig masse for å få nye venner, og bli kjent med noen. Det er også et poeng, å finne en gruppe eller et miljø som du deler en felles interesse eller prinsipper med da. Det var i allfall viktig for meg.”*

Dette heng også tett saman med dei faktorane som eg skisserte i teorien, det å kjenne seg heime ein stad heng tett saman med identitet. Som sagt, menneske og stadar konstituerar kvarandre og identitet skjer ikkje berre i samhandling med andre, men også i relasjon til andre (Fosso, 2004:12). Skilnaden mellom samhandling og relasjon vert det her vektlagt at det skjer i samhandling (normregulert) og i relasjon til (forhalde seg til andre). Andersen skildrar at ein ikkje kan tale om ein felles identitet, men at det er individet si indre referanseramme og preferanse som ligg til grunn for opplevd identitet (Andersen, 2006). Marcus (38) peikar på at det å vere med i eit konkret fellesskap; kyrkja, har hjelpe han mykje i høve sitt sosiale nettverk. Han peikar også på at det er eit poeng å finne ei gruppe eller eit miljø som ein kan dele ei felles interesse med.

---

<sup>36</sup> Personalomsorg AS var i denne perioden leigd inn av Kleven Verft AS, Ulstein Verft AS og Myklebust Verft AS. ”Tryggleik og Trivsel, einskap i Mangfald” heitte prosjektet. Informasjon og Rapport tilsendt frå Grønli, T. (2011).

Marcus (38) er som nemnt mykje med sine landsmenn og føler seg veldig lite integrert på Sunnmøre, trass at han har budd fleire år i området. Sjølv meiner han at det er fordi han har mest kontakt med sine landsmenn. Då eg spurte han om ”Toleranse” (jamfør Florida) og om openheit i høve menneske med andre religiøse bakgrunnar eller til dømes homofile, så meinte han at han ikkje kunne svare på det. Han svarte følgande:


*“Difficult. And difficult to say something about this. I think you know, it has to be Norwegian people decision, if they want do something like this or not. Now it is possible to find example on the world on how it looks and how to answer, you just have to find answer: Is it correct for you or not correct for you? I would not like to live in Holland. Because for me, it looks not so nice. And I am not familiar with this. Ok if people would like it, I think this is Norwegian people decision, not people from outside. So and, if Norwegian people say Ok, this is Ok for us, what I can say? I can't say nothing? I shouldn't say nothing?”*

Den indre samanhengen mellom eigen identitet og stadskjensle er ikkje korresponderande. Han kan ikkje meine noko om eit samfunn som han ikkje kjenner seg som ein del av, det er nordmenn si oppgåve det. Dei same utsegna kjem han med når vi kjem inn på skulesystem, utfordringar innan skulesystemet og anna. Her hevdar han at han ikkje kan uttale seg fordi han ikkje er norsk. Samstundes kan dette framstå som eit paradoks når han seier at han ikkje kunne tenke seg å bu i Holland, fordi det opplevast som feil for han. Dermed er det kanskje slik at han har tatt eit val ved å kome til Noreg og Sunnmøre fordi det er enkelte verdiar som ”passer” eventuelt tiltalar han her.

### **5.7 Sunnmøre – kristendomens rike i ein historisk kontekst**

Det å oppfatte Sunnmøringen som eit religiøst ”folkeslag” er ikkje noko nyhende i den forstand. Går ein til historiebøkene eller i eldre bygdebøker ber litteraturen preg av det. Eit døme er Christopher Bruun som skildra si Sunnmørsferd i tidsskriftet ”Framgang” mot slutten av 1800 – talet. Han skreiv følgande: *”Et religiøst folkefærd er Søndmøringen. Jeg har aldrig været noget Sted hvor Religionen – slig som den nu engang blir oppfattet – er en saadan Stormagt som her”* ( Løseth, 2004:31). Løseth skisserer eit delt Nord – Vestland, der ein fann Nordmøre til dømes der det var eit klart skilje mellom dei truande og resten av verda, medan på Sunnmøre var det ikkje eit slikt skilje. *”Kløfta var mindre på Sunnmøre. Den verdiformidlinga som foregikk på bedehuset der, vedkom ikke bare de mest trofaste benkesliterne. Gjennom verdiene og normene sine kom de til å prege også dem som ikke regnet seg for personlig kristne. Det hadde en sterk normerende innvirkning på*

*bygdesamfunnet*” (Ibid.). Dette er lenge sidan, og i kva grad det fortsatt er like stor innverknad på bygdesamfunnet, er uklart. Informantane opplever at om religionen ikkje har ei normerande innverknad på bygdesamfunnet, så kan den ha stor innverknad i høve integrasjon i lokalsamfunnet.



Figur 15. Oppleving av staden som open for menneske frå andre land. I prosent. N=53

Jamfør Florida sine 4 T`ar (Toleranse, Talent, Territorielle kvalitetar og Teknologi) og då særleg Toleranse så vart det stilt spørsmål om kor open respondentane opplevde at folk som bur der er. Eit klart fleirtal (70%) opplevde staden der dei bur (menneska) som opne for menneske frå andre land.

Korleis menneske blir vurdert er ein faktor som kan spele inn på om kor vidt ein kjenner tilhøyre til staden og menneska som bur der. ”Ein plass med masse leikety” var ein gjenganger når det vart snakka om Sunnmøre og då særleg Ulstein. Essensen er at materielle verdiar er sentrale. Familie, slekt og etternamn kombinert med ein del andre faktorar, der den mest framtrudande er samlebetegnelse røtene dine, blei trekte fram som viktige moment i korleis menneske blir vurdert. Nokre av informantane peika på at i deira heimland eller der dei reiste for å studere vart menneske vurdert ut i frå seg sjølv, ei meir individualistisk syn på det. Det som definerer deg er debatten, eller korleis du argumenterar og framstår. Det er i kraft av din eigen human kapital at du blir vurdert i heimlandet, meinte fleire, medan at dei opplevde Sunnmøringen som svært opptatt av kvar du kom i frå og kven du var i slekt med.

Ein faktor som spelar inn her kan vere storleiken på staden du bur målt i folketal. Det var uansett framtrudande på Sunnmøre, trass by/bygd – dimensjonen<sup>37</sup> at tilhøyre, røter og kvar ein kan plassere deg viktig. Dette kan kanskje sjåast i samanheng med det Arthur Almestad, rådgjevar i Norges forskingsråd uttalte: ” Det at det er ein by er det ikkje på grunn av urbaniteten, det er snakk om mentalitet” (Almestad, 2011).

Jonathan (27) hevdar at det er typisk sunnmørsk å ville gjere det litt betre og å ha huset litt større enn naboen.

*”Som eg sa tidlegare, Ulsteinvik er ein plass der folk har masse leikety. Det seier ein del, spesielt i det området der nye hus er bygd, hus nummer ein er stort, hus nummer to er større, og så er det eit ved sidan av som er enda større og kanskje har ei tennisbane...Hytter her og hytter der. Men du blir ikkje vurdert av det, men det er typisk sunnmørsk å sjå kva andre har, ikkje misunneleg, men skal ha det betre. Det er heilt omvendt enn sjalusi. Du har det, eg vil ha det også. Men du blir ikkje vurdert om du har bil/ eg har ikkje bil, om du leiger/eiger. Eg har berre positive erfaringar.”*

Lucas (34) synes også at det er skilnadar mellom stadane på Sunnmøre.

*”Ideen av Ulsteinvik i Noreg, ein spesiell by. Du ser allereie store forskjeller mellom Hareid, Fosnavåg og Ulsteinvik for eksempel. Hyggelig by, men litt ”snobbish” kanskje. Har et lite sentrum og er hyggelig. Endel er snobbete, masse penger her”.*

Rebekka (43) har vore i Noreg i over ti år og ho opplever at det har skjedd eit skifte i korleis ein blir vurdert. *”When I first came here, I noticed old women working in hotels and restaurants and stuff, and I thought that was a little strange. I was explained that it’s a small town, it’s a good job and they are paid well, so why not? Whats wrong with that kind of work? I think it has fallen back to the way I was used to from my homecountry. I think that it is becoming that immigrants are working in lower class jobs and Norwegians are kind of moving up (...) Cause certainly if you go to a hotel in Oslo, it’s not a Norwegian lady working in a cleaning room”.* I sitt første møte med Sunnmøre og Noreg vart ho overraska over at nordmenn jobba til dei vart så gamle, og at ho frå heimlandet var van med at utanlandske immigrantar tok desse jobbane “på golvet”.

---

<sup>37</sup> Det som ligg i ”By - bygd” - dimensjonen over er om ein delar utvalet i to: dei som bur i Ålesund og dei som bur andre stadar.

Tobias (39) er også inne på dette med pengar når han snakkar om korleis menneske blir vurdert. Han uttalar seg her om Ulsteinvik:

*”Litt spesiell folk. Masse nye penger. Du har gamle penger og du har nye penger. Med gamle penger er det gamle aristokrati. Her er nye penger, store biler og det er forskjellig fra andre steder i Norge. Men det er en god plass å bo.”*

Som sagt, menneske og stader konstituerar kvarandre, og informantane i denne studien peikar på at det i aller høgste grad er ein felles identitet eller ei rekke av nettverksrelasjonar som utgjer kva som er den lokale kulturidentiteten. Då Pedro (29) vart spurt om han såg/kjente til ein lokal kultur på staden, svarte han følgjande:

*”Kanskje ein del, men ingen gode eksempel. Merker godt at nordmenn er stolt av landet, omgjevnadar, norsk kultur, det synes eg er veldig positivt.”*

Sara (38) hevdar at menneska på staden der dei bur måler seg i stor grad i høve menneske frå andre stadar i Møre og Romsdal. *”Atleast people feel it. I don't know if it's really that different here, from for example Volda, for me it's not very different, but at least I can hear they say that they are different from Ørsta or Kristiansund: they say that that's a very happy environment”.*

Nokre av informantane peika på at dei ikkje kunne vere seg sjølv 100 % på staden der dei bur. Andre igjen meinte at dei lett kunne vere seg sjølve. Nokre svarte at dette ikkje var relevant for dei ettersom dei ikkje deltok i det offentlege rom eller i samhandling med andre nordmenn, så følgde dei spelereglane som dei var kjende med frå heimlandet i samhandling med sine landsmenn. Det å kunne vere seg sjølve 100 % på staden heng saman med det å kjenne seg heime og ”i harmoni” med staden. I og med at identitet er noko som skjer i samhandling med andre (Halfacree og det levde liv på bygda, Halfacree, 2006) så er moment som om dei opplever at dei kan vere seg sjølv på staden, sentralt. Dette kan også peike på nokre av Florida sine moment som ”Toleranse” (Florida, 2008). Med Toleranse så meiner han i kor stor grad ein som nykomar (eller tilbakeflyttar) føler seg verdsett (Hauge, Alnes og Skålholt, 2010:7).

Nokre peika på at dei ikkje kunne vere seg sjølve og Jorge (35) synleggjorde dette ved å fortelje om møtet med ein interesseorganisasjon som han ønskte å bli ein del av. Han fann ut kvar dei heldt til og opningstider og reiste dit og introduserte seg sjølv. Forventningane han hadde til miljøet var basert på tidlegare erfaringar med eit liknande miljø i heimlandet og i eit

anna nordisk land han hadde hospitert i. Han skulle bli skuffa. Han vart på ein måte inkludert ved at dei laot han bruke lokala, og heller ikkje vart han ekskludert fordi ingen sa noko nedsetjande til han. Dei var rett og slett likegyldige, noko som resulterte i at han til sist slutta å gå til denne ”klubben”, og den frivillige organisasjonen mista ein interessert person med mykje fritid han kunne ha nytte på organisasjonen. Han vart ikkje innvigd i spelereglane eller korleis det var ”forventa” at ein skal oppføre seg innanfor klubben. Dette viste seg å vere ein gjenganger i fleire tilfelle. Innanfor fritidsaktivitetar opplevde mange at dei var fleire ”uskrivne reglar” og at desse ikkje blei kommuniserte. Meir om dette i delen om syn på fritid seinare i kapittelet.

Andre igjen fortel om hjartelege og opne møter med Sunnmøringane<sup>38</sup>, og særleg gjeld dette dei som er gift med/eller har ein norsk partner. Her var dei så heldige allereie å ha eit nettverk då dei kom, og kunne i byrjinga dra vekslar på hans/hennar nettverk. Dette gjaldt særleg i dei tilfella der vedkomandes norske partnar var frå Sunnmøre-regionen. Det er ikkje likt for alle, og ein stiller svært ulikt når ein kjem til Sunnmøre i høve kva arena ein kan ta del i, eller informasjon om kva som finst å ta del i. Særleg dei som var single, eller hadde partnaren sin i heimlandet/utlandet, opplevde det som litt vanskeleg å kome inn i det familieorienterte Sunnmøre. Det kunne nesten tyde på at det var snakk om ”lukka sirklar”. Etter arbeidstid, som er mykje tidlegare enn dei er vande med, så for alle kvar til sitt, til henting av barn og bursdagsfester og liknande. Informantane har ganske så ulike erfaringar knytt til det å få innpass og etablere nye nettverk og relasjonar på ein stad. Det kan vere moment som tyder på at dei som kjem med partnar frå Sunnmøre opplever det som lettare å kome i gang i og med at dei då har ein fot på innsida. Det å finne sin plass og skape seg nettverk er ein tidkrevjande prosess. Informantane er svært klare over at nettverksbygging tek tid, og difor hevdar fleire at dei først opplever å bli ”bufaste” når dei har fått seg venar og danna seg eit nettverk.

## **5.8 Oppsummering bygda som symbol - identitetskapar**

Florida legg vekt på tre verdiar som framstår som særdeles viktige ved ein stad for at vi skal kunne klassifisere oss sjølve som lukkelege menneske. Kreativ og opplevingsbasert stimuli, det at vi opplever at vi kan vere oss sjølve fullt og heilt og at vi kjenner at vår identitet er knytt til staden (Florida, 2008:157).


---

<sup>38</sup> Det står her ”Sunnmøringane”, og desse framstår som ein kompakt majoritet for desse informantane. Det er openbart at på Sunnmøre bur det også menneske frå andre delar av landet og utgjer ein del av staden dei også.

For å oppsummere ”Bygda som symbol”, så kan det tyde på at ein må samhandle og ha sosiale relasjonar med lokale menneske over tid for å kunne opparbeide ein ”sense of place” til staden. Sunnmøre blir opplevd som ein region med eit sterkt kristent verdisyn og det å ta del i dette fellesskapet opplevast som svært positivt av dei som er med. Av dei som ikkje delar dette verdisynet, så opplevast det ikkje nødvendigvis som stigmatiserande. Av dei som har ei anna religiøs overtyding kan ein oppleve å få eit støtteapparat rundt seg, men då gjerne i form av eit transnasjonalt nettverk. Dette kan føre til at ein knyt sterkare band til sine ”gamle” landsmenn, enn til sine ”nye” som igjen får innverknad på ”sense of place” og tilhøyre til staden der ein bur. Med henblikk på ”Bygda som symbol” og identitetsskapar framstår dei sosiale relasjonane som svært viktige.

### 5.9 Det sosiale perspektivet - staden som gjenstand for sosiale relasjonar

Noko som er framtrekkande gjennom heile undersøkinga er ”relasjonar”. Relasjonar til menneske på fritida, relasjonar til menneske på arbeid, relasjonar du knyt deg til, relasjonar du ikkje har og nettverk. Informantane peika på at dei i mange samanhenger fell utanfor fordi dei ikkje har dei same relasjonane til staden eller til menneska på staden som dei lokale har.



Figur 16. Grad av inkludering i lokalsamfunnet. I prosent. N=53

Den kvantitative undersøkinga viser at halvparten er heilt eller delvis samde i at dei er inkluderte i lokalsamfunnet, medan den andre halvparten er heilt eller delvis ueinige i dette. Dette er ei klar polarisering og denne todelinga kan forklarast frå ulike hald. Ein vil kunne hevde at dei som har ein norsk partner vil få tilgang til ektefellen/partnaren sitt nettverk, og vil



dermed lettare føle seg inkludert. Det å ”føle” seg inkludert, er eit veldig relativt omgrep, og vanskeleggjør også denne skarpe todelinga. Menneske har alle eit behov for å høyre til. Dette er ein del av det å vere menneske, og berre saman med menneske blir vi menneske. Dei utanlandske arbeidarane tykte at dei ”fall utanfor” desse sosiale relasjonane fordi at dei ikkje hadde tydelege nettverk eller tilknytning til staden.

Fleire meinte at sosiale relasjonar og nettverk kom til syne allereie i tilsetjingsprosessen ved bedriftene. Jorge (35) hadde sjølv opplevd dette på kroppen, og fortalte om si oppleving av korleis tilsettingsprosessen framstår:

*“I find that here it’s like, if you are looking for a job here, you would be less likely to get the job if you just apply for it, but if you knew someone it would not be an issue. I see that people here are reviewing applications of going for something more comfortable with, than a complete unknown, and if you are coming in just from an add, then you are kind of just an unknown.”*

Dette sitatet gir meg assosisasjonar til Mark Granovetter sin artikkel: “The strength of the weak ties” (Granovetter, 1973): Styrka i dei svake band. Granovetter (1995) studerte også korleis menneske fekk seg arbeid etter enda utdanning med referanse til viktigheita av desse banda. Sitatet peikar på den uformelle arbeidsformidlinga som kjenneteiknar Møre og Romsdal. Berre 40 % av dei ledige jobbane vert lyst ut (Tobro, 2011). Verdien av fellesskap og tilhøyre og det enkelte individ sitt potensiale til å danne og vedlikehalde relasjonar til andre, å kunne få delta i samhandling med andre og utveksle erfaringar og støtte er essensielt i den samanhengen (Bø og Schiefloe, 2007:13). I kva grad har informantane ei reell moglegheit til å danne seg sosiale nettverk og delta i samhandling? Det å ikkje ha eit lokalt etternamn og den direkte knytinga til staden opplevast også som ein måte å vere utanfrå og ein måte der det oppstår eit skilje ”oss” og ”dei andre”. Carolina (36) sa følgande om si oppleving i forhold til tilhøyre:

*”Du er ikkje herifrå og i Noreg er dette med tilhøyre, kvar du kjem i frå veldig viktig. Har du Brandal til etternamn er du sikkert frå Brandal, men heiter du Hareide er du sikkert frå Hareid. Seier du kva du heiter så seier dei: ”Kjenner du tanta til bestemora til....?”. Det er så viktig med dette med tilhøyre i Noreg. Språk er også viktig. Tilhøyre til kvar tanta du kjem, kvar du kjem i frå, og når eg då seier: ”Eg kjem i frå X, så er eg på ein måte utanfor”.*

Dette sitatet peikar på at ho opplever at i Noreg og Sunnmøre er det å kunne plassere personar innanfor ein kategori viktig. Kven er du gift med eller slekt med? Når ein då kjem utanfrå og ikkje har dette norske etternamnet så vert ein oppfatta som eit framandelement. Ein har eit sterkt ønske om å kunne plassere menneske, og finne felles kjende. Fleire av informantane peika på dette, og korleis dei opplevde at nordmenn vart overraska då dei oppdaga ”noko norsk” dei kunne ”feste” ved dei. Om kor overraska norske kollega kunne bli då dei såg at dei utanlandske hadde ”innslag av norskdom” i seg: ”Du er norsk du!” kunne dei seie. Å bli plassert i denne kategorien ”utlending”, gir dei det gjeld automatisk noko felles. Menneske som på førehand hadde lite eller ingenting til felles, får det ved å bli definert likt (Eriksen, 2008:227). Kva betyr dette egentleg? Må ein vere i slekt for å bli innlemma i dei sosiale relasjonane? Gullestad hevdar at verdien ”å kome frå” ein stad og ha slekt der, kan nyttast til å definere nykomarar som ”framande” som egentleg ikkje ”høyre til” (Gullestad, 2002:241) Gullestad hevdar at denne forma for utestenging i prinsippet rammer alle nykomarar, anten dei kjem frå ein annan stad i Noreg eller frå ein annan stad i verda. *”Samtidig, ettersom det ”å komme fra” et sted i Norge er en vital del av det å være norsk, rammer utelukkelsen dem som oppfattes som ”innvandrere” eller ”utlendinger” på en annen eller sterkere måte. Det gjøres ikke bare som en gjenstand for en utelukkelse fra det lokale, men også fra det nasjonale”* (Ibid. ). Det å ikkje tilhøyre den lokale fortida kan med andre ord legitimere det synet at innvandarane ikkje tilhøyre nasjonen, korkje i notida eller i framtida. Fleire av informantane peika då på kor viktig det kunne opplevast å skifte etternamn til eit med lokal tilhøyre, slik at dei kunne oppnå denne tilknyttinga til det lokale nivået. Andre igjen stilte seg sterkt i mot at dei måtte skifte noko som dei opplevde som deira identitet.

Nokre av informantane peika på at det kunne opplevast som stigmatiserande å seie kvar du kom i frå fordi nordmenn flest då hadde ei oppfatning av kven du var. Carolina (36) sa følgande:

*”Eg vil vere ein del av her(...), ein del av det lokale, ikkje bli tatt for å vere frå mitt heimland, for då på ein måte kan det plutselig ha den negative sida og då er det du er ein av oss, men du er ikkje det liksom. Og eg vil gjerne bli tatt for den eg er.”*

Eit anna element innanfor relasjonar som vart nemnt av informantane, er den sunnmørske tradisjonen for ”klubb”. Fleire av informantane og då særleg kvinnene peika på dette med at var dei ikkje med i ein klubb, så var ein på ein måte utanfor. Sara (38) peika på at ho ikkje ønskte å ta del i ein klubb fordi ein då i hennar auge hadde tatt eit val i høve tilhøyre og kva

”gjeng” ein hadde ”løyve” til å sosialisere seg med. Ho meinte at då opnar ein dørene til fleire vennskap innanfor den klubben, men at ein samstundes stenger igjen dørene til andre klubbar /menneske som kanskje av ulike grunnar ikkje er på ”god- fot” med dei andre. Dette gjenspeglar ofte til ei forhistorie på staden, der det er relasjonar og nettverk som blir oppretthaldt gjennom desse klubbane og vennskapskretsane. Det vart opplevd som vanskeleg å få inngangsbillett til å delta i ein slik klubb, men at når ein først var ”innanfor” så var ein det ”for livet”.

Vennskap opplevast ofte som utilgjengeleg og at det er vanskeleg å få kontakt. Lucas (34) seier dette om å få seg nye vennskap på Sunnmøre:

*”Nei, eg trur det er vanskeleg. For meg er det vanskeleg. Riktig vennskap? Er vanskeleg. Eg har mange bekjente, men vennskap er veldig vanskeleg. Koster veldig mye tid. Eg trur det er vanskeleg. Men ein blir også vant til det. Eg har lest mange bøker om buliv i Noreg som beskriver det og det er vanskeleg. Koster veldig masse tid. Folk her kjenner hverandre i lang tid, fra små barn, det er vanskeleg å komme inn å få nye vennskap. Mange bekjente, men venner? Vanskeleg.”*

Det er desse allereie etablerte grupperingar og som har vore slik sidan barndommen fleire hevdar det er vanskeleg å få innpass i. Av dei som har partnerar her, så kan det tyde på at det har vore ein veg å gå via deira nettverk. Rebekka (43) sa at ein fordel då var å bli ven med konene og kjærastane til vener av mannen. Slik byrja ho å etablere sitt nettverk.

Fleire peikar på at alle kjenner alle, men ikkje så personleg. Lucas (34) trakk fram at mange nordmenn er reserverte og uttrykte dette med: ”My home is my castle”. Noreg og Skandinavia generelt, er svært ”heimesentrert”, og dette hevdar Gullestad at tydeleggjer ein tendens i store delar av den vestlege verda (Gullestad,2000: 164). Gullestad hevdar også at heimen og nærmiljøet, som tidlegare var meir like, har endra seg i kvar sin retning. *”Hjemmet har blitt stedet for integrasjon, nærmiljøet er blitt et delsamfunn”* (Ibid:177). Kva betyr dette for menneske som kjem inn som nye i eit samfunn der mykje av integrasjonen skjer i heimane til folk? Ein kan lett falle utanfor, og fleire av informantane peika på vanskar med å oppnå kontakt, og at ein følte at ein pressa seg inn i privatsona til menneske når ein kom på stadige uventa besøk.

Fleire var humoristiske i sin omgang med kva slags sosiale relasjonar dei har og viste då til allereie etablerte myter om nordmannen: dei gjekk turar i skog og mark, dei reparerte huset

sitt og renoverte og hadde bil og hage som hobby. Marcus(38) svarte berre: Sosial? Eg fikser huset! Nordmenn er i Europatoppen når det gjeld å bruke pengar på innvendig dekor og oppgradering av heimane.

Det er for så vidt også eit viktig spørsmål å stille seg om dei utanlandske arbeidarane ønsker å bli inkluderte i sosiale relasjonar. Lucas (34) svara:

*”Eg er som en nordmann, eg har blitt ein nordmann, trekker meg til meg sjølv, ok når eg velger å gå ut, så gjer eg det. Eg trur eg er integrert nok.”*

Her legg Lucas vekt på at han har blitt ein nordmann som trekk seg inn i det som for Gullestad (2000) er staden for integrasjon: heimen. Heimen er den staden der personar og familie samlast og integrerar dei andre og meir fragmenterte aktivitetane dei inngår i, skriv Gullestad (Ibid.: 177). *”Lokalmiljøet, arbeidet, fritiden og ferien er blitt delområder; hjemmet er et sted for integrasjon og sammenheng i livet”* (Ibid.). Fleire peikar på at dei saknar vener, at dei saknar eit nettverk og at dei saknar eit rikt sosialt liv. Dei saknar ein møtestad utanfor heimen der dei kan vere sosial. Jonathan (27) forklarte korleis han sjølv aldri har fått besøk i sin eigen heim, trass fleire invitasjonar og høflege svar frå nordmenn.

Men kor mykje kan ein forvente at skal kome dei i hendene? Då Jonathan vart spurt om han kunne gjere noko meir sa han litt humoristisk: *”Ja, meiner du meir enn å gå inn i stova deira?”* Lucas (34) sa:

*”Eg trur det også at eg kan gjere mykje meir. Eg kan bli meir involvert i klubben, og det gjer eg ikkje. Eg gjer mykje heime, med bil og heime.”*

Nokre gav uttrykk for at dei nærmast hadde gitt opp med å bli kjend med nye menneske, fordi dei opplevde det som svært tidkrevjande og ofte med lite resultat. Som sitatet overfor peikar på meinte også nokre at dei kunne gjort meir, men at det var også eit spørsmål om kor mykje tid dei hadde. Arbeidet tok mykje tid, og dei valte heller å prioritere ein hobby eller bygging av bustad.

*”Er du social animal? Då er det vanskeleg her. Men når du har familie, er det paradís. I min situasjon liker eg å bu litt roleg, og ha litt meir plass, så det er fint område. Men eg treng den storbyfix. Eg kan anbefale andre å flytte hit, men du må like det.”*

Det å kome hit åleine vert av fleire peika på som ei ekstra utfordring. Då har du berre deg sjølv å spele på og det kan fort bli einsamt. Som Lucas (34) peikar på overfor: *Ønsker du å*

vere sosial? Då er det vanskeleg her på Sunnmøre. Fleire vel å reise ut av Sunnmøre til større byar for å få det dei omtalar som eit ”fix”: ein dose av storbylivet. Dette er kvalitetar som dei saknar ved staden og som dei reiser ut for å oppnå.

### 5.10 Syn på fritid som ein del av det sosiale perspektivet

Vi vier ein stor del av våra liv til fritidsaktivitetar. Dette har blitt dratt fram som noko av det attraktive ved å flytte til landsbygda: meir rom, kortare avstandar og dermed meir fritid. Informantane synleggjorde også kor viktig fritida er, og dei opplevde også at fritid var essensielt for den gjengse nordmann. Særleg ”livsstils – flyktningane” peika på glede over å ha meir tid til fritidsaktivitetar ettersom alt var nærare her enn det dei var van med heime.



Figur 17. Viktigheita av å ta del i fritidsaktivitetar. I prosent. N=53

Det er viktig for respondentane å ta del i fritidsaktivitetar. Som figuren syner oppgav 74 % at det å vere med i fritidsaktivitetar var viktig for dei. Dette kan kanskje tolkast også som eit ønske om å bli inkludert. 57 % hadde også kunnskap om fritidsmoglegheitene som ligg i naturen på Sunnmøre.

Fleire av informantane har engasjert seg i diverse kor, treningsgrupper med kollegaer, segklubbar, skigrupper, båt- klubbar og så vidare, og mange peikar på at “fritidslivet” er mykje meir organisert i Noreg enn kva dei er vande med frå sine respektive heimland. Dei har og ei oppleving av at dette er eit land der man må finne sine egne aktivitetar, eller finne ut sjølve korleis ein kan vere med på aktivitetar. Dei opplever at det er ei utfordring å finne

informasjon om desse aktivitetane og at når ein først finn den, så er det mykje ”taus kunnskap” om korleis ein skal ”oppføre” seg. For nokre kan denne måten å organisere seg på opplevast som avvisande og utestengande. Christian (44) sa følgande:

*”The fundamental problem is that local opinion of their own behavior is not matched by the facts. As a Norwegian, you believe that they are open, however most folk don’t have empathy, hence as foreigners we are tolerated and not welcomed - and let’s be realistic, if you come from another part of Norway, you are considered to be an outsider. This is the only country I have ever worked in, where I have not been invited out (other than a couple of exceptions) by my peers. As a consequence, the description insular would be better, and f like me you don’t do winter sports, you have to be self sufficient. Norway isn’t sociable, opening hours are restrictive and tax acts as a disincentive towards inviting friends/family for a visit. I would always suggest visiting Ålesund, but living here is more of a challenge, particularly if like me, you are used to city life and expect better infrastructure!”*

Dette sitatet set det heile kanskje litt på spissen, Christian (44) vektlegg nokre faktorar som går igjen hos fleire av informantane: Det å bu her er ei utfordring! Det er vanskeleg å kome inn i allereie etablerte “klikkar” og “Norway isn’t sociable” hevdar han. Her peikar Christian på fleire moment som hindrar dette: opningstider, høg skatt, dårleg infrastruktur og at ein blir sett på som ein “outsider” med ein gong ein kjem frå ein annan stad, i frå ein annan stad i Noreg til og med. Fleire peikar på at det er vanskeleg å kome i kontakt med andre utanfor arbeidet. Jonathan (27) sa mellom anna dette:

*”Veldig fin plass. Liten plass. Eg liker å bu i Ulsteinvik, det er ikkje det som er problematisk. Eg liker veldig godt å bu her og eg synes fortsatt at det er eit veldig fint område. Spesielt når du tenker familiemessig så er det ein heilt kongeplass å bu. Men vennemessig, du kan ha gode venner, men eg er kjent med noko anna frå heimlandet mitt. Livssituasjon. Det er ein veldig liten plass, det er vanskeleg å få kontakt med andre.”*

Her vektlegg vedkommande fleire positive trekk ved Ulsteinvik, og at han set pris på å bu der, det er ikkje det som er problematisk i følgje han. Det er vanskeleg å kome i kontakt med andre. Jonathan (27) forklarar at han har ein del venar ”inn i kollegaområdet. Eg merker meir og meir at Ulsteinvik og kanskje Sunnmøre er litt meir familiebasert. Ikkje så veldig vanskeleg å komme seg inn i en familie, men du blir aldri en familiemedlem, for å sei det sånn. Ikkje vanskeleg å komme i en familie. Ikkje vanskeleg å bli kjent med folk privat, ikkje for meg i allefall, kanskje eg er meir aggressiv enn nordmenn.” Her fortel han at det ikkje er vanskeleg

å bli kjend med folk, men det er meir det å få til kontakt på meir regelmessig basis som opplevast som vanskeleg. Lucas (34) sykest også at den sosiale situasjonen er vanskeleg: *”Det er litt vanskelig for meg at det ikke er så mange i min situasjon, altså de fleste har familie og barn og sånn, men det er nok muligheter for å bli aktiv utenfor jobb”*. Lucas snakkar her om moglegheiter for å bli sosial, at desse er tilstades, men at det er vanskeleg fordi Sunnmøre er veldig familieorientert, og at han som ikkje har familie her, fell utanfor. *”Kom innom ein dag”* seier vi gjerne, men så går dagane og ein er opptatt med sine ting og så blir det aldri til noko.

Som nemnt vert det peika på at det er svært organisert fritidsliv her i Noreg, og at mykje av sosialiseringa skjer gjennom nettverk, lag og organisasjonar. Det er ikkje opplevd som så spontant og kaotisk som i andre land. Dette tek tid for å oppfatte for nokon som kjem utanfrå. Fleire peika også på dette med ein slags ”switch” til å kome over i norsk modus igjen: her går alt litt saktare. Det kan kanskje framstå som eit paradoks at ein er så organisert på fritida, medan informantane opplever det som veldig lite organisert på arbeidsplassen. Når ein først kjem inn i korleis fritidslivet fungerer her, så kan det bety noko positivt, slik var det for Tobias (39). Han meiner at:

*”å organisere ting er kanskje litt lettere her, å starte en gruppe med sportsaktiviteter for eksempel, så kan du leige en gymsal eller sånne ting er kanskje lettere her. Så når du har ingenting å gjøre, så organiserer du det selv”*.

Dette speler opp under argumentasjonen overfor om at det er grupperinger av menneske som har ”klubb” eller som startar sportsaktivitetar, og at ein må kjenne nokon eller kjenne moglegheitene for å delta/starte opp dette sjølv.

### **Tilpasse seg ein spesiell rytme**

Det som framstår som fellesnemnar for fleire av informantane er at dei tilpassar seg ein eigen rytme for å leve godt på Sunnmøre. Ein rytme som passer godt med det norske samfunn, relasjonelle aspekt og med familie og vener. Sunnmøringen er flink til *”å leve det gode liv”* var det fleire som hevda.

*”Oppsummerande kommentar om Sunnmøre: veldig bra, og veldig fint, men du må like det liv her, uteliv, altså natur og også leve litt utenfor, litt remote. Litt mer småkommuneliv.”*

Du må like å leve det som Lucas (34) omtalar som *”litt mer småkommuneliv”*. Fleire av informantane peikar på at dei har tilpassa seg ein eigen rytme, ein *”Sunnmørs – rytme”*, at

ting går litt saktare her, at det er rolegare her, at menneske er vanskelege å kome innpå og at nordmannen er veldig privat orientert. Nokre informantar omtalte dette som ein ”switch”, ein brytar som dei slår av og på når dei kjem til Sunnmøre. Her arbeider dei på ein annan måte, her er sosiale relasjonar annleis og her er vennskap vanskeleg å få. Hovudtynga av dei spurte reiser ut av Sunnmøre og til storbyane, anten i Noreg eller Europa for å få ei storbyoppleving og at dei gjer dette med jamne mellomrom. Dette er eit element som gir dei mykje glede og påfyll. Tobias (39) synes at det viktigaste for han er å ”leve det gode liv”. Han seier følgende:

*”Nordmenn er ikkje så flinke til å organisere ting, men dei er veldig flinke til å leve det gode liv. Men man må finne en balanse. Det er det viktigaste, å leve det gode liv, og det kan man her. Det er det viktigaste”.*

### 5.11 Språk, språk, språk

Et element som alle nemner som viktig er å lære seg norsk. Informantane har alle i ulik grad tilegna seg nokre norskkunnskapar, nokre kan berre nokre ord, andre igjen snakkar som innfødte.



Figur 18. Språkkunnskapane i norsk. I prosent. N=53

Som figuren syner så er det varierende norskkunnskapar blant respondentane. Hovudvekta ligg på at dei forstår mykje og at dei beherskar norsk godt. Uansett norsknivå, er dette noko alle peikar på som viktig for integrasjonen. Dei som ikkje beherskar norsk, peikar på dette som ei utfordring og unnskyldar dette gjerne med at dei burde ha gjort meir, og dei som beherskar det norske språket godt peikar på det som eit element i det som har gjort dei meir integrert i samfunnet. Dei fleste har vore innom norsk - opplæring på forskjellige vis. Dei




som er gift/partnar med ein nordmann fortel at dei fekk tilbod om gratis norskkurs og at dette var eit veldig godt tilbod. Dei som har kome med partner frå utlandet (58 % av utvalet) seier at dei saknar eit betre tilbod kva norsk – kurs angår.

Eit viktig moment mot vegen for å bli inkludert (og integrert) i det norske samfunn er å lære seg språket godt, dette er ikkje tale om ein rein kunnskapsprosess: lær deg eit språk! Det er også snakk om det å kunne kommunisere på lik linje med dei andre i arbeid, fritid og andre sosiale relasjonar. Tom (38) tydeleggjorde dette i det han sa at han sakna dei sosiale aktivitetane og det at han ikkje har ”venebasen” sin her lengre. Han sakna det å kunne ringe nokon å sei: ”Skal vi møtast for ein drink?”.

*”And it’s a bit difficult sometimes because although, the Norwegians speak to me in English and I speak with them in English, there is lots of you know, Norwegians have their jokes and we have got our little jokes, but I don’t know theirs so..when you talk to people it’s very much about you know, current things, you can’t talk about, I don’t know about the Sunnmøre – things, like if there is a laugh going on, and they are reading something about Sunnmøre, I can’t join in, because I don’t know the history.”*

Dette sitatet peikar på fleire element, mangelen på norskkunnskapar og mangelen på historiekunnskapar om Sunnmøre. Tom (38) legg i sitatet overfor vekt på at dette var eit problem grunna at han ikkje forstår språket eller tematikken. Carolina (36) peika på noko i same leia i høve kjennskap til geografisk plassering i høve etternamn. Det er eit døme som illustrerer viktigheita av lokal kunnskap for å kunne føle seg inkludert og å vere ein del av noko større.

Den kvantitative undersøkinga syner derimot at utvalet er delt på om kor vidt dei kjenner seg utanfor fordi at dei ikkje er norsk. Dei som er heilt til delvis einige er kategorisert i ”Einig” og dei som er heilt til delvis ueinige er kategorisert i ”Ueinig”.



Figur 19. "Eg føler meg av og til utanfor fordi eg ikkje er norsk". I prosent. N=53

Rebekka (43) la vekt på at då ho kom i byrjinga så reiste ho og den norske mannen hennar på fest eller sosiale tilstellingar og ho forstod ingenting som skjedde eller kva som vart diskutert. Dette gjorde til at ho følte seg som det ho kalla ein "outsider". Trass i at fleire vektlegg at nordmenn har gode engelsk kunnskapar, så er det historier og spøk og meir uformell kommunikasjon som blir tatt på norsk som dei då går glipp av. For å kunne vere ein del av det norske samfunnet så legg ho vekt på viktigheita av språk.

*"I did not feel part of the community until I had mastered Norwegian. It is imperative that all immigrants have access to learning the language. It took me nearly two years to feel like I could fit in and that was with a lot of personal studying on my part."*

Språket har ein formande eller ei konstituerande side ettersom at sosiale fenomen som identitet, relasjonar og ulike trusoppfatningar i så høg grad formast gjennom språket (Fairclough, 1995:55 i Bergström & Boreus, 2005: 326). *"Språket påverker også synen på vilka vi själva är, och meir än så, hela vår syn på världen konstitueras genom språket"* (Ball m.fl. 1989:1-2 i Bergström & Boreus, 2005: 326). Dermed er det nok inga stor overrasking at når informantane omtalar språket så skildrar dei meir enn berre den biten som omhandlar å tilegne seg språkkunnskapar. Det seier noko meir om kven vi er som menneske og gir oss større eller mindre handlerom, alt ettersom. Tom (38) uttalte følgande på spørsmålet om kva han hadde gjort, og fortsatt gjer for å tilpasse seg det nye livet i Noreg:

*"Like trying to learn Norwegian, I'm finding it difficult but I'm trying. Yeah. Learn the language and just keep learning on how the infrastructure is working, how people are*

*interacting with each other, finding out yeah, I'm still learning basically, but I am just, adapting myself."*

Her vert det dratt fram fleire viktige moment, som språk, korleis menneske samhandlar, korleis infrastrukturen fungerer og rett og slett: berre tilpasse seg.

## 6. Møtet med det nye i arbeidslivet

### - I dette empiri – og drøftingskapittelet vil møtet med det nye arbeidslivet stå sentralt

Eg vil først ta føre meg nokre hovudmoment innanfor mangel på prosedyrar og struktur som representerar dei høgkompetente utanlandske arbeidarane sitt første møtet med klynga: korleis kome inn i arbeidet, korleis få innpass, rett og slett: korleis kunne utføre arbeidet på ein tilfredstillande måte. Deretter vil eg kome inn på informantane si rolle i høve innovasjon. For å kunne skape ein meir fruktbar debatt, så søkte eg ut til nokre nøkkelinformantar i den maritime klynga på Møre og andre relevante aktørar. Nøkkelinformantane i den maritime klynga på Møre trakk fram det som informantane i denne studien peika på som svake trekk ved klynga, som den regelrette styrken. Dette gjekk på dette med opplevinga som informantane hadde av arbeidsmåtane her som mindre profesjonelle, meir uformelt og risikofulle. Nøkkelpersonane i den maritime klynga på Møre såg på det at det er uformelle linjer, og at det er erfaringsbasert kompetanse som er viktig, som gir dei ein større innovasjonshastigheit.

### 6.1 Mangel på prosedyrar og struktur

Første dag på jobb. Vi kjenner oss alle igjen. Ein er kanskje litt nervøs, og ein ønsker å framstå på ein skikkeleg måte og å møte førebudd. I forkant har vi mest sannsynleg satt oss inn i organisasjonen og organisasjonsstrukturen. Fleire av informantane peika på at det var særleg vanskeleg å kome inn i bedrifta og forstå denne fordi at organisasjonskart og organisasjonsstruktur var vanskeleg å oppdrive. Dette aller første møtet kunne for fleire fatte seg kaotisk og dette var mykje grunna at det var mykje taus kunnskap om korleis ein skulle handle innanfor bedrifta sine rammer.

Tobias (39) sa følgande om korleis førsteinntrykket og det første møtet med den internasjonale bedrifta arta seg:

*”Ja, (...), litt overrasking over, eg kom inn, korleis ser organisasjonen ut? Organisasjonsstruktur? Ja, det har vi ikkje. Korleis er prosedyrane? Har vi ikkje, Så det er vanskeleg å komme seg inn i jobb. Det er ikkje berre ein ny kultur, men komme inn i jobben. Så det var litt av ei overrasking.”*

Nokre av informantane peika på at dette kanskje skuldast at det var fordi bedriftene i den maritime klynga på Møre hadde vakse så fort, og at administrasjonen ikkje heng heilt med. Fleire av bedriftene starta som ”små smier på Sunnmøre” og grunna oppkjøp og anna så har

dei vakse seg store. Tobias (39) meiner at denne ”knoppskytinga” av bedriftene som starta opp lokalt, bedrifter mellom familie og vener har satt sitt preg på korleis dei arbeider. Han sa:

*”Det er mest vant her å jobbe med lokale kundar, dei bygger også skip over hele verden, men det ja, det går, kunne bli betre. Litt meir ja, profesjonelt. En ting, kunnskapen om offshoreskip er utan tvil stor her, men resten rundt om, organisasjonen den er ikkje heilt voksen for meg. Så å si. Kanskje dumt å si men. Eg merker også med kollegaer med nordmenn som seier det sjølv også, oj, vi må fortsatt vokse litt til. ”*

Fleire av informantane har også lang erfaring frå å jobbe i andre land og med kundar i frå andre land. Struktur er ein fellesnemnar som blir trekt fram som ein vesentleg skilnad mellom korleis nordmenn arbeider og korleis det blir gjennomført i andre land. Carolina (36) fortel om sitt forhold til ”struktur”:

*”Det er sånne ting som eg er litt glad i. Så vi reiser veldig mykje i Sverige mellom anna, og der er ein fornøyelse, fordi svenskane i forhold til nordmenn er mykje meir systematiske, mens nordmenn blir litt meir lause. Men det går fint. Det går an å ta det beste ut av folk og bruke det beste. For alle har sine sterke sider.”*

Hovudtynga av informantane i denne undersøkinga peikte på at dei sakna ein strammare struktur og meir formelle liner og bruk av prosedyrar. Carolina (36) fortel om gleda over å reise til Sverige fordi ho opplever svenskane som meir systematiske. Eit litt viktig moment er då ho seier: Men det går fint. For når vert denne mangelen på struktur eit problem?

Marcus(38) opplevde det følgande i høve bruk av prosedyrar i bedrifta :

*“For me it is normal that I use procedures, here sometimes people, I don’t know, people just work like, “Ok we do this, and we do that, maybe we will be ok, if we will not be ok, we will correct it later, and if it is not correct, never mind” so actually this is not, I am not familiar with working like this”*

Han skildrar her eit skilje mellom korleis han har vore van med å arbeide på ein bestemt måte og korleis han opplever at nordmenn arbeider nesten litt “på slump”. Kanskje så går det bra, kanskje ikkje. Dette er symptomatisk i høve kva informantane seier at dei saknar i bedrifta, ei auka vekt på formelle prosedyrar og formelle retningsliner å forhalde seg til. Marcus gir eit døme på korleis han held fram med å arbeide på den måten han meiner at ting skal bli gjort på, og at han eksemplifiserer dette ved å vise til at når han lagar ei teikning så sender han den ikkje utanfor bygget utan å ha synt den til ein annan. Han reagerer veldig på måten hans

kollegaer sender ut teikningar utan at dei har blitt kontrollert av ein kollega først. Han skildrar to ulike måtar å arbeide på, det er to ulike tilnæringsmåtar og to ulike prosessar.

*“So actually this and it is many procedures like this, and very simple procedures which help very much. And sometimes it is for me difficult to cooperate with somebody, just think, no never mind. What happened? We will send and we will see what happens. For me it is impossible.”*

Marcus (38) opplever det som umogeleg å arbeide på den måten som han ser at det blir gjort her. Han synest at det av og til kan vanskeleggjere samarbeidet internt ettersom han meiner at dei arbeider på to ulike måtar.

## 6.2 Nordmenn er veldig avslappa på jobb

### - og eg liker det litt

Eg registrerer ei form for dualisme når det kjem til kva syn informantane har på arbeidstempoet. Dei fleste synest at det går saktare i Noreg enn i andre land. Samstundes peika nokre på at det er eit høgt tempo, særleg når ein skal ferdigstille prosjekt og kontraktar. Sara (38) set pris på det at ho opplever at det er mindre intern konkurranse i bedriftene her, og ho meiner at dette har stor helsemessig gevinst. Ho synes at denne avslappa måten å arbeide på er meir ”healthy”. Informantane fortel om kor overraska dei var (og er) over at nordmenn byrjar helga klokka 1400 med småprat og pausar. Rachel (35) fortel om korleis dei i heimlandet hennar arbeider til over 1600, til og med på fredagar! Jonathan (27) meiner at arbeidstidene heng saman med det familieorienterte Noreg der ein må rekke barnehage og skule.

Tobias (39) saknar ein balanse mellom det han var van med heime og det han opplever her. Han seier:

*”I mitt heimland så har store bedrifter på størrelse med den her ISO sertifisering, kvalitetssikring. Det er her ein ting som ikkje finst egentlig. Det er litt synd trur eg. Kunne vere betre når vi har litt betre system. På ein måte er det litt avslappa måte å jobbe, og det er også en ting eg liker, men skulle hatt en balanse mellom disse to.”*

Han peiker altså på at han liker den avslappa måten ting blir gjort her, men at det kunne vore enda betre om ein arbeidde meir systematisk; eller hadde eit betre system.

Noko som vert trekt fram som svært positivt av fleire er moglegheita for å bestemme sin eigen arbeidsdag. Jonathan (27) set stor pris på den måten han opplever at det blir arbeidd på her:

*”Heilt fantastisk. Du kan begynne når du vil, du kan slutte når du vil. Du kan jobbe overtid om du vil, det er greitt. Viss du ikkje jobber overtid, er det også greitt. Frivillig overtid, også greitt. Du har kjernetid når du må vere på jobb. Du kan organisere deg veldig mykje sjølv.”*

Dette heng nok saman med at fleire peikar på at Sunnmøre er veldig familieorientert og at dei opplever arbeidsmiljøet som mykje meir fleksibelt enn det dei er van med frå andre internasjonale arbeidsplassar i andre land. Nokre meinte også at dette sprang ut i frå at arbeidsmarknaden her ber preg av mindre konkurranse internt, og at det vert eit meir avslappa arbeidsmiljø. Dette såg fleire også på som positivt ettersom at det vart lettare å arbeide som eit team med fokus på det ein skulle arbeide med og ikkje på eige avansement.

### **6.3 Nordmenn skyr konflikthandtering?**

Eit anna element som kom opp i hovudvekta av intervjuet var dette med ”konflikthandtering” og det vart då sagt at nordmenn skyr konflikthandtering, eller at arbeidsmiljøet ikkje inviterar til å vere meir direkte og ta opp ting. Aristoteles sa det i oldtiden: *”Folk som er enige med hverandre, blir venner, mens de som ikke er enige med hverandre, blir heller ikke venner. Forskning i vår egen tid bekrefter Aristoteles”* (Bø og Schiefloe, 2007: 83). Fleire peikte på at dei meinte at i arbeidslivet så skyr nordmenn det å ta opp problem. Nokre peikte på at dei på deira tidlegare arbeidsplassar så ville dei krangle for så skvære opp med ei øl eller noko etter arbeidstid. Nokre drog inn element i forhold til sine relasjonar med den norske partnaren sin for å eksemplifisere skilnaden i arbeidsmetodikken i Noreg og i heimlandet, slik som Carolina (36):

*”Eg har sagt det, det er jo eg bruker alltid å ha sånn setning som eg seier: i heimlandet mitt seier folk, seier man: og nå siterer eg: ”Kunne du vere så snill å vurdere å tømme oppvaskmaskinen, men visst ikkje så er det greitt. Og i Noreg så seier ein: tøm oppvaskmaskinen.” Og det liker eg. Altså eg blir rett på sak. Prøve å finne en løsning. Eg liker ikkje dvele, ikkje vere for kva skal en si, ikkje for fjamsete rundt omkring dette er saken. Kva gjør vi med det? Sånn er nordmenn og eg har alltid likt den veien, den måten å vere på.”*

Dette er sjølv sagt ikkje svart/kvitt, og det er fleire som trakk fram at dei sat stor pris på ”den norske” måten å vere på. Carolina (36) er ein av dei. Ho såg på det å flytte til Noreg som uproblematisk fordi ho hadde (og har) stor sans for ”den norske” måten å tilnærme seg ei utfordring på. Ho sa: *”Nei, overhodet ikkje. Som sagt er ein av grunnane til at eg ikkje hadde*

*problem med å våge å flytte til Noreg, ein av de par tre, det var at eg hadde sansen for den slik eg opplevde det då, den norske måten å tilnærme seg det meste og løyse det. Altså her er utfordringa, la oss løyse det. Ser vi på det, snakka sammen, fiksa. Så eg har alltid vært sånn, og far sier til meg av og til: ”uff, nå er du blitt altfor norsk. Gjere ting mye raskare enn vi har gjort noensinne, køyrer bil mykje saktare enn vi har gjort nokosinne” Ikkje sant?”*

Her er det altså snakk om det som dei som er igjen i heimlandet opplever at vedkommande i si nære slekt har endra måten å fungere på grunna opphaldet i Noreg. Dette er ikkje Carolina (36) åleine om å meine, og dette kjem mellom anna fram ved fleire høve gjennom møta med informantane. Dette kjem til syne mellom anna i om dei kan vere seg sjølve på staden der dei bur, noko nokre føler at dei ikkje kan, og nokre føler at dei kan etter at dei har ”knekt koden” for korleis nordmenn interagera med kvarandre. Lucas (34) sa følgande:

*”Nokken personar opplever at dei synes at det er litt skremmande at eg er i frå ute. Eg trur at dei fleste tenker at ja, interessant. Men det er folk som: Oj, han fortel ting som eg kanskje ikkje liker. Kanskje er det min nasjonalitet sin måte å jobbe på? I mitt heimland er det veldig vanlig å si kva du meiner. Krangle litt og så ta ei øl. Nordmenn er litt meir gå bort i frå konflikt.”*

Det vert hevda at nordmenn viker unna konflikt. Det er eit møte med ein annan måte å arbeide på enn kva som det blir oppfatta at det er her. Det at nordmenn skyr konflikt kan opplevast å stå i kontrast til at ein i den maritime klynga hevdar å ha svært uformell struktur og kort veg frå tilsett til leiar (Dalen, 2011). Ein uformell struktur er ikkje einstyddande med god kommunikasjon, noko dette sitatet overfor kan hensespegle på. Dårleg kommunikasjon og at nordmenn ikkje set pris på å diskutere ulike moglegheiter eller ståstadar vert det hevda overfor.

Christian (44) vart overraska over diskrepansen mellom det han hadde blitt fortalt og tidlegare erfart med nordmenn, og slik som det faktisk blir arbeidd her:

*”Before I came here I was told that Norwegians liked to have things direct, but in reality what I found is that they don’t like it to be direct. They like to normalize things, average, around the mean. Being direct is sort of confrontational, discussing different set of opinions. Many struggle with that directness. Norwegians like to think they are open, but they have a very closed perspective, and not open to new ideas as they would like to portray in the propaganda.”*



I følge Christian (44) så har nordmenn eit veldig lukka syn på ting og dei liker ikkje å diskutere ulike meiningar. Han seier at ”They like to normalize things” og at han opplever at nordmenn i hans bedrift slit med å kunne diskutere utfordringane opent og direkte.

Arbeidsmiljøet her blir, trass i at fleire opplever at nordmenn er konfliktskye og ikkje ønsker at deira måte å arbeide på skal bli utfordra, sett på som god. Det opplevast som ei mykje mindre grad av konkurranse her enn kva dei er vande med frå heimlandet. Jonathan (27) er den yngste av informantane og han er synest at arbeidsmiljøet her er betre enn det han har vore van med i frå heimlandet. Han synest at ein av grunnane til at nordmenn kanskje blir sett på som mindre direkte er at dei ikkje klager så masse som han er van med frå sitt heimland. Han seier følgande om arbeidsmiljøet:

*”Mykje betre. Ingen som klager så mykje. I mitt heimland klager dei så masse. Mykje å gjere, og får ikkje betalt for det, mykje stress og så vidare. Der klages det heile tida, uansett kor du er. Eg føler ikkje at det er sånt her. Klart at folk har sine problem, men folk klager seg ikkje her.”*

#### **6.4 Informantane si rolle i høve innovasjon**

*”The working environment here is not overy impressive. Not a good quality of document control, not a good quality of spreading information and not a good ability to draw an experience on different areas. Which is a tragedy really because there are individuals which are amazing people here. And they are not utilized well at all!”*

Det er menneske i den maritime klynga på Møre som innehar ein fantastisk kompetanse, eller human kapital for å bruke eit omgrep Florida nyttegjer seg av. Jorge (35) hevdar overfor at ein ikkje er flink nok til å nytte seg av den kompetansen som er i bedriftene. Dette står i kontrast til det som er Florida sin kjerneteori: at regional vekst ”blir til” ved at kreative menneske samlast på ein stad. Kva er då poenget med å få tak i høgkompetent arbeidskraft dersom ein ikkje evnar å dra ordentleg nytte av den kompetansen som dei besitter? Møre og Romsdal treng massiv kunnskapsimport (Tobro og Båtevik, 2011: 5), og mangelen på nok kompetent arbeidskraft gjer at bedriftene risikerer å måtte flytte strategiske og kunnskapsintensive funksjoner eller oppgåver ut – og dette framstår som ein reell trussel for arbeidsmarknaden i Møre og Romsdal (Ibid.).

Bedriftene i den maritime klynga på Møre er kjent for å vere nyskapande bedrifter. Bedriftene blir i auka rad leverandørar av kunnskapsbaserte tenester ettersom bedriftene i større grad

også er blitt "Foot – loose". Der dei før var stadbundne bedrifter, så kan dei no flytte bedriftene dit kompetansen er.

I dei seinare år har dei også tilsette fleire høgkompetente utanlandske arbeidrarar. Kevin Sullivan, Vice President for Human Resources i Apple Computers er mykje sitert når det gjeld innovasjon og bruk av ein heterogen arbeidstokk. Han sa følgande: "*When you are surrounded by sameness, you only get variations of the same*". Fleire av informantane peika på at det at dei har andre "kulturelle briller" ikkje vert dratt nytte av i den bedrifta som dei arbeider i. Tobias (39) er usikker på i kva grad desse kulturelle brillene spelar ei rolle for bedriftene. Han seier:

*"Eg veit ikkje om det blir verdsett så mykje. Det er ofte maritime bransje den er litt konservativ, men det er litt sånn "vi har alltid gjort det sånn" "Sånn gjer vi det hos oss" "Vi har prøvd det, men det funka ikkje" ....Så det stopper"*

Han hevdar med andre ord at grunna det konservative miljøet i den maritime bransjen så stopper det nyskapande arbeidet eller den nyskapande prosessen allereie før den har fått kome i gang.

Då Jorge (35) vart spurt om Kevin Sullivan – sitatet som eg nemnte overfor, svarte han: "*I am aware of that quote and I think that's where I could really contribute in my old job, because there new ideas were welcomed. Here it's very sheltered, small group of designers here that control the majority of the work that comes out. And not really open to outsiders coming in and saying: "How about we try out this way? So there is not really an opportunity to come and contribute in that way"*" Jorge (35) peikar her på fleire sentrale moment. Det at det kan opplevast som det er ei gruppe av menneske som står for innovasjonen og at dette opplevast som ei utestenging av dei som ikkje tilhøyrrer denne grupperinga av menneske. Han følger opp med å sei at det ikkje opplevast som at det er ei moglegheit for å kunne ta del og bidra med noko nytt i diskusjonen. Same som Tobias (39) overfor peika på: "Så det stopper".

Sara (38) set stor pris på å kunne belyse ein prosess eller det ho arbeider med frå ulike sider, ho trur også at løysingane på utfordringane vil komme lettare dersom ein jobbar i heterogene team. "*Maybe solution would come easier because when people see it from different ways, (...) and when people from different backgrounds work together, there is easy to find different solutions, not just standards. That's good for development*". Ho meiner at ho får delta til ein

viss grad i innovative prosesser, og at hennar styrke er å : *”Part of my job is to find better ways of doing things here.”*

Carolina (36) meiner at: *”Definisjonen av innovasjon: noen tenker ofte på design og nye tekniske løsninger. I kjerna av innovasjon ligg også forbetring av forretningsprosesser. Gjere ting på en smartere måte. (...) Ikke berre utvikling av nye produkt eller å gå på nye marked, men også gjere ting smartare. Den biten var litt ”hulter til bulter” var det sagt da eg skulle byrje, og det å skulle gjere det på en smartare måte som igjen skulle gjenspeglast i resultatene. Så dette vil eg sei at var ein innovasjonsprosess”*. Carolina synleggjer her korleis ho meiner at ho deltok i ein innovasjonsprosess og korleis ulike prosessar var litt ”hulter til bulter” då ho starta i jobben. Dette samsvarer med nokre av dei momenta som er tatt opp i mangelen på struktur og prosedyrar tidlegare, men for Carolina så vart denne mangelen på struktur og prosedyrar nytta til hennar fordel, og der ho såg eit stort forbetringspotensiale i bedrifta.

Jorge (35) gir ei kjensle av at det er ei etablert gruppering av menneske som får sine meiningar igjennom, og at dersom ein ikkje er innanfor denne grupperinga, så betyr ideane dine lite. *”When I was in X(another nordic country), I could say that I had a real opportunity to get involved in the creative process, and put new ideas out there and be moderately sucessful at that. But here that opportunity does not exist and I have been sort of relegant at doing really boring stuff and I think that’s partly got to do with just being outside that group of people established”*

Omtrent alle peikar på at dei har mykje kompetanse som ikkje blir nytta i bedriftene som dei er ein del av. Dei meiner at dei kan bidra med mykje, men at det er andre moment som blir vektlagd som viktigare enn det at dei er utlendingar. Dei meiner også at det at dei er frå eit anna land og med anna erfaring så kunne ein ha nytta dette meir. Tobias (39) hevdar følgande:

*”Vi har ikkje blitt spurt: Korleis tenker han? Eg føler ikkje at eg blir utnytta det at eg er frå utlandet. Finne ut, kva er din erfaring når du jobbar med utanlandske kundar. (...)Ja, det er rart. Vet ikkje om det har å gjøre med bedrifta eller personar i bedrifta, men eg trur dei kunne utnytta det meir . Nei, eg trur faktisk at det ikkje sett mykje på cv-en min, for elles ville dei ha spurt, hey du har erfaring med det, du kan hjelpe til med det”*.

”Dei har ikkje sett på cv`en min” og dei kjenner ikkje til kompetansen som han innehar. Det kan tyde på at det finnast eit stort, uutnytta potensiale i dei menneska som allereie er i arbeid i

bedriftene i den maritime klynga på Møre. Dette er egentleg ganske "hårreisande" ettersom ein i Møre og Romsdal har eit stort arbeidskraftbehov og at bedriftene er så ekspansive at dei på ingen måte evnar å dekke opp kunnskaps – og kompetansebehov lokalt, og at dei dermed ser utover etter kompetansen (Båtevik og Tangen,2010). Christian (44) meiner at dei ikkje nyttar kompetansen godt nok, ikkje berre til dei utanlandske arbeidarane, men også til dei norske. Han saknar og har etterlyst ei kompetansekartlegging i bedrifta han er tilknytt og han opplever at også fleire norske arbeidarar har eit stort potensiale som ikkje vert utnytta.

Anten ein ikkje ser kompetansen, eller om ein ignorerer den, kan vere to ulike sider av same sak, men kan opplevast som stigmatiserande og demotiverande på ein arbeidstakar. Det at ein også seier at ein ikkje gjer ting "på den eller den måten" kan også bidra til å stogge ein kreativ prosess som kan føre til innovasjon. Jorge (35) utdjupte dette:

*"I have come with other ideas and it's like "No, ...we don't do that, or we don't do this, or that won't work", there have been some attempt to make creative process here, but they lack a bit of the, rigor in being successful at delivering anything useful I think. I don't think there has been enough state of the art understanding on how innovation should really effective innovation should be developed here."*

Samstundes som at han hevdar at det er ein slags etablert kunnskap om kva som vil fungere og ikkje, så seier han noko som kan tilsynelatande framstå som litt motstridande:

*"First of all, I don't think we are that innovative of what we do, we are not a strong background of it. And I don't know how an innovation is judged, is really not you can't define it, it is very much at who is assessing it at the time/whose project it is, it's not a very reliable routine/process."* Han skildrar her at han ikkje veit korleis ein innovasjon er vurdert, eller kva som er kriteria for å kunne "kalle det ein innovasjon". Jorge seier også at ein ikkje kan definere det, fordi det kjem an på kven som vurderer det eller kven sitt prosjekt det er. Det er ikkje ein påliteleg rutine. Dette kan kanskje henge saman med at det er "den etablerte gruppa" som skal definere kva som er innovasjon eller ikkje.

Det å referere til fortida er noko dei høgkompetente utanlandske arbeidarane til stadigheit opplever, anten det er i dei sosiale relasjonane utanfor arbeid, eller innanfor arbeid. Ei referanse til korleis arbeidet skal utførast og korleis "vi gjer det her hos oss" er døme på dette. Christian (44) tydleggjorde nettopp denne utfordringa:

*“I constantly get, “We have always done it this way” “There has never been any problem in doing it this way” It takes far longer to get anything done here than any other country. Most people here can’t deal with new ideas. You have to spend so long with selling in new ideas. It’s so frustrating.”*

Christian opplever det å gjennomføre arbeidet her som frustrerende. Vegring for nye idear og at Sunnmøringen set seg på bakbeina når han blir presentert for ein alternativ veg. ”Vi har alltid gjort det slik” var noko som Christian peika på at han alltid fekk høyre.

Jonathan (27) var svært positiv i si oppleving av innovasjonsprosessen, men han også peika på dette som for meir erfarne informantar framstod som negativt. Han sa at her er det innovativt og at dei er nyskapande i alt dei gjer, kvar dag.

*”Men det er ikkje slik at eg sitter her i to år åleine og ingen spør meg kva eg driver med og så kommer eg med eit forslag og ja, heile tida kommunikasjon fram og tilbake med folk som har jobba her lenge og seier: nei, det fungerer ikkje slik og så prøver vi oss fram. Ein interaksjonsprosess”.*

Her peikar Jonathan på at det er ein interaksjonsprosess, samstundes som han nemner at det er dei ”som har jobba der lenge” som vurderer innovasjonen og seier ”Nei, det fungerer ikkje slik”. Han brukar ei fellesnemning når han seier at ”så prøver vi oss fram” som kan indikere ein slags fellesskap og eit samarbeid mellom to stykker. Det framstår dermed for meg som fleire motstridande element i det sitatet overfor. Litt seinare i intervjuet kom vi meir inn på dette med nærleik og distanse. Korleis ein plasserer seg i forhold til dei ein arbeider med, korleis mangfald kan innverke på innovasjon og som problemstillinga mi er vinkla inn på: korleis ein opplever sjølv møtet. Pedro (29) sa då dette:

*”Eg kom hit, prøve å følgje strømmen og tilpasse meg (“When in Rome”)*

Her ser ein tydeleg at han følte behov for å følgje strømmen og tilpasse seg dei formene som fungerer her. ”When in Rome – Do as the Romans” er eit ordtak som kan fungere i mange settingar, men ”Kun død fisk følger strømmen” er eit anna.

Som alt anna i livet så er heller ikkje dette biletet som eg har måla av mine informantar sitt syn på arbeidsmetoden heilt ”svart/kvitt”. Pedro (29) peika på denne litt meir lause måten å arbeide på som noko positivt for å utvikle kreativiteten og fremme innovasjon:

*”Litt spesielt her. Vi er veldig kreative her. Og kanskje prøver å få meir standardisert no då. Vi har eit miljø, ikkje følgje standard? Ja. Laidback? Ja, til ein viss grad. Det har eg også blitt i det siste, det kommer med meg også. Vi har ikkje press og ikkje harde rammer som vi må følgje. Men det har skapt eit miljø for å utvikle kreativiteten. I forhold til dette, så er det fantastisk. Har du ein kjempegod ide, viss den ideen blir diskutert, og bekrefta så det er fantastisk. Når du har harde rammer, så må du følgje til punkt og prikke.”*

Dette sitatet peikar på eit arbeidsmiljø som ber preg av lite press og lausare rammer, han seier at det er ikkje harde rammer som vi må følgje. Han hevdar at det er nettopp dette som har skapt eit miljø for å utvikle denne kreativiteten. Det ligg mykje i dette, og det er også desse momenta som Per Erik Dalen peikar på i sin argumentasjon som eg nemner under.

Koplinga mellom innovasjonsforståing og den regionale konteksten framstår som viktig når det gjeld den maritime klynga på Møre. For nokre næringar er lokale formelle og uformelle institusjonar som til dømes nettverk, stadbunden ”taus” kunnskap eller tilgang på kunnskapsrik kapital viktig (Sæther, Isaksen og Karlsen, 2008:14). I andre næringar er det andre element som framstår som dei elementære eller dei viktige i den settinga. Sentrale personar i den maritime klynga på Møre vektlegg den styrken som den erfaringsbaserte kunnskapen har, men kva skjedde med å utfordre denne allereie etablerte kunnskapen?

Innovasjon er, til motsetnad til byråkratiske arbeidsprosessar vitterleg opptatt av meiningsbrytning og fruktbare diskusjonar omkring eit tema eller ein prosess skal det kunne utvikle seg. Brandi med fleire skriv at innovasjon er ”*svært ofte avhengig av ulikheter, meningsbryting, gjensidig kritikk, forskjellige virklighetsoppfatninger og ulik bakgrunn hos de som skal jobbe frem nye ideer sammen*” (Brandi, Hildebrandt, Nordhaug og Nordhaug, 2004: 31-32). Dette bryt med fleire av dei funna som er gjennomgått i denne oppgåva. Eg har delt opp dette sitatet om innovasjon for å kunne drøfte nærare nokre av utfordringane som er knytt til innovasjon og dei høgkompetente utanlandske arbeidarane si rolle i innovasjonsprosessen.

### **1) Innovasjon er avhengig av ulikskapar**

Nokre av informantane peika på at ”*Du må blende inn, du må ikkje vere annleis. For er du annleis så blir du ikkje inkludert*”. Det er eit samansatt bilete. Det er ikkje nødvendigvis at det at du ikkje kan vere annleis, men ein må syne til at ein ber noko kjend med seg ettersom ein ikkje kan plassere deg innanfor ei kjend ramme. Dette manifesterer seg innanfor fritid og arbeidsliv på ulike måtar. Sagt på ein litt bombastisk måte så blir du ikkje inkludert i

arbeidslivet på den måten at du får tilgang til jobbmoglegheita basert på din formelle kompetanse, men din erfaringsbaserte kompetanse blir ikkje verdsett. ”Dei veit ikkje kva eg duger til” – kjensla var framtreidande. Dersom innovasjon er avhengig av uliksskapar så ser ein at det er ei utfordring at desse høgkompetente utanlandske arbeidarane ikkje får innpass på same måten som dei som er innanfor dette nettverket.

## **2) Meiningsbryting**

Fleire av informantane peika på at det var ei faste, etablerte grupperingar. ”Sånn gjer vi det hos oss” – mentalitet og at det var ei klar formeining om korleis ein skulle oppføre seg og kva som er allment akseptert. Nokre av informantane peika også på at dei ikkje vågde å vere seg sjølv 100% og dette er ei utfordring for innovasjonen ettersom ein då kanskje ikkje oppnår denne meiningsbrytinga som kan føre til ein fruktbar debatt.

## **3) Gjensidig kritikk**

”Nordmenn skyr konflikter” var det fleire som peika på, og at Sunnmøringen er ikkje så direkte som dei trur dei er sjølv. Dersom ein skyr konflikt og dersom det ikkje er ein felles plattform for diskusjon, så vanskeleggjer dette punktet om ”gjensidig kritikk” seg.

## **4) Ulike røyndomsoppfattningar**

Den erfaringsbaserte kunnskapen utvikla på Sunnmøre har forrang og som Per Erik Dalen peikar på så er det denne som er karakteristisk for suksessen i den maritime industrien på Møre. Eg opplever at informantane mine sitt møtet med den maritime klynga bar i stor grad preg av at dei hadde ei anna røyndomsoppfattning enn industrien. Informantane la i større grad vekt på at dei sakna meir formelle linjer, større grad av struktur og prosedyrar og dei oppfatta den maritime industrien her som ”slurvete” i sin omgang med både kundar, kontraktar og arbeidsmetodikk. Det kan synast som at det er ulike røyndomsoppfatningar som ein skal arbeide ut i frå, og det kan, kan hende, fungere hemmande for innovasjon.

## **5) Ulik bakgrunn**

Makt er ikkje noko som utøvast av eit subjekt mot eit anna subjekt, men er noko som utvekslast i relasjonen mellom menneske og inneberer avgrensingar for nokre, og moglegheiter for andre (Bergström og Boreaus, 2006: 311). Eg ser nokre klare tendensar innanfor nettverk og relasjonar som manifesterer seg breitt i mine informantar sine liv. Det at dei ikkje heiter Brandal eller Hareide og kan direkte plasserast kvar dei høyrer heime

opplevast for mange som noko som vert oppfatta som negativt. Nordmenn generelt, og særleg bygdesamfunna, er ekstremt opptatt av kvar ein kjem i frå og kven ein slektar på eller er gift med. Dette kan opplevast som ekskluderande for menneske som kjem inn i frå andre stadar, vere seg ein østlending eller ein tyskar. Det at ein har ulik bakgrunn er sett på som ei av drivkreftene i høve å drive ein innovativ prosess. *"If you are surrounded by sameness, you only get variations of the same"* sa Kevin Sullivan. Dei høgkompetente utanlandske arbeidstakarane opplever at dei verkeleg har noko å bidra med, men at det er ei gruppe av likesinna menneske som driver innovasjonane og at dette opplevast som ei utestenging for dei som fell utanfor.

Dette kan på mange måtar underbygge dei føregåande momenta omkring at du då ikkje blir oppfatta som "ein av oss" : du er noko anna enn ein Sunnmøring og dermed oppstår vanskelegheita med å få innpass.

### **6.5 Oppsummering immigrantar si rolle i høve innovasjon**

Relasjonar vert også dratt inn i arbeidslivet, hevda fleire. Nokre føler at dei fell utanfor den allereie "etablerte grupperinga" som eksisterer innanfor bedrifta, eller det segmentet som dei arbeider i. Det kan dermed virke som at dei banda som ein knyt utanfor arbeidstida er vesentleg for rammene for korleis ein kan utføre arbeidet internt. Dette viser seg å legge tydelege føringar for innovasjonen ettersom dei utanlandske "ikkje slepp til" og fordi at dei blir møtt med "slik gjer vi det hos oss". Dette opplevast som veldig demotiverande og det opplevast også som vanskeleg å kunne setje seg inn i "kva dei eigentleg ønsker her?". Den maritime klynga på Møre har gjort det svært godt, og 2010 var "all time high" i økonomisk resultat for den maritime næringa. Sunnmøringen er kjent for å sjå nye moglegheiter, at dei er opne, raske til å prøve ut nye ting og dei får det til. Eit dilemma i høve vidareutvikling av denne "Sunnmørs – ånda" er å inkludere høgkompetent arbeidskraft og verdsette at dei har kompetanse som også er verdifull og nødvendig å ta med seg skal den maritime klynga på Møre fortsatt nyte godt av den veksten dei har hatt.



## 7. “The fjord mentality”

### Når empirien møter klynga

*“Norwegians are very insular. Small fixed groups. They are not able to look outwards. As the result you wind up with the fact that they are not equipped to learn from others. (...)I have described it as “The Fjord mentality”. What it is that you are surrounded by mountains, so you don’t look outward. Your world is surrounded by that. Only the adventurous few have spotted the water and the fact that there is a horizon.”*

”The fjord mentality” fortel Christian (44) om og knyt opp omgrep om dei fysiske, territorielle ressursane på Sunnmøre til å skildre korleis han opplever nordmenn: Lukka, klarar ikkje å sjå over Sunnmørsalpane, om Sunnmøringen som ikkje evnar å lære frå andre og er kritiske mot det nye. Dette står i sterk kontrast til korleis den gjengse Sunnmøring opplever havet: det er der moglegheitene ligg. Det står og i kontrast til stereotypien om Sunnmøringen, den får oss i alle fall ikkje til å tenkje på Sunnmøringen innanfor treige og hemmande strukturar (Løseth, 2004:22). Stereotypien og vitsane om Sunnmøringen er mange og lever godt den dag i dag, fleire av informantane påpeika også dette og synte ved å ”Symje innover”, dyktigheit i høve til oppretting av selskap og sparsommerleg i omgang med pengar. Dette heng saman med at stadar ligg der ikkje berre passivt og ventar på å bli oppdaga, men det er noko som blir stadig kreert av ulike individ (Halfacree, 2006:44). Det er denne synergien mellom det konkrete og det abstrakte: menneske og stadar konstituerer kvarandre. Det er ei dynamisk kraft som går som ein pendel mellom det levde liv på bygda, representasjonar av bygda og det fysiske, territorielle rammeverket.

#### 7.1 Det sosiale nettverkets betydning

Saknet etter venane og familie i sine respektive heimland er eit viktig element i høve sosiale relasjonar for dei høgkompetente utanlandske arbeidarane. Takka vere sosiale medier er det relativt lett å halde kontakt med sine kjære i heimlanda, og nokre av informantane la vekt på at dei har meir kontakt med familiane sine no, enn då dei budde nærare dei i heimlandet. Det som framstår som vanskelegare er utfordringa med å knyte nye sosiale band her i Noreg. Fritidsaktivitetar er svært organisert med lite rom for ad hoc – opplevingar og arenaer for likesinna er omtrent fråverande, i følge informantane. Fleire opplever Sunnmøringen som tolerant og imøtekommande, men det er vanskeleg å bli eit fullverdig familiemedlem, som ein informant så metaforisk forklarte det. Sunnmøring er ein familieorientert, etablert og med sterke kristne tradisjonar og har på mange måtar ”nok med sitt”.

Sosial kapital er eit viktig omgrep her, og kan seie noko om i kva grad den enkelte har bygga opp eit nettverk og knytt kontaktar som kan vere relevante frå jobbsøking (Støren, 2006: 146), men også i høve det å kunne delta i prosesser i arbeidslivet. Dersom ein legg OECD (2001) sin definisjon av sosial kapital til grunn: *”nettverk som – sammen med felles normer, verdier og oppfatninger – letter samarbeidet innenfor og mellom grupper”* (Grøgaard og Støren, 2006:146). I dette ligg det at er ein innanfor dette nettverket, som har desse felles normene, verdiane og oppfatningane så lettar dette samarbeide både innanfor og mellom grupperingane. Dette ser eg sterke likskapstrekk med den maritime klynga på Møre eller klyngeteori generelt som ber nettopp preg av denne sosiale kapitalen og nettverk som lettar samarbeidet i mellom grupper (og minskar transaksjonskostnadane). *”En vanlig oppfattning er at sosial kapital viser til ressursene i miljøet rundt individet og de ressurser som sosiale bånd og det å tilhøre et nettverk kan tilføre individet”* (Grøgaard og Støren,2006:146). I dette ligg det ein dualitet som kan oppfatast som både negativt og positivt. Ein vanleg oppfatning av sosial kapital er dei ressursane som sosiale band og det å tilhøyre eit nettverk kan tilføre individet. Dermed kan dei som er innanfor nettverket oppleve ein positiv effekt i det å vere med i dette nettverket, medan dei som fell utanfor nettverket, på same vis, kan oppleve eit negativt møte med dette nettverket.

Nokre av informantane påpeika at dei hadde blitt ”nordmenn sjølve” og hadde nok med sitt, medan fleire av informantane opplevde ein form for eksklusjon på fritida, som dei meinte at førte til at dei ikkje kjente seg som ein del av lokalsamfunnet. ”Klubb” vart nemnt og at det å vere ein del av klubb er viktig her, informantane opplever at menneske er svært familieorientert her på Sunnmøre, at dei kristne verdiane står i sentrum og at det ikkje er lett å kome inn på menneske som vener på grunn av sterke allereie etablerte band. ”Dei har nok med venane frå barndommen” var det fleire som sa. Dei opplevde det som vanskeleg å stige over den terskelen til å knyte litt meir djuptgåande band.

Nokre av informantane peika på det at når ein først har kome innanfor og har fått eit nettverk, så er det ein sterk lojalitetskjenning og ei kjensle av å høyre til. Dette fortel informantane at tek mange år, og mykje innsats, men at det kan skje. Nokre opplever at partnaren kan ha ønske om å flytte slik som Carolina (36), men ho set foten ned. Når du først har forflytta deg frå å vere eit ”mørkt element” til å kome ”innanfor” , ha eige nettverk og så vidare, så kan det kjennast tungt å skulle forlate det.

*”Jeg sier nei. Fordi eg har etablert såpass godt nettverk, og brukt fleire år på å etablere meg, finne meg til rette, finne mine egne venner, finne mine egne nettverkkontakter og sånt, at jeg har ikke lyst å begynne på scratch igjen.”*

## **7.2 I møtet med det uformelle**

Roar Tobro, Direktør i Møreforskning peika på at ein på Møre og i Noreg generelt kan snakke om ”eit næringsliv på kunnskapsvandring”. I frå Møre og Romsdal i ”eit nøtteskal”; ein erfaringsbasert kunnskap, lokale nettverk, fokus på fiskeri, møbel, landbruk og ein ressursbasert, industriell produksjon som er stadbunden til eit meir kunnskapsbasert næringsliv. Dette inneheld design og systemprosessar med fokus på kreativitet og innovasjonsevne. FOU – basert kunnskap, formal kompetanse og evna til å drive industrielle prosessar er viktig. Dette kunnskapsbaserte næringsliv er i høg grad ”Foot – loose”, altså dersom ein ikkje finn dei ressursane som ein treng på staden, så kan ein berre flytte bedrifta dit kunnskapen er.

Det finnast altså eit liv for industribedrifter i høgkostland, men dei må vere kunnskapsintensive (Raabe, 2011). *”De må kontinuerlig innovere; utvikle nye produkter og prosesser, og de må ligge fremst i sine utvalgte nisjer og markeder. Skal dette være mulig over tid må de være lokalisert i attraktive regioner som evner å tiltrekke seg og beholde den beste kunnskapen og kompetansen”* (Raabe, 2011). Skal ein evne å fortsette den formidable veksten og innovasjonshastigheita så må ein evne å tiltrekke seg og behalde den beste kunnskapen og kompetansen. Dette er i tråd med Florida sine teoriar om den kreative klasse og regional utvikling. Staden og bedrifta sin evne til å syne openheit er ein viktig faktor i dette biletet. Skal staden og bedrifta opplevast som attraktiv må ein også få ei kjensle av å vere velkomen, og at ein ”høyrer heime”. Fleire av informantane set pris på mange aspekt i Noreg og då særleg fleire av dei fysiske kvalitetane, men dei opplever ei grad av ”disharmoni” i høve utnytting av deira kompetanse og i høve sosiale relasjonar.

For å sette det på spissen; Møre og Romsdal treng å fortsette å utvikle seg, og ein treng kunnskap for å kunne fortsette å innovere, korleis kan den maritime klynga på Møre sikre seg ein vidare innovativ framtid? Den maritime klynga på Møre har synt ein eineståande evne til omstilling, det har vore ei høg fokus på erfaringsbasert kunnskap, samstundes som dei har låge heilt i topps kva innovasjon angår. Globale konsern har også kjøpt opp fleire bedrifter i klynga og latt dei fortsatt vere her, det må vel bety at dei set pris på ”dei kloke hoda” som er der og at Sunnmøre er ein attraktiv vertskapsregion? Kva er det som må til for å oppretthalde

og fornye dei eigenskapane/fortrinna som bidreg til regionens innovasjonsevne? Det er eit samansett bilete. Bakteppet er at arbeidsmigrasjon vurderast som positivt både for individ i allokering av eigne ressursar , og for samfunnet i form av eit meir velfungerande og effektivt arbeidsmarknad (Stortingsmelding nr.18, 2007 – 2008). Arbeidskraftbehovet i Møre og Romsdal er også stort, i tillegg til at kunnskap, kvalifikasjonar og diversitet av arbeidskraft er viktige faktorar for innovasjon og bedriftsutvikling (Hidle, Ellingsen og Vangstad, 2009: 63). Mykje tyder på at for å oppretthalde og fornye dei eigenskapane og fortrinna som bidreg til regionen sin innovasjonsevne så må ein evne å kombinere denne ”annaleisheita” – heita til den kreative klassen med Møre ånda (Almestad, 2011). Det er noko med dette møtet mellom det kodifiserte og teoribundne og den erfaringsbaserte kunnskapen. Almestad peikar på at bedriftene må gjennomgå ei erkjenning at ein treng begge to, men at han er usikker på i kva grad næringslivet er bevisst på det.

Det Sunnmørske næringslivet ”går som det griner” og den maritime klynga på Møre har overlevd kriser i fleirtal før. Den maritime klynga på Møre har utan tvil fått til uendeleg mykje, særleg når det gjeld omstilling og utvikling. Kvifor skulle ein då ta inn over seg denne kritikken? Det er kan hende ingen underdriving å seie at det kan opplevast som ei diskrepans mellom historia til den maritime klynga på Møre og det som informantane skildrar. Fleire av informantane peika på at Sunnmøringen unngår konflikt, liker best å samarbeide med dei som dei alltid har samarbeida med, at dei arbeider mindre profesjonelt og prosedyrebasert, og ein sit igjen med ei kjensle av at det heile skjer litt ”på slump”. Det har til no gått bra, men vil ein møte seg sjølv i døra dersom ein held fram med denne måten å arbeide på?

På same måte som det lokale og det regionale nivået får ein ny og anna betydning som følgje av globalisering, økte transnasjonale relasjonar, og også ein meir kosmopolitisk måte å tenke og handle på (Hidle, Ellingsen og Vangstad, 2009: 62), så har dette då sjølvstgt innverknad på måten vi arbeider på. Globalisering og internasjonalisering fører med seg ein del endringar, mellom anna på arbeidsmåte/struktur/prosedyrar og kommunikasjon. Det som har vore såkalla ”taus kunnskap” i bedriftene må i større grad enn før formaliserast for å møte det internasjonale og den globaliserte verda. Nokre spørsmål som det er vel verdt å stille seg i denne samanhengen er: I kva grad medfører dette endringar for måten dei maritime bedriftene arbeider på? Og får dette konsekvensar for innovasjon?

Per Erik Dalen, administrerande direktør i Norwegian Centre of Expertice Maritime, heretter NCE Maritime) hevdar at styrken i den maritime klynga på Møre ligg på

*”erfaringskompetanse som vi klarer å innovere på en hurtig måte. Dette skyldes kultur for uformell kommunikasjon og flate organisasjoner. Globaliseringen vil gi utfordringer på hvordan vi “bringer hjem” erfaringskompetansen og selvfølgelig også økt raskere enn andre kan knappast regnes som uprofesjonelt. Likeså at næringa er verdensledende på sitt område (Dalen, P.E, 2011). Er det som mine informantar peikar på som svakheita i den maritime klynga på Møre då det som Dalen her peikar på som sjølve styrka? Dalen vektlegg at grunna desse flate strukturane og uformelle linjene så gir dette auka innovasjonshastigheit. Torger Reve understrekar at det er tale om fleire typar for kunnskap. Denne ”basiskunnskapen” som ”basisindustrien” utgjer, må vere med for å kunne lukkast, ”Og trekker ofte frem den maritime industrien på Vestlandet som et eksempel. Reve peker på betydningen av flere typer kunnskap, som alle er nødvendige for å skape et levedyktig næringsliv med høy konkurransekraft: Forskningsbasert kunnskap (teknologi), kommersiell kunnskap (forretningsmodeller) og sist, men ikke minst: erfaringsbasert kunnskap (”learning-by-doing”)” (Raabe, 2011).*

I Sunnmørsposten uttalte Per Erik Dalen også at forskning og akademisk ekspertise er viktig for at bedriftene skal lukkast, men at det er vesentleg at den erfaringsbaserte kunnskapen blir verdsatt. Her seier han at: *”I vår region har det tradisjonelt vore ein flat struktur, korte vedtaksprosessar og der ein i stor grad har drege vekslar av praktisk erfaring”* (Sunnmørsposten, 17.03.2011). Å dra vekslar av praktisk erfaring kan vere svært nyttig, men nokre informantar peikar på at dei nettopp ikkje blir utnytta til det fulle basert på denne erfaringa som dei sit på. Nokre peika på at dei opplever det som litt merkverdig at dei ikkje blir tatt med på prosjektarbeid eller lag der dei har erfaring i frå tidlegare. Fleire hevda også at det var i kraft av deira formelle kompetanse som gjorde at dei fekk arbeid i den maritime klynga, meir enn erfaringane dei har i frå store internasjonale selskap. Korleis kan ein då seie at ein verdset den erfaringsbaserte kunnskapen? Dette gjeld berre for den lokale erfaringsbaserte kunnskapen? Fleire av informantane peika på at deira kompetanse ikkje er sett i bedrifta og at dei får ikkje vere med ”på laget”. Dei mest kreative løysingane blir til i eit samspel mellom den erfaringsbaserte kunnskapen, den forskingsbaserte og den kommersielle kunnskapen. I samspel ligg det at det skal skje noko i skjeringspunktet mellom fleire menneske, men det er berre nokre få som får vere med. ”Den etablerte grupperinga” som får bestemme kva ein skal ha på agendaen. NHO – topp Terje Dyrseth frykter at næringslivet i Møre og Romsdal blir forgubba (Sunnmørsposten, 13.05.2011). Korleis kan ein sikre ein vidare vekst dersom ein ikkje tek i mot dei høgkompetente på ein skikkeleg måte? Nokre av

informantane opplevde og det at slik som klynga ønsker å framstå i media og slik inntrykket var før dei kom, ikkje er heilt slik som dei opplever klynga no som dei er her. Tobias (39) seier at han opplever at klynga er: *”Mindre hightech enn dei trur dei er. Det er hightech her, og klynga er spesiell, men ikkje heilt unik. I mitt heimland har vi nesten same klynge, men det er mykje meir konkurranse. Her er kanskje litt meir samarbeid”*. Dette gjenspeglar ein del av diskursen i denne drøftinga, det sterke samarbeidet internt i klynga som legg føringar for kven som har tilgang til samarbeid i klynga.

Er denne litt meir uformelle arbeidsmåten typisk for maritime bedrifter her eller er det kan hende voksesmerter fordi dei har blitt så store? Og opplever du at dei maritime bedriftene behandlar dei lokale kundane annleis enn dei internasjonale? *”Den er typisk for regionen og jeg håper vi kan bibeholde denne egenskapen i vekst og globalisering. Vårt store konkurransefortrinn er innovasjonshastighet. Våre maritime bedrifter er så profesjonelle at de takler lokale og internasjonale kunder. Vil dog tro at det er enklere med de lokale, men de takler de internasjonale”*(Dalen, P.E, 2011).

Dalen (2011) og andre viser då til at konkurransefortrinnet til klynga er innovasjonshastighet. Ein ny studie viser at næringsklynger ikkje bidreg til innovasjon. Klyngene er rett og slett irrelevante i høve innovasjon. Fitjar og Rodrigues – Pose (2010) har sett på kven bedriftene samarbeider med om innovasjon og om dei samarbeidar lokalt, regionalt eller internasjonalt. Storparten samarbeidar mest med partnarar i regionen, utan at Fitjar og Rodrigues - Pose kan sjå at det kjem noko innovasjon ut i frå det. Det einaste som dei ser at virkar, er samarbeid med utanlandske partnarar. Torger Reve er veldig ueinig i dette, men påpeiker samstundes at internasjonale koplingar er viktige. Per Erik Dalen er heller ikkje samd i dette og han meiner at den største effekten av næringsklynga på Nord – Vestlandet først og fremst skuldast at dei er innanfor eit lite område, med ein enorm erfaringsbasert kunnskap. *”Dessuten er det noe med den norske, eller sunnmørske, kulturen som sørger for en flat og uformell kommunikasjon. Kunnskapen spres derfor raskt, noe som er viktig. Dessuten har vi en komplett verdikjede i alle ledd, som genererer nye løsninger. Når internasjonale redere i tillegg søker til oss, så har vi de internasjonale kontaktene på plass”* hevdar Dalen (Sunnmørsposten 24.03.2011).

Dermed framstår det som ”ekstra” viktig å framstå som attraktiv for internasjonale kundar og nettverk. Informantane peikar på at dei opplever at bedriftene arbeider annleis opp mot internasjonale enn kva dei gjer med lokale kundar. Dei opplever at med internasjonale kundar

så viser bedriftene ein tendens til å arbeide meir profesjonelt. Då kan dei ikkje berre snakkast på fotballbana seinare og diskutere kontrakta, vart det påpeikt frå fleire hald. Tobias (39) meiner at denne skilnaden i måten å arbeide på ikkje berre kan knytast opp mot at bedriftene arbeider annleis med dei internasjonale kundane, men også fordi desse kundane krev meir systematikk og det Tobias legg i ”profesjonalitet”. Han sa:

*”Internasjonale kundar tenker litt forskjellig frå norske kundar her. Her er veldig liten kommune. Alle kjenner alle, så det er mykje enklere å berre diskutere og sende litt ut, en ting ut, men det er ikkje nødvendigvis slik med internasjonale kundar. Dei tenker fortsatt heilt forskjellig. Eg ser det som stor forskjell egentlig”.*

Tobias (39) vektlegg at det er ein skilnad mellom lokale kundar og internasjonale kundar. Han meiner at ein bør tilnærme seg ein standardisert måte å arbeide på, uansett om kunden er i frå utland eller innland. Fleire trekk dette fram som viktig trekk i høve dette med prosedyrar og at ein er litt meir ”laussluppen” i høve omgangen med regionale eller lokale kundar.

*”Arbeidsmiljøet er meir laidback når dei jobber med norske klienter, men også av og til med internasjonale klienter, og ofte da kan det bli en spenning mellom de to. Det ser vi.(...) Det finnes også masse andre kunder i andre land, i Vest Europa eller Kina som er like bra eller bedre. Men da blir det: ”Nei, har aldri jobba med de” ”Vi er kjent med disse bedriftene” ”Det er kjekt å jobbe med de”, ”Nei dette er nytt””. I klynga vert det interne samarbeidet trekt fram som viktig og grunnleggande for at det har gått så godt med den maritime industrien som det har gjort. Informantane i denne studien set fingeren på nokre viktige moment i høve det interne samarbeidet: dei opplever at det blir utført mykje kontrakter og arbeid basert på ei stor grad av tillit mellom aktørane i klynga, medan i høve internasjonale kundar så vert denne måten å arbeide på, utfordra. Dei ønsker seg ei større grad av formalisering internt i klynga ettersom dei meiner at det er vegen å gå i høve ei auka profesjonalisering av arbeidet.*

## 8. Avsluttande drøfting og konklusjon

### På Nebo Bjerg?

Nebo Bjerg står omtalt i Bibelen som staden der Moses fekk sjå inn i det landet han og folket hans var lova, utan sjølv å få kome dit. Fleire faktorar i møtet mellom dei høgkompetente utanlandske arbeidarane og den maritime klynga på Møre og omgjevnadane, kan gje ei slik kjensle av at dei får sjå inn i det ”landet” som er der, men sjølv ikkje få kome inn og utgjere ein del av det og bidra i innovative prosessar. I det følgjande avsluttande drøftings - og konklusjons – kapittelet vil årsakene til denne opplevinga av å vere på Nebo Bjerg bli belyste, drøfta og framheva.

#### **I denne studien har den følgjande problemstillinga vore rettesnor:**

- 1) Korleis opplever høgkompetent utanlandsk arbeidskraft møtet med den maritime klynga på Møre og omgjevnadane?
- 2) Kva er deira rolle i høve innovasjon?

#### **Korleis dei opplever staden**

I denne studien er det blitt nytta ein romleg triade<sup>39</sup> i fortolkinga av det konkrete og det abstrakte i forståing av staden. Utgangspunktet for staden som analytisk omgrep føreset tre gjensidige dimensjonar: 1) Bygd som konkret lokalitet, 2) Representasjonar av bygd og 3) Det levde livet på bygda. I denne romlege triade er det gjort eit poeng av at det er ingen av dei tre dimensjonane som fungerer uavhengig av kvarandre. Dermed har det i denne studien vore betimeleg å studere dei tre dimensjonane som saman dannar grunnlaget for korleis dei høgkompetente utanlandske arbeidarane opplever møtet med den maritime klynga på Møre og omgjevnadane. I bygda som konkret lokalitet skildrar dei høgkompetente utanlandske arbeidarane Sunnmøre som den idylliske bygda: frisk luft, rolege omgjevnadar og ein flott natur. Av dei som hadde kunnskap om Sunnmøre før dei kom, oppgav 80% at dei hadde kunnskap om den sunnmørske naturen. Dei fortalte om korleis naturen her innbydar dei til å vere meir fysisk aktiv enn kva dei var i heimlandet. Nokre av informantane hadde valt å busetje seg på Sunnmøre på grunn av naturen, kanskje kan ein kalle dei for livsstilsflyktningar<sup>40</sup>? Menneske som søker fred og ro i dei vestlandske bygdene. Ein medverkande faktor i dei stadspesifikke utfordringane til Sunnmøre er infrastrukturen som dei høgkompetente utanlandske arbeidarane opplever som vrien. Særleg gjeld dette i det å kome

---

<sup>39</sup> Halfacree (2006), inspirert av Lefebvre (1991).

<sup>40</sup> Dette omgrepet syner til H.Eriksen, (2005) som er nøyare skildra i empiri – kapittelet.



seg frå Ulsteinvik til Ålesund tur/retur og fleire ønskjer seg fleire internasjonale avgangar ved dei lokale flyplassane.

I forskingsopplegg er det ikkje uvanleg at ein dimensjon i den romlege triaden vert meir framtrudande og grundigare belyst enn dei to andre, og dette vart også tilfellet i denne studien. Fleire forskarar hevdar at det verken er arbeid, kulturtilbod eller andre fysiske kvalitetar ved ein stad som avgjer om ein ønsker å flytte dit eller ikkje, men at det snarare er sosiale relasjonar, familiære band, ei kjensle av å bli inkludert og om menneske sine forståingar av seg sjølv harmonerer med dei sosiale konstruksjonane dei har av staden. Dette samsvarar med funn i denne studien. Forenkla sagt: er dei høgkompetente utanlandske arbeidarane sin identitet<sup>41</sup> i harmoni (In place) eller disharmoni (Out of place) med dei rammer og normer som dei meiner er hefta ved staden? Kva representerer staden for dei? Dei høgkompetente utanlandske arbeidarane er nøkterne i sine krav om fleire kafear, meir uteliv, fleire kulturtilbod på Sunnmøre, ettersom dette også er avhengig av etterspurnad. Dei konstaterar likevel at dei opplever at det er ein diskrepans mellom det livet dei var van med å leve i sine heimland, og det livet dei lev her og no, på Sunnmøre. I dette ligg det særleg faktorar frå det sosiale aspektet, ”det levde liv på bygda”, og sosiale relasjonar.

### **Dei sosiale relasjonane**

Det mest framtrudande i høve den romlege triaden og dei høgkompetente utanlandske arbeidarane er dei sosiale relasjonane, eller mangelen på slike. Ringen av etablerte venskap blir av mange av informantane opplevd som “slutta”, og dei opplever at det er vanskeleg å få innpass i dei sosiale relasjonane på staden. Dei høgkompetente utanlandske arbeidstakarane som kjem hit har heilt andre føresetnadar for å danne seg nettverk og sosiale band, enn det dei lokale norske har. Nokre av dei er gift med nordmenn, men av respondentane i denne studien var 58 % gift med utlendingar og 12 % var single. Dette tilsvarer 70 % som mest truleg kjem til Sunnmøre utan nære familiære tilknytningar til staden. Alle menneske har eit behov for å høyre til, og det å flytte til ein stad blir ofte sett på som ein del av eit identitetsprosjekt. Relatert til behovet for å høyre til ligg potensialet for å inngå i forpliktande relasjonar. Det som vanskeleggjer dette er at dei høgkompetente utanlandske arbeidarane opplever det som vrient å kome inn og bli ein del av ei gruppe; å kjenne at her høyrer dei til. Dei høgkompetente arbeidarane opplever Sunnmøre som ein stad der kristne verdiar står sterkt, og dette opplevast som svært positivt for dei av dei utanlandske arbeidarane som har den same

---

<sup>41</sup> Ditt levesett/dine livsstilsval/dine karrieredraumar osv.

religiøse overtydinga som dei finn her. Mellom dei som har andre religiøse overtydingar kan det tyde på at desse inngår i meir transnasjonale nettverk og ikkje blir inkludert i ”det norske”. Dei høgkompetente utanlandske arbeidarane opplever at det på staden i stor grad er toleranse for menneske som kjem frå andre land, og dei opplever ikkje å bli ekskludert i så måte at det blir sagt noko konkret eller gjort fysiske skilnadar på dei. Men dei blir aldri tatt opp. Om lag halvparten føler seg veldig inkludert i lokalsamfunnet, og dette kan vere uttrykk for ei polarisering der ”gruppa” høgkompetente utanlandske arbeidarane står på kvar si fløy.

Sosial kapital er knytt til dei ressursane som omgjer oss, og dei goda eit nettverk kan tilføre individet. For å inneha sosial kapital må ein person vere knytt til andre personar, noko som dei høgkompetente utanlandske arbeidstakarane opplever at er vanskeleg her på Sunnmøre. Det openbare er at når det opplevast som vanskeleg å knyte band til menneske på staden så minskar moglegheitene for å inneha sosial kapital. Makt er ikkje noko som utøvast av eit subjekt mot eit anna subjekt, men er noko som utvekslast i relasjonen mellom menneske. Dette gir moglegheiter til nokre, og avgrensingar til andre. Det kan i denne studien tyde på at fordi dei høgkompetente utanlandske arbeidarane opplever at det er ein stor skilnad i korleis ein omgår kvarandre og korleis sosiale relasjonar formast her og det dei er van med, så opplever dei også at dei mister sosial kapital og makt. Fleire av dei opplever at dei ikkje kan hevde seg på same måte som i sine respektive heimland. Dei opplever også at dette påverkar kva roller dei kan ha på staden så vel som i bedrifta dei arbeider i. Sosial kapital og ei kjensle av tilhøyre kan sjåast i samheng med ”job embeddedness” som skisserar moment som er viktige for at ein skal føle seg som ein del av ei bedrift/ein region. Det er mykje som tyder på at høgkompetent utanlandsk arbeidskraft ikkje føler på denne forankringa korkje i bedrifta eller i regionen. Dette kan verke inn på ”turnover” i ei bedrift og dette blir ei av utfordringane for den maritime klynga på Møre framover ettersom Møre og Romsdal treng kompetent arbeidskraft.

Personlege relasjonar startar gjerne med at vi først framstår som ein kategori for kvarandre, for så å bli meir ein person etter kvart som relasjonane utdjupast. Dei høgkompetente utanlandske arbeidarane opplevde at i samhandling med andre<sup>42</sup> blei deira ”utanlandskheit” veldig framtrekande. Teikn på kategoritilhøyre får vanlegvis redusert kraft over tid og personen vil tre fram med sine personlege karakteristika<sup>43</sup>. Av-kategoriseringar og re-kategoriseringar kan oppstå, og dette skjer gjennom dialog og samhandling. For at dei

---

<sup>42</sup> ”Andre” syner her til menneske som dei samhandlar med. Då særleg dei med lokal tilhøyre.

<sup>43</sup> Pedersen, 2008: 191.

høgkompetente utanlandske arbeidarane skal kunne bli sett på som ein del av ”laget” må dei ”avkategoriserast”. Fleire av informantane vektla nettopp dette i det dei skildra korleis dei arbeidde med å ”marknadsføre” seg sjølve gjennom å legge ut bilete på sosiale medier av seg sjølv på ski eller at dei tok del i sosiale tilstellingar med kollegaer. På denne måten opplevde dei at kollegaer og andre fekk eit anna syn på dei og at dei fekk naturlege samtaleemne som elles kanskje ikkje hadde kome opp. Utfordringa i å kunne bli ”avkategorisert” ligg i det å kunne få inngå i dialog og samhandling. Ettersom dei opplever dette som vanskeleg, så vanskeleggjer dette også avkategoriseringa og det kan hindre at dei personlege karakteristikkane får tre fram. Dei opplever at dersom ein har eit lokalt etternamn kan dette lette denne avkategoriseringa fordi dei då kan bli plasserte i ein kategori som er kjent.

Styrka i dei svake band<sup>44</sup> kan innebere ei viktig skildring av dei ulikskapane i moglegheiter som eit stort nettverk gir, moglegheiter som truleg er særleg relevante for innvandrarar sitt syn på arbeidsmarknaden<sup>45</sup>. Desse skilnadane i moglegheiter for nettverk påverkar migrantane sine syn på staden. Det er dei dominerande sosiale praksisane som utviklast på staden som er med på å gi staden kulturell mening. I dette ligg det tilhøyre for nokre, og ei kjensle av utestenging for andre. Dei utanlandske arbeidarane skildrar at dei som allereie har gode nettverk blir tatt med ”på laget” medan slike som dei, utan dei sterke banda og tilknytningane til staden, har vanskar med å finne sin plass. Det kan tendere til at Matteus – effekten<sup>46</sup> framtrer i den maritime klynga på Møre. Dei høgkompetente utanlandske arbeidarane kjem inn i ein ny romleg kontekst der dei ikkje blir invitert inn i den sosiale fellesskapen. Denne fellesskapen er reservert for den etablerte gruppa med lokal tilhøyre og sterke nettverk.

### **Kor innovative er dei?**

Den maritime klynga har ei suksessrik historie bak seg, og den resiproke tilliten mellom aktørane internt i klynga har ført til både konkurranse og samarbeid. Med globaliseringa og auka kommunikasjon over landegrensar blir denne sosiale kapitalen satt på prøve. Inntrykket av det maritime eventyret sett frå nokre av dei høgkompetente utanlandske arbeidarane sin ståstad er litt karikert: dei opplever at nordmenn er ”laidback” i sin arbeidsstil sett i høve kva dei er vande med, dei opplever nordmenn som meir ”bakoverlente” enn ”framoverlente” når det gjeld å ta ein diskusjon og diskutere ulike idear, og dei opplever at innovasjonen stoggar fordi dei som har vore lenge i ei bedrift seier: ”Slik gjer vi det her hos oss”. Nokre meiner at

---

<sup>44</sup> Granovetter, M. 1973.

<sup>45</sup> Støren, 1996:146.

<sup>46</sup> Frå Matteus – evangeliet : ”Den som har, han skal få og det i overflod. Men den som ikkje har, skal miste sjølv det han har”.

denne avslappa arbeidsstilen fører til ei auka kreativitet, men at dei skulle ønske at det var ei auka grad av balanse mellom det å arbeide innanfor ein strammare struktur og meir prosedyrebasert, enn det dei opplever som lause rammer her.

Informantane i denne studien har eit ønskje om å få delta i dei sosiale relasjonane, eit ønskje om å bidra i innovative prosessar, og eit erfaringsgrunnlag og kompetanse som bør bli nytta meir. Dei har innsikt i andre måtar å arbeide på, i andre kulturar, i frå andre næringsklynger sine måtar å handtere ting på. Den maritime klynga på Møre har vektlagt at eit av suksesskriteria til næringa er den tette dialogen mellom dei tilsette i bedriftene og det å vere ein del av ei klynge. Klynga har i dei seinare år også blitt prega av utstrakt bruk av internasjonale underleverandørar og kundar, og attendemelding frå mellom anna omdømmeundersøkingar<sup>47</sup> viser at klynga framstår som arrogante i samhandling med internasjonale kundar. Burde dei då ikkje spele meir på den internasjonale kompetansen som allereie er i bedriftene? Eit moment som fleire av informantane peika på, er den at dei kanskje ikkje kjenner den kjensla av å høyre til, ikkje berre fordi dei ikkje blir inkludert, men også fordi dei i kraft av å reise og arbeide i ulike land, også er blitt rotlause på eit vis. Dette kan moglegvis danne noko av grunnlaget for at dei ikkje blir inkludert i like stor grad som ein person med lokal tilhøyre.

I eit land som Noreg med eit høgt kostnadsnivå er bruk av unik kunnskap særdeles viktig for at bedrifter skal kunne oppgradere seg og utvikle nye produkt, tenester og produksjons - og organisasjonsmåtar. Lokalisering nær slike kunnskapsklynger lettar tilgangen på ny og viktig kunnskap som berre kan overførast frå person til person i tillitsbaserte relasjonar<sup>48</sup>. Mykje av denne kunnskapen i klyngene er det ein kan kalle for ”tause kunnskap”: altså kunnskap som ikkje finst i skriftleg form og som heller ikkje kan nedteiknast og framstillast i lærebøker eller bruksanvisningar<sup>49</sup>. Denne kunnskapen må hentast frå personar, bedrifter eller kunnskapsmiljø som har utvikla den eller som har direkte tilknytning til den. Inntoget av globalisering og internasjonalisering utfordrar denne tause kunnskapen. Dei høgkompetente utanlandske arbeidarane peikar på korleis dei ikkje får tilgang til denne tause kunnskapen fordi dei ikkje er involverte i desse tette tillitsbaserte relasjonane.

---

<sup>47</sup> Glendrange, J. (2008) holdt ein presentasjon 09.09.2008 om rapporten frå den globale omdømmeundersøkinga på oppdrag frå NCE Maritime, utarbeida av Burson – Masteller.

<sup>48</sup> Ibert 2007.

<sup>49</sup> Isaksen og Asheim, 2008:19

Ser ein den maritime klynga i høve det organisasjonsteoretiske perspektivet på medarbeidarane sine idear og forslag kring innovasjon handlar ikkje dette berre om kva for type innovasjonar som kan knytast til ulike nivå i organisasjonen. Det kan også dreie seg om organisatoriske hemskoar for at den høgkompetente arbeidskrafta i den maritime klynga på Møre faktisk kan oppnå gjennomslag for sine innovative idear i bedriftene. Dette kan vere relatert til at forventningane til korleis bedriftene skal fungere er ulike mellom dei utanlandske arbeidstakarane og sunnmøringane. I møtet med den maritime klynga på Møre står måten å arbeide på fram som noko dei høgkompetente utanlandske arbeidarane opplever som svært annleis enn det dei er vande med. Desse skilnadane går særleg mellom å arbeide prosedyrebasert som dei er vant med og ein meir uformell struktur, slik dei opplever den maritime klynga på Møre. Relevant for denne studien er kva kunnskapsfundament ein legg til grunn: den erfaringsbaserte kunnskapen står sterkt i den maritime klynga. Organisasjonar viser seg mellom anna å ha institusjonelle trekk<sup>50</sup>, som kan kome til uttrykk ved at dei ikkje nødvendigvis endrar seg sjølve om dei blir eldre, større eller står overfor nye utfordringar. Det er mogleg at den utanlandske arbeidskrafta kjem frå nasjonar og bedrifter der dei til dømes forventar langt meir strukturert og formalisert tilnærming til inkludering, deltaking og rekruttering til bedriftene enn det som kan vere typisk innan den maritime klynga. Dei er kanskje vane med store internasjonale konsern prega mellom anna av klar formalisering på ei rekke område, som til dømes kontrollsystem. Mintzberg (1979) kalla slike konsern for "divisjonalisert form". Informantane opplever at dei arbeider på ein måte som er meir profesjonell enn slik enkelte saker blir gjennomført i den maritime klynga på Møre, og dei tenker annleis om korleis prosessar og arbeid bør utførast/kva som er profesjonelt. Informantane peiker på at dette blir ei utfordring når dei opplever at det er vanskeleg å få innpass i organisasjonen, det å vere sikker på at arbeidet ein har gjort er i følge standard-prosedyrar, det at ein har valt det beste alternativet og at ein ikkje har gått for "venskap og kjennskap" i til dømes tilsettingsprosessar.

Industrieventyret på Sunnmøre med skipsbygging og møbelproduksjon har mellom anna vore prega av lokalt eigarskap av bedriftene og relativt små skilnadar økonomisk og sosialt mellom arbeid og kapital. Det er mogleg at industrietableringa og dei egalitære sosiale tilhøva mellom folk på Sunnmøre har fremja ein organisasjonskultur som minner om trekk ved dei organisasjonane (bedriftene) som den amerikanske organisasjonsteoretikaren Mintzberg (1979) kalla "den enkle strukturen". Sentrale kjenneteikn her er liten grad av horisontal og

---

<sup>50</sup> Her er omgrepsapparatet til Scott, R.W, (2008) lagt til grunn.

vertikal nivåinndeling, at medarbeidarane er familiemedlem eller vener og at kommunikasjon av ymse slag og rekruttering foregår på uformelt vis.

Eit anna interessant aspekt gjeld måten ledige stillingar blir gjort kjent på i den maritime klynga på Møre. Berre 40 % av stillingane i alle kategoriar vert lyst ut<sup>51</sup>. Dette kan vere uttrykk for det uformelle nettverket på staden. Dette er også ei utfordring som fleire av informantane peikar på fordi dei opplever det som vanskeleg å sjå nye moglegheiter innanfor arbeidsmarknaden fordi det vert opplevd som ein lukka marknad. Skil regionar og byar lukkast og ha ei positiv utvikling må dei evne å trekke til seg høgkompetent arbeidskraft. I staden for at samfunnsplanleggjar skal fokusere på infrastruktur med til dømes utbyggingar og utvikling slik som dei tradisjonelt sett har gjort, så meiner altså Florida at ein er inne i eit paradigmeskifte (Florida, 2008). I staden for å vektleggje korleis ein kan tiltrekke seg firma og arbeidsplassar via bedriftene bør ein konsentrere seg om strategiar for å tiltrekke seg den kreative klassa. Eg synest dermed at ein har gått frå eit meir overordna nivå til eit meir individsentrert nivå. Kva resultat vil det på sikt få at ein i Møre og Romsdal ikkje lyser ut meir enn ein brøkdel av stillingane? For meg synest problematikken openbar: korleis kan ein då framstå som attraktive for ”dei rette” menneska? Det kan resultere i ein kultur for innavl, og favorisering av vener og slekt, samstundes som bedriftene kan bli meir paranoide i sin omgang med å verdsetje flinke kollegaer i frykt for å miste dei. Nepotisme viser til favorisering av venar, familie og at ein går for kjennskap framfor kompetanse<sup>52</sup>. Nokre skildrar deira forståing av rekrutteringsprosessen i den maritime klynga som at det kan synest som om at bedriftene ofte går for å rekruttere ein ”komfortabel” og kjent snarare enn å rekruttere ein dei ikkje kjenner frå før. Er det dette ein kan sjå konjunkturane av i Møre og Romsdal? Når blir det eit problem at ein vel kjennskap framfor kompetanse i den frie marknaden? Fører dette til at den merkbare graden av tillit internt leiar til mistillit?

## **Konklusjon**

Doxa er det som vert tatt for gitt utan vidare; det som er so sjølvlysande riktig at det ikkje eingang uttrykkast gjennom bevisste forestillingar eller trusretningar. Når noko vert tatt for gitt blir det ofte heller ikkje analysert. Dei daglegdagse og dei nære ting i verda er ”røyndommen” slik den framstår for oss<sup>53</sup>. Det framstår som så sjølv sagt at ein ikkje trur at

---

<sup>51</sup> Tobro, 2011.

<sup>52</sup> Istadanfor å tenke nytt, så vel ein det som er kjent. I tråd med utdanningseksplasjonen og formelle krav knytt til stillingar i Noreg, så er det ingen grunn til å tru at det er anten kjennskap eller kompetanse. Mest truleg gjeld det kjennskap med kompetanse.

<sup>53</sup> Gullestad, M. (1984).

det kunne vere på nokon annan måte og dermed reflekterer ein heller ikkje over kvifor det har blitt sånn. Det blir eit doxa. Doxa blir utfordra i tråd med globalisering, vaksande diaspora, og ulike typar motstand mot rådande forståingar av normalitet. Ei av dei store vanskane for å bli integrert i organisasjonslivet, slik det blir opplevd av dei høgkompetente utanlandske arbeidarane, er møtet med den ”tause kunnskapen” og manglande struktur<sup>54</sup>. Den tause kunnskapen som ikkje finst i skriftleg form, ei heller nedteikna i til dømes arbeidsrutinar eller prosedyrar. Den må erfarast. Dei opplever det som vanskeleg å få erfare denne fordi dei opplever det som vanskeleg å bli invitert inn i ringen av ei etablert gruppering. Desse etablerte norske tek ikkje eit steg til sides og let dei sleppa inn. Fleire av dei høgkompetente utanlandske arbeidarane opplever det tvert i mot, at dei vert sett til meir rutineprega arbeid, og deira moglegheiter for å delta i innovative prosessar vert redusert.

Dei høgkompetente utanlandske arbeidarane opplever at dei har mykje å bidra med både til staden og i bedrifta. Dei har ein annan tradisjon og opplever måten vi norske oppfører oss på som uprofesjonell. Fleire av funna frå denne studien bryt med innovasjonstankegangen om at: ”Innovasjon er svært ofte avhengig av ulikskapar, meiningsbryting, gjensidig kritikk, forskjellige røyndomsoppfatningar og ulik bakgrunn hos dei som skal jobbe fram nye idear saman”. Dei høgkompetente utanlandske arbeidarane saknar ei større grad av openheit, gjensidig kritikk, meiningsbryting og at bedriftene nyttar dei og deira kompetanse/idear meir. Innanfor bedriftene og knytt til innovasjon vert det av fleire av informantane påpeikt at dei kan bidra der dei ser at bedriftene og den maritime klynga på Møre treng det mest: innanfor forbetring av forretnings - prosessar og profesjonalisering av arbeidet. Denne studien peikar på at ei står overfor to ulike kulturar, der den eine er prega av egalitære strukturar og dei andre meir formelle/hierarkiske. Dette stiller oss over på ein situasjon der det er behov for at begge partar må tileigne seg ny kunnskap om korleis ein skal innrette seg på den eine sida, men også forståing for ulike måtar å organisere produksjonen og prosessane på. Det er ikkje nødvendigvis slik at den eine eller den andre måten å gjere ting på er feil. Ein kan ikkje forvente at dei norske bedriftene skal legge om sin struktur, men ein kan forvente at dei norske bedriftene gjer sitt for å føre dei utanlandske inn i våre norske måtar å arbeide på og norsk organisasjonskultur.

---

<sup>54</sup> Til dømes: organisasjonskart

Ein skal heller ikkje sjå bort i frå at sterkare internasjonal konkurranse og frykt for at den utanlandske arbeidskrafta bidreg til å "lekke" kompetanse til konkurrentane, kan vere ein årsak til den noko proteksjonistiske måten å opptre på<sup>55</sup>. Dette er ei hypotese som ikkje vert testa i denne oppgåva. Det er eit poeng at leiarane i den maritime klynga ikkje er intervjuet i denne granskinga, og det opnar sjølvstøtt for nye interessante problemstillingar som bør gi grunnlag for nye granskingar.

---

<sup>55</sup> Ein dimensjon ved dette er at det kan vere tilfelle at bedriftene i den maritime klynga på Møre er varsame i å dele informasjon med dei høgkompetente utanlandske arbeidarane. Forsking (Storper og Venables, 2005:324) syner at "face-to-face" kontakt kan støtte utviklinga av tillit til aktørane. Det er då, i følgje forskning, meir truleg at bedriftene ville vere meir varsame i høve å dele informasjon med den internasjonale marknaden, enn med dei tilsette som er fysisk nær dei (trass i at dei er utanlandske). Bruk av høgkompetent utanlandsk arbeidskraft skjer i aukande grad i den maritime klynga på Møre. Tillit kjem ikkje av seg sjølv, men det krev tid og krefter å bygge ein tillitsbasert relasjon. Framtidig gransking vil kanskje kunne sjå konjunkturane av endring i haldningane til høgkompetent utanlandsk arbeidskraft over tid.



## 9. Kjelder

Andersen, P.T. (2006), "*Identitetens geografi, steder i litteraturen frå Hamsun til Naipaul*". Universitetsforlaget, Oslo.

Asheim, B. & Coenen, L. og J. Vang, (2007), "*Face – to – face, buzz, and knowledge bases: sociopatial implications for learning, innovation, and innovation policy*", Environment and Planning C: Government and Policy, Pion Ltd, London, vol. 25(5), pages 655-670, October.

Bathelt, H., Malmberg, A. og P. Maskell, (2004), "*Clusters and knowledge: local buzz, global pipelines and the process of knowledge creation*", Progress in Human Geography 28, 1 (2004), pp. 31 - 56.

Beck, U (2002), "*The Cosmopolitan Perspective: Sociology in the Second Age of Modernity*". I Vertovec, S. og Cohen, R (red.), "Conceiving cosmopolitanism. Theory, Context, and Practice." Oxford University Press, New York.

Befring, E., (2007), "*Forskningsmetode med etikk og statistikk*", Oslo: Det Norske Samlaget.

Berg, N.G., Dale, B., Lysgård, H.K. og A.Løfgren (2004), "*Mennesker, steder og regionale endringer*". Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Berg, N. G., Jørgensen, S. H., Karlsen, A. og A. Aase (red.) (2009), "*Mennesker og steder i samspill*", festskrift til Britt Dale, Tapir forlag.

Berglund, A.K. og G.Wollan, (2004), "*Kvinnelige og mannlige bedriftslederes forhold til sted*" i Berg, N.G., Dale, B., Lysgård, H.K. og A.Løfgren (2004), "*Mennesker, steder og regionale endringer*". Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Bergström, G. og K. Boreus, (2005), "*Diskursanalys*" i Bergström, G. og Boreus, K. (2005), "*Textens mening och makt. Metodbok i samhällsvetenskaplig text – och diskursanalys*". Stockholm: Studentlitteratur, Kapittel 8, s. 305 - 362.

Bettum, L.C. (red.) (2007), "*Sosiokulturelle stedsanalyser. Veileder*", Akershus fylkeskommune.

Brandi, S. , Hildebrandt, S. , Nordhaug, I.W., og O. Nordhaug, (2004), "*Inkluderingsledelse. Utnyttelse av mangfold i arbeidslivet*", Universitetsforlaget, Oslo.

Brox, O. (1989), "*Praktisk samfunnsvitenskap*", Universitetsforlaget, Oslo.

- Bø, I. og P.M. Schiefloe, (2007), "*Sosiale landskap og sosial kapital. Innføring i nettverkstenkning*", Universitetsforlaget, Oslo.
- Båtevik, F.O og G. Tangen, (2010), "*Arbeidskraftbehov i Møre og Romsdal. Ei undersøkning blant offentlege og private bedrifter hausten 2009*", Rapport 4/2010 Møreforskning Volda.
- Båtevik, F.O. og R. Tobro, (2011), "*Arbeidsmarknad – attraktivitet. Vi treng fleire kloke hovud*", i RISS (2011), "*Samfunnstrekk i Møre og Romsdal*", Møre og Romsdal fylkeskommune, Plan - og analyseavdelinga i samarbeid med Møreforskning.
- Cloke, P., Marsden, T. P. Mooney (red.), (2006), "*Handbook of rural studies*", Sage Publications, London.
- Cresswell, T., (1996), "*In place/Out of place. Geography, Ideology and Transgression*", Minnesota Press, London.
- Deflem, M., (2001), "*Ferdinand Tönnies (1855-1936)*", In the Routledge Encyclopedia of Philosophy, edited by Edward Craig. London: Routledge.
- Denscombe, M., (2010), "*Ground Rules for Social Research. Guidelines for Good Practice*", Second edition, Open University Press.
- Eriksen, T.H., (2007), "*Globalization. The key concepts*", Berg publishers.
- Eriksen, T.H.,(2006), "*Eksilantens styrke*", etterord i Alghasi, S., Fangen, K. og I. Frønes (red.), (2006), "*Mellom to kulturer*", Gyldendal akademisk.
- Fangen, K. (2010), "*Deltagende observasjon*", Fagbokforlaget, Bergen.
- Fitjar, R.D. og A. Rodríguez-Pose, (2010), "*Innovating in the Periphery: Firms, Values and Innovation in Southwest Norway*", European Planning Studies [forthcoming].
- Florida, R. (2004), "*The rise of the creative class .....and how its transforming work, leisure, community and everyday life*", Basic books, New York.
- Florida, R. (2007), "*The flight of the creative class. The new global competition for talent*", Harpercollins, New York.
- Florida, R. (2008), "*Who`s your city? How the creative economy is making where to live the most important decision of your life*", Basic books, New York.

Fosso, E.J. (1992), “*”Det romlige”, “det sosiale” og handlingsteori. Et møte mellom geografien og sosiologien*”, Institutt for geografi, Norges Handelshøyskole og Universitetet I Bergen, Nr.170 /1992.

Fosso, E.J., (2004), “*Unges flytting – et spørsmål om identitet og myter om marginale og sentrale mennesker*” i Berg, N.G., B. Dale, H.K. Lysgård og A. Løfgren (red.) (2004), “*Mennesker, steder og regionale endringer*”, Tapir Akademisk forlag, Trondheim.

Fosso, E.J. (2007), “*Bygda som bosted – hvorfor flytte til eller derfra?*” I Rusten G., Iversen, N.M og Hem, L.E (2007), “*Vårromn med nye muligheter. Ressurs- og opplevelsesbasert verdiskaping på veslandsbygder*”, Fagbokforlaget.

Granovetter, M.S. (1973), “*The Strength of the Weak Ties*”, American Journal of Sociology, 78:1360-80.

Granovetter, M.S. (1995), “*Getting a job: A study of contacts and careers*”. 2.utgave. Chicago: The University of Chicago Press.

Green, A. (2005), “*Employment restructuring in rural areas*” I Schmied, D. (red), “*Winning and Losing. The changing geography of Europe`s rural areas*”. Wiltshire: Antony Rowe Ltd.

Grøgaard, J.B og Støren, L.A., (2006),”*Kunnskapssamfunnet tar form. Utdanningseksplasjonen og arbeidsmarkedets struktur*”. Cappelen akademisk forlag, Oslo.

Gullestad, M. (1984), “*Kitchen-Table Society. A Case Study of the Family Life and Friendships of Young Working-Class Mothers in Urban Norway*” Universitetsforlaget, Oslo.

Gullestad, M. (1989, 5.opplag 2000), “*Kultur og hverdagsliv*”, Det blå bibliotek, Oslo.

Gullestad, M. (2000),”*Kultur og hverdagsliv. På sporet av det moderne Noreg*”, Universitetsforlaget, Oslo.

Gullestad, M. (2002) , “*Det norske sett med nye øyne*”, Universitetsforlaget.

Halfacree, K. og P.Boyle. (1998): “*Migration, rurality and the post – productivist countryside*” i Boyle, P og K. Halfacree (eds.),”*Migration into rural areas*”, 1-20. John Wiley & Sons, Chichester.

Halfacree, K. (1993), “*Locality and social representation: space, discourse and the alternative definitions of the rural*”, Journal of Rural studies 9, 23-27.

Halfacree, K., (2002), "*Rural space, rural places and the practice of migration*". Paper presented at the People – Place network meeting, NTNU, Trondheim. Denne kjelda er nytta i all hovudsak i frå Berg, N.G og H.K.Lysgård (2004), "*Ruralitet og urbanitet – bygd og by*" i Berg, N.G., Dale, B., Lysgård, H.K. og A.Løfgren (red.), (2004), "*Mennesker, steder og regionale endringer*", Tapir akademisk forlag.

Halfacree, K., (2006), "*Rural space: constructing a three-fold architecture*". I Cloke, P., Marsden, T. P. Mooney (red.), (2006), "*Handbook of rural studies*". London: Sage Publications.

Haraldsen, G., (1999), "*Spørreskjemametodikk etter kokebokmetoden*", Ad Notam Gyldendal.

Hauge, A., Alnes, P.K. og A.Skålholt( 2010), "*Hamar – Florida, tur/retur. – Fungerer Floridas teorier om den kreative klassen som verktøy for regional analyser? En pilotstudie*". ØF –notat nr. 01/2010. Østlandsforskning.

Hellevik, O. (2002), "*Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*", Universitetsforlaget.

Hertzberg, D. og T. Kvinge (2008), "*Østeuropeisk arbeidskraft i norsk sjømat – og verftsindustri: Omfang og erfaringer*", Fafo – notat 2008:7.

Hervik, A. og E.W.Jacobsen (2001), "*Det regionale maritime Norge – en vital norsk næring med regionale særpreg*", Handelshøyskolen BI (F.8/2001).

Hervik, A., Oterhals, O. og Bergem, B.G. (2007), "*Den maritime næringen i Møre og Romsdal: en vekstkraftig næringsklynge rustet til omstilling?*", Rapport 0711, Møreforskning Molde.

Hidle, K (2004), "*Migrasjon og stedsmyte. Sted, migrasjonserfaringer og romlige forståelser i Kristiansand*", Avhandling for Dr.polit- graden, Institutt for geografi. Universitetet i Bergen.

Hidle, K. , W. Ellingsen og A. Vangstad. (2009), "*Internasjonalisering av arbeidsmarkedet. Suksesskriterier som kan bidra til at høykompetent arbeidskraft blir værende i bedrift og region*", FOU – rapport 4/2009, Agder forskning.

Ibert, O. (2007), "*Towards a Geography of Knowledge Creation: The ambivalence between "Knowledge as an Object" and "Knowing in Practice"*", Regional Studies, 41 (1), s. 103 – 114.

- Isaksen, A. og B.Asheim, (2008), “*Den regionale dimensjonen ved innovasjoner*” i Isaksen, A., Karlsen, A. og B.Sæther (2008), “*Innovasjoner i norske næringer – et geografisk perspektiv*”, Fagbokforlaget.
- Isaksen, A., A. Karlsen og B. Sæther,(2008),”*Innovasjoner i norske næringer – et geografisk perspektiv*”, Fagbokforlaget.
- Jakobsen, E.W og J. Bækken, (2009),”*Maritimt Møre: En integrert kunnskapsregion*”, Menon Publikasjon nr. 9/2009.
- Kalleberg, R., (1996), “*Forskningsopplegget og samfunnsforskningens dobbeltdialog*” i Holter, R. og R. Kalleberg (red.) (1996), “*Kvalitative metoder i samfunnsforskning*”, Universitetsforlagets Metodebibliotek, Oslo. 4.opplag, 2007.
- Karlsen, J., (2008),”*Læring, kunnskap og innovasjon fra et organisatorisk ståsted.*” i Isaksen, A., A. Karlsen og B. Sæther(red.) (2008),”*Innovasjoner i norske næringer – et geografisk perspektiv*”, Fagbokforlaget.
- Kjeldstadli, K., (2008),”*Sammensatte samfunn – innvandring og inkludering*”, Pax forlag A/S, Oslo.
- Kvale, S. og S. Brinkmann, (2009):”*Det kvalitative forskningsintervju*”, Gyldendal Akademisk.
- Lefebvre, H., (1991),”*The Production of Space*”, Blackwell, Oxford.
- Lysgård, H.K., (2004), “*Romlighet i studier av mennesker, steder og regioner*” i Berg, N.G., Dale, B., Lysgård, H.K. & Løfgren, A: (2004): “*Mennesker, steder og regionale endringer*”. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Løseth, A. (2004), “*Region, kultur og økonomi – Nord- Vestlandet 1850 -1975*”, i Gammelsæter, H. , Bukve, O. og A.Løseth (red.) (2004), “*Nord- Vestlandet- liv laga?*”, Sunnmørsposten forlag.
- Malterud, K., (2003),”*Kvalitative metoder i medisinsk forskning*”, Universitetsforlaget, 2.utgave, 4. opplag 2008, Universitetsforlaget.
- Massey, D, (2005), “*The conceptualisation of place*” i Massey, D. og P. Jess (red.), “*A place in the world? Places, Cultures and Globalisation*”, s.45-77. Oxford University Press, Oxford.

- Mintzberg, H.,(1979),”*The structuring of Organizations*”. Englewood Cliffs, NJ: Prentice-Hall.
- Mintzberg, H., (1994), “*The Rise and Fall of Strategic Planning*”. London: Prentice-Hall.
- Niesing, W., Vanpraag, B. og J.Veenman (1994),”*The unemployment of ethnic –minority groups in the Netherlands*”, *Journal of Econometrics* 61 (1): 173 – 196.
- Pedersen, J., (2008), “*Kamper for anerkjennelse – unge flyktninger i møte med norske lokalsamfunn*”, Doktoravhandling ved NTNU, 2008:47.
- Porter, M., (1990), “*The competitive Advantage of Nations*”, Macmillian, London.
- Reve, T., (2007),”*15 år med klyngestudier – hva har vi lært?*” i Spilling, O.R. (red.), “*Kunnskap, næringsutvikling og innovasjonspolitik*”, Fagbokforlaget, Bergen, s.43 – 67.
- Reve, T., Lensberg, T. og K. Grønhaug (1992), “*Et konkurransedyktig Norge*”. Tano AS, 1992
- Reve, T. og E. Jacobsen, (2001), “*Et verdiskapende Norge*”, Universitetsforlaget.
- Ritzer, G., (2004), “*The McDonaldization of society;*” rev. new century ed. Reference and Research Book News. Portland: May 2004. Vol.19, Iss. 2; pg. n/a (review).
- Rushdie, S.,(2000), “*The Ground Beneath her Feet*”. London: Viking.
- Røe, P.G. ,(2010), “*Hvordan forstå et sted? Om en sosiokulturell stedsanalyse*” i Album, D., Hansen, M.N. og Widerberg, K. (red.) (2010): “*Metodene våre. Eksempler fra samfunnsvitenskapelig forskning*”, Universitetsforlaget.
- Schmied, D., (2005),”*Incomers and Locals in the European Countryside*”. I Schmied, D. red.): “*Winning and Losing. The changing geography of Europe`s rural areas*”. Wiltshire: Antony Rowe Ltd.
- Scott, R.W.,(2008),”*Institutions and organizations. Ideas and interest*”. Sage publications.
- Skjervheim, H., (1996),”*Deltakar og tilskodar*” i Skjervheim, J. (1996): “*Deltakar og tilskodar og andre essays*”, Oslo, s. 20-35.

Storper, M. og A.J.Venables, (2005), "Buzz: Face - to - Face Contact and the urban economy" i Breschi, S. og F.Malerba, (2005), "Clusters, networks and Innovation", Oxford University Press.

Støren, L.A., (2006), "Innvandrere med høyere utdanning – hvordan er deres møte med det norske arbeidsmarkedet?" i Grøgaard, J.B og L.A. Støren (red.) (2006): "Kunnskapssamfunnet tar form. Utdanningsekspløsjonen og arbeidsmarkedets struktur", Cappelen akademisk forlag.

Tignali, I. (2009), "Norway in the creative age", Preliminary report, citisense 2009.

Ulstein, J.O (2006), "Talking av autorative tekstar – nokre kryssande perspektiv", i Brekke, M. (2006): "Å begripe teksten. Om grep og begrep i tekstanalyse", Høyskoleforlaget.

Vaage, L. (2002), "Kunsten å gå". Oslo: Oktober.

Verdich, M. (2010), "Creative Migration? The attraction and retention of the "creative class" in Launceston, Tasmania", Australian Geographer, Vol. 41, No.1, pp. 129-140.

Vertovec, Steven & Robin Cohen (editors) (2002), "Conceiving cosmopolitanism: Theory, context and Practice", Oxford University Press.

Aase, T.H. og E. Fossaskåret, (2007): "Skapte virkeligheter. Om produksjon og tolkning av kvalitative data", Universitetsforlaget, Oslo.

## **Internett**

Allen, D. G. 2006, "Do organizational socialization tactics influence newcomer embeddedness and turnover?" Journal of Management, 32: 237–256.

<http://jom.sagepub.com/content/32/2/237.abstract>

Bodnarchuk, K (2011), "Elbow room", Boston.com.30.01.2011

[http://www.boston.com/travel/specials/cruises/articles/2011/01/30/elbow\\_room/?page=1](http://www.boston.com/travel/specials/cruises/articles/2011/01/30/elbow_room/?page=1)

Nedlasta 30.03.2011

Felps, W., Mitchell, T., Hekman, D., Lee, T., Holtom, B. og W.Harman(2009), "Turnover contagion: How coworkers' job embeddedness and job search behaviors influence quitting" [\*Academy of Management Journal\*](#), 52 (3), pp. 545-561

Holsen, S. og Fosso, E.J. (2002), "*Migrasjon og romlege representasjonar – ein eksempelstudie av migrasjonspraksisar og – prosessar i eit spansk kystsamfunn.*" Arbeid frå Institutt for geografi – Bergen Nr. 252 . 2002. Nedlasta 20.01.2011

Isaksen, A. (2005), "*Den kreative klassen og regional næringsutvikling i Norge.*" Arbeidsnotat 22/2005. Oslo: NIFU STEP. Nedlasta 17.12.2010.

Lovdata, personvernsopplysningslova § 31.

<http://www.lovdata.no/all/hl-20000414-031.html#31>

Nedlasta 13.11.2011

Møre og Romsdal fylkiskommune

<http://mrfylke.no/>

Norwegian Centre of Expertise Maritime (NCE Maritime)

<http://www.ncemaritime.no/>

Placement, informasjon om aksjeselskapet som formindlar kontakt mellom norske bedrifter og utanlandske arbeidrarar.

<http://www.placement.no>

Porter, M.E. (1998), "*Clusters and the New Economics of Competition*". Harvard Business Review November – December 1998. Nedlasta 09.03.2011

<http://hbr.harvardbusiness.org/1998/11/clusters-and-the-new-economics-of-competition/ar/1>

Reve, T., "*Et kunnskapsbasert Norge*", [www.ekn.no](http://www.ekn.no)

Nedlasta siste gang 25.05.2011

Reve, T., (2010), "*Næringsklynger og kunnskapshubber*".

<http://www.minervanett.no/2010/09/06/n%C3%A6ringsklynger-og-kunnskapshubber/>

(Nedlasta 08.09.2010)

Stortingsmelding nr.18 (2007 – 2008).

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/ad/dok/regpubl/stmeld/2007-2008/stmeld-nr-18-2007-2008-.html?id=507744>

(Nedlasta 07.01.2010).



Vinje, F. E: *"Aktive kristne er mer villige enn ikke-kristne til å endre bibelspråket"*, Kristeleg pressekontor. 22.01.2007.

<http://www.kpk.no/index.cgi?art=3770>

(Nedlasta 20.02.2011).

### **Aviser på nett**

Aftenposten (20.01.2005), *"Hylland Eriksen vil forske på det nye Norge"*

[http://www.antropologi.info/blog/nyheter/2005/hylland\\_eriksen\\_vil\\_forske\\_pa\\_det\\_nye\\_no](http://www.antropologi.info/blog/nyheter/2005/hylland_eriksen_vil_forske_pa_det_nye_no)

(Nedlasta 30.04.2011).

Aftenposten (09.05.2011), *"De briljante fiaskoene - Norsk monokultur og frykten for å prøve noe nytt gjør nordmenn til innovasjonssinker, mener nederlandsk professor på Norgesbesøk"*.

<http://mobil.aftenposten.no/article.htm?articleId=4071801>

(Nedlasta 12.05.2011).

Forskning.no (16.05.2005), *"Bekrefter myten om Sunnmøringen"*. Intervju med Arnljot Løseth.

<http://www.forskning.no/artikler/2005/mai/1115888577.98>

(Nedlasta 20.05.2011).

Sunnmørsposten, (24.03.2011). *"Dette er positivt feil"*. Artikkel om studie som syner at klynger ikkje bidreg positivt til innovasjon.

<http://www.smp.no/naeringsliv/article322435.ece?service=mobile>

(Nedlasta 24.03.2011).

Klassekampen (30.10.2010), *"Innovasjon"*, (Dagens leder).

<http://www.klassekampen.no/58239/article/item/null/innovasjon>

(Nedlasta 30.10.2010).

### **Aviser og fagblad - papirutgåve**

Aftenposten, (04.04.2011) *"Trenger utlendingene"*, papirutgåva.

Kommunikasjon nr 5/2010; *"Omdømmeskolen"*. Fagblad om strategisk kommunikasjon.

Utgitt av norsk kommunikasjonsforening.

Raabe, Håkon (2011) i Sunnmørsposten,(26.03.2011), "*Verdiskaping, vekst og velstand*", Innsikt frå Håkon Raabe, senior bedriftsrådgiver i SINTEF Bedriftsutvikling AS.

Sunnmørsposten, (17.03.2011). "*Bør lære av Sunnmøre. Per Erik Dalen fryktar at erfaringsbasert kunnskap vert for lite verdsatt*", papirutgåva.

Sunnmørsposten, (09.05.2011), "*Skodje lokkar flest nordmenn. – og alle får fleire utlendingar*". papirutgåva.

Sunnmørsposten, (13.05.2011), "*NHO – topp Terje Dyrseth frykter at næringslivet i Møre og Romsdal forgubbes*", papirutgåva.

### **Kontakt med følgande namngitte personar**

Almestad, Arthur, Regional representant, Det norske forskingsråd. Telefonsamtale Mars 2011 og samtale Mai 2011.

Dalen, Per Erik, Administrerande direktør i NCE Maritime i Ålesund, E-post korrespondanse 29.02.2011.

Fosso, Eli Janette, Teoretikar som eg har nytta i høve perspektiv på stad, E-post korrespondanse 22.03.2011.

Grønli, Thorvald, personalrådgjevar Personalomsorg.no, informasjon om polske messer, intervju gjennomført i forbindelse med bacheloroppgåve 2008.

Guigova, Antonia, Forumsleder for omdømme og internasjonalisering i NCE Maritime i Ålesund, E-post korrespondanse og møte ved kunnskapsparken i Ålesund, 05.04.2011.

Jakobsen, Erik. W., Managing partner, Menon Business Economics, E-post korrespondanse 24.03.2011 og 31.03.2011.

Reve, Torger, E-post korrespondanse 22.03.2011.

### **Presentasjonar**

Båtevik, F.O (2010), "*Kampen om kompetansen*", Høgskulen i Volda, 30.09.2010.

Glendrange, Jan: "*Sett fra verden. Den maritime klyngen på Møre*". Presentasjon 09.09.2008. Ein rapport som var utarbeida på oppdrag frå NCE Maritime om den globale

omdømmeundersøkinga som var utarbeida av kommunikasjonsbyrået Burson – Masteller.

<http://www.ncemaritime.no/default.aspx?menu=697>

Tobro, Roar (2011), ”*Om utfordringar i framtida: Møre og Romsdal*”. FOU – satsing/samling, Angvika 10.05.2011.

## **Vedlegg**

Vedlegg 1: Informasjonsskriv.

Vedlegg 2: Intervjuguide. Nytt i det kvalitative forskingsintervjuet. Norsk og Engelsk.

Vedlegg 3: Spørreskjema. Nytt i Questback.

Vedlegg 4: Prosjektvurdering: Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

Vedlegg 5: Prosjektvurdering. Utfyllende kommentar. Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

## **Vedlegg 1: Informasjonsskriv.**

## Vedlegg 1

### Førespurnad om å delta med i mitt mastergradsprosjekt

Eg er mastergradsstudent i samfunnsplanlegging og leiing ved Høgskulen i Volda. Tema for masteroppgåva er høgkompetent utanlandsk arbeidskraft i den maritime klynga på Møre og eg vil undersøke kva som gjer Sunnmøre som stad attraktiv for slike som deg!

Eg har i kraft av mitt masterprosjektet blitt invitert til å delta i prosjektet: *"Kompetanse for ei kunnskapsintensiv framtid – Kva gjer marine og maritime arbeidsplassar i Møre og Romsdal attraktive for høgt utdanna arbeidskraft"* ved prosjektleiar Finn Ove Båtevik, Møreforskning AS.

### Informasjon om datainnsamling

1) Eg vil i løpet av kort tid sende ut spørreskjema til dykk som er tilsette i bedrifter som er tilknytte den maritime klynga på Sunnmøre. Dette spørreskjemaet vil dykk motta per e – post og skal besvarast elektronisk. Eg ønsker å kartlegge kva oppfatningar de som kjem utanfrå har om regionen. **Dette vil ta om lag ti minuttar å svare på.**

2) Når denne er gjennomført, ønsker eg å velje ut nokre nøkkelinformantar som kan belyse mi problemstilling meir i djupna. Dersom det er aktuelt med intervju, så vil du bli kontakta. Det kan og bli aktuelt for Møreforskning å ta kontakt ved eit seinare høve.

### Meir om prosjektet

Det er frivillig å delta og du har moglegheit til å trekke deg når som helst undervegs, utan at du må grunngje dette nærare. Dersom du vel å trekke deg så vil alle innsamla data om deg bli anonymisert. Opplysningane vil bli behandla konfidensielt og ingen enkeltpersonar vil kunne gjenkjennast i den ferdige oppgåva.

Etter at eg har avslutta mi masteroppgåve 30.06.2011, vil Møreforskning få tilgang til datamaterialet fram til deira avslutting av prosjektet 31.12.2013. Prosjektet er finansiert av NFR. Datamaterialet anonymiserast seinast ved hovudprosjektets prosjektslutt, 31.12.2013, ved at namn, e-postadresser og lydopptak slettast, og ved at bakgrunnsopplysningar blir omkoda på en slik måte at enkeltpersonar ikkje kan gjenkjennast.

Dersom det er noko du lurer på, kan eg nåast på telefon 970 02 235 eller e-post [martecws@hotmail.com](mailto:martecws@hotmail.com)

Rettleiaren min er Grethe Mattland Olsen ved Høgskulen i Volda og Møreforskning AS  
Telefon 70 07 52 23 e-post [gmo@hivolda.no](mailto:gmo@hivolda.no).

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S.

Med vennleg helsing  
Marte Cecilie Wilhelmsen Solheim  
Mastergradsstudent ved Høgskulen i Volda

**Vedlegg 2: Intervjuguide. Nytt i det kvantitative  
forskningsintervjuet. Norsk og Engelsk.**

## **Vedlegg 2: Intervjuguide norsk og engelsk**

**”Korleis ser utanlandsk høgkompetent arbeidskraft på staden der dei bur og kva er med på å forme det synet?”**

*I kampen for å behalde høgkompetent utanlandsk arbeidskraft på Sunnmøre*

### **Informasjon i forkant av intervjuet:**

Eg vil starte med å presentere meg sjølv, og fortelje litt om kvifor eg ønsker å gjennomføre dette intervjuet (mål/meining). Eg vil så takke for at han/ho ønskte å ta del i dette prosjektet/dele sine opplevingar med meg. Eg vil vidare forklare gangen i intervjuet og formål med prosjektet. Eg vil be om å få ta opp intervjuet slik at eg betre kan hugse det som blir sagt. Eg vil også ta opp dette med informert samtykke, at det er mogeleg å trekke seg undervegs/eventuelt la vere å svare på spørsmål dersom dette er aktuelt og om anonymisering. Eg vil også nemne prosjektet til Møreforsking AS.

### **Om intervjuguiden:**

Måten å stille spørsmåla på her er tilnærma lik slik den eg ser føre meg i intervjusituasjonen, men eg vil ha førebudd meg i forkant av kvart intervju og dermed vil ein del av desse spørsmåla bli overflødige. Eg vil vektlegge at intervjuet skal bere preg av ein samtale og spørsmåla kan då bli omrokkerte slik at det blir ein naturleg flyt i samtalen.

**”O” etter spørsmåla viser til oppfølgingsspørsmål som kan bli stilt etterpå.**





#### **Indeks 4: HEIMSTADEN /Bakgrunnsspørsmål**

4. Kvar kjem du i frå?

O: Har du budd der heile livet?

4.1 Kan du fortelje meg om oppveksten i heimlandet ditt. Eg stiller spørsmål dersom det er noko eg ønsker du skal utdjupe.

**Støtteomgrep:**

**Frå by eller bygd**

*Foreldre*

*Søsken Relasjonelle aspekt*

*Venner*

**Fritid** : Kva satte du pris på å gjere på fritida

**Skule**: Kva skule gjekk du på? Syn på skulen/ane

**Jobb**: Kva jobba du med? Karrieremoglegheiter?

**Barn** : Har du barn som er født i heimlandet?

**Bustad** : Korleis budde du?

**Økonomisk situasjon**

**Klima**

4.2 Kom du direkte frå heimstaden din og til Møre og Romsdal?

O: Mellomstopp? Kvar? Korleis var det der (med tanke på støtteomgrepa overfor)?

O: Dersom aktuelt: Vaksenliv på staden: Ein vanleg dag på heimstaden din, kva ville det vere?

#### **Indeks 5: Motiv heimstaden kontra staden du bur no**

5. Kva var den viktigaste årsaka til at du kom til Norge og Sunnmøre? (Pull – effektar) Utdjup.

5.1 Kva var den viktigaste årsaka til at du forlot det landet (staden) du budde i før? (Push- effektar) Utdjup.

5.2 Kombinasjon av dei to?

*Stikkord: arbeid, familie, utdanning, helse, bustad, klima, stad, miljø, økonomiske grunner, eventyrlyst, karrieremoglegheiter, eit skifte....*

O: Kva var mest framtrekande av desse grunnane overfor?

5.3 Korleis opplevde du møtet med Norge?

O: Førsteintrykket. Positive, negative.

## **Indeks 6: Motiv arbeid**

### **Syn på arbeidsmarknaden**

6. Kva visste du om arbeidsmarknaden på Sunnmøre før du kom hit?

6.1 Korleis ser du på arbeidsmarknaden no som du bur her?

*(for deg sjølv og eventuelt jobb nummer to der dette er aktuelt)*

6.2 Hadde du kjennskap til den maritime klynga før du kom? (Pull- effektar?)

*O: Om ja, kva type?*

*O: Bidreg den maritime klynga til at det er meir attraktivt å bu her?*

*O: Kan du skildre den maritime klynga med nokre ord?*

*O: Grad av identifikasjon til den maritime klynga på møre*

### **Syn på arbeidsoppgåver / Innovasjon**

6.3 Korleis vurderer du/syn på arbeidsoppgåvene dine?

*(Stikkord: Utfordrande, anerkjennelse)*

*(For dei som har arbeidd i fleire ulike bedrifter i den maritime klynga kan det vere interessant å utdjupe dette, skilnader osv.)*

6.4 I kva grad får du ta del i innovative prosessar i den jobben du har no?

*O: Kven er desse styrt av?*

*(Bedrifta/ deg sjølv/ segmentet/avdelinga du er ein del av/ kunder - marknaden?)*

6.5 Kvar er du i innovative dialogen mellom kunder – bedrift? *(Med/utanfor dialogen osv.)*

*O: Innovasjon som prosess eller produkt – i ditt tilfelle?*

*O: Internasjonalisering av kunnskapsutvikling er eit omgrep som vert nytta for å skildre innovasjonsprosessar som kan foregå på tvers av avdelinger internt i eit firma.*

*Kor blir innovasjonen styrt i frå i ditt tilfelle/din arbeidsplass?*

*( I frå avdeling i Norge til andre land eller motsatt?)*

*O: Mi erfaring frå den maritime klynga tilseier også at grunna eit innovasjonspress i frå kunder og grunna innovasjon i den maritime klynga så vert det henta inn kompetanse i frå andre land. Då ofte knytt til å løyse innovasjonspresset knytt til kunder i frå same opprinnelsesland som desse som blir henta inn. Det er noko med å for å kunne oppnå suksess internasjonalt, så må ein også ha god kjennskap til kulturen til det markedet ein ønsker å komme inn i. Korleis er dette aktuelt for deg og i din jobb/stilling/i bedrifta?*

*O: Nokre vert headhunta for å ta del i Research & Development/tekniske/utviklings – avdelingane til bedriftene. Kevin Sullivan, VP for Human Resources i Apple Computers sa ein gang at “When you are surrounded by sameness, you get only variations on the same!” I kva grad opplever du at*

*du bidreg med eit nytt blikk på noko (eit prosjekt, system, o.l.) basert på det at du har ein annan bakgrunn?*

*O: På kva måte meiner du at høgkompetente utanlandske arbeidarar kan bidra i innovasjonsprosessar?*

*O: Har du kjennskap til det som vert omtalt som "Sunnmørsånda"/ Myter om Sunnmøringen?*

### **Arbeidsmiljøet**

6.5 Korleis opplever du det sosiale arbeidsmiljøet i den bedrifta du arbeider i no?

6.6 Er du sosial med dine kollegar utanom arbeidstida?

*O: Om ja, på kva måte?*

*O: Om nei, kunne du ønske at du var det?*

*O: Om nei, kvifor er du ikkje det?*

6.7 Korleis opplever du din noverande arbeidsplass i forhold til toleranse og mangfald?

*( I forhold til å inkludere menneske frå andre land?)*

*O: Føler du deg inkludert på arbeidsplassen?*

*O: Om ja, På kva måte.*

*O: Om nei, kvifor ikkje?*

### **Indeks 7: TILTAK Integrasjon – staden der du bur**

7. Vart det satt i verk tiltak for at du skulle bli best mogeleg integrert då du kom til Norge og Sunnmøre?

*(Dersom dei står fast, kan det vere aktuelt å nemne: papirarbeid, skattekort, bustad, sosiale tiltak, velkomstpakke, lover & regelverk, sosiale koder, skule/barnehage der dette er aktuelt, lege og liknande.)*

*O: Om ja, kva type tiltak?*

*O: Tok du imot desse?*

*O: Følte du at desse tiltaka var tilpassa deg?*

*O: Følte du at desse tiltaka var tilpassa din familie (der dette er aktuelt)?*

*O: Var det noko du sakna?*

*O: Møte med kommunen? Kva gjorde dei då du kom?*

*Kven gjorde kva då du kom?*

*Det kan syne som om at kommunane i denne studien ikkje gjer så mykje for menneske som deg ved ankomst, korleis var dette for deg? Kva kunne vore annorleis?*

*O: Kva gjorde bedrifta du jobba i då du kom? Kva var det bedrifta ikkje gjorde for deg?*

*O: Kva gjorde du sjølv for å tilpasse deg livet i Norge?*

7.1 Ser du tiltak som du eller andre kunne ha gjort som kunne ha gjort integreringsprosessen din enklare? Kva er det viktigaste å få hjelp til i dine auge?

## **Indeks 8: EIGA OPPLEVING av staden**

### **Fritid**

8 Kor viktig er fritidstilbod for deg? ( i forhold til trivsel).

*O: Tykkjer du at det er eit variert tilbod av organiserte fritidsaktivitetar der du bur?*

*O: Kva aktivitetar saknar du?*

*O: Kva set du størst pris på å gjere på fritida di her?*

*O: Der det er aktuelt: Kva tykkjer du om fritidsaktiviteter for barna dine?*

8.1 Korleis opplever du staden du bur no i forhold til kulturopplevingar og kaféliv osv?

*O: Får du tilstrekkeleg av dette i kommunen du bur i?*

*O: Eventuelt reiser du ut av kommunen for å finne dette? Kor langt reiser du?kor ofte er det aktuelt*

*O: Konsumerer du kulturelle tenester som kommunen tilbyr? Om ja, kva type*

8.2 Har du mest sosial omgang med nordmenn eller med andre med ulik nasjonalitetar?

8.3 Opplever du at det er lett å få nye vennskap?

*O: Kvar treff du vener og kjende?*

### **Di eiga vurdering av staden (identifikasjon)**

8.4 Korleis vil du skildre staden for nokon utanifrå, som ikkje kjenner til staden?

*(Stad som lokalisering (location). Fysisk, geografisk beliggenhet)*

8.5 Kan du skildre korleis du opplever å bu på denne staden?

*(Stadsoppleving, stadskjensle, "sense of place")*

8.6 Korleis vil du skildre den lokale kulturen i bygda/staden der du bur?

*(Stad som kontekst, locality).*

8.7 Korleis synes du det er å bu i X framfor å bu på ein større/anna plass?

8.8 På kva slags måte er denne staden med på å påverke kvardagen din?

8.9 Står det du visste om staden i forhold til det du no veit? På kva måte (*før – no perspektiv*)

*(Bygd som konkret lokalitet: Møre og Romsdal ber preg av si historie i form av naturressursar, økonomiske aktivitetar og liknande. Kva visste dei før? = Det levde liv på bygda. Myter og forestillingar).*

8.10 Ville du anbefalt andre i din situasjon til å busette seg her?

Kvifor/kvifor ikkje?

8.11 I kva grad identifiserar du deg med staden? ( Sunnmøre som region)

8.12 Bustad. Leiger du/kjøpt/hus/ utdjup.

8.13 Føler du deg integrert i nærmiljøet?

*O: Om ja, på kva måte. Om nei, kvifor ikkje?Eksempel?*

### **Open/lukka**

8.14 Kor open/lukka synes du at staden du bur er for nye menneske i frå andre stadar?

*O: Føler du noko form for fremmedhet/ annerledeshet?*

8.15 Kor open/lukka opplever du staden du bur er for menneske med ulike levemåtar enn norma, til dømes homofile?

8. 16 Kor open/lukka opplever du staden du bur er for menneske med ulik religion?

8.17 I kva grad, opplever du at du kan vere deg sjølv fullt og heilt, på staden der du bur?

8. 18 Korleis blir menneske vurdert ( i dine auge) på stade der du bur? (*Utifrå arbeid, status, familie, etnisitet, pengar, eller andre?*)

8.19 Korleis var/er det for deg å komme inn i eit fellesskap?

### **Indeks 9: LENGD PÅ MIGRASJONEN**

9. Kva er hovudårsaka til at bur der du bur no og ikkje ein annan stad?

9.1 Kva er dei største ulempene/fordelane med å bu der du bur no?

9.2 Er det noko du ser at du ville ha gjort annleis dersom du kunne ha gjort ting på ny ( i forhold til stad å busette seg)?

9.3 Korleis ser du på det å verkeleggjere draumane dine for framtida i forhold til det å bu på staden der du bur?

9.4 Føler du at du har ofra noko på grunn av at du bur her?

9.5 Kor lenge ser du føre deg å bu her?

*O: Kvar kunne du ha tenkt deg å flytta? Nytt land? Innanfor regionen? Og på grunn av kva?*

Litt meir dimensjon. Oppsummerande kommentar. Vil du flytte på grunn av at det ikkje er spennande her (lengre)?

*O: For dei med barn, kunne du tenke deg at barna dine skal vokse opp her?*

*O: Oppsummerande kommentar: **Korleis er det eigentleg?***

Kommentarar til intervjuet/ synspunkt som ikkje har kome fram?

**Tusen takk for tida di!**

## **Interview guide**

### **In the struggle to retain highly skilled foreign workers in Sunnmøre, Western Norway, how do foreign highly skilled professionals evaluate the place where they live and what is involved in shaping their vision?**

#### **Information before the interview starts:**

I want to start by presenting myself, and share with him/her some thoughts about the objectives behind this interview/project (goal/meaning of the project). I then want to thank him/her for taking part in the project and sharing their experiences with me. I will further on explain some details regarding the interview and the interview situation and I will for example ask to record the interview in order to remember what is being said easier. I also want to inform him/her about the informed consent and that it is voluntary to participate in this study and that they have the opportunity to withdraw at any time along the way, without having to justify this further. If him/her chooses to opt out then all data collected about them be anonymized. They might also chose not to answer a certain question. In the end I will also mention the collaboration with Møreforsking AS.

#### **About the interview guide:**

The way the questions are listed below is more or less how I picture I am going to ask the questions in the interview situation, but I will also have prepared myself before each individual interview in a way that some of the questions might be excess.

I want to emphasize that the interview will be like a conversation, and the questions might then be swopped around so that there will be a natural flow in the conversation.

**”F” after the questions means”Follow –up” – questions that may be asked after each individual question.**



**Index 1: PERSONAL**

1. Name

1.2 Sex

1.3 What year were you born?

1.4 When did you come to Norway? (When did you *settle down* here?)

*F: When did you come to Sunnmøre? (When did you settle down here?)*

*F: In what municipality do you now reside in?*

*F: Have you lived in this municipality the whole time?*

*F: If no, why the change?*

**Index 2: PARTNER/HUSBAND/WIFE**

2. Are you married/in a partnership?

2.1: Nationality of your partner?

*F: If Norwegian, where does he/she come from in Norway?*

2.2: Where did you meet?

2.3: What does your wife/husband/partner do for a living?

2.4 Who wanted to settle down in Sunnmøre? Both? One? And why?

*F: How did you hear about the job – possibilities? For both of you?*

2.5: Do you have children?

*F: If yes, do they live with you? How many? How old are they? Born here in Sunnmøre/Norway?*

***School/ kindergarten?***

**Index 3: Educational level**

3. What is your highest ended education?

3.1 What kind (technical, economical, maritime etc.)

---

|                    |  |
|--------------------|--|
| Educational level: | Secondary School – Upper secondary school- University/college 1 (1-2-yrs) – University/College 2 (3-4 yrs) – University/College 3 (5-6 yrs) – University/College 4 (dr.degree) |
|--------------------|--|

3.2 Where did you study and when?

*F: Where did you live during the time you went to University/College? At the same place where*

*you come from/or another place?*

3.3 If married/partner: what is the educational level of your partner?

#### **Index 4: Your home town /background questions**

4. Where do you come from?

F: Have you lived there your entire life?

4.1 Do you mind telling me about your childhood/growing up in your home country. I will ask you questions if there is something that I would like you to talk more about/ elaborate on.

##### **Clues:**

**From a hamlet, town or city**

*Parents*

*Siblings      Relational aspects*

*Friends*

**Spare time:** What did you enjoy doing in your spare time?

**School:** What kind of school did you attend? View on school/s

**Work:** What did you do for a living? Career opportunities?

**Children:** Do you have children born in your home country?

**Living conditions:** How did you live?

**Economical situation**

**Climate**

4.2 Did you come directly from your home country to Møre og Romsdal?

F: If no, where did you go in between? How was it in respect to the clues above?

F: If relevant, grown up life at the place you used to live. One ordinary day at your hometown, what would it be like?

#### **Index 5: Motives hometown contra the place you now live**

5. What was the main reason for you coming to Norway and Sunnmøre? (Pull – effects). Elaborate.

5.1 What is the main reason that you left the country (the place) that you used to live? (Push – effects). Elaborate.

5.2 Combination of the two?

*Clues: work, family, education, health, living conditions, climate, place, environment, economical reasons, adventure, **career opportunities**, a change of lifestyle....*

F: What was the most prominent of these reasons above?

5.3 How did you experience the meeting with Norway?

F: First impression. Positive, negative.

## **Index 6: Motives work**

### **View on the labor marked**

6. What did you know about the labor marked in Sunnmøre prior to your arrival? (Pull -effects?)

6.1 How do you evaluate the labor marked now that you are living here? (Push-effects?)

*(For you and job number two where this is relevant)*

6.2 Did you have knowledge of the maritime cluster prior to your arrival? (Pull –effects?)

*F: If yes, what kind?*

*F: Does the maritime cluster contribute to that it is more attractive to live here?*

*F: Could you please describe the maritime cluster with a few words?*

*F: Degree of identification to the maritime cluster in Møre*

### **View on tasks/Innovation**

6.3 How do you evaluate/ view your work tasks?

*(Clues: Challenging, recognition from coworkers/others etc.)*

*(For the ones that has worked in different companies in the maritime cluster it might be interesting to elaborate on this, differences etc.)*

6.4 To what extent do you take part in innovative processes in your current job?

*F: Who starts them off? Who controls them? Who own them?*

*(The company/ yourself/ the segment/department that you are a part of/clients/the market?)*

6.5 Where would you place yourself in the innovative dialogue between clients – company?

*(Within/ Outside the dialogue etc.)*

*F: Innovation as a process or a product – in your case?*

*F: Internationalization of knowledge - development is a concept that is used to describe processes of innovation that may occur across departments internally within a firm. Who/(Where from) directs the innovation in your case/your working place?*

*( From department in Norway towards other departments, in other countries or vice versa?)*

*F: My own experience from the maritime cluster tells me that due to a high innovation pressure from clients and also due to innovation in the maritime cluster, competence is being brought in from different countries. Then often to address the innovation pressure tied up to clients from the same country of origin as the people that are being brought in to work. There is something about that in order to achieve success internationally, one also need to have a great deal of knowledge*

*about the culture in the marked one aspire to be a part of. In what way is this relevant for you in your position/in the company that you work for?*

*F: Some are also headhunted to take part in the Research & development/technical/ development-departments of the companies. Kevin Sullivan, VP of Human Resources at Apple Computers once said: "When you are surrounded by sameness, you get only variations on the same!" To what extent do you experience that you contribute to a new/different view on something (a project/system etc.) based on that you have a different background?*

*F: In what way do you feel that highly skilled foreign workers might contribute in innovative processes?*

*F: Do you have knowledge of what is called "Sunnmørsånd" : The spirit of the Sunnmøring: a native from Sunnmøre?*

### **Work environment**

6.5 How is your experience with the social working environment in the company that you currently work for?

6.6 Are you social with your colleagues outside working hours?

*F: If yes, in what way?*

*F: If no, why are you not?*

*F: If no, do you wish you were?*

6.7 How do you experience your current working place when it comes to tolerance and diversity? (When it comes to including people from different countries?)

*F: Do you feel included at your place of work?*

*F: If yes, in what way? (In which ways?)*

*F: If no, why not?*

### **Index 7: Measures integration – the place where you live**

7. Where there executed measures for that you should be integrated upon your arrival to Norway and Sunnmøre? (As integrated as possible?)

*(If they are not sure what to answer, it might be relevant to mention: paper work, tax cards, a place to live, social codes, a welcoming package, rules and regulations, school/kindergarten, doctor etc.).*

*F: If yes, what kind of measures?*

*F: Did you accept these?*

*F: Did you feel that these measures were adapted to you?*

*F: Did you feel that these measures were adapted to your family? (Ask this where this is relevant)*

*F: Did you miss anything? If yes, what?*

*F: Meeting with the municipality? What did they do upon your arrival? Who did what when you arrived?*

*F: It might seem as though the municipalities in this study do not do so much for people like you when you arrive to Sunnmøre, How was this like for you? What could have been different?*

*F: What did the company that you work for do when you arrived? What did your company not do for you?*

*F: What did you do to adjust/adapt to the new life in Norway?*

*7.1 Do you see measures that you or other could have done that would have eased your integration process? What is the most important to get help with in your eyes?*

## **Index 8: OWN EXPERIENCE of the place where you live**

### **Spare time**

8 How important are spare time activities to you? *(In relation to satisfaction).*

*F: Do you feel that there is a variation of organized spare time activities where you live?*

*F: What activities do you miss?*

*F: What do you appreciate the most doing in your spare time here?*

*F: Where it is relevant, what do you think/how do you evaluate the spare time activities for children in the area?*

8.1 How do you evaluate the place where you live when it comes to cultural experiences and cafés etc.?

*F: Do you get enough of this in the municipality where you live?*

*F: Do you travel out of the municipality to find it? How far do you go? How often?*

*F: Do you consume cultural services that the municipality has to offer? If yes, what kind?*

8.2 Do you mostly socialize with Norwegians or people with another nationality?

8.3 Do you experience that it is easy to make new friends?

*F: Where do you meet friends and acquaintances?*

### **Your own evaluation of the place (identification)**

8.4 How would you describe the place for someone that comes from another place (outsider) that does not know the place that you come from?

*(The place as localization (location). Physical, geographical location)*

8.5 Could you describe how you experience living in this place?

( "Sense of place" )

8.6 How would you describe the local culture in the place where you live?

(*The place as a context, locality*).

8.7 How do you think it is to live in X instead of a bigger/different place?

8.8 In what way is this place affecting your daily life? (Daily life routine?)

8.9 Is what you knew about the place proportional to what you now know? In what way? (before – now perspective).

(*Village as a concrete locality: Møre og Romsdal is marked by its history because of its nature resources, economic activity and o on. What did you know about Møre og Romsdal prior to coming = The lived life in the hamlet/town. Myths etc.*).

8.10 Would you recommend others in your situation to move here? Why/ Why not?

8.11 To what extent do you identify yourself with the place? (To Sunnmøre as a region)

8.12 Living conditions. Do you rent/buy/? Elaborate.

8.13 Do you feel integrated in the local community?

F: If yes, in what way? If not, why not? Examples?

### **Open/closed**

8.14 How open/closed do you feel that the place is for people that come from different places?

F: *Do you feel any kind of otherness?*

8.15 How open/closed do you feel that the place is for people that choose to live their lives outside the box, for example for homosexuals?

8.16 How open/closed do you feel that the place is for people with different religious backgrounds?

8.17 To what extent, do you feel that you are able to be yourself, fully and totally, at the place where you live?

8.18 How are people evaluated (in your eyes) at the place where you live? (*From what job/position they hold, family, money, ethnicity, or other?*)

8.19 How is it/was it to enter into a community? Be part of a community?

### **Index 9: LENGTH OF MIGRATION**

9. What was the main reason for that you live where you live and not somewhere else?

9.1 What are the greatest disadvantages/advantages to live where you live right now?

9.2 Is there anything you would do different if you could have done things one more time (when it comes to a place to settle down)?

9.3 How do you look upon realizing your dreams for the future in respect to living where you now live?

9.4 Do you feel that you have sacrificed anything because you live here?

9.5 For how long do you picture yourself living here?

*F: Where would you consider/like to move? To another country? Within the Sunnmøre – region?*

*And because of what factors? Do you want to move because it is not exciting anymore?*

*F: For the ones with children, would you like it for your children to grow up here?*

*A sum up/ Summary. **How is it really?***

Comments to the interview/ perspectives that has not yet been brought up?

**Thank you very much for you**

## **Vedlegg 3: Spørreskjema. Nytt i Questback.**



## Highly skilled in the maritime cluster

### Highly skilled in the maritime cluster

**Thank you** for your time filling out this questionnaire. It will take you about 7 -15 minutes to complete. I really appreciate it!

**More information on the project** voluntary to participate in this study and you have the opportunity to withdraw at any time along the way, without having to justify this further. If you choose to opt out then all data collected about you will be anonymised. The information will be treated confidentially and no individuals will be recognized in the completed thesis. I have been invited to take part in the project:

*"Skills for a knowledge-intensive future - What makes marine and maritime jobs in Møre og Romsdal attractive for highly qualified labor"* This project is directed by Møreforskning AS and the project lasts from 2011 to 2013. Project Manager is Finn Ove Båtevik. Møreforskning AS will have access to the data when I finish my thesis in June 2011. **After this questionnaire is completed, Møreforskning AS or myself might**

**contact you for an interview.** This study is reported to the Privacy Ombudsman for Research, the Norwegian Social Science Data Services A / S.

Sincerely,

Marte Cecilie W. Solheim

Masterstudent Volda University College

---

#### 1) I am

Male  Female

---

#### 2) Year of birth

Select answer



### 3) Place of origin

- Scandinavia
- Eastern Europe
- Western Europe
- North Africa
- South Africa
- East Asia
- West Asia
- North America (USA)
- South America
- Australia/Oceania



---

### 4) In what municipality do you live today?

Select answer

Other, please specify

---

### 5) Length of residency in Norway

Select answer

---

### 6) When did you settle in the municipality where you are currently living?

Select answer

Other, please specify

---

**7) How would you describe your Norwegian language?**

- I am fluent oral and written
- I am fluent oral
- I am fluent written
- I understand a lot
- I understand some
- I understand very little
- I do not understand anything



**8) Are you married/in a partnership?**

- Yes  No



**This box is shown in preview only.**

The following criteria must be fulfilled for this question to be shown:

- Are you married/in a partnership? - Yes

**9) Where does your wife/husband/partner come from?**

- Married to/partner with native norwegian from Møre & Romsdal
- Married to/partner with native norwegian from another part of Norway
- Married to/partner is not norwegian

**This box is shown in preview only.**

The following criteria must be fulfilled for this question to be shown:

- Are you married/in a partnership? - Yes

**10) What is your partner`s activity?**

- Working for the same company as I do
- Working for another company in the maritime cluster
- Working for another company in the region
- Staying at home
- Student/education
- Other, please specify



**11) Do you have children living with you?**

- Yes
- No

**12) What is your highest completed education level?**

- Secondary School
- Upper secondary school/college
- University/University College 1 (1-2-yrs)
- Uni/Uni college 2 (3-4-yrs)
- Uni/Uni college 3 (5-6-yrs masters)
- Uni/Uni college 4 (dr.degree)



Sunnmøre is the southernmost traditional district of the western Norwegian county of Møre og Romsdal.

Sunnmøre holds 17 Municipalities: Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Ørskog, Ørsta

**14) You answered that you had knowledge of Sunnmøre, what kind of knowledge?**

- I had knowledge about the nature
- I had knowledge of the work possibilities in the area
- I had knowledge of the outdoor activities/possibilities
- I had knowledge about the social life in the area
- I had knowledge about the maritime cluster
- I had knowledge about the company that I work for
- I had knowledge about the people in the area
- I had knowledge about the technology in the area
- I had knowledge about the climate
- I had knowledge about the welfaresystem
- I had knowledge about the recreational activities here
- I had knowledge about the social environment here
- I knew people who live here
- I knew people who had lived here earlier
- I have been visiting many times before
- Other, please specify



**15) How did you get to know about the position that brought you to Sunnmøre?**

- Internet
- Public employment office
- Private employment office
- Add in newspaper
- Acquaintances
- Headhunted
- Other, please specify



**16) What were the three most important reasons for moving to Sunnmøre?**

- Because of career opportunities
- Because my partner lived here already
- I wanted to improve my economy
- I wanted a career change
- I wanted an adventure
- I wanted a change of lifestyle
- I wanted to come because of the nature here
- I wanted to come because of the outdoor activities offered here
- I was without a job in my home country
- I wanted to live in Norway
- I wanted to be a part of the maritime cluster
- I wanted a new experience
- I had to leave my home country
- Other, please specify



Please rate the following:

**17) Quality of life - where I live**

Agree entirely   Slightly agree   Slightly disagree   Disagree   Not applicable

There is great tolerance where I live towards people who come from different parts of the world

|                       |                       |                       |                       |                       |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|

I felt very welcome when I first arrived to the place where I live

|                       |                       |                       |                       |                       |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|

I feel more welcome now than I did when I first arrived

|                       |                       |                       |                       |                       |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|

I feel very included in the local community

|                       |                       |                       |                       |                       |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|

Sometimes I feel left out because I am not Norwegian

|                       |                       |                       |                       |                       |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|

I am very happy for living in Sunnmøre

|                       |                       |                       |                       |                       |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|



**18) For how long have you been working in the company that you currently work for?**

Select answer

**19) Have you worked for other companies in Sunnmøre?**

- No
- Yes, one other company
- Yes, two other companies
- Yes, three other companies
- Yes, four other companies
- Yes, five other companies
- Yes, more than five other companies

---

**20) Within which category is your profession/occupation?**

Select answer

Other, please specify





## 21) Social life - the place where I live

|  | Agree<br>entirely     | Slightly<br>agree     | Slightly<br>disagree  | Disagree              | Not<br>applicable     |
|--|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| I am often social with my coworkers outside of work  | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| I spend most of my time with locals from Sunnmøre  | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| There is a great natural environment (i.e. parks, tracks, beaches, playgrounds) to meet other people | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| I participate in local/regional organizations (Choir, religious organizations, NGOs, etc.)           | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| The company I work for could better facilitate social activities for their employees                 | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Being social outside work is important to me   | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |



**22) Life for children - the place where I live**

Agree entirely   Slightly agree   Slightly disagree   Disagree   Not applicable

There is poor access to informal meeting places for young people in the area

There is good access to a wide selection of organized recreational activities for children in the area

There is good access to good daycare facilities in the area

The children have good access to outdoor activities in the area

The children have good access to schools of a great standard in the area



Please rate the following:

### 23) Spare time for adults - where I live

|   | Agree<br>entirely     | Slightly<br>agree     | Slightly<br>disagree  | Disagree              | Not<br>applicable     |
|---|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| There is good access to a wide selection of recreational activities for adults in the area  | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| The access to organized leisure activities are limited according to my wishes and interests | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| There is good access to a varied selection of cafes, restaurants, etc. in the area          | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| There is good access to many interesting cultural activities in the area                    | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| There is good access to informal meeting places to meet other people in the area            | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| There is good access to a great variety of shops in the area                                | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| It is not a high priority for me to indulge myself in                                       | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |



Please rate the following:

Some examples of practical measures: Information packages, welcoming group for foreigners, help with paperwork, housing, getting bank account etc.

### 24) Settling in - the place where I live

|  | Agree entirely        | Slightly agree        | Slightly disagree     | Disagree              | Not applicable        |
|--|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| My work place executed great practical measures for me upon my arrival to Sunnmøre           | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| The Municipality executed great practical measures for me upon my arrival to Sunnmøre        | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| I got a lot of help from the INN -office in respect to settling in at the place where I live | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| I got a lot of help from other organizations settling in at the place where I live           | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| The health care offered in the place where I live is excellent                               | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |



Please rate the following:

## 25) Career & culture

|   | Agree entirely        | Slightly agree        | Slightly disagree     | Disagree              | Not applicable        |
|---|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| There is little basis for me to make a career in the Municipality where I live            | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| The basis for me to make my career in Sunnmøre is great                                   | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Ålesund has got a broad and varied culture scene that makes living in the area attractive | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |

---

## 26) I intend to continue living in Sunnmøre

- Yes
- Yes, atleast for a few more years
- Maybe
- No, I want to move
- I do not know

---

## 27) Overall impression of living in Sunnmøre

|                    | Very positive         | Positive              | OK                    | Negative              | Very negative         |
|--------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| Before I came here | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Right now          | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |

---

Anything you would like to add?

**28) Do you feel there are any comments / viewpoints that have been left out?**

---

---

---

---

© Copyright [www.questback.com](http://www.questback.com). All Rights Reserved.

## **Vedlegg 4: Prosjektvurdering: Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste (NSD).**



Grethe Mattland Olsen  
Avdeling for samfunnsfag og historie  
Høgskulen i Volda  
Postboks 500  
6101 VOLDA

Vår dato: 21.01.2011

Vår ref: 25797 / 3 / JSL

Deres dato:

Deres ref:

## KVITTERING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 17.12.2010. Meldingen gjelder prosjektet:

25797

*Suksesskriterier for bulyst blant høgkompetent utanlandsk arbeidskraft i den maritime klynga på Møre.*

*Korleis opplever eit utval høgkompetente utanlandske arbeidarar staden der dei bur og kva er med på å forme deira syn?*

Behandlingsansvarlig  
Daglig ansvarlig  
Student

*Høgskulen i Volda, ved institusjonens overste leder*

*Grethe Mattland Olsen*

*Marte Cecilie Wilhelmsen Solheim*

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.


Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven/helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, [http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk\\_stud/skjema.html](http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html). Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 31.12.2013, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

  
Bjørn Henrichsen

  
Juni Skjold Lexau

Kontaktperson: Juni Skjold Lexau tlf: 55 58 36 01

Vedlegg: Prosjektvurdering

✓ Kopi: Marte Cecilie Wilhelmsen Solheim, Ottamarka 13 A, 6100 VOLDA



**Vedlegg 5: Prosjektvurdering. Utfyllende kommentar.  
Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste.**



Formålet med prosjektet er å undersøke hva som gjør maritime arbeidsplasser i Møre og Romsdal attraktive for høykompetent utenlandsk arbeidskraft, med fokus på bostedet. Studentprosjektet er en del av et større prosjekt i regi av Møreforskning AS. Prosjektet er meldt inn som et studentprosjekt der studenten studerer ved Høgskulen i Volda, mens Møreforskning AS har ansvar for hovedprosjektet og står som formell eier at datamaterialet (jf. telefonsamtale med student 19.01.2011).

Utvalget består av ca 80 personer med utenlandsk opprinnelse som er tilsatt i maritime virksomheter i 6 kommuner i Møre og Romsdal. Informasjon om prosjektet distribueres gjennom arbeidsgiver. Utvalget informeres skriftlig om prosjektet (jf. informasjonsskriv mottatt 19.01.2011) og samtykker skriftlig eller muntlig til deltakelse ved å kontakte studenten direkte.

Opplysningene samles inn gjennom spørreskjema og personlig intervju. Spørreskjema besvares elektronisk via Questback. Det vil deretter bli gjort et stratifisert utvalg av nøkkelinformanter som inviteres til deltakelse i intervju. Det registreres direkte personidentifiserende opplysninger gjennom navn og e-postadresse. Det registreres indirekte personidentifiserende opplysninger gjennom bakgrunnsopplysninger som kommune, yrke, arbeidsplass, alder, kjønn m.m. Det vil bli benyttet lydopptak under intervjuene. Direkte personidentifiserende opplysninger lagres separat fra det øvrige datamaterialet, men vil kunne kobles mot det øvrige datamaterialet ved hjelp av en referansekode.

Ombudet legger til grunn at bruk av privat pc er i tråd med Høgskulen i Volda sine rutiner for datasikkerhet. Vi anbefaler at ekstern harddisk krypteres dersom den vil inneholde personidentifiserende opplysninger om utvalget.

Prosjektslutt for masteroppgaven er satt til 30.06.2011. Etter prosjektslutt vil studenten anonymisere datamaterialet ved å slette navn, e-postadresser og lydopptak som hun er i besittelse av. Videre vil studenten grovkategorisere de indirekte personidentifiserende opplysningene på en slik måte at de ikke kan tilbakeføres til enkeltpersoner.

Datamaterialet vil bli oppbevart videre ved Møreforskning AS til hovedprosjektets dato for prosjektslutt, 31.12.2013. Ved prosjektslutt anonymiseres datamaterialet ved Møreforskning AS, på samme måte som beskrevet ovenfor.

Vi ber om at utkast til intervjuguide sendes til ombudet for vurdering i god tid før denne delen av prosjektet skal igangsettes.